



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 29.11.2018
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 122/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 123/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 124/18	Økonomirapport september 2018
PS 125/18	Utvikling av legevakta
PS 126/18	Oppretting av ny fastlegeheimel, Volda kommune
PS 127/18	Flytting av investeringsmidlar
PS 128/18	Skulekrinsar i nye Volda kommune – høyring
PS 129/18	Søre Sunnmøre Tingrett – Domstolgrenser
PS 130/18	Endring av vedtektene for Søre Sunnmøre IKT-samarbeid (SSIKT) – låneopptak
PS 131/18	Låneopptak i 2018 og for perioden 2012-2017 for SSIKT
PS 132/18	Møteplan for politiske møte 2019
PS 133/18	Orienteringssaker
OS 41/18	Kontrollutvalet - Sak 30-18 Oppfølging forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats
OS 42/18	Kontrollutvalet - protokoll frå møte 20.09.2018
OS 43/18	Revisjon av aksjonæravtale i Tussa
FO 10/18	Grunngjeve spørsmål om butilhøva i Smalebakken
PS 134/18	Delegerte saker frå avdelingane
DS 160/18	Løyve til tiltak, carport Gbr 30/366
DS 161/18	Ferdigattest, opprusting av rås Brundalen Gbr 89/1
DS 162/18	Ferdigattest, takoverbygg Gbr 95/31
DS 163/18	Ferdigattest, ombygging Gbr 19/23



VOLDA KOMMUNE

DS 164/18	Igangsettingsløyve Gbr 30/337
DS 165/18	Løyve til tiltak - Trappeheis - Gbr 19/805
DS 166/18	Ferdigattest, turveg Elvadalen Gbr 29/46
DS 167/18	Løyve til tiltak, riving Gbr 19/503/11
DS 168/18	Igangsettingsløyve, infrastruktur Gbr 30/341
DS 169/18	Ferdigattest, garasjet Gbr 6/35
DS 170/18	Igangsettingsløyve, garasje Gbr 30/4
DS 171/18	Ferdigattest, bustad Gbr 54/7
DS 172/18	Ferdigattest, tilbygg Gbr 5/5
DS 173/18	Igangsettingsløyve Gbr 18/7
DS 174/18	Ferdigattest, terrasse Gbr 20/94
DS 175/18	Løyve til tiltak, riving av bustad Gbr 56/5
DS 176/18	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/245
DS 177/18	Ferdigattest, garasje, gbr 89/9
DS 178/18	Løyve til tiltak, ståpipe Gbr 6/6
DS 179/18	Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/535
DS 180/18	Løyve til endring Gbr 27/57
DS 181/18	Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 19/839
DS 182/18	Ramme - og igangsettingsløyve, infrastruktur Myravegen Gbr 30/423
DS 183/18	Ferdigattest, carport Gbr 30/366
DS 184/18	Løyve til tiltak, riving Gbr 19/503/17
DS 185/18	Ferdigattest Gbr 11/23
DS 186/18	Ferdigattest, bygning Gbr 11/93
DS 187/18	Ferdigattest, påbygg Gbr 30/146
DS 188/18	Rammeløyve, tilbygg og fasadeendring Gbr 20/406
DS 189/18	Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 15/40
DS 190/18	Løyve til tiltak, ombygging Gbr 18/205
DS 191/18	Ferdigattest, rehab.pipe Gbr 5/30
DS 192/18	Rammeløyve, infrastruktur Gbr 30/341
DS 193/18	Ferdigattest, bruksendring Gbr 19/753
DS 194/18	Ferdigattest Gbr 12/43
DS 195/18	Ferdigattest, riving Gbr 18/7
DS 196/18	Ferdigattest, reiskapsbygning Gbr 92/1

PS 122/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 123/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2018/210
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
173/18	Formannskapet	20.11.2018
124/18	Kommunestyret	29.11.2018

ØKONOMIRAPPORT SEPTEMBER 2018

Handsaming:

Rådmannen la fram korrigert tilråding til vedtak, punkt 2:

2. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

BUDSJETTENDRING SEPTEMBER 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Endring Frie inntekter	- 3 250 000		- 3 250 000
Auka ramme Helse og omsorg		2 500 000	2 500 000
Auka ramme Opplæring og oppvekst		2 000 000	2 000 000
Ressurskrevjande tilskot - Avlastninga	- 1 500 000	1 500 000	-
Tiltak Bratteberg og Avlastning, reduksjon skule		- 398 924	- 398 924
Tiltak Bratteberg og Avlastning, auke omsorg		398 924	398 924
Refusjonar veg - auke i vedlikahald	- 494 000	494 000	-
Reduksjon kostnadar Barnevern Volda		- 750 000	- 750 000
Bruk av disposisjonsfond	- 500 000		- 500 000
Sum budsjettendring	- 5 744 000	5 744 000	-

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møtte og svara på spørsmål til formannskapet.

Røysting (8 røysteføre):

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 20.11.2018 til kommunestyret:

1. Økonomirapport september 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.
2. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

BUDSJETTENDRING SEPTEMBER 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Endring Frie inntekter	- 3 250 000		- 3 250 000
Auka ramme Helse og omsorg		2 500 000	2 500 000
Auka ramme Opplæring og oppvekst		2 000 000	2 000 000
Ressurskrevjande tilskot - Avlastninga	- 1 500 000	1 500 000	-
Tiltak Bratteberg og Avlastning, reduksjon skule		- 398 924	- 398 924
Tiltak Bratteberg og Avlastning, auke omsorg		398 924	398 924
Refusjonar veg - auke i vedlikahald	- 494 000	494 000	-
Reduksjon kostnader Barnevern Volda		- 750 000	- 750 000
Bruk av disposisjonsfond	- 500 000		- 500 000
Sum budsjettendring	- 5 744 000	5 744 000	-

3. Eigenkapitalinnskott KLP, kr. 2 115 349, prosjekt 901300 i investeringsrekneskapen, vert finansiert frå unytta lånemidlar knytt til Øyra skule prosjekt 501004

Administrasjonen si tilråding:

4. Økonomirapport september 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.
5. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

BUDSJETTENDRING SEPTEMBER 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Endring Frie inntekter	- 3 250 000		- 3 250 000
Auka ramme Helse og omsorg		2 500 000	2 500 000
Auka ramme Opplæring og oppvekst		2 000 000	2 000 000
Auka ramme Teknisk		2 000 000	2 000 000
Ressurskrevjande tilskot - Avlasting	- 1 500 000	1 500 000	-
Tiltak Bratteberg og Avlastning, reduksjon skule		- 398 924	- 398 924
Tiltak Bratteberg og Avlastning, auke omsorg		398 924	398 924
Refusjonar veg - auke i vedlikehald	- 494 000	494 000	-
Reduksjon kostnader Barnevern Volda		- 750 000	- 750 000
Bruk av disposisjonsfond	- 2 500 000		- 2 500 000
Sum budsjettendring	- 7 744 000	7 744 000	-

6. Eigenkapitalinnskott KLP, kr. 2 115 349, prosjekt 901300 i investeringsrekneskapen, vert finansiert frå unytta lånemidlar knytt til Øyra skule prosjekt 501004

Vedleggsliste:

- Tertialrapport Økonomiavdeling
- Tertialrapport Personal- og organsiasjonsavdeling
- Tertialrapport Barnevern
- Tertialrapport Utvikling
- Tertialrapport Teknisk og Sjølvkost
- Tertialrapport Service og kultur
- Tertialrapport Helse og omsorg

Uprenta saksvedlegg:**Samandrag av saka:**

Tertialrapport 2 for 2018 vart lagt fram til handsaming utan kommentarar frå sektorane i september. Økonomirapporten for september vert difor lagt fram som ein utvida tertialrapport der kommentarar frå sektorane ligg som vedlegg. Økonomirapporten vert lagt fram med tilråding som også inneheld budsjettendringar.

Økonomirapporten er utarbeidd med grunnlag i eigne notat frå kvar sektor, finansrapport, og kjente endringar frå sentralt hald (revidert nasjonalbudsjett). Notata frå kvar sektor ligg som vedlegg til saka.

Saksopplysningar/fakta:

Det er stor aktivitet i drifta til Volda kommune. Samtidig som dei daglege driftsoppgåvene vert gjennomført vert ressursar og i større grad kapasitet nytta inn mot 2020 og ny kommune. Alle sektorar inkludert stab og støtte har gjennomført sine første fellessamlingar for å bygge ny kommune. I tillegg til sektorsamlingar er det sett ned ulike arbeidsgrupper som mellom anna skal sjå på lønnspolitikk, arbeidstidsreglement, permisjonsreglement, velferdsteknologi og andre digitaliseringsprosjekt inn mot ulike programvarer som ny kommune skal nytte. Ny kommunalsjef for samfunnsutvikling er også på plass og vil starte 1. januar 2019.

Notat frå sektorane som ligg ved viser oss at kommunen produserer gode tenester til innbyggjarane sine. Under følgjer utdrag frå dei tre største sektorane:

Helse og omsorg

Tenestene som sektoren leverer har eit breitt nedslagsfelt for innbyggjarane. Ein leverer til alle aldersgrupper, frå små deltenester til heildøgntenester med tett personleg oppfølging. Tenestene blir heile tida utfordra på endring, tenke nye løysingar, tenke samarbeid og vere fleksible for å løyse oppgåvene. Utskrivingsklare pasientar frå helseføretaket legg stadig press på korttidsavdelinga, sjukeheimsoverlegen og tenestene forøvrig, då ein ofte opplever at kapasiteten på korttidsavdelinga er sprengd. Det er ikkje alltid vi finn løysingar, det har derfor blitt betalingsdøgn til helseføretaket, men så langt færre døgn enn i 2017. Press på tenestene opplever alle einingane, likevel vert det levert gode tenester. Ein opplever lite klage på tenestene, noko ein kan berømme den einskilde tilsette som opptrer klokt og verdig i møte med brukarane.

Det vart gjennomført vernerundar i einingane tidleg i år, det er jamlege STIM- møter i alle einingar, der dei fleste einingane har laga halvårsplanar for tidspunkt desse skal gjennomførast. Vedtaket om å legge om matproduksjonen frå kok- kjøll til kok- server, vert

stadig jobba med. Kostnader til ombygging av sentralkjøkkenet er no lagt fram i budsjettframlegget frå administrasjonen

Sektoren gjennomførte ei spørjeundersøkinga for bebuarar på sjukeheimen tidlegare i år. KS sitt «betre.kommune.no» vart nytta. Dette verktøyet vil bli nytta til årleg undersøking både hjå brukarar og pårørande. Sektoren set medverknadsretten høgt og vil så langt det let seg gjere skape kanalar som gir høve til dette. Det har og vore gjennomført fleire opne informasjonsmøter for pårørande til bebuarar på sjukeheimen. Denne forma for informasjon har pårørande sjølv stemt fram som ei god ordning.

Sektoren har utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar til alle stillingsheimlane. Sak har lenge vore under arbeid, denne vert no jobba betre med og vil bli lagt fram for politisk handsaming.

Opplæring og oppvekst

I tillegg til den ordinære drifta i alle einingane i sektoren, har det i andre tertial særleg vorte arbeidd med

- ✓ Oppstart i barnehage- og skuledrifta
- ✓ Implementering av oppvekstadministrativ programvare
- ✓ Tilsettingar på barnehage- og skuleområdet
- ✓ Rekruttering av leiarar i barnehage, skule og kulturskule
- ✓ Arbeid knytt til førebuing av ny sektor i ny kommune

Den digitale satsinga i sektoren krev mykje. Det er ikkje avsett ekstra personalressurs til den etter måten store digitale satsinga i barnehagar og skular, og andre arbeidsoppgåver i oppvekstsjefen sin stab har ein måtte prioritere ned.

Det same gjeld nytt oppvekstadministrativt program til bruk i innan barnehage, skule og skulefritidsordning. Dette krev mykje opplæring for superbrukarane til verktøyet, som begge er i oppvekstsjefen sin stab.

Alle leiarane innan barnehage og skule samt oppvekstsjefen sin stab avslutta vidareutdanning i digital kompetanse i læring (5 stp)..

Leiarane i sektoren har også fått opplæring i økonomiske rapporteringsverktøy i regi av økonomiavdelinga.

Teknisk etat

Veg og park har hatt ei krevjande sommar med mykje asfaltering og klargjering av grusareal for asfaltering.

Brannavdelinga har hatt høg aktivitet i andre tertial. Sentrale føringar legg tydelige føringar på at kommunane skal legge vekt på førebyggjande arbeid i utsette grupper, men det har vi lita muligheit til å rekke over så godt som vi burde. Volda har både mange helseinstitusjonar, høgskulebygg og studentar som er resurskrevjande, men ikkje med i dimensjoneringsgrunnlaget og vi såleis ikkje har nok resursar for å fylgje opp slik ein skal. Vi har valt å innleie samarbeid med Hornindal om feiinga allereie no.

Drifta av vatn og avløpsinstallasjonar går som normalt i andre tertial med unntak av Vikeneset kloakkreinseanlegg som havarerte og blei ståande ute av drift. Med unntak av dette gjekk drifta i første kvartal godt utan dei store hendingane.

Eigedom har hatt avslutning på større prosjekt denne våren, i denne fasen er forvaltning og drift tungt inne opplæring og prøvedriftsfase. Kombinasjonen av dette og nokre langtidssjukemeldingar/permisjon ligg FDV noko bak plan for gjennomføring av vedlikehaldsaktivitetar. Dette etterslepet tek vi att i løpet av året.

Det er utfordrande å få gjennomført tilstrekkelig forvaltning, drift og vedlikehald med bemanninga som avdelinga har i dag. Kommunen har siste åra gjennomført fleire store bygg og auka totale m² utan auke i bemanning.

Reinhald har gjennomført ei digitalisering der kvar reinhaldar har fått eige nettbrett, her har reinhaldaren kommunal e-post, oversikt over område som skal reinhaldast, moglegheit for å melde om avvik til drift med meir. Dette er eit løft for avdelinga og ei lette når ein treng vikar som enkelt kan orientere seg i sitt ansvarsområde. Som eit ledd i førebyggjande tiltak er det gjennomført innkjøp av reinhaldsmaskiner som blir utplassert på dei enkelte bygga slik at alle bygg skal i dag ha tilgang til hjelpemiddel.

Status økonomi

Status etter september viser eit mindreforbruk på 1,5 mill kr. Mindre forbruket kjem av auke i inntekter på frie inntekter med 4,7 mill kr. Ser vi på sektorane (fordelt drift skjema 1B) ser vi at vi der har eit meirforbruk på 2,8 mill kr.

Statsbudsjettet vart lagt fram 8. oktober. Frie inntekter er oppjustert i forhold til veksten i skatteanslaget. Under ser vi eit oppdatert skjema 1 a med dei endringar som vil påverke budsjettet. Vi legg også fram eit oppdatert skjema 1b med endringar og prognoser vurdert frå sektorane. Nærare omtale av endringane kjem etter tabellane.

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - PR. SEPTEMBER 2018						
	September 2018	Bud sept 2018	Avviksep 2018	Budsjett 2018	Endring sept 2018	Nytt budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	-175 362 204	-175 559 497	-197 293	-218 100 000	-750 000	-218 850 000
Ordinært rammetilskudd	-213 958 358	-218 514 000	-4 555 642	-276 600 000	-2 500 000	-279 100 000
Sum frie inntekter	-389 320 562	-394 073 497	-4 752 935	-494 700 000	-3 250 000	-497 950 000
Eigedomsskatt	-18 905 875	-19 000 000	-94 125	-19 000 000		-19 000 000
Andre direkteog indirekte skatter			0	-700 000		-700 000
Andre generelle statstilskudd	-32 808 805	-32 431 312	377 493	-51 201 103		-51 201 103
SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER	-51 714 680	-51 431 312	283 368	-70 901 103		-70 901 103
Renteinntekter	-1 918 948	-1 575 000	343 948	-3 100 000		-3 100 000
Utbytte Tussa	-5 324 000	-5 324 000	0	-5 324 000		-5 324 000
Avkastning plasseringar	-778 408	-1 125 000	-346 592	-1 500 000		-1 500 000
Renteutgifter/finansutgifter	11 579 617	11 667 835	88 218	23 250 468		23 250 468

Avdrag på lån			0	28 656 128		28 656 128
NETTO FINANSINNTEKTER OG UTGIFTER	3 558 261	3 643 835	85 574	41 982 596		41 982 596
Dekn av tidl års merforbruk				0		0
Til ubundne avsteneringer	41 399 712	41 399 712		54 359 281		54 359 281
Til bundne avsteneringer				700 000		700 000
Bruk av tidl års regnsk overskot	-41 399 712	-41 399 712		-41 399 712		-41 399 712
Bruk av disposisjonsfond				-7 636 003	-2 500 000	-10 136 003
Bruk av bundne avsetninger				0		0
NETTO AVSETNINGER	0	0	0	6 023 566	-1 300 000	4 723 566
Overført til investeringsbudsjettet			0			
TIL FORDELING DRIFT	-437 476 981	-441 860 974	-4 383 992	-517 594 941	-5 750 000	-523 344 941
Sum fordelt drift fra skjema 1B	420 905 597	423 699 184	2 793 587	517 594 940	5 750 000	523 344 940
Merforbruk Mindreforbruk	-16 571 384	-18 161 790	-1 590 405	0	0	-1

Skjema 1 b sept 2018	Rekneskap sept 2018	Rev. Budsjett sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %	Årsbudsjett 2018	Endringer sept 2018	Nytt Årsbudsjett 2018
Utgifter	1 220 277	1 498 016	277 739	0,8	2 234 642		2 234 642
Inntekter	0	-49 488	-49 488	-	-65 984		-65 984
Rådmann	1 220 277	1 448 528	228 251	88,3	2 168 658		2 168 658
Utgifter	3 890 439	4 557 871	667 432	55,5	9 254 381		9 254 381
Inntekter	-516 064	-153 787	362 277	761,4	-6 991 708		-876 705
Samfunn og rådgjeving	3 374 375	4 404 084	1 029 710	42,6	2 262 673		8 377 676
Utgifter	21 448 117	20 888 854	-559 262	94,9	26 985 025		26 985 025
Inntekter	-9 789 579	-8 805 473	984 106	222,0	-9 284 646		-9 284 646
Personal og organisasjon	11 658 537	12 083 381	424 844	79,6	17 700 379		17 700 379
Utgifter	5 987 423	6 266 815	279 391	93,3	8 284 573		8 284 573
Inntekter	-1 404 593	-1 470 537	-65 944	97,8	-2 308 631		-2 308 631
Økonomi	4 582 830	4 796 278	213 448	92,1	5 975 942		5 975 942
Utgifter	9 453 259	9 713 975	260 716	112,3	12 345 609		12 345 609
Inntekter	-191 806	-225 000	-33 194	56,5	-300 000		-300 000
NAV Kommune	9 261 453	9 488 975	227 522	114,2	12 045 609		12 045 609
Utgifter	194 639 046	195 477 138	838 092	99,6	265 175 290	1 601 076	266 776 366
Inntekter	-35 029 652	-34 753 017	276 634	95,8	-53 156 505		-53 156 505
Opplæring og oppvekst	159 609 395	160 724 121	1 114 726	100,2	212 018 785	1 601 076	213 619 861
Utgifter	202 078 943	197 439 877	-4 639 065	101,1	265 947 489	4 398 924	270 346 413
Inntekter	-40 848 106	-41 467 941	-619 835	96,4	-75 237 367	-1 500 000	-76 737 367
Helse og omsorg	161 230 837	155 971 937	-5 258 900	102,3	190 710 123	2 898 924	193 609 047
Utgifter	11 748 662	10 764 708	-983 955	97,4	14 041 876		14 041 876
Inntekter	-3 669 388	-2 023 943	1 645 444	94,5	-2 769 084		-2 769 084
Service og kultur	8 079 275	8 740 764	661 490	98,1	11 272 792		11 272 792
Utgifter	1 979 989	1 924 862	-55 127	102,5	3 007 758		3 007 758
Politisk verksemd	1 979 989	1 924 862	-55 127	102,5	3 007 758		3 007 758
Utgifter	53 119 357	58 898 904	5 779 547	95,4	78 783 278	2 494 000	81 277 278
Inntekter	-25 183 754	-27 462 069	-2 278 315	96,9	-39 802 146	-494 000	-40 296 146
Teknisk	27 935 603	31 436 835	3 501 232	94,2	38 981 132	2 000 000	40 981 132

Skjema 1 b sept 2018	Rekneskap sept 2018	Rev. Budsjett sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %	Årsbudsjett 2018	Endringer sept 2018	Nytt Årsbudsjett 2018
Utgifter	10 201 145	10 126 299	-74 845	110,5	21 537 416		21 537 416
Inntekter	-10 661 110	-10 215 279	445 831	53,5	-20 796 504		-20 796 504
Sjølvcosttenester	-459 965	-88 979	370 986	115,6	740 912		740 912
Utgifter	7 448 706	7 632 635	183 929	97,5	10 089 294		10 089 294
Inntekter	-2 296 110	-1 768 647	527 463	79,7	-3 227 333		-3 227 333
Utvikling	5 152 596	5 863 989	711 392	102,3	6 861 961		6 861 961
Utgifter	78 652 413	75 060 668	-3 591 745	97,9	100 724 851		100 724 851
Inntekter	-78 026 488	-76 749 424	1 277 065	93,4	-100 257 255		-100 257 255
Barneverntenesta (vertskommune)	625 925	-1 688 756	-2 314 681	110,5	467 596		467 596
Utgifter	20 595 328	22 830 040	2 234 712	100,0	25 049 393	-750 000	24 299 393
Inntekter	-16 200	0	16 200	-	0		0
Barnevern Volda kommune	20 579 128	22 830 040	2 250 912	99,9	25 049 393	-750 000	24 299 393
Utgifter	19 126 727	18 773 249	-353 478	100,4	49 891 895		49 891 895
Inntekter	-13 056 799	-13 010 125	46 675	102,5	-67 675 671		-67 675 671
Kommunestyret (skjema 1B)	6 069 928	5 763 125	-306 804	116,1	-17 783 776		-17 783 776

Frie inntekter

Endringane baserer seg på tal frå KS sin prognosemodell justert etter statsbudsjettet. Her viser prognosane at Volda kommune 2 2018 vil kome ut med vel 498 mill kr i frie inntekter. Dette gir ei auke i budsjettet på 3,250 mill kroner:

VOLDA	1519
1000 kr	2018
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	215 266
Utgiftsutjevning	10 609
Overgangsordning - INGAR	-648
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og a	1 720
Overgangsordning - kommuner som skal slås samm	640
Regionsentertilskudd	3 392
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif. arb. avg.	1 360
Budsjettvedtak 2018 Stortinget - endringer ekskl skj	1 260
Budsjettvedtak 2018 Stortinget-skjønn overgangsor	2 490
RNB 2018 - endringer i rammetilskudd	22
Sum rammetilsk uten inntektsutj	236 112
"Bykjetrekke"	
Netto inntektsutjevning	43 148
Sum rammetilskudd	279 260
Rammetilskudd - endring i %	1,2
Skatt på formue og inntekt	218 850
Skatteinntekter - endring i %	4,54
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	498 100

Avsetjing og bruk av fond

Gjennom tidlegare økonomirapportar har vi redusert planlagt bruk av disposisjonsfondet. Etter vurderingar no vert det henta ut igjen midlar for å dekke forventade meirforbruk frå sektorane med til saman 2,5 mill kr.

Endringar i drift i sektorane

Dei tre største sektorane melder om meirforbruk ved årsslutt. Meirforbruket er også avdekt gjennom budsjettarbeidet og meldt inn som endringstiltak inn mot budsjett 2019. Mykje av avvika kan sjåast opp mot utfordringa som ligg i å budsjettere med større inntekter på refusjon sjukeløn kontra budsjetterte utgifter på vikar.

Alle tre sektorane får gjennom denne økonomirapporten auka sine rammer for å unngå meirforbruk ved årsslutt. Samtidig som vi aukar rammene ser vi at kostnader knytt til barnevern for Volda vert redusert i høve budsjettet:

Barnevern

Prognosane frå barnevernsleiar viser at kostnadane for Volda kommune vert redusert i 2018. Det er spesielt kostnader knytt til EM-tenesta som vert redusert:

Funksjon	Bud 2018	Prognose 2018
F244 Barnevernsteneste	5 250 396	5 584 317
F251 Tiltak i familien	1 313 915	1 167 117
F252 Tiltak utanfor familien	7 015 812	6 000 000
F252 Tiltak einsleg mindreårige	13 255 616	11 511 342
Samla kostnad	26 835 739	24 262 776

Teknisk sektor

Teknisk sektor fekk gjennom første tertialrapport auka rammer med 1,6 mill for å kunne oppretthalde ei forsvarleg minimumsdrift resten av året. I økonomirapporten no melder sektoren at en i 2018 vil gå over driftsbudsjettet med nær 2 millionar ved utgangen av året. Dette skuldast primært ekstraordinære kostnader med vintervedlikehald av vegane våre.

Opplæring og oppvekst

Etter september har sektoren eit mindreforbruk på kr 1 114 726.-

Sektorsjef ser at drifta på einingsnivå ligg i overkant av budsjett. Dette kombinert med reduserte inntekter knytt til norskopplæring gir grunn til å tru at drifta i 2018 vil kome ut med eit meirforbruk..

Tapet i inntekter knytt til norsk opplæring vert kring kr 5 000 000,- i 2018. Færre deltakarar i introduksjonsprogrammet gir også reduserte utgifter, men ikkje i same storleik. Noko høgare inntekt enn budsjettert på andre postar, kombinert med redusert drift ved Volda læringssenter gjer at sektorsjef estimerer at det samla biletet viser eit meirforbruk på kring kr 2 000 000,- ved årsslutt.

Biletet innan barnehagedrifta viser også eit noko høgare utgiftsnivå enn budsjettert. Noko kan knytast til eit relativt høgt sjukefråvær i dei største einingane

Auka barnetal i Lauvstad og Mork barnehagar har gjort det naudsynt med høgare driftsnivå. Framhald i drifta i Austefjord barnehage har også gjort det naudsynt å auke drifta der utover bemanningsnorm for at drifta skal vere forsvarleg.

Som skrive over er inntektene knytt til norskopplæring sterkt reduserte. Det er i tillegg forventade at inntekter knytt til norskopplæring for einslege mindreårige asylsøkarar vil bli mindre. Som kompensierende tiltak er drifta ved Volda læringssenter redusert, og leigeavtalen på delar av undervisningslokala er oppsagde. Det er ei oppseingstid på to år på desse lokala, og det vert arbeidd

for at andre tenesteområde i kommunen kan nytte seg av heile eller delar av desse lokala i oppseingsperioden for å redusere utgiftene til Volda læringssenter.

Ungdomssteget ved Austefjord skule er flytta til Volda ungdomsskule, noko som reduserer den samla drifta med om lag to årsverk med verknad frå august 2018.

Helse og omsorg

Sektor Helse- og omsorg har stort fokus på budsjett og rekneskap, både i dagleg forvaltning og ved månadlege rapporteringar på einingsnivå. Det er i samarbeid med tillitsvalde og verneombod utarbeidd innleiareglar i alle einingar for å kvalitetssikre betre forvaltninga av variable lønsressursar. Dette arbeidet kan fortsatt bli betre. Det vert også, i tett samarbeid med personalavdelinga jobba godt med sjukefråværsprosjektet. Det er stor møteverksemd og djupdykk på sjukfråvær. Fokus på sjukefråværsarbeid har gitt resultat. Frå jan- til aug. 18 var samla fråvær i sektoren 9,24%. I sept.18 var det 7,56% mot 11,45% i sept 17. 2. tertial ligg sektoren vel 2% over periodisert ramme. Nokre vesentlege årsaker er:

- På tenesteområde avlasting barn og unge vil kunne få eit meirforbruk på ca 1,8 mill ved årsslutt. Her skal det overførast ca 400.000,- frå oppvekst til helse- og omsorg, i tillegg vil to tiltak truleg gi auke for ressurskrevjande tenester på ca 1,5 mill.
- Kommunen fekk ein tilflyttar til hausten med behov for 24/7 tenester. Kommunen kjøper tenester med ekstern leverandør gjennom ei BPA- ordning, men ordning får lite eller ingen toppfinansiering, då utgiftene starta i haust. Tilsvarende vil det kunne bli for første halvår i 2019.
- Kommunen har ikkje ajourført refusjon på kommuneoverlege, ca 400.000,-.
- Sektoren har hatt utgifter på ca 450.000,- til eksternt firma i forbindelse med vurderingar knytt til ressurskrevjande tenester.
- Sektoren skal godskrivas utgifter knytt til ekstratiltak på nattevakter ved nystarta omsorgsbustad, Myravegen 35.
- Det er noko etterslep på refusjon sjukeløn og på etteroppgjer knytt til institusjonsopphald.
- Både i døgnbemanna omsorgsbustad for eldre og ved ei bugruppe på institusjon har ein hatt utfordringar knytt til omfattande innleige på to einskildpersonar.
- Statleg pr.capita tilskot til fastlegane auka i mai utan at dette er justert i budsjett, samla meirutgift vert ca 280.000,-.
- Auke i husleige og teneste frå helseføretaket knytt til legevaktsformidling har medført underbudsjettering med ca. 300.000,-.
- Lønstilskot på fysioterapeutar er ikkje ajour, ved årsslutt utgjer dette ytterlegare inntekt på ca 300.000,-.

Samla sett ligg sektoren vil ein ved utgang av året ha eit meirforbruk på 2,5 – 3 mill.

Status investering

Det er svært stor aktivitet på investeringsfronten i Teknisk sektor. Nokre prioriterte prosjekt er ikkje starta anno, mellom anna knytt til sjukemelding i prosjektleiarstaben.

Nokre prosjekt har avvik i høve finansiering:

Botnavegen har varsla ei mogleg overskriding og kommunestyret er varsla om dette, dei er villige til å vedta ei tilleggsfinansiering dersom der vert overskriding mot slutten av prosjektet. Der er antyda ei overskriding på inntil 2 millionar kroner.

Vatn Samleinvestering: Vatn og Avløps avdelinga har ikkje kapasitet til å gjennomføre alle planlagde investeringar i 2018, difor vart det i Juni søkt kommunestyret om å styrke bemanninga i avdelinga.

Avløp Samleinvestering: Vatn og Avløps avdelinga har ikkje kapasitet til å gjennomføre alle planlagde investeringar i 2018, difor vert det i juni søkt kommunestyret om å styrke bemanninga i avdelinga.

Pr. 2 Tertial har teknisk sektor nytta **21 %** av løyvinga til investeringsprosjekt.

Denne prosenten vil nok auke til 65-75% innan utgongen av Året. Store prosjekt vil verte ferdig eller nær ferdig ved utgongen av året, med tilhøyrande kostnader. Nokre prosjekt vil nok ikkje nytte heile løyvinga i 2018, mellom anna Øyra skule, Vatn og Avløp. EPC prosjektet har vorte forseinka av at NEE gjekk konkurs, slik at vi sjølve må administrere gjennomføringa. Flaumførebyggingane vil ikkje få hovudtyngda av kostnadene før i 2019 og 2020, og Sentrumsprosjektet si løyving i 2018 vil måtte vidareførast med hamnekvartalet i 2019. Alle prosjektstyringsressursar er fullt ut opptekne og engasjert i dei prosjekta som er under utbygging og prosjektering. Det arbeidast kontinuerleg med prioritering av ressursar inn mot viktige prosjekt.

PROSJEKT	Rekneskap	Revidert budsjett	Restramme	Forbruk i %
Volda u-skule, opprusting	273 655	1 300 000	1 026 345	21,05
Ny Øyra skule (ki)	1 494 006	19 147 497	17 653 491	7,8
Ombygging Folkestadtun	19 832	-	- 19 832	0
Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging	309 987	1 250 000	940 013	24,8
Forprosjekt Campus Høgskulen	585	-	- 585	0
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	6 883 136	18 250 000	11 366 864	37,72
Bustad Smalebakken (KMR)	31 944	-	- 31 944	0
Fjordsyn - Fellesareal barn	9 588	-	- 9 588	0
Etablere FDV/ombygging FDV avdeling	207 157	-	- 207 157	0
Leikeplassar (skular/barnehagar)	-	800 000	800 000	0
ROP (rus og psykisk helse) 7 stk (midl.bustadar)	4 386 512	4 520 394	133 882	97,04
EPC gjennomføringstiltak	14 425 199	32 000 000	17 574 802	45,08
Mork skule - kapasitetsutviding	377 120	558 678	181 558	67,5
Oppgradering Prestagata 33	67 209	2 627 753	2 560 544	2,56
Oppgradering kommunale bygg	1 162 441	3 600 000	2 437 559	32,29
Renovering Monsvegen 3A/3a	632 397	1 000 000	367 603	63,24
4.etasje omsorgsenteret	79 184	625 000	545 816	12,67
Oppgradering Røyslida/Smalebakken	30 148	-	- 30 148	0
Ny barnehage sentrum	6 197	-	- 6 197	0
EPC opsjon etablering 3. etg - Ivar Åsen bygget	778 132	625 000	- 153 132	124,5
Barneavlastinga - ombygging/oppgradering	53 514	625 000	571 486	8,56
Folkestadtun - oppgradering	547 606	1 800 000	1 252 394	30,42
Tilbygg Myrtun	727 862	730 000	2 138	99,71
Barnehagar avbøtande tiltak	-	-	-	0
Nærmiljøanlegg Folkestad skule	35 599	-	- 35 599	0
Etablering 2 bustadsmodular - Rotset	403 872	2 536 504	2 132 632	15,92
Utviding av Mork barnehage	2 884 131	3 369 100	484 969	85,61
Maskiner, verktøy og køyretøy Eigedomsdrift	-	625 000	625 000	0
Solskjerming kommunale bygg- omsorg	52 681	1 000 000	947 319	5,27

PROSJEKT	Rekneskap	Revidert budsjett	Restramme	Forbruk i %
Ferdigstilling Brannstasjon - krav frå arbeidstilsyn	12 114	1 200 000	1 187 886	1,01
Naudlysanlegg Omsorgsenter	750 000	1 500 000	750 000	50
Haslevegen 3	7 278 025	7 278 550	525	99,99
Storgata 16	3 101 145	3 101 145	-	100
Symjehall	100 000	625 000	525 000	16
Kinosal og kultursal	386 058	625 000	238 942	61,77
Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket	568 276	960 250	391 974	59,18
Diverse grunn sentrum	5 050	-	5 050	0
Kommunale vegar, utbetring (aaa)	2 075 702	2 000 000	75 702	103,79
Trafikktrygging og miljøtiltak (aaa)	43 949	-	43 949	0
Friluftslivstiltak (rt)	608 279	796 350	188 071	76,38
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa)	17 731 241	15 764 362	1 966 879	112,48
Næringsområde Øvre Rotset	11 691 216	25 071 097	13 379 881	46,63
Kommunal del sentrumsutvikling	110 788	6 043 124	5 932 336	1,83
Elvadalsprosjektet	7 909 379	7 300 000	609 379	108,35
Hjartåbygda, behandlingsanlegg vatn (aaa)	24 237	-	24 237	0
Utbygging bustadfelt K 10, Klepp	-	625 000	625 000	0
Sambindingsveg over Håmyra	2 881 652	2 665 734	215 918	108,1
Skulebakken Haugen Lauvstad	91 707	-	91 707	0
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	1 945 203	10 000 000	8 054 797	19,45
Utbygging veglys til LED finansiert ved straumsparing	2 567 196	2 750 000	182 804	93,35
Flomførebygging Heltnelva	101 674	4 000 000	3 898 326	2,54
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	9 087 227	12 837 500	3 750 273	70,79
Maskiner og køyretøy til vegdrift	3 423 204	3 185 000	238 204	107,48
Avløp samleinvestering	679 063	17 200 000	16 520 937	3,95
Digitalisering	137 981	-	137 981	0
VA utskifting Porsemyrvegen 2017	2 553 419	-	2 553 419	0
Avløpsreinseanlegg Dravlaus	61 302	-	61 302	0
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	1 304 515	1 250 699	53 816	104,3
Vatn samleinvestering (LF)	1 768 629	20 125 000	18 356 371	8,79
VA utskifting Porsernyrvegen 2017 (LF)	3 717 652	-	3 717 652	0
Naudstraumsagregat (LF)	57 273	-	57 273	0
Nytt vassinntak Dravlaus vassverk (LF)	105 000	-	105 000	0
Digitalisering vassverk (LF)	137 981	-	137 981	0
Høgdebaseng Fyrde (LF)	247 140	-	247 140	0
Bjørnevegen reduksjonskum	37 774	-	37 774	0
Heltnelva trykkforsterking	1 675 759	-	1 675 759	0
Avfallsløysing og parkering ved Rådhuset	72 800	1 500 000	1 427 200	4,85
Samleveg Urbakkfoten	23 850	1 500 000	1 476 150	1,59
Opprusting Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg	576 206	4 000 000	3 423 794	14,41
Bygging av breiband Halkjelsvik - Folkestad	729 877	1 963 000	1 233 123	37,18
Myravegen - vann og avløp	113 158	1 500 000	1 386 842	7,54
Søre Bjørkedal avløpsreinsing	41 760	4 000 000	3 958 240	1,04
Folkestad avløpsleidning	38 000	2 500 000	2 462 000	1,52
Nødnett (RIH)	-	487 012	487 012	0

PROSJEKT	Rekneskap	Revidert budsjett	Restramme	Forbruk i %
Brann - Beredskapsmateriell og kjøretøy	-	1 500 000	1 500 000	0
Feiing	-	433 484	433 484	0

Status sjukefråvær

Prosjekt sjukefråvær er starta i sektor Helse- og omsorg. Det har vore samlingar i alle einingar, der ein har fokus på den gode dialogen mellom leiar og tilsett som kan førebygge sjukefråvær. I etterkant av desse samlingane skal einingsleiarane ha individuelle samtaler med tilsette. Det er gledeleg å sjå at sjukefråveret er redusert gjennom 2018:

Volda kommune	Jan-Sept 2018	Jan-sept 2017	2017
Samfunn og rådgjeving	1,39	4,96	3,59
Personal og organisasjon	4,66	3,56	4,4
Økonomi	1,48	1,66	2,05
Opplæring og oppvekst	7,47	6,84	7,21
Helse og omsorg	9,54	11,91	12,01
Service og kultur	5,32	2,75	3,43
Teknisk	11,32	8,67	8,44
Sjølvkosttenester	7,67	2,4	3,05
Utvikling	6,1	11,83	11,33
Barnevernstenesta (vertskommune)	8,04	6,55	7,93
Sjukefråvær 1. tertial 2018	8,27	8,47	8,81

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune sitt budsjett for 2018 er vedteke med brutto rammer. Dette gjer at vi no legg fram forslag om budsjettendringar på sektor, fordelt på endring inntekt og utgift. Basert på utgreiingar over legg vi fram forslag til følgjande budsjettendringar for 2018:

BUDSJETTENDRING SEPTEMBER 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Endring Frie inntekter	- 3 250 000		- 3 250 000
Auka ramme Helse og omsorg		2 500 000	2 500 000
Auka ramme Opplæring og oppvekst		2 000 000	2 000 000
Auka ramme Teknisk		2 000 000	2 000 000
Ressurskrevjande tilskot - Avlastning	- 1 500 000	1 500 000	-
Tiltak Bratteberg og Avlastning, reduksjon skule		- 398 924	- 398 924
Tiltak Bratteberg og Avlastning, auke omsorg		398 924	398 924
Refusjonar veg - auke i vedlikehald	- 494 000	494 000	-
Reduksjon kostnadar Barnevern Volda		- 750 000	- 750 000
Bruk av disposisjonsfond	- 2 500 000		- 2 500 000
Sum budsjettendring	- 7 744 000	7 744 000	-

I tillegg til endringar i drift er der også behov for endringar i investeringar.

Dette gjeld eigenkapitalinnskott KLP. Innskottet for 2018 på kr. 2 115 349 manglar finansiering. I og med at vi har unytta lånemidlar som ikkje vil bli nytta knytt til Øyra skule rår vi til å hente midlar her.

Helse og miljøkonsekvensar:

Evalueringsrapporten for nye Sandefjord (TF-rapport nr 296 2017 – utarbeidd av Deloitte og Telemarkforsking) peikte på nødvendigheita av at dei gamle kommunane har fokus på avslutning og i minst mulig grad belaste administrasjonen med nye oppgåver. Doble funksjonar medfører stor arbeidsbelastning, og det er viktig at ein som arbeidsgjevar er medviten om dette og i prioritering og planlegging tek omsyn til dette i den intensive fasen vi no går inn fram mot kommunesamanslåinga.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå utgreiing over

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjente

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

2018/210	Løpenr. 15634/2018	Arkivkode 151	Avd / Sakshandsamar ØKO/KARISUN	Dato 12.11.2018
----------	-----------------------	------------------	------------------------------------	--------------------

HELSE OG OMSORG - SEPTEMBER 2018

Status drift

Tenestene som sektoren leverer har eit breitt nedslagsfelt for innbyggjarane. Ein leverer til alle aldersgrupper, frå små deltenester til heildøgstenester med tett personleg oppfølging. Tenestene blir heile tida utfordra på endring, tenke nye løysingar, tenke samarbeid og vere fleksible for å løyse oppgåvene. Utskrivingsklare pasientar frå helseføretaket legg stadig press på korttidsavdelinga, sjukeheimsoverlegen og tenestene forøvrig, då ein ofte opplever at kapasiteten på korttidsavdelinga er sprengd. Det er ikkje alltid vi finn løysingar, det har derfor blitt betalingsdøgn til helseføretaket, men så langt færre døgn enn i 2017. Press på tenestene opplever alle einingane, likevel vert det levert gode tenester. Ein opplever lite klage på tenestene, noko ein kan berømme den einskilde tilsette som opptrer klokt og verdig i møte med brukarane.

Det vart gjennomført vernerundar i einingane tidleg i år, det er jamlege STIM- møter i alle einingar, der dei fleste einingane har laga halvårsplanar for tidspunkt desse skal gjennomførast. Vedtaket om å legge om matproduksjonen frå kok- kjøll til kok- server, vert stadig jobba med. Kostnader til ombygging av sentralkjøkkenet er no lagt fram i budsjettframlegget frå administrasjonen

Sektoren gjennomførte ei spørjeundersøkinga for bebuarar på sjukeheimen tidlegare i år. KS sitt «betre.kommune.no» vart nytta. Dette verktøyet vil bli nytta til årleg undersøking både hjå brukarar og pårørande. Sektoren set medverkningsretten høgt og vil så langt det let seg gjere skape kanalar som gir høve til dette. Det har og vore gjennomført fleire opne informasjonsmøter for pårørande til bebuarar på sjukeheimen. Denne forma for informasjon har pårørande sjølv stemt fram som ei god ordning.

Sektoren har utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar til alle stillingsheimlane. Sak har lenge vore under arbeid, denne vert no jobba betre med og vil bli lagt fram som politisk sak.

Status bemanning

	2017	1. tertial 2018	Sept 2018
Administrasjon Helse og omsorg	21,00	17,95	14,35
Sjukeheim 2. etasje	29,46	28,29	29,30
Sjukeheim 3. etasje	31,85	31,38	32,80
Heimetenester	27,26	29,28	28,81
Heimetenester omsorgsbustader	41,02	43,64	42,94
Rus og psykisk helseteneste	21,77	21,72	25,71
Tenesta for funksjonshemma	21,77	21,57	22,07
Butenesta for funksjonshemma	30,61	33,72	33,83
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	17,91	18,21	18,91
Service Helse og omsorg	7,43	7,43	75,29
Helse og omsorg	250,08	253,19	256,24



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Vikarar som går i vakante stillingar vert ikkje rekna med i dette uttaket frå agresso. Summeringa av årsverk gir derfor eit augeblikksbilete av stillingane, men talet årsverk er ikkje korrekt i forhold til lønsbudsjettet til den einskilde eininga. Dei vakante stillingane kan vere stillingar som bevisst er holdt vakant, helgestillingar som ikkje er tilsett fast i eller stillingar som er lyste ut og ikkje tilsett i.

Status økonomi

Skjema 1 b sept 2018	Rekneskap sept 2018	Rev. Budsjett sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %	Årsbudsjett 2018
Utgifter	202 078 943	197 439 877	-4 639 065	101,1	265 947 489
Inntekter	-40 848 106	-41 467 941	-619 835	96,4	-75 237 367
Helse og omsorg	161 230 837	155 971 937	-5 258 900	102,3	190 710 123

Sektor Helse- og omsorg har stort fokus på budsjett og rekneskap, både i dagleg forvaltning og ved månadlege rapporteringar på einingsnivå. Det er i samarbeid med tillitsvalde og verneombod utarbeidd innleigereglar i alle einingar for å kvalitetssikre betre forvaltninga av variable lønsressursar. Dette arbeidet kan fortsatt bli betre. Det vert også, i tett samarbeid med personalavdelinga jobba godt med sjukefråværsprosjektet. Det er stor møteverksemd og djupdykk på sjukfråvær. Fokus på sjukefråværsarbeid har gitt resultat. Frå jan- til aug. 18 var samla fråvær i sektoren 9,24%. I sept.18 var det 7,56% mot 11,45% i sept 17. 2.tertial ligg sektoren vel 2% over periodisert ramme. Nokre vesentlege årsaker er:

- På tenestemråde avlasting barn og unge vil kunne få eit meirforbruk på ca 1,8 mill ved årsslutt. Her skal det overførast ca 400.000,- frå oppvekst til helse- og omsorg, i tillegg vil to tiltak truleg gi auke for ressurskrevjande tenester på ca 1,5 mill.
- Kommunen fekk ein tilflyttar til hausten med behov for 24/7 tenester. Kommunen kjøper tenester med eksternt leverandør gjennom ei BPA- ordning, men ordning får lite eller ingen toppfinansiering, då utgiftene starta i haust. Tilsvarande vil det kunne bli for første halvår i 2019.
- Kommunen har ikkje ajourført refusjon på kommuneoverlege, ca 400.000,-.
- Sektoren har hatt utgifter på ca 450.000,- til eksternt firma i forbindelse med vurderingar knytt til ressurskrevjande tenester.
- Sektoren skal godskrivas for utgifter knytt til ekstratiltak på nattevakter ved nystarta omsorgsbustad, Myravegen 35.
- Det er noko etterslep på refusjon sjukeløn og på etteroppgjer knytt til institusjonsopphald.
- Både i døgnbemanna omsorgsbustad for eldre og ved ei bugruppe på institusjon har ein hatt utfordringar knytt til omfattande innleige på to einskildpersonar.
- Statleg pr.capita tilskot til fastlegane auka i mai utan at dette er justert i budsjett, samla meirutgift vert ca 280.000,-.
- Auke i husleige og teneste frå helseføretaket knytt til legevaktsformidling har medført underbudsjettering med ca. 300.000,-.



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

- Lønstilskot på fysioterapeutar er ikkje ajour, ved årsslutt utgjer dette ytterlegare inntekt på ca 300.000,-.

Samla sett ligg sektoren vil ein ved utgang av året ha eit meirforbruk på 2,5 – 3 mill.

	Rekneskap sept 2018	Rev budsjett sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %
Utgifter	18 984 134	18 454 471	-529 663	102,87
Inntekter	-11 709 354	-11 835 552	-126 198	98,93
Administrasjon Helse og omsorg	7 274 780	6 618 919	-655 861	109,91
Utgifter	23 734 630	23 353 452	-381 178	101,63
Inntekter	-1 024 196	-1 222 910	-198 715	83,75
Sjukeheim 2. etasje	22 710 435	22 130 542	-579 893	102,62
Utgifter	22 430 084	21 916 994	-513 090	102,34
Inntekter	-1 067 128	-1 137 355	-70 227	93,83
Sjukeheim 3. etasje	21 362 957	20 779 639	-583 317	102,81
Utgifter	16 654 725	16 150 967	-503 757	103,12
Inntekter	-1 537 505	-1 663 740	-126 234	92,41
Heimetenester	15 117 219	14 487 228	-629 992	104,35
Utgifter	28 980 917	28 442 819	-538 098	101,89
Inntekter	-2 210 282	-2 231 697	-21 415	99,04
Heimetenester omsorgsbustader	26 770 635	26 211 121	-559 513	102,13
Utgifter	15 201 320	15 763 541	562 221	96,43
Inntekter	-3 354 899	-3 275 031	79 868	102,44
Rus og psykisk helseteneste	11 846 421	12 488 511	642 089	94,86
Utgifter	15 162 878	14 442 413	-720 465	104,99
Inntekter	-4 219 935	-4 449 054	-229 119	94,85
Tenesta for funksjonshemma	10 942 943	9 993 359	-949 584	109,50
Utgifter	25 837 342	25 574 735	-262 608	101,03
Inntekter	-1 509 311	-1 288 080	221 231	117,18
Butenesta for funksjonshemma	24 328 031	24 286 655	-41 376	100,17
Utgifter	22 769 333	21 911 335	-857 998	103,92
Inntekter	-9 069 197	-9 087 224	-18 027	99,80
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	13 700 136	12 824 111	-876 025	106,83
Utgifter	4 045 789	4 071 811	26 022	99,36
Inntekter	-711 665	-708 806	2 859	100,40
Tildelingskontor og stab	3 334 124	3 363 005	28 881	99,14
Utgifter	8 277 790	7 357 340	-920 450	112,51
Inntekter	-4 434 634	-4 568 493	-133 859	97,07
Service Helse og omsorg	3 843 156	2 788 847	-1 054 309	137,80
Helse og omsorg	161 230 837	155 971 937	-5 258 900	103,37



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Helse og omsorg sine tiltak inn mot digitalisering og innovasjonstiltak

	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021
Innkjøp digital tryggleikspakke				
Innkjøp velferdsteknologi				
Innkjøp plattform				

Det er løyvd 1.250.000,- i 2018 til innkjøp utstyr. Det er no starta innkjøp av diverse utstyr. Noko av det ein forventa skulle bruke investeringsbudsjettet på(plattformen), har blitt belasta driftsbudsjettet etter korrigering frå revisor. Ein vil løyve midlar på prosjektet. Det vert søkt overføring av ubrukte midlar til innkjøp av institusjonsbuss, eit prosjekt som datt ut i førre budsjettbehandling samstundes som arbeidet med anskaffing har pågått.

Status sjukefråvær

Volda kommune	September		2017
	2018	1. tertial 2018	
Administrasjon Helse og omsorg	8,89	15,16	12,83
Sjukeheim 2. etasje	6,73	9,62	14,3
Sjukeheim 3. etasje	9,38	9,6	17,38
Heimetenester	10,02	14,8	12,46
Heimetenester omsorgsbustader	7,38	9,74	14,76
Rus og psykisk helseteneste	12,09	16,55	9,3
Tenesta for funksjonshemma	11,51	15,51	3,55
Butenesta for funksjonshemma	11,51	11,5	8,68
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	6,44	11,15	11,23
Tildelingskontor og stab	30,17	31,42	16,63
Service Helse og omsorg	4,37	8,22	9,91
Helse og omsorg	9,54	12,37	12,08

Sjukefråværet varierer stort mellom einingane, det har vore jamn betring med redusering av sjukefråvær utover 2018. Den positive trenden er at det samla for sektoren har gått ned med 2,83%. Ein vonar at denne trenden kan forsterke seg ytterlegare med satsinga på sjukefråværsprosjektet i sektoren.



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

SATSINGAR 2018	Mål	Status sept 18	KOMMENTAR
OMDØME			
Helse- og omsorg skal vere ein attraktiv arbeidsplass med godt arbeidsmiljø og godt omdøme	12 positive oppslag i media	9	Målsettinga er at auka fokus på godt omdøme vil medføre god rekruttering av fagkompetanse. Ein positiv omtale om sektoren i media kvar månad.
TENESTER			
Kartlegging av brukartilfredsheit på sjukeheim	Lands- gjennomsnit t på tilfredsheit	Forsøksår i 2018, gjennomført i mars- 18. Gode tilbakemelding ar.	Målet er landsgjennomsnittet basert på resultat Betre kommuner.no. og årlege undersøkingar
Handhaldne terminalar i heimetenesta kopla til fagsystemet Gericar betrar kommunikasjonen og kvaliteten i tenestene, planleggje betre ressursbruken.	Ordning innført i alle heimebaserte områder.	95% innført.	Manglar siste utviding i rus- og psykisk helseteneste.
Tildelingskontoret er forvaltareining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå.	Unngå at nokon står på venteliste lenger enn 14 dagar.	Vi har 3- 6 på venteliste for døgnbemanna omsorgsbustad , pr dato 1 ventar på sjukeheim.	Rett teneste på rett nivå. Ny forskrift om rett til sjukeheimplass eller tilsvarande døgnbemanna omsorgsbustad vedtatt i kommunestyre 26.10.2017.
Helse- og omsorg skal ha stabile og gode avlastingstilbod til personar med demens og-/eller andre funksjonsvanskar.	Avsett ei leilegheit til avlasting for demente	Avlasting blir gitt, men varierte kvar dette plass har vore større enn avlastingsbeho vet og leilegheit har ikkje blitt avsett.	Det blir sett av ei leilegheit til tiltaket på Solkroken. Dette for å legge til rette for forutsigbarheit og tryggleik både for brukarar og pårørande.
Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus får kommunalt tilbod i tråd med samarbeidsavtalen, og kommunen skal ikkje betale	Unngå betalingsdøgn n	Ikkje lukkast. Talet pasientar har periodevisvore større enn	Kommunen har etablert system og rutiner som sikrar optimal utnytting av tverrfaglege fagressursar knytt til korttidsavdelinga.



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

SATSINGAR 2018	Mål	Status sept 18	KOMMENTAR
for liggjedøgn på sjukehus		mottakskapasitet.	Tildelingskontoret si rolle og mandat på utnytting av tilgjengelege plassar er godt innarbeidd i sektoren. Fagleg optimalisering for å oppnå gjennomstrøyming på korttidsavdeling.
Strategi og satsingar for helse- og omsorgstenester komande 10 år er forankra administrativt og politisk.		Ny omsorgsplan for NYE Volda vert fokus ut på hausten 2019	Prosess med THO skal føre fram til politisk fundamentert strategi.
Brukarutval er etablert og/ eller opne informasjonsmøter på tenestenivå er avholdt x 2 pr. år.	Etablere godt kunnskapsnivå om sektoren hjå politisk utval	Godt i gang. Alle einingar har fått presentere seg for utvalet.	Prosess med THO skal føre fram til politisk fundamentert strategi.
MEDARBEIDAR			
Nærvær på 91 %	91 %	90,46 %	Vert jobba med dette i alle einingar.
ØKONOMI			
Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.	10 pr år	8	Rutine i høve månadleg rapportering skal fortsette med enda meir tilpassa opplæring i høve økonomistyring. Einingsleiarane har etablert kunnskap om budsjett og rekneskap og skal etablere og handheve interne rutinar/ system for betre styring av variabel løn.
Brukarutval er etablert og/ eller opne informasjonsmøter på tenestenivå er avholdt x 2 pr. år.	2 pr år	2	Brukarmedverknad er ein lovfesta rett og gode system på dette er eit virkemiddel for å forbetre og kvalitetssikre tenestene.



VOLDA KOMMUNE Servicekontoret

NOTAT

Til: Økonomistaben
Frå: Inger-Johanne Johnsen
Sak: Månads- og tertialrapportering

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/210	15132/2018	151	SVK/INGJOH	01.11.2018

SERVICE OG KULTUR - SEPTEMBER 2019

Status drift

Servicekontoret har hatt ei normal drift med tanke på journalføring og utvalshandsaming. Leiar for sektoren er deltakar i prosjektgruppa for nytt sak-arkivsystem i SSIKT, og anbudsutforming og kravspesifikasjon har vore arbeidskrevjande og intensivt. Acos blei nyleg valt som leverandør.

Servicekontoret har, i samarbeid med servicekontoret i Hornindal, starta førebuingane til valet 2019.

Arbeidet for å sikre arkiv og dokumentasjon i samband med overgangen til ny kommune i 2020 er godt i gang. Avdelinga har møte ein gong pr måned med arkivleiinga i Hornindal for å sikre den nødvendige framdrift i dette arbeidet. All erfaring viser at arkiva er veldig sårbare når kommunar blir slått saman. Dokumentasjonen som den nye kommunen treng i si framtidige sakshandsaming og som dokumentasjon på vedtak som er gjort, er arkivert i sak-/arkivsystemet og i fagsystema. Kommunale arkiv inneheld også store mengder viktig rettighetsdokumentasjon og historisk dokumentasjon, som det er nødvendig å ha god oversikt over. Volda har eit stort ordningsetterslep når det gjeld papirarkiv og digitale arkiv, og det er derfor sett inn ein del ressursar for å handtere dette.

Frå 2018 er Volda vertskommune for Hornindal kommune sine bibliotektenester. Dei tilsette ved biblioteket har i gjort ein stor innsats for å få oversikt over biblioteksamlinga i Hornindal, og arbeidet med å kategorisere og rydde i samlinga er snart slutført. I haust vil det bli jobba med å slå saman bibliotekatalogane for dei to kommunane, og å legge lånekartoteket over på data.

Leiar for ungdomsklubben har arbeidd for å få til ulike ungdomsretta tiltak i samarbeid med andre offentlege institusjonar/avdelingar, og har vore med å arrangere UKM og Bandcamp. Volda Filmteater har eit aktivitetsnivå som omtrent tilsvarar same tidsrom i fjor, men publikum har ikkje vore like flink til å nytte kinoen som dei var i fjor. Frivilligsentralen jobbar mykje med prosjektrretta tiltak og tilrettelegging, og har også sett i gang arbeide med nye tiltak som t.d. utstyrssentral som kommunen nyleg fekk midlar til gjennom BUFDIR.



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Status bemanning

	2017	1. tertial 2018	Sept 2018
Kultur	5,20	5,52	5,85
Servicekontor	6,60	7,70	7,00
Service og kultur	11,80	13,22	12,85

Tala viser ei auke i antal stillingar i sektor service og kultur, samanlikna med 2017. Kommunestyret vedtok i fjor at biblioteket skulle få ei 50% stilling ekstra. Den øvrige auken i stillingar er knytt til kommunereformprosjektet og GDPR (:ny personvernlovgiving).

Status økonomi

	Rekneskap sept 2018	Rev. Budsjett sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %	Nytt Årsbudsjett 2018
Utgifter	11 748 662	10 764 708	-983 955	97,4	14 041 876
Inntekter	-3 669 388	-2 023 943	1 645 444	94,5	-2 769 084
Service og kultur	8 079 275	8 740 764	661 490	98,1	11 272 792
Utgifter	1 979 989	1 924 862	-55 127	102,5	3 007 758
Politisk verksemd	1 979 989	1 924 862	-55 127	102,5	3 007 758

Rekneskapet for september viser at service og kultur har eit mindreforbruk på 661.490 kr, årsaka til dette er tilskot som ikkje er utbetalte. På grunn av at inntektene til Volda filmteater lågare enn forventa, viser rekneskapet for Volda filmteater eit meirforbruk på 197.000 kr. Dette meirforbruket blir «henta inn» av at andre delar av service og kultur har mindreforbruk. Politisk verksemd har meirforbruk på 55.127 kr.

Service og kultur sine tiltak inn mot digitalisering og innovasjonstiltaket frå ØPL 2018-2021:

	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021
Sentralbord interkommunalt	50 000	200 000	200 000	200 000
Reduksjon porto – Digital post	100 000	150 000	150 000	150 000
Serviceavtalar, overføring SSIKT	100 000	100 000	100 000	100 000
Samla «innsparing» Service og kultur	250 000	650 000	650 000	650 000

Status sjukefråvær



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

	Jan-Sept 2018	Jan-sept 2017	2017
Service og kultur	7,31	2,75	3,43

Samla sjukefråvær er på 7,31 % prosent. Dette er høgare enn både same periode i fjor og heile 2017.

Status målstyring

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status sept.
OMDØMME			
Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda.	Gjennomsnittleg antal nyhendeoppslag pr veke på Facebook, Twitter og web. God og oppdatert informasjon til tilsette via intranett	4 pr veke	5 pr veke
Auke antal journalførte dokument i sak/arkivsystemet pr år	Intensivere opplæring av tilsette i sak-/arkivsystemet, forbetre rutinane, og gjere best mogleg bruk av dei ulike funksjonane i systemet. Betre opplæring og større bevisstheit rundt kva som skal journalførast og regelverket knytt til dette.	100 %	Har starta arbeidet med å utbedre rutinane og hatt oppfølgingsmøter med enkelte av sektorane.
Ingen negativ omtale av sektoren i media.		0	0
MEDARBEIDARAR			
Nærver på 97 %		97 %	92,69 %
Arbeide vidare med handlingsplan knytt til 10-faktor prosjektet			
TENESTER			
Nytte midlane som er sett av til drift av ungdomsklubben til tiltak retta mot ulike ungdomsgrupper	Enten gjennom vidare drift av ungdomsklubben eller ved konkrete tiltak retta mot ungdom		Fleire tiltak er gjennomført og andre er under planlegging (t.d. UKM, Bandcamp, vaffel-kveld)
Arrangere debattmøter i biblioteket		2 pr år	1 hittil i år.



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status sept.
Starte arbeidet med å etablere felles arkivteneste med Hornindal kommune (rutinar, aktivplan mm)		Ferdig 30.10.19	Har møte ein gong pr måned.
Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor.		1 pr år	0
Alle institusjonane i kommunen skal få tilbod om eit variert kulturtilbod frå den kulturelle spaserstokken.		5 institusjonar	5 ulike arrangement/ kulturinnslag fordelt på fleire av institusjonane.
Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000.		14 000 pr år	7975 pr utgangen av september.
Ny personvernforordning trer i kraft 25. mai 2018	Utarbeide rutinar Info heimesider Opplæring tilsette		Rutiner er utarbeidd, det ligg oppdatert info på heimesida og dei tilsette har fått opplæring.
Slutføre arbeidet med kulturminneplan for Volda kommune.	Organisere opplæring av leiarane og sikre oppfølging av overordna rutinar. Gjennom arkivsamarbeidet på Søre Sunnmøre sørge for auka kunnskap i ulike fagsystem gjennom gode arkivrutiner og ROS-analyser på dei enkelte fagsystema.		Planen er vedtatt
ØKONOMI			
God økonomisk styring	Avvik mot budsjett skal vere minimalt	100 %	100,6 %



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd / Sakshandsamar	Dato
2018/210	14497/2018	151	ØKO/KARISUN	19.10.2018

TEKNISK OG SJØLVKOST - SEPTEMBER 2019

Status drift

Teknisk Sektor har i 2. tertial hatt høg aktivitet på driftsida. Dette er noko ulikt fordelt på avdelingane i sektoren og mykje sesongbetont. Sektoren ligg nær ein million betre an enn budsjett i høve periodisering, men varslar her og no at budsjettet ikkje held i 2018 og sektoren vil gå over driftbudsjettet med nær 2 millionar ved utgangen av året. Dette skuldast primært ekstraordinære kostnader med vintervedlikehald av vegane våre.

Veg og park:

Veg og park har hatt ei krevjande sommar med mykje asfaltering og klargjering av grusareal for asfaltering. Avdelinga ligg med eit mindreforbruk på 2,3 millionar pr. 2. tertial. Dette skuldast at arbeidstid har vorte ført på investeringsprosjektet for asfaltering av grusvegar. I tillegg fekk avdelinga tilført 750.000,- til avbøtande tiltak i Raudemyrvegen, desse tiltaka har ikkje nytta meir enn ca halve denne løyvinga.

Brann:

Brannavdelinga har hatt høg aktivitet i andre tertial. Sentrale føringar legg tydelige føringar på at kommunane skal legge vekt på forebyggjande arbeid i utsatte grupper, men det har vi lita muligheit til å rekke over så godt som vi burde. Volda har både mange helseinstitusjonar, høgskulebygg og studentar som er resurskrevjande, men ikkje med i dimensjoneringsgrunnlaget og vi såleis ikkje har nok resursar for å fylgje opp slik ein skal. Vi har valt å innleie samarbeid med Hornindal om feinga allereie no.

Vatn og avløp:

Drifta av vatn og avløpsinstallasjonar går som normalt i andre tertial med unntak av Vikeneset kloakkreinseanlegg som havarerte og blei ståande ute av drift. Med unntak av dette gjekk drifta i første kvartal godt utan dei store hendingane.

Eigedom:

Eigedom har hatt avslutning på større prosjekt denne våren, i denne fasen er forvaltning og drift tungt inne opplæring og prøvedriftsfase. Kombinasjonen av dette og nokre langtidssjukemeldingar/permisjon ligg FDV noko bak plan for gjennomføring av vedlikehaldsaktivitetar. Dette etterslepet tek vi att i løpet av året.

Det er utfordrande å få gjennomført tilstrekkelig forvaltning, drift og vedlikehald med bemanninga som avdelinga har i dag. Kommunen har siste åra gjennomført fleire store bygg og auka totale m² utan auke i bemanning.

Reinhald har gjennomført ei digitalisering der kvar reinhaldar har fått eige nettbrett, her har reinhaldaren kommunal e-post, oversikt over område som skal reinhaldast, moglegheit for å melde om avvik til drift med meir. Dette er eit løft for avdelinga og ei lette når ein treng vikar som enkelt kan orientere seg i sitt ansvarsområde. Som eit ledd i forebyggjande tiltak er det



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

gjennomført innkjøp av reinhaldsmaskiner som blir utplassert på dei enkelte bygga slik at alle bygg skal i dag ha tilgang til hjelpemiddel.

Status bemanning

	2017	1. tertial 2018	Sept 2018
Sentralt teknisk	21,00	22,70	21,70
Brann	4,72	4,32	4,32
Eigedom	33,22	37,96	39,94
Teknisk	58,94	64,99	65,97

Auke i bemanning frå 1 tertial 2017 til 2018 skuldast at vi har lukkast med å fylle vakante stillingar og i tillegg fekk tilført to stillingar for tømrrarar på investeringsprosjekt.

Status økonomi

Skjema 1 b sept 2018	Rekneskap sept 2018	Rev. Budsjett sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %	Årsbudsjett 2018
Utgifter	53 119 357	58 898 904	5 779 547	95,4	78 783 278
Inntekter	-25 183 754	-27 462 069	-2 278 315	96,9	-39 802 146
Teknisk	27 935 603	31 436 835	3 501 232	94,2	38 981 132
Utgifter	10 201 145	10 126 299	-74 845	110,5	21 537 416
Inntekter	-10 661 110	-10 215 279	445 831	53,5	-20 796 504
Sjølvkosttenester	-459 965	-88 979	370 986	115,6	740 912

Teknisk sektor ligg pr 2. tertial ca 3,5 million betre an enn budsjett. Dette skuldast at eigedomsavdelinga står med eit mindreforbuk i rekneskapet som vi meiner ikkje er reelt. Avdelinga samarbeider med økonomisjef om å finne ut kva som er rett. Veg og park ligg i tillegg 2,2 millionar betre an enn budsjett som beskrive ovanfor.

Oversikt einingar:

Sektor med einingar	Rekneskap sept 2018	Rev budsjett sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %
Utgifter	3 651 292	5 364 017	1 712 725	68,07
Inntekter	-2 524 295	-4 268 238	-1 743 943	59,14
Sentralt teknisk	1 126 997	1 095 780	-31 218	102,85
Utgifter	6 436 862	6 608 576	171 714	97,40
Inntekter	-394 978	-490 969	-95 991	80,45
Brann	6 041 884	6 117 607	75 723	98,76
Utgifter	31 046 181	32 952 174	1 905 993	94,22
Inntekter	-18 258 746	-18 945 929	-687 184	96,37



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Eigedom	12 787 435	14 006 245	1 218 810	91,30
Utgifter	11 985 022	13 974 137	1 989 115	85,77
Inntekter	-4 005 735	-3 756 933	248 802	106,62
Veg og park	7 979 287	10 217 204	2 237 917	78,10
Teknisk	27 935 603	31 436 835	3 501 232	88,86
Utgifter	6 345 778	6 153 946	-191 832	103,12
Inntekter	-6 154 395	-5 985 436	168 959	102,82
Vatn sjølvkost	191 383	168 510	-22 873	113,57
Utgifter	2 955 563	3 072 438	116 875	96,20
Inntekter	-3 658 624	-3 391 218	267 406	107,89
Avlaup sjølvkost	-703 061	-318 780	384 281	220,55
Utgifter	899 803	899 915	112	99,99
Inntekter	-848 090	-838 625	9 466	101,13
Feiing sjølvkost	51 713	61 291	9 578	84,37
Sjølvkosttenester	-459 965	-88 979	370 986	516,93

Teknisk sine tiltak inn mot digitalisering og innovasjonstiltaket frå ØPL 2018-2021:

	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021
Vakant stilling	-250 000			
Varige Innsparingstiltak		-682 000	-996 000	-1 100 000
Samla «innsparing» teknisk				

Status sjukefråvær

	1. tertial 2018	Sept. 2018	2017
Sentralt teknisk	0,94	0,61	9,75
Brann	13,34	13,49	5,24
Eigedom	14,74	13,22	8,06
Veg og park	11,36	8,48	6,89
Teknisk	12,39	11,32	7,85
Vatn sjølvkost	4,16	6,78	2,38
Avlaup sjølvkost	0,23	2,84	0,79
Feiing sjølvkost	30,41	17,87	9,66
Sjølvkosttenester	7,71	7,67	3,05

Sjukefråværet i Teknisk sektor har vore høgare enn målsetning i andre tertial. Mesteparten av sjukefråværet skuldast langtidssjukemeldingar som ikkje kan tilskrивast arbeidsmiljø. Noko kan relaterast til arbeidarar nær pensjonsalder i fysisk krevjande yrker, medan delar av sjukefråværet skuldast kroniske og uføresette helseplagar. Noko skuldast tilhøve på arbeidsplassen, her har vi iverksett tiltak slik at ein kan forvente ei reduksjon i sjukefråværet ved årslutt.



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Status målstyring

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	Mål	Status sept. 2018
Omdømme			
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 4 veker	Antal førespurnader som ikkje har fått svar i samsvar med forvaltningslova og skildring av tiltak for å følgje opp	100 %	90%
Brannberedskapen skal opplevast som god	Folk skal føle seg trygge	100%	100%
Tenester			
Brannberedskap som tilfredsstillar dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen	ROS analysen tilseier at beredskapen er tilfredsstillande, men vil ha behov for nokre forbedringar i åra som kjem.	100%	90%
Risikobasert tilsyn i særskilte brannobjekt	Er i ei omleggingsfase frå faste intervall til risikobasert.	31.12.2018	
Feiing etter behov og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar.	Er i ei omleggingsfase frå faste intervall til behovsbasert	31.12.2018	
Førebyggjande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen	Dette vert på hausten.	6 skular	100%
Vedlikehald, rehabilitering og oppgradering for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse	Gjennomføre innovative prosjekt, planmessig gjennomføring av oppgradering, rehabilitering, vedlikehald, samt ny bygg.	31.12.2018	60%
Utarbeide rutinar og standardar for arbeidet som vart gjennomført ved drift og vedlikehald av kommunale vassverk og avløpsreinslegg		31.12.2018	50%
Medarbeidarar			
Behalde og rekruttere personell	Alle stillingar skal vere bemanna	100 %	97 %
Nærver på min 90 %		90 %	87,6 %
Lukke avvika brannvernet fekk i 2016 etter tilsyn frå Arbeidstilsynet og DSB	Frist ut 2018	31.12.2018	



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	Mål	Status sept. 2018
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte	Antal tilsette som har gjennomført kurs og type kurs	31.12.2018	
Etablere ein oppgradert eller ny base for driftsoperatørane ved Myrtun i samsvar med arbeidsmiljølova	Dette er eit pågåande prosjekt der vi kan forvente pålegg frå arbeidstilsynet. Det vert truleg behov for større bygningsmessige tiltak.	50%	5%
Regelmessige einingsmøter med alt personell		Min. 1x12	100%
Medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		100 %	10%
Økonomi			
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjetttramma		100 %	94,23 %
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.	Antal prosjekt som vert drive etter denne prosjektmetodikken		Sjå investering
Betre oppfølginga av leverandørar og entreprenørar som utførar oppdrag for kommunen.	Her er kontinuerlig læring og forbetring.	100%	80%
Initiere innovative/nytenkjande tiltak	Antal prosjekt som vert initiert		0%

Status investeringar

Det er svært stor aktivitet på investeringsfronten i Teknisk sektor. Nokre prioriterte prosjekt er ikkje starta anno, mellom anna knytt til sjukemelding i prosjektleiarstaben. Nokre prosjekt har avvik i høve finansiering:

Botnavegen har varsla ei mogleg overskriding og kommunestyret er varsla om dette, dei er villige til å vedta ei tilleggssfinansiering dersom der vert overskriding mot slutten av prosjektet. Der er antyda ei overskriding på inntil 2 millionar kroner.

Vatn Samleinvestering: Vatn og Avløps avdelinga har ikkje kapasitet til å gjennomføre alle planlagde investeringar i 2018, difor vart det i Juni søkt kommunestyret om å styrke bemanninga i avdelinga.



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Avløp Samleinvestering: Vatn og Avløps avdelinga har ikkje kapasitet til å gjennomføre alle planlagde investeringar i 2018, difor vert det i Juni søkt kommunestyret om å styrke bemanninga i avdelinga.

Pr. 2 Tertial har teknisk sektor nytta **21 %** av løyvinga til investeringsprosjekt.

Denne prosenten vil nok auke til 65-75% innan utgongen av Året. Store prosjekt vil verte ferdig eller nær ferdig ved utgongen av året, med tilhøyrande kostnader. Nokre prosjekt vil nok ikkje nytte heile løyvinga i 2018, mellom anna Øyra skule, Vatn og Avløp. EPC prosjektet har vorte forseinka av at NEE gjekk konkurs, slik at vi sjølve må administrere gjennomføringa. Flaumførebyggingane vil ikkje få hovudtyngda av kostnadene før i 2019 og 2020, og Sentrumsprosjektet si løyving i 2018 vil måtte vidareførast med hamnekvartalet i 2019. Alle prosjektstyringsressursar er fullt ut opptekne og engasjert i dei prosjekta som er under utbygging og prosjektering. Det arbeidast kontinuerleg med prioritering av ressursar inn mot viktige prosjekt.

PROSJEKT	Rekneskap	Revidert budsjett	Restramme	Forbruk i %
Volda u-skule, opprusting	273 655	1 300 000	1 026 345	21,05
Ny Øyra skule (ki)	1 494 006	19 147 497	17 653 491	7,8
Ombygging Folkestadtun	19 832	-	- 19 832	0
Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging	309 987	1 250 000	940 013	24,8
Forprosjekt Campus Høgskulen	585	-	- 585	0
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	6 883 136	18 250 000	11 366 864	37,72
Bustad Smalebakken (KMR)	31 944	-	- 31 944	0
Fjordsyn - Fellesareal barn	9 588	-	- 9 588	0
Etablere FDV/ombygging FDV avdeling	207 157	-	- 207 157	0
Leikeplassar (skular/barnehagar)	-	800 000	800 000	0
ROP (rus og psykisk helse) 7 stk (midl.bustadar)	4 386 512	4 520 394	133 882	97,04
EPC gjennomføringstiltak	14 425 199	32 000 000	17 574 802	45,08
Mork skule - kapasitetsutviding	377 120	558 678	181 558	67,5
Oppgradering Prestagata 33	67 209	2 627 753	2 560 544	2,56
Oppgradering kommunale bygg	1 162 441	3 600 000	2 437 559	32,29
Renovering Monsvegen 3A/3a	632 397	1 000 000	367 603	63,24
4.etasje omsorgsenteret	79 184	625 000	545 816	12,67
Oppgradering Røyslida/Smalebakken	30 148	-	- 30 148	0
Ny barnehage sentrum	6 197	-	- 6 197	0
EPC opsjon etablering 3. etg - Ivar Åsen bygget	778 132	625 000	- 153 132	124,5
Barneavlastinga - ombygging/oppgradering	53 514	625 000	571 486	8,56
Folkestadtun - oppgradering	547 606	1 800 000	1 252 394	30,42
Tilbygg Myrtun	727 862	730 000	2 138	99,71
Barnehagar avbøtande tiltak	-	-	-	0
Nærmiljøanlegg Folkestad skule	35 599	-	- 35 599	0



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

PROSJEKT	Rekneskap	Revidert budsjett	Restramme	Forbruk i %
Etablering 2 bustadsmodular - Rotset	403 872	2 536 504	2 132 632	15,92
Utviding av Mork barnehage	2 884 131	3 369 100	484 969	85,61
Maskiner, verktoy og køyretøy Egedomsdrift	-	625 000	625 000	0
Solskjerming kommunale bygg- omsorg	52 681	1 000 000	947 319	5,27
Ferdigstilling Brannstasjon - krav frå arbeidstilsyn	12 114	1 200 000	1 187 886	1,01
Naudlysanlegg Omsorgsenter	750 000	1 500 000	750 000	50
Haslevegen 3	7 278 025	7 278 550	525	99,99
Storgata 16	3 101 145	3 101 145	-	100
Symjehall	100 000	625 000	525 000	16
Kinosal og kultursal	386 058	625 000	238 942	61,77
Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket	568 276	960 250	391 974	59,18
Diverse grunn sentrum	5 050	-	- 5 050	0
Kommunale vegar, utbetring (aaa)	2 075 702	2 000 000	- 75 702	103,79
Trafikktrygging og miljøtiltak (aaa)	43 949	-	- 43 949	0
Friluftslivstiltak (rt)	608 279	796 350	188 071	76,38
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa)	17 731 241	15 764 362	- 1 966 879	112,48
Næringsområde Øvre Rotset	11 691 216	25 071 097	13 379 881	46,63
Kommunal del sentrumsutvikling	110 788	6 043 124	5 932 336	1,83
Elvadalsprosjektet	7 909 379	7 300 000	- 609 379	108,35
Hjartåbygda, behandlingsanlegg vatn (aaa)	24 237	-	- 24 237	0
Utbygging bustadfelt K 10, Klepp	-	625 000	625 000	0
Sambindingsveg over Håmyra	2 881 652	2 665 734	- 215 918	108,1
Skulebakken Haugen Lauvstad	91 707	-	- 91 707	0
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	1 945 203	10 000 000	8 054 797	19,45
Utbytting veglys til LED finansiert ved straumsparing	2 567 196	2 750 000	182 804	93,35
Flomførebygging Heltneelva	101 674	4 000 000	3 898 326	2,54
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	9 087 227	12 837 500	3 750 273	70,79
Maskiner og køyretøy til vegdrift	3 423 204	3 185 000	- 238 204	107,48
Avløp samleinvestering	679 063	17 200 000	16 520 937	3,95
Digitalisering	137 981	-	- 137 981	0
VA utskifting Porsemyrvegen 2017	2 553 419	-	- 2 553 419	0
Avløpsreinseanlegg Dravlaus	61 302	-	- 61 302	0
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	1 304 515	1 250 699	- 53 816	104,3
Vatn samleinvestering (LF)	1 768 629	20 125 000	18 356 371	8,79
VA utskifting Porsernyrvegen 2017 (LF)	3 717 652	-	- 3 717 652	0
Naudstraumsagregat (LF)	57 273	-	- 57 273	0
Nytt vassinntak Dravlaus vassverk (LF)	105 000	-	- 105 000	0
Digitalisering vassverk (LF)	137 981	-	- 137 981	0
Høgdebaseng Fyrde (LF)	247 140	-	- 247 140	0
Bjørnevegen reduksjonskum	37 774	-	- 37 774	0
Heltnevegen trykkforsterking	1 675 759	-	- 1 675 759	0



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

PROSJEKT	Rekneskap	Revidert budsjett	Restramme	Forbruk i %
Avfallsløysing og parkering ved Rådhuset	72 800	1 500 000	1 427 200	4,85
Samleveg Urbakkefoten	23 850	1 500 000	1 476 150	1,59
Opprusting Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg	576 206	4 000 000	3 423 794	14,41
Bygging av breiband Halkjelsvik - Folkestad	729 877	1 963 000	1 233 123	37,18
Myravegen - vann og avløp	113 158	1 500 000	1 386 842	7,54
Søre Bjørkedal avløpsreinsing	41 760	4 000 000	3 958 240	1,04
Folkestad avløpsleidning	38 000	2 500 000	2 462 000	1,52
Nødnett (RIH)	-	487 012	487 012	0
Brann - Beredskapsmateriell og kjøretøy	-	1 500 000	1 500 000	0
Feiing	-	433 484	433 484	0



VOLDA KOMMUNE Økonomistaben

NOTAT

Arkivsak nr. 2018/210 Løpenr. 15154/2018 Arkivkode 151 Avd / Sakshandsamar ØKO/KARISUN Dato 01.11.2018

ØKONOMIAVDELINGA - SEPTEMBER 2018

Status drift

Eit overordna arbeid i avdelinga i 2018 har vore å få til god dialog med leiarane i kommunen. Vi har arbeidd aktivt med å heve kompetansen ute i kommunen på både rekneskapsreglar som momskompensasjon og kontering. I tillegg er leiarane no meir involvert i økonomirapportering kvar månad og i budsjettarbeid inn mot nytt budsjettår. Rapporteringsverktøyet er godt mottatt og vi ser gevinsten av dette i form av tettare samarbeid mellom stab og leiarane ute, noko som også har gjort sjølve budsjettet meir realistisk å styre etter.

I februar månad var økonomiavdeling Volda saman med økonomisjef i Hornindal i Herøy og starta arbeidet inn mot ny felles kommune. Samlinga la grunnlag for ein tettare dialog med økonomi i Hornindal. Vi har hatt fleire samarbeidsmøter og økonomisjef i Hornindal har vore med på økonomisamling med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre og i nokre stabsmøter i Volda. Det er sett ned arbeidsgruppe som skal arbeide med oppbygging av Agresso (økonomi, løn og HR) for ny kommune. Arbeidsgruppa er sett saman av representantar frå fagmiljøa i begge kommunane.

Status bemanning

Økonomiavdelinga har 9,00 heimlar, men nyttar i dag berre 8 då økonomikonsulent sa opp si stilling i september. Denne stillinga ligg vakant ut året. I budsjettet for 2019 er det tatt høgde for at vi held fram med 8 årsverk. Den vakante stillinga er meldt inn som effektiviseringstiltak frå sektoren.

	2017	1. tertial 2018	Sept 2018
Økonomi	8,80	8,80	8,00
Økonomi	8,80	8,80	8,00

Status økonomi

	Rekneskap sept 2018	Rev. Budsjett sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %	Årsbudsjett 2018
Utgifter	5 987 423	6 266 815	279 391	93,3	8 284 573
Inntekter	-1 404 593	-1 470 537	-65 944	97,8	-2 308 631
Økonomi	4 582 830	4 796 278	213 448	92,1	5 975 942



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Etter første tertial vart rammene til økonomi redusert med 0,5 mill kroner i tråd med forventna innsparingar som låg i budsjettet for 2018. Sjølv med denne reduksjonen ligg vi med eit mindreforbruk etter september månad. Dette kjem som følge av vakant stilling.

Økonomi sine tiltak inn mot digitalisering og innovasjonstiltaket frå ØPL 2018-2021:

	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021
Vakant stilling	250 000	480 000	480 000	480 000
Digitalisering og auke i inntekt	250 000	500 000	500 000	500 000
Samla «innsparing» økonomi	500 000	980 000	980 000	980 000

Status sjukefråvær

	Jan-Sept 2018	Jan-sept 2017	2017
Økonomi	1,48	1,66	2,05

Samla sjukefråvær fram til og med september er 1,66 % prosent.

Status målstyring

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status sept 18
OMDØMME			
Betale faktura til rett tid	Volda kommune skal oppfattast som gode betalarar av våre leverandørar. Pr. i dag har vi for høge utgifter i gebyr/purringar. Målet er å redusere dette i 2018.		Reduksjon på 62 % samanlikna med sept 17.
MEDARBEIDARAR			
Nærver på 97 %		97 %	98,3 %
Medarbeidarsamtale med alle tilsette ein gong i året		100 %	100 %
Utarbeide handlingsplan knytt til 10-faktor prosjektet			
TENESTER			
Innkjøpsstrategi	Utarbeide reglement og rutinar for innkjøp i Volda kommune. Sikre god opplæring og lojalitet av rammeavtalar		
Utviklingsarbeid for å auke andel elektronisk faktura (i	I 2017 klarte vi 50 % over på EHF	70 %	70 %



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status sept 18
tråd med nasjonal satsing)			
Starte arbeidet med å etablere felles økonomifunksjon med Hornindal kommune (økonomireglement, rutinar, kontoplan mm)			Arbeidsgruppe sett ned.
Sikre god opplæring til alle leiarar for å få fokus på økonomistyring lengst ut mot tenesteproduksjon	Utarbeide årshjul med datoar for rapportering og sette av dagar for opplæring.	9 opplærings-samlingar	7 av 9 gjennomført
Sikre at grunnlaget for økonomirapportering er oppdatert og korrekt i forholdet mellom budsjett og rekneskap	Dette betyr at budsjettet skal vere rett periodisert og at rekneskapen er oppdatert med dei kostandar og inntekter som skal førast på perioden det rapporterast på.		
God økonomisk styring	Avvik mot budsjett skal vere minimalt.	100 %	91,2 %



VOLDA KOMMUNE Økonomistaben

Arkivsak nr.
2018/210

Løpenr.
15636/2018

Arkivkode
151

Avd / Sakshandsamar
ØKO/KARISUN

Dato
12.11.2018

BARNEVERN - 2. TERTIAL 2018

Barnevernstenesta i Hareid, Hornindal, Ulstein, Volda og Ørsta Status drift

Rekneskapstala for andre tertial vil truleg gå i balanse i høve budsjetterte fellesutgifter for budsjettposter som gjeld løn og andre faste driftskostnader. Tala viser likevel eit meirforbruk i prognosen i høve budsjett. Dette skuldast mellom anna at ein no har lagt inn utgifter til advokat. Dette vert ført på kvar kommune etter rekning og er reelle kostnader knytt til den einskilde saka. Ein annan årsak er at budsjettet knytt til fellesutgifter vert utarbeidd ut i frå barnetalet 0 – 17 år i kvar kommune. Dette endrar seg frå år til år og rekneskapstala for fordelingsnykelen vil slik endre seg tilsvarende. Det totale barnetalet har gått ned i våre kommunar.

Det har vore fleire saker om omsorgsovertaking i fylkesnemnda også 2.tertial. Barnevernstenesta har fått medhald i desse sakene. Fleire av sakene vert anka av privat part. Tenesta har fleire saker som skal behandlast i rettssystemet innan utgangen av året. Desse sakene krev store ressursar av tenesta. Det vert lagt vekt på å arbeide i dialog med partane i sakene og derfor skjer det at nokre saker vert handsama forenkla i nemnda. Dette sparar tenesta for utgifter og er mindre belastande for private partar. I nokre av sakene vert det samtaleprosess i nemnda. Dette kan være ein betre prosess for partane og medfører også reduserte utgifter.

Når det gjeld utgifter til tiltak, ser ein at to av kommunane vil få eit overforbruk ved slutten av året for tiltak utanfor heimen. Årsaka til overforbruket er i hovudssak alvorret i innhaldet i nokre av sakene og at desse kommunane har barn i institusjon. Eigenandelen for institusjonsplassering har auka jamt siste åra og dette fører til store meirutgifter for kommunane. Ein av kommunane har også eit overforbruk i høve tiltak i heimen. Dette skuldast bruk av kostnads-krevjande tiltak som er alternativ til plassering.

Når barna som mottar tiltak utanfor heimen vert 18 år, vel dei sjølv om dei vil ta imot tiltak vidare. Dei seier ofte ja til dette. Fleire av dei har i ein overgangsfase behov for at tiltaket dei har hatt, held fram med same kostnadane som tidlegare.

Barnevernstenesta hadde tilsyn frå arbeidstilsynet i februar med fokus på vald og truslar. Dette medførte pålegg om tiltak for å utbetre situasjonen i tenesta vedkomande dette. Tenesta svarte på dette innan fristen. Arbeidstilsynet gav utsett frist og bad om eit meir utfyllande svar. Dette vart svart på innan fristen.

Det har vore ein del sjukefråvær i tenesta også i 2.tertial, samt mykje arbeid med saksførebuing til handsaming av saker til nemnda/rettssystemet. Dette har ført til fristbrot ved rapportering til fylkesmannen 1. halvår 2018.



Mottak og undersøking

Kommune	Meldingar 1.halvår 2018	Meldingar 2017 (heile året)	Fristbrot 1.halvår 2018
Hareid	28	62	28%
Hornindal	2	2	0
Ulstein	51	74	20%
Volda	66	75	11%
Ørsta	29	118	12%
Samla teneste	176	331	

Oversikt over kven som melder til barnevernstenesta 1. halvår 2018:

	Hareid	Hornindal	Ulstein	Volda	Ørsta
Skule	6		4	11	4
Tannlege				3	
Familie	2		5	1	2
Foreldre	4		4	5	4
Psyk helsev	1			3	1
Helsestasjon			2	8	1
Helseforetak	1				1
UDI				3	
Barnehage	4		4	4	1
Asylmottak			4	4	
Politi	3		7	3	4
Barnevern	6	1	8	6	7
Krisesenter	1		8	2	
Privat melder	2	1		2	
Barnevernsvakt			2		
Anonym	1			4	2
Lege			1	2	
NAV					1
Rusteneste					2

Tiltak i heimen

Tala er frå rapportering til Fylkesmannen 1.halvår 2018. Gjennom året er det bevegelse i desse tala, saker vert avslutta og nye vert starta opp.

Kommune	Tiltak i heimen 1.halvår 2018	Tiltak i heimen 2017 (heile året)
Hareid	42	80
Hornindal	5	6
Ulstein	38	100
Volda	56 (20 EM)	131
Ørsta	84 (22 EM)	163
Samla tenesta	279	480



Barn under omsorg

Tala er frå rapportering til Fylkesmannen 1.halvår 2018. Gjennom året er det bevegelse i desse tala, saker vert avslutta og nye vert starta opp.

Kommune	Barn i fosterheim 1.halvår 2018	Barn i institusjon 1.halvår 2018	Barn i fosterheim 2017	Barn i institusjon 2017
Hareid	15	5	14	1
Hornindal	0	0	0	0
Ulstein	17	0	18	1
Volda	11	1	11	1
Ørsta	11	1	12	1
Samla teneste	54	7	55	5

Ettervern

Unge vaksne med ettervernstiltak (18-23 år):

Kommune	1.halvår 2018	2017
Hareid	4	2
Hornindal	0	0
Ulstein	10	9
Volda	11	9
Ørsta	12	8
Samla	37	28

Tilsyn i fosterheim

1. halvår 2018:

Kommune	Barn totalt	Barn med tilsynsførar
Hareid	13	12
Hornindal	2	2
Ulstein	15	14
Volda	26	25
Ørsta	20	16
Totalt	74	67

Einsleg mindreårige

Tal frå 31.08.18

Bustad	Ørsta	Volda	Busetting	Utflytting haust 2018
--------	-------	-------	-----------	-----------------------



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Einehøgda bufellesskap	4			(1 haust)
Sidekroken bufellesskap	2 (1 plassering frå ord.BV)			1 (haust)
Smilebakken bufellesskap		6	1(sept.)	2 (haust)
Oppfølgingstenesta	11	13		

Status bemanning

Barnevernstenesta vart styrka med to stillingar frå årsskiftet. Vedkomande einsleg mindre-årige tiltaka i Volda, er tenesta i ein prosess der drifta vert tilpassa nedgangen i busetjingstala.

	2018	2017
Barneverntenesta	34,7	32,7
EM Ørsta	16,95	17,05
EM Volda	13,66	13,66
Barneverstenesta (vertskommune)	65,31	63,41

Sjukefråvær

2.Tertial	2018	2017
Barnevernstenesta	6,56	5,73

Økonomi



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

BARNEVERN 2. TERTIAL 2018			
	Rekneskap	Revidert budsjett	Avvik i kr.
Utgifter	18 454 129	19 568 433	-176 852
Inntekter	-6 445 257	-6 116 856	328 401
Barnevern fellesutgifter F244 - fordelingsnøkkel	12 008 872	13 451 577	151 549
Utgifter	313 814		-313 814
Barnevern Hareid, avvikande fordelingsnøkkel (bs)	313 814		-313 814
Utgifter	155 040		-155 040
Barnevern Ulstein, avvikande fordelingsnøkkel (bs)	155 040		-155 040
Utgifter	600 617		-600 617
Barnevern Ørsta, avvikande fordelingsnøkkel (bs)	600 617		-600 617
Utgifter	221 685		-221 685
Barnevern Volda, avvikande fordelingsnøkkel (bs)	221 685		-221 685
Barnevern Ørsta F252 - EMI	9 949 529	6 540 019	-3 409 510
Utgifter	821 425	1 008 739	187 314
Barnevern Ørsta F251	821 425	1 008 739	187 314
Utgifter	5 576 996	5 476 227	-100 769
Inntekter	-40 802	-354 000	-313 198
Barnevern Ørsta F252	5 536 194	5 122 227	-413 967
ØRSTA	16 307 148	12 670 985	-3 636 163
Utgifter	8 871 052	9 503 744	632 692
Inntekter	-1 196 824	-1 081 300	115 524
Barnevern Volda F252 - EMI	7 674 228	8 422 444	748 216
Utgifter	778 078	882 610	104 532
Barnevern Volda F251	778 078	882 610	104 532
Utgifter	4 708 708	5 670 875	962 166
Inntekter	-2 235 605	-1 018 667	1 216 938
Barnevern Volda F252	2 473 104	4 652 208	2 179 104
VOLDA	10 925 410	13 957 262	3 031 852
Utgifter	681 429	480 009	-201 421
Barnevern Hareid F251	681 429	480 009	-201 421
Utgifter	6 180 999	4 347 057	-1 833 942
Inntekter	-318 568	-415 333	-96 766
Barnevern Hareid F252	5 862 431	3 931 723	-1 930 708
HAREID	6 543 860	4 411 732	-2 132 129
Utgifter	375 563	1 151 711	776 149
Barnevern Ulstein F251	375 563	1 151 711	776 149
Utgifter	7 053 210	7 444 618	391 408
Inntekter	-309 327	-668 467	-359 140
Barnevern Ulstein F252	6 743 883	6 776 151	32 269
ULSTEIN	7 119 446	7 927 862	808 418
Utgifter	22 010	133 333	111 323
Barnevern Hornindal F251	22 010	133 333	111 323
Utgifter	6 289	-	-6 289



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Inntekter	-2 500	-	2 500
Barnevern Hornindal F252	3 789	-	-3 789
HORNINDAL	25 799	133 333	107 534

Hareid kommune

Hareid kommune har i løpet av 2018 busett fleire barn på institusjon. Det har også vore saker i nemnd/rettssystemet vedkomande barn frå Hareid kommune. Dette er årsak til at det er eit meirforbruk på barn utanfor familien. Ein ser at prognosen basert på tal frå 2.tertial er endra i forhold til prognosen basert på tala frå juli. Dette skuldast at talet for barn på institusjon har endra seg. Det er viktig å minne om at prognosen er eit usikkert tal. Det er heile tida bevegelse i tiltaka retta mot barn og dette kan endre seg raskt.

Hareid har også eit overforbruk i høve tiltak i heimen. Dette skuldast kostnadskrevjande tiltak som er alternativ til å flytte barn utanfor heimen.

Rekneskapstala for andre tertial vil truleg gå i balanse i høve budsjetterte fellesutgifter til løn og drift elles. Tala viser likevel eit meirforbruk i prognosen i høve budsjett. Dette skuldast at ein no har tatt inn utgifter til advokat. Dette kjem fram av tabellen for inntekt og utgift som gjeld heile tenesta øvst i kapittelet om økonomi.

Hareid kommune			
Funksjon	Budsjett 2018	2. tertial 2018	Prognose 2018, basert på 2. tertial
F244 Barnevernteneste, inkl kommunen sine advokatutgifter	3 240 584	2 122 662	3 597 929
F251 Tiltak i familien	710 013	681 429	722 144
F252 Tiltak utanfor familien	5 895 085	5 862 431	8 793 647
Samla kostnad	9 845 682	8 666 522	13 113 719

Hornindal

Tala for budsjetterte fellesutgifter viser eit meirforbruk i prognosen i høve budsjett. Årsaka til dette er at i budsjettarbeidet vart det rekna feil i tal barn. Årsaken til dette var at fordelingsnykelen i 2017 var gjort ut i frå 10/12 månader, medan i 2018 skulle ein ha lagt inn 12 månader. Dette er no justert.

Hornindal Kommune			
Funksjon	Budsjett 2018	2. tertial 2018	Prognose 2018, basert på 2. tertial
F244 Barnevernteneste, inkl kommunen sine advokatutgifter	597 804	415 017	753 498
F251 Tiltak i familien		22 010	50 000
F252 Tiltak utanfor familien		3 789	
Samla kostnad	597 804	440 816	803 498



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Ulstein

Ulstein kommune har over tid hatt nokre kostnadskrevjande saker både i og utanfor familien. Ein har i stor grad gått vekk i frå å kjøpe tiltak frå private aktørar og nyttar i staden eige familieteam. Dette er medverkande årsaker til at utgiftene går ned. Det er viktig å minne om at prognosen er eit usikkert tal. Det er heile tida bevegelse i tiltaka retta mot barn og dette kan endre seg raskt.

Rekneskapstala for andre tertial vil truleg gå i balanse i høve budsjetterte fellesutgifter til løn og drift elles. Tala viser likevel eit meirforbruk i prognosen i høve budsjett. Dette skuldast at ein no har tatt inn utgifter til advokat. Dette kjem fram av tabellen for inntekt og utgift som gjeld heile tenesta øvst i kapittelet om økonomi.

Ulstein kommune			
Funksjon	Bud 2018	2. tertial 2018	Prognose 2018, basert på 2. tertial
F244 Barnevernteneste, inkl kommunen sine advokatutgifter	5 466 796	3 276 282	5 821 915
F251 Tiltak i familien	1 717 567	375 563	563 345
F252 Tiltak utanfor familien	10 164 227	6 743 883	10 115 825
Samla kostnad	17 348 590	10 395 728	16 501 084

Volda

Rekneskapstala for andre tertial vil truleg gå i balanse i høve budsjetterte fellesutgifter til løn og drift elles. Tala viser likevel eit meirforbruk i prognosen i høve budsjett. Dette skuldast at ein no har tatt inn utgifter til advokat. Dette kjem fram av tabellen for inntekt og utgift som gjeld heile tenesta øvst i kapittelet om økonomi.

Det er viktig å minne om at prognosen er eit usikkert tal. Det er heile tida bevegelse i tiltaka retta mot barn og dette kan endre seg raskt.

Einsleg mindreårige

Det kan sjå ut til at ein får eit positivt avvik i tiltaket for einsleg mindreårige. Tilpassing av utgifter til reduksjon av tiltaket er lagt inn i budsjettet.

Volda kommune			
Funksjon	Bud 2018	2. tertial 2018	Prognose 2018, basert på 2. tertial
F244 Barnevernteneste, inkl kommunen sine advokatutgifter	5 250 396	3 175 354	5 584 317
F251 Tiltak i familien	1 313 915	778 078	1 167 117
F252 Tiltak utanfor familien	7 015 812	2 473 104	6 000 000
F252 Tiltak einsleg mindreårige	13 255 616	7 674 228	11 511 342
Samla kostnad	26 835 739	14 100 764	24 262 776



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Ørsta

Ørsta kommune har i 2018 fått fleire barn under omsorg, nokre av desse bur i institusjon og nokre har vore busett i beredskapsheimar før flytting til fosterheim,. Det har også vore saker i nemnd/rettssystemet vedkomande barn frå Ørsta kommune. Dette er årsak til at det er eit meirforbruk på barn utanfor familien. Ein ser at prognosen basert på tal frå 2.tertial er endra i forhold til prognosen basert på tala frå juli. Dette skuldast at talet for barn på institusjon har endra seg. Det er viktig å minne om at prognosen er eit usikkert tal. Det er heile tida bevegelse i tiltaka retta mot barn og dette kan endre seg raskt.

Rekneskapstala for andre tertial vil truleg gå i balanse i høve budsjetterte fellesutgifter til løn og drift elles. Tala viser likevel eit meirforbruk i prognosen i høve budsjett. Dette skuldast at ein no har tatt inn utgifter til advokat. Dette kjem fram av tabellen for inntekt og utgift som gjeld heile tenesta øvst i kapittelet om økonomi.

Einsleg mindreårige

Tiltaket for einsleg mindreårige har fleire ungdomar som treng særlege tiltak. Desse er det søkt om ekstratilskot for. Det er sendt fire søknadar og ein har fått positivt svar på to søknadar. Ein ventar på svar på dei to andre søknadane. Alle fire søknadane ligg som inntekt i budsjett 2018, i ny prognose for 2018 har vi valgt å ta ut dei to søknadane vi ikkje har fått svar på for å synleggjer kva konsekvensane av dette kan bli.

Ørsta kommune			
Funksjon	Budsjett 2018	2. tertial 2018	Prognose 2018, basert på 2. tertial
F244 Barnevernteneste, inkl kommunen sine advokatutgifter	6 483 874	4 316 713	7 342 606
F251 Tiltak i familien	2 123 109	821 425	1 377 803
F252 Tiltak utanfor familien	7 683 341	5 536 194	8 304 291
F252 Tiltak einsleg mindreårige	9 101 304	9 949 529	12 978 294
Samla kostnad	25 391 628	20 623 861	30 002 993

Status målstyring

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status 2.tertial
OMDØMME			
Sikre eit kvalitativt godt barnevern med fokus på medverknad frå barnet og familien.		Nytte familieråd og nettverksmøter der det er tenleg og familien samtykkar til dette.	I gang



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

	Eiga Mitt-Liv gruppe i tenesta som har ansvar for framdrift og implementering av arbeidsmåtar	Halde fram samarbeidet med Forandringsfabrikken og Mitt Liv.	I gang
Tilby gode møteforhold for brukarar i våre kommunar	Ha tilgang til PC i møterom, samt kunne booke rom direkte i kalender	Få tilgang til tenelege møtelokale i alle kommunane	Samarbeid med personalavdelinga etablert
MEDARBEIDARAR			
Sikre involvering, medverknad og engasjement frå medarbeidarane		Nærvær på 90%	Vil truleg nåast ved utgongen av året.
		Medarbeidarsamtale med alle tilsette i november/desember	Vil truleg nåast ved utgongen av året
		Følgje opp 10-faktor planen	Gjennomført 10 faktor dag i april 2018.
		Utarbeide kompetanseplan	Under arbeid
		Lage plan for opplæring av nye tilsette og implementere fadderordning for desse.	Vil truleg nåast ved utgongen av året.
		Utarbeide stillingsomtalar for alle tilsette	Vil truleg nåast ved utgongen av året.
Trygge medarbeidarar med sikker arbeidskvardag	ROS kartlegging og temadagar	Gjennomføre ROS tiltak i tenesta innan juni 2018.	Kartlegging og eigne temadagar i mai og juni 2018. gjennomført.
TENESTER			



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Sikre eit kvalitativt godt barnevern i alle faser av sakene.	Styrke arbeidet med skriftleg dokumentasjon	Stette krava som Lov om barnevernstenester set for sakshandsaming.	
	Gjennomgang og oppdatering av malar i fagprogrammet, Familia.		I gang
Sikre eit godt tverrfagleg samarbeid med samarbeidspartar		Ta initiativ til og gjennomføre tverrfaglig fagdag i høve barn og foreldre med funksjonshindringar.	Gjennomført februar 2018.
		Ta del i tverrfaglege samarbeidsfora i kommunane.	Gjennomført 2.tertial
Barnevernsvakt i samarbeid med Sande, Vanylven og Herøy	Kartlegge behov og kva form for vakt som er tenleg for vår teneste.	Sette i gang drift av barnevernsvakt	Fått skjønsmidler, i gang med samarbeid om utredning av vakt.
Styrke fagleg samarbeid med Høgskulen i Volda m. fleire		Ta del i forskningssamarbeid	I gang
	Ha møte hausten 2018 om korleis ein kan samarbeide slik at begge partar har fagleg nytte av dette.	Inngå avtale om fruktbart fagleg samarbeid for begge partar.	Truleg utsett til våren 2019
God økonomisk styring	Avvik mot budsjett skal vere minimalt.	100 %	
	Samarbeide med tillitsvalde og personalavvdelinga.	Redusering av drift i EM-tenesta	Prosess i gang
	Implementere digital løysing av fagprogrammet.	Digitalisering av tenesta med elektronisk arkiv og post.	Truleg gjennomført innan utgangen av året.
	Dra nytte av økonomiprogrammet i fagprogrammet.	Sikre oversikt over kostnadar i den einskilde saka	Truleg gjennomfør innan utgangen av året.



VOLDA KOMMUNE
Økonomistaben



NOTAT

Arkivsak nr. *Løpenr.* *Arkivkode* *Avd / Sakshandsamar* *Dato*
2018/210 15137/2018 151 ØKO/KARISUN 01.11.2018

PERSONAL OG ORGANISASJON - SEPTEMBER 2019

Status drift

Fokuset til avdelinga i andre tertial har vore mangfaldig

- rekruttering kommunalsjef samfunnsutvikling Nye Volda
- oppfølging pålegg Arbeidstilsynet i barnevernstenesta
- oppfølging GDPR på personalområdet
- fortsettelse Prosjekt sjukefråvær

I samband med kommunesamanslåing har stab/støtte starta sin sektorprosess med ei fellessamling på Grodås 27. august. Det er etablert ei ressursgruppe som hadde møte i forkant av samlinga, den 22. august.

Prosjekt sjukefråvær har gått sin gong, og dei siste personalgruppene hadde gjennomgang hausten 2018. Det må no vurderast om ein skal forankre ytterlegare i sektor Helse- og omsorg, eller om ein skal gå vidare til neste sektor.

Revisjonsarbeidet har stort fokus. Ei arbeidsgruppe har revidert lønspolitikken, og det er sett ned tre andre arbeidsgrupper som skal sjå på vald og truslar om vald, mobbing og trakassering, samt behov for arbeidskle. Den sistnemnde gruppa har ikkje ferdigstilt arbeidet, elles er dei retningslinene vedteken.

Status bemanning

Personal- og organisasjonsavdelinga har 6,6 årsverk. Frå 01.01.18 gjekk tre årsverk frå IKT-avdelinga over til SSIKT, og avdelinga består i dag av Løn- og personalavdelinga og seksjon Innvandring. I tillegg blir hovudverneombodet, to hovudtillitsvalde og lærlingane løna frå denne avdelinga.

	1. tertial		
	2017	2018	Sept 2018
Personal og løn	8,15	8,15	8,05
Innvandring	0,00	0,60	0,60
Personal og organisasjon	8,15	8,75	8,65



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Status økonomi

Skjema 1 b sept 2018	Rekneskap sept 2018	Rev. Budsjett sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %	Årsbudsjett 2018
Utgifter	21 448 117	20 888 854	-559 262	94,9	26 985 025
Inntekter	-9 789 579	-8 805 473	984 106	222,0	-9 284 646
Personal og organisasjon	11 658 537	12 083 381	424 844	79,6	17 700 379

Personal- og organisasjonsavdelinga går med mindreforbruk. Dette skuldast i all hovudsak meirinntekter på innvandringsområdet. Personal forøvrig har hatt meirutgifter knytt til lisensar IKT.

Personal- og organisasjonsavdelinga sine tiltak inn mot digitalisering og innovasjonstiltaket frå ØPL 2018-2021:

	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021
Vakant stilling	0			
Digitalisering og auke i inntekt	250 000	250 000	250 000	250 000
Samla «innsparing» økonomi	500 000	250 000	250 000	250 000

Status sjukefråvær

Volda kommune	Jan-Sept 2018	Jan-sept 2017	2017
Personal og organisasjon	4,66	3,56	4,4

Sjukefråværet er lavt, og det er ikkje arbeidsrelatert.

Status målstyring

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status 2.tertial
OMDØMME			
Tilsette og leiarar får pålitelege svar på henvendingar			Det er høg kompetanse i staben, og kvaliteten i dei faglege vurderingane er høge.
Korrekte tenester til			Det er stort



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status 2.tertial
rett tid			arbeidspress og kombinert med mange manuelle prosessar førar det til at vi har lang sakshandsaming på enkelte område. Det jobbast kontinuerleg med dette
Volda kommune framstår som ei heilskapleg og samla kommune med «vi»-følelse			Personalavdeling a har stort fokus på at vi har ei arbeidsgivarrolle - og stemme utad, og at vi alle har felles mål med det vi gjer.
MEDARBEIDARAR			
Nærver på 97 %		97 %	93,13%
Medarbeidarsamtale med alle tilsette ein gong i året	Skal gjennomførast desember 2018	100 %	0 %
Utarbeide handlingsplan knytt til 10-faktor prosjektet	Handlingsplan utforma		
Utarbeide opplæringsplanar	Vil bli sett i samanheng med kompetansekartlegging i stab/støtte		Ikkje starta
TENESTER			
Administrere medarbeidarundersøking 10-faktor		Legge til rette for ein god prosess ved forarbeid, gjennomføring og etterarbeid av medarbeidarundersøkinga	Undersøkinga skal gjennomførast i november og arbeidet er starta
Implementere Win Tid		Sørge for at tidsregistrering og fråværsregistrering er på plass i heile organisasjonen	Hovudansvarleg for WinTid har slutta, det er avtalt møte med leverandør for å få prosessen



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status 2.tertial
			vidare
Gjennomgåande revisjonsarbeid		Sørge for å ta initiativ slik at reglement og rutinar blir revidert etter oppsett plan	Revisjonsarbeid vil ha fokus på ny kommune.
Profesjonell rekruttering		Fremje Volda kommune som arbeidsgjevar og sørge for at vi rekrutterar rett kompetanse til rett tid.	
Trepartssamarbeid		Sørge for eit godt og utviklande trepartssamarbeid i heile organisasjonen	Etablering av STIM-grupper er under evaluering
Internopplæring		Gjennomføre nytilsettopplæring minimum 2 gngr pr år, samt starte eit nytilsattprogram for leiarar	Nytilsattopplæring gjennomført hausten 2018.



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Arkivsak nr.
2018/210

Løpenr.
14496/2018

Arkivkode
151

Avd / Sakshandsamar
ØKO/KARISUN

Dato
19.10.2018

OPPLÆRING OG OPPVEKST - SEPTEMBER 2018

Status drift

I tillegg til den ordinære drifta i alle einingane i sektoren, har det i andre tertial særleg vorte arbeidd med

- ✓ Oppstart i barnehage- og skuledrifta
- ✓ Implementering av oppvekstadministrativ programvare
- ✓ Tilsettingar på barnehage- og skuleområdet
- ✓ Rekruttering av leiarar i barnehage, skule og kulturskule
- ✓ Arbeid knytt til førebuing av ny sektor i ny kommune

Den digitale satsinga i sektoren krev mykje. Det er ikkje avsett ekstra personalressurs til den etter måten store digitale satsinga i barnehagar og skular, og andre arbeidsoppgåver i oppvekstsjefen sin stab har ein måtte prioritere ned.

Det same gjeld nytt oppvekstadministrativt program til bruk i innan barnehage, skule og skulefritidsordning. Dette krev mykje opplæring for superbrukarane til verktøyet, som begge er i oppvekstsjefen sin stab.

Alle leiarane innan barnehage og skule samt oppvekstsjefen sin stab avsluttak vidareutdanning i digital kompetanse i læring (5 stp)..

Leiarane i sektoren har også fått opplæring i økonomiske rapporteringsverktøy i regi av økonomiavdelinga.

Status bemanning

	2017	1. tertial 2018	Sept 2018
Stab opplæring og oppvekst	5,50	5,50	6,50
Helsestasjon	9,75	11,95	10,95
Barnehage	65,93	62,22	71,25
Grunnskule med SFO	155,63	159,59	171,64
Kulturskule	5,61	5,51	5,64
Volda læringssenter	21,36	19,36	19,50
Opplæring og oppvekst	263,78	264,13	285,49



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Status økonomi

Skjema 1 b sept 2018	Rekneskap sept 2018	Rev. Budsjett sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %	Årsbudsjett 2018
Utgifter	194 639 046	195 477 138	838 092	99,6	265 175 290
Inntekter	-35 029 652	-34 753 017	276 634	95,8	-53 156 505
Opplæring og oppvekst	159 609 395	160 724 121	1 114 726	100,2	212 018 785

Sektor med einingar	Rekneskap sept 2018	Rev budsjettt sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %
Utgifter	7 030 391	6 930 458	-99 933	101,44
Inntekter	-11 695 767	-11 249 339	446 428	103,97
Stab opplæring og oppvekst	-4 665 376	-4 318 881	346 495	108,02
Utgifter	6 237 939	6 617 185	379 245	94,27
Inntekter	-1 129 920	-1 296 924	-167 005	87,12
Helsestasjon	5 108 019	5 320 260	212 241	96,01
Utgifter	61 576 348	63 226 854	1 650 506	97,39
Inntekter	-10 333 404	-10 821 796	-488 392	95,49
Barnehage	51 242 944	52 405 058	1 162 114	97,78
Utgifter	95 484 524	94 728 540	-755 984	100,80
Inntekter	-9 799 700	-9 536 742	262 957	102,76
Grunnskule med SFO	85 684 825	85 191 798	-493 026	100,58
Utgifter	3 739 750	3 603 669	-136 081	103,78
Inntekter	-715 309	-670 356	44 953	106,71
Kulturskule	3 024 441	2 933 313	-91 127	103,11
Utgifter	20 570 094	20 370 432	-199 662	100,98
Inntekter	-1 355 552	-1 177 859	177 693	115,09
Volda læringscenter	19 214 542	19 192 572	-21 970	100,11
Opplæring og oppvekst	159 609 395	160 724 121	1 114 726	99,31

Etter september har sektoren eit mindreforbruk på kr 1 114 726.-

Sektorsjef ser at drifta på einingsnivå ligg i overkant av budsjett. Dette kombinert med reduserte inntekter knytt til norskopplæring gir grunn til å tru at drifta i 2018 vil kome ut med eit meirforbruk..

Tapet i inntekter knytt til norsk opplæring vert kring kr 5 000 000,- i 2018. Færre deltakarar i introduksjonsprogrammet gir også reduserte utgifter, men ikkje i same storleik. Noko høgare inntekt enn budsjetttert på andre postar, kombinert med redusert drift ved Volda læringscenter gjer at sektorsjef estimerer at det samla biletet viser eit meirforbruk på kring kr 2 000 000,- ved årsslutt.

Biletet innan barnehagedrifta viser også eit noko høgare utgiftsnivå enn budsjetttert. Noko kan knytast til eit relativt høgt sjukefråvær i dei største einingane



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Auka barnetal i Lauvstad og Mork barnehagar har gjort det naudsynt med høgare driftsnivå. Framhald i drifta i Austefjord barnehage har også gjort det naudsynt å auke drifta der utover bemanningsnorm for at drifta skal vere forsvarleg.

Som skrive over er inntektene knytt til norskopplæring sterkt reduserte. Det er i tillegg forventa at inntekter knytt til norskopplæring for einslege mindreårige asylsøkarar vil bli mindre. Som kompensierende tiltak er drifta ved Volda læringssenter redusert, og leigeavtalen på delar av undervisningslokala er oppsagde. Det er ei oppseiingstid på to år på desse lokala, og det vert arbeidd for at andre tenestemråde i kommunen kan nytte seg av heile eller delar av desse lokala i oppseiingsperioden for å redusere utgiftene til Volda læringssenter.

Ungdomssteget ved Austefjord skule er flytta til Volda ungdomsskule, noko som reduserer den samla drifta med om lag to årsverk med verknad frå august 2018.

Investeringar i digital infrastruktur og maskinvare gjer at sektoren har effektivisert med eitt årsverk fagarbeidar IKT frå august 2018.

Opplæring og oppvekst sine tiltak inn mot digitalisering og innovasjonstiltaket frå ØPL 2018 - 2021

	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021
Samordning skuledrift	520000	1250000	1250000	1250000
Digitalisering red stilling IKT fagarb	208000	500000	500000	500000
Samordning bhg	250000	600000	600000	600000
Samla innsparing OO	978888	2350000	2350000	2350000

Tiltak 1 og 2 vert gjennomført. Har bede om å behalde innsparinga i 2018 for å kompensere for meirforbruk i høve budsjett. Med rett budsjettgrunnlag i 2019 og seinare år, vil dette vere reelle innsparingar i økonomiplanperioden.

Status sjukefråvær

Volda kommune	Sept 2018	1. tertial 2018	2017
Stab opplæring og oppvekst	5,41	5,47	3,42
Helsestasjon	3,84	3,63	6,65
Barnehage	10,78	11,45	8,31
Grunnskule med SFO	6,96	10,56	6,31
Kulturskule	8,77	11,08	5,84
Volda læringssenter	1,83	3,68	3,12
Opplæring og oppvekst	7,47	9,86	6,43

Ein reduksjon i sjukefråværet i september 18 samanlikna med 1. tertial er gledeleg. Likevel er det høgare enn i 2017, og eit særleg høgt fråvær innan delar av barnehagedrifta uroar. Dette trass auka merksemd mot oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar og samarbeid med bedriftshelsetenesta.

Status målstyring

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status september 2018
----------------	-----------	-----	-----------------------



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Utarbeide Plan for helsestasjon i Volda 2018-2020			Ferdig og vedteke av kommunestyret
Etablere/vidareføre gruppetilbod ✓ For barn som opplever skilsmisse ✓ Jentegrupper i ungdomsskulen – 2 pr år Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom			Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom gjennomført. Dei to andre tilboda vil ein freiste å setje i gong/gjennomføre i løpet av hausten.
Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje.			70 % - 80 % heimebesøk av jordmor innan 3-4 døgn. Helsesøster følgjer opp med heimebesøk etter 7 – 10 dagar
Kunne gje tilbod om foreldrerettleiing.			Med prosjektmidlar ut året har ein dette tilbodet
Etablere felles helsestasjon for ungdom og studentar ved nye Øyra skule			Dette er etablert. Avtale med Høgskulen og Studentsamskipnaden blir skrivne i juni.
Gjennom tverrfagleg samhandling styrke foreldre sin kunnskap om kosthald og aktivitet			Etter oppsett plan informerer helsestasjonen foreldre på skulane
Vidareutvikle formalisert samhandling mellom helsestasjon og barnehage			Dette arbeidet er pågåande
Oppretthalde minst 50 % pedagogtettleik i barnehagane			Volda oppfyller dette
Utarbeide Plan for barnehagane i Volda 2018 -2020			Ikkje påbyrja.
Utarbeide plan for tilsyn av barnehagar 2018 – 2020 og gjennomføre etter oppsett plan.			
Evaluerer og vidareutvikle rutinane kring overgang barnehage-barneskule/SFO-ungdomsskule			Pågåande arbeid
Ei styrking av det ordinære og tilpassa tilbodet skal redusere behovet for støttetiltak og spesialpedagogisk hjelp i barnehage, og spesialundervising i grunnskule	Viss det ordinære og tilpassa tilbodet gir utbyte for fleire barn og elevar, vil behovet for støttetiltak og spesialundervising bli mindre.		I forhold til samla rammetimetal er timar til spes.underv. redusert frå 25 % til 20 % frå 2016 til 2017 (iflg KOSTRA). Ytterlegare reduksjon frå 2017 til 2018, men ikkje i same storleik.
Innføre nettbrett/PC som pedagogisk verkty i barnehage og grunnskule og sikre naudsynt kompetanse mellom dei tilsette			Dette er på det næraste gjennomført. Kompetanseheving er pågåande
Tidleg oppdage barn og elevar som treng ekstra hjelp og støtte og utarbeide rutinar for tiltak og oppfølging	Det skal utarbeidast system/tiltak som skal sikre at rett tiltak vert sett inn på rett tidspunkt. Kartleggingar og ressursteamet er dømte på dette		
Grunnskulepoeng og resultat på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.			Dette målet er oppfylt
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med skuleåret 15/16			Her har ein delvis nådd målsetjinga
Skulefritidsordningane skal støtte den språklege og sosiale utviklinga til elevane.			
70 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til skule eller arbeid etter avslutta program.			Vil få resultat til sommaren



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Alle busette einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med greidd grunnskuleeksamen			Vil få resultat til sommaren
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta			Det vert vurdert å legge fram sak om å tilrå kulturskulerådet sin rammeplan gjeldande for Volda kulturskule
Identifisere og styrke tiltak som reduserer sjukefråværet			Pågåande arbeid i samarbeid med bedriftshelsetenesta
Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert.			Ny heimeside gir betre mogelegheiter til betre informasjon til innbygarane.



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

NOTAT

Arkivsak nr. 2018/210 Løpenr. 15153/2018 Arkivkode 151 Avd / Sakshandsamar ØKO/KARISUN Dato 01.11.2018

UTVIKLING - SEPTEMBER 2018

Status drift

Hovudoppgåva og prioritet til planavdelinga ved sektoren har framleis vore arbeidet med revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Det er gått gjennom alle innspel og laga konsekvensutgreiningar til desse. Det er laga til eit utkast, men heilt ferdig høyringsframlegg vert først klart over nyttår. I tillegg har det vore arbeida mange dispensasjonssaker og med planprogrammet for kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Oppmålingsavdelinga har vore mye ute i samband med oppmålingsforretningar. Det har vore litt færre saker enn tidlegare år.

Når det gjeld byggesak har det stort sett vore ordinær sakshandsaming og ei normal arbeidsmengd for denne årstida som betyr generelt mange saker.

Elles er det fleire miljø- og forureiningssaker som vore prioritert noko ned grunna arbeid med kommuneplan som no er tatt tak i igjen.

Status bemanning

Utviklingssektoren har 9,00 heimlar som er fordelt på 1 leiar, 1,5 på bygge- og delesak, 2 på kart/oppmåling, 1 kommuneplanleggjar/miljø og 3 planleggjarar.

	1. tertial		
	2017	2018	Sept 2018
Plan	4,00	4,00	4,00
Kart, oppmåling og byggesak	5,00	5,00	5,00
Utvikling	9,00	9,00	9,00

Status økonomi

Skjema 1 b sept 2018	Rekneskap sept 2018	Rev. Budsjett sept 2018	Avvik sept 2018	Forbruk i %	Årsbudsjett 2018
Utgifter	7 448 706	7 632 635	183 929	97,5	10 089 294
Inntekter	-2 296 110	-1 768 647	527 463	79,7	-3 227 333
Utvikling	5 152 596	5 863 989	711 392	102,3	6 861 961



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Etter andre tertial ligg vi med 711 392 kroner i mindre forbruk. Dette har samanheng med at periodiseringa kunne ha vore betre. Vi har fått inn mykje gebyrinntekter no i sommarhalvåret som det ikkje er teke fullt ut omsyn til i peridoseringa. Vi forventar å vere i balanse eller ha eit lite mindre forbruk ved årsslutt.

Utvikling sine tiltak inn mot digitalisering og innovasjonstiltaket frå ØPL 2018-2021:

	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021
Sal av planteneste til Hornindal*	50 000*			
Nokon mindre endringar i gebyrregulativet kan gi auka inntekter	100 000	100 000	100 000	100 000
Samla «innsparing» økonomi	150 000	100 000	100 000	100 000

* Muleg dette vert utsett til 2019

Status sjukefråvær

	Jan-Sept 2018	Jan-sept 2017	2017
Utvikling	6,1	11,83	11,33

Samla sjukefråvær andre tertial er på 6,1 % prosent. Dette er lågare enn både same periode i fjor og heile 2017. Bakgrunnen for at det framleis er noko høgt er ein langtidssjukemelding som vart avslutta i mars.

Status målstyring

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status sept. 2018
OMDØMME			
Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova	Høgt fokus på dette.		
MEDARBEIDARAR			
Nærver skal aukast i høve til 2017 (ambisjonsnivå på min 95 %)		95 %	93,9 %
Medarbeidarsamtale med alle tilsette ein gong i året	Gjennomført med alle tilsette	100 %	100 %
Sjukefråvær pga arbeidsmiljø skal ikkje forekome			
TENESTER			
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging	Høgt fokus		



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status sept. 2018
Søke om tilskot til minst eit friluftslivstiltak jf kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIFF-planen)	Det er søkt om tilskot på to tiltak	1	2
Rullering av KIFF-planen (både rullering av hovedplanen og handlingsdel)	Planprogram for hovudplanen er ute på høyring. Ein ny handlingsdel vil kome i samband med denne rulleringa av hovudplanen.	100 %	10 %
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk	Arbeidar mot dette målet kontinuerleg		
Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor	Fungerer godt på nye prosjekt der det er ein eigen prosjektleiar frå teknisk som samarbeider godt med vår planavdeling		
Ferdigstilling av kommuneplanen sin arealdel med ROS-analyse og konsekvensuttgreiing	Det ser ut til at vi ikkje rekk å ha klar fullstendig høyringsforslag før over nyttår.	100 %	85 %
Revisjon av overordna ROS-analyse frå 2013	Planlagt oppstart i haust	100 %	0
Rullering av handlingsprogrammet til klimaplanen	Planlagt oppstart i haust	100 %	0
God økonomisk styring	Avvik mot budsjett skal vere minimalt.	100 %	102,3 %



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Inger Lise Kaldhol

Arkivsak nr.: 2018/2094

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
32/18	Tenesteutval for helse og omsorg	21.11.2018
182/18	Formannskapet	27.11.2018
125/18	Kommunestyret	29.11.2018

UTVIKLING AV NY LEGEVAKTORGANISERING

Handsaming:

Benedikte Holmberg og Anne Natvik møtte kl 13:10.

Det var seks røysteføre.

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte om utviklinga av legevakta og samarbeidet med Ørsta kommune.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 21.11.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret har som intensjon at Volda kommune etablerer felles legevaktdistrikt med Ørsta kommune utanom dagtid på kvardagar.*
- 2. Det er ein intensjon at denne felles legevakta vert lokalisert ved ambulansestasjonen i Hovden/Furene.*
- 3. Det blir oppretta ei prosjektstilling på 30% i eit halvt år som får ansvaret for å forhandle med HMR om leige av lokale og for å planlegge og kome med framlegg til drift. Volda kommune sin andel vert finansiert i budsjettet for 2019.*
- 4. I planlegginga skal det vurderast om*
 - Resterande samarbeidskommuner nattlegevaktordning i dag blir invitert til å halde fram med samarbeidet om nattlegevakta.*
 - Legevaktssentralen skal flyttast frå sjukehuset til den nye legevakta*

Vedtaket forutset eit likelydande vedtak i Ørsta kommune.

Administrasjonen si tilråding:

5. Kommunestyret har som intensjon at Volda kommune etablerer felles legevaktdistrikt med Ørsta kommune utanom dagtid på kvardagar.
6. Det er ein intensjon at denne felles legevakta vert lokalisert ved ambulansstasjonen i Hovden/Furene.
7. Det blir oppretta ei prosjektstilling på 30% i eit halvt år som får ansvaret for å forhandle med HMR om leige av lokale og for å planlegge og kome med framlegg til drift. Volda kommune sin andel vert finansiert i budsjettet for 2019.
8. I planlegginga skal det vurderast om
 - Resterande samarbeidskommuner nattlegevaktordning i dag blir invitert til å halde fram med samarbeidet om nattlegevakta.
 - Legevaktssentralen skal flyttast frå sjukehuset til den nye legevakta

Vedtaket forutset eit likelydande vedtak i Ørsta kommune.

Vedleggsliste:

Prosjektrapport-framtidig legevakt på Søre Sunnmøre

Uprenta saksvedlegg:

[Helse og omsorgstenestelova](#)

[Akuttmedisinforskrifta](#)

[Forskrift om fastlegeordninga](#)

[Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring helse og omsorgstjenesten](#)

Avtaler KS/DNLF [ASA4310](#) og [SFS 2305](#)

[NOU2015:17](#) Først og fremst-Et helhetlig system for håndtering av akutte sykdommer og skader utenfor sykehus

Samandrag av saka:

Organiseringa av legevakta i dag løyser ikkje oppgåvene vi er sett til. For å få ei god teneste til innbyggjarane må vi planlegge ei ny organisering. Volda og Ørsta kommune bør samarbeide om legevakt og lokalisere legevakta saman med den planlagde ambulansstasjonen i Hovden/Furene området.

Formålet er å etablere ei legevaktteneste som tilfredsstiller krava til tenesta samtidig som ressursane vert utnytta effektivt. Dette føreset samarbeid med Ørsta kommune og Helseforetaket om felles lokale for legevakt og ambulansstasjon. Vidare føreset det vidare samarbeid med dei andre kommunane på søre Sunnmøre om nattlegevakt, legevaktssentral og framtidig responscenter for velferdsteknologi. Kor vidt kommunane på ytre søre Sunnmøre også kan tenkje seg utvida samarbeid om kvelds-/helgevakt kan ha behov for meir modning, og som kommunane ev må kome attende til seinare.

Saka vert lagt fram politiske organ i Volda kommune som ansvarleg for tenesta i dag, men når utgreiinga ligg føre, så må den også leggjast fram for fellesnemnda for nye Volda kommune.

Saksopplysningar/fakta:

Legevakt er ei teneste kommunane har ansvaret for 24 timar i døgnet, 365 dagar i året. Det er ei teneste med stort volum. I gjennomsnitt nyttar om lag kvar tredje innbyggjar tenesta kvart år. Tenesta blir brukt av alle og ingen veit når dei neste gong har behov. Tenesta er kritisk, både fordi innbyggjarane brukar den i sårbare og vanskelege situasjonar og fordi den er den delen av primærhelsetenesta som får flest klager.

Legevakt er ein sentral del av primærhelsetenesta og står i nær samanheng med ei velfungerande fastlegeordning. Legevakt er allmennmedisinsk verksemd, men også ein viktig og naudsynt første del av den akuttmedisinske kjeda. Legevakt er ei teneste som blir nytta av innbyggjarar i alle aldersgrupper og livssituasjonar.

Legevakt har fleire funksjonar:

- Største volumet av legevakttjenesta er å diagnostisere og ferdig behandle akutte allmennmedisinske tilstandar, det vil seie situasjonar der pasienten ikkje treng spesialisthelsetenester eller sjukehusbehandling. (grøn, 70%)
- Diagnostisere tilstandar som krev henvising eller innlegging i sjukehus utan særleg tidstap (gul respons, øh-hjelpinnleggingar, 27%)
- Diagnostisere, primærbehandle og stabilisere tilstandar som er akutt livstruande og som krev at pasienten må raskt til sjukehus (raud respons, øh-innleggingar, 3%)
- Vere ein del av den allmenne helseberedskapen i kommunane (ved større ulykker/hendingar, psykososialt krisearbeid, smittevern ol.)

Ny akuttmedisinforskrift kom 1.mai 2015. Krava i forskrifta er umogleg å oppfylle for kommunane slik vi har organisert legevakta i dag.

Vi fyller i dag ikkje:

- krav om forsvarleg transportordning og tilrettelegging for utrykking,
- kravet om opplæring og samtrening med andre naudetat
- krav om leiing og kvalitetsarbeid.
- kompetansekrav

Krav om forsvarleg transportordning og tilrettelegging for utrykking

Det er sterke sentrale signal om at alle legevakter bør ha ein uniformert legevaktsbil og det er forventat at dette blir spesifisert i rettleiaren som er under utarbeiding. Volda har i dag ingen legevaktsbil, Ørsta har ein som ikkje er uniformert.

Ein legevaktsbil legg til rette for at ein også kan ha ein del utstyr tilgjengeleg i bilen som gjer at ein kan gjere meir diagnostikk og starte behandling der folk oppheld seg.

I Volda og Ørsta har ein valt at ØH-sengene i kommunane skal vere desentraliserte. Dette gir ekstra behov for at legevakta er mobil. Dette kjem også dei andre bebuarane på sjukeheimen og heimebuande eldre til gode.

Slik legevakta i distriktet er organisert i dag, er dette utfordrande. Legane er åleine på vakt. Dette er ein arbeidssituasjon som er svært krevjande og til tider utrygg både for

innbyggjarane og legen. For eksempel kan innbyggjarane oppleve å vente på legekontoret på legen utan noko form for observasjon. Ved tilstandar med rask forverring kan dette få uheldige konsekvensar.

Å vere to på jobb handlar ikkje berre om pasienttrykkleik, men også om tryggleiken for legen som arbeidstakar. På legevakt møter ein menneske i alle slags situasjonar og kriser, og det er ikkje uvanleg med rus og voldsproblematikk. Få andre, om nokon, yrkesgrupper har i dag ein arbeidssituasjon der dei er åleine når dei jobbar i slike risikosituasjonar.

Krav om opplæring og samtrening med andre naudetatane

Kommunane har eit ansvar for at helsepersonellet som skal arbeide i legevakta får naudsynt opplæring og trening i eigne arbeidsoppgåver og skal sikre at det blir gjennomført regelmessige øvingar i samarbeid og samhandling med resten av naudetatane.

Organiseringa i dag legg ikkje til rette for dette og dette blir ikkje gjennomført.

Krav om leiing og kvalitetsarbeid

I følgje akuttmedisinforskrifta og samarbeidsavtalen med helseføretaket skal kommunane ha omforente beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda. Helse Møre og Romsdal og kommunane har oppretta eit akuttutval. Organiseringa i dag gjer at kommunane rundt Volda sjukehus har utfordringar med å vere med i dette arbeidet på lik linje med kommunane rundt dei andre sjukehusa i fylket.

Vi har i dag ikkje eit eige journalsystem til legevakta, men brukar journalsystemet til fastlegane. Det gir uklare juridiske ansvarsforhold. Ein kommunal legevakt bør ha ei eige journalsystem som kommunen er ansvarleg for.

Legevaktene i dag er lite integrert i resten av ø-hjelpstilbodet i kommunane (heimetenester, sjukeheim, mottak av tryggleiksalarmar, barnevernsvakt) og har lite samarbeid med andre naudetatane (brann, politi) og spesialisthelsetenesta (sjukehus, psykiatriske ambulante team, ambulansar) på systemnivå. Dette skuldast at det faglege og administrative ansvaret er splitta opp og framstår som uklar for alle partar.

Kompetansekrav

Spesialist i allmennmedisin og godkjente allmennlegar med akuttmedisinkurs og kurs i valdshandtering kan gå sjølvstendige vakter. Legar med mindre enn 3 års erfaring/rettleia teneste eller som har gått mindre enn 40 legevakter må ha bakvakt.

For personell i legevaktssentral er det krav om relevant helsefagleg utdanning på bachelornivå, naudsynt klinisk praksis og gjennomført tilleggsoplæring for arbeid som operatør. I praksis vil dette seie sjukepleiarar, gjerne med vidareutdanning.

Høg vakt deltakinga av erfarne fastlegar er viktig for å halde kompetansekrava. Stor utskiftingar i fastlegekorpsset og låg vakt deltaking utfordrar kompetansekravet. For fastlegar er deltaking i legevakt obligatorisk, men det er i avtaleverket gitt rett til fritak under visse føresetnader. Undersøkingar viser at det er langt fleire enn dei som formelt har rett til fritak som ikkje deltek i legevakt.

Plikt til deltaking i legevakt og vaktbelastning har vore sett i samanheng med rekruttering av fastlegar. Kommunar med høg vaktbelastning har ofte meir vanskar med å rekruttere og behalde fastlegar. Både i Volda og Ørsta blir det brukt ein del eksterne vikarar i legevakta.

Det kan vere eit teikn på at fastlegane ikkje har kapasitet til å jobbe så mykje utover fastlegepraksisen, men kan også vere eit teikn på at dei ikkje trivast med legevaktsjobbing.

På bakgrunn av desse skisserte utfordringane blei det gjennomført eit utgreiingsarbeid for seks kommunar i 2016-2017 om framtidig organisering av legevakta. I etterkant av prosjektarbeidet har det vore dialog mellom kommunane og helseføretaket om temaet. Det var eit ønske frå kommunane at legevakta og ambulansestasjonen framleis kunne vere nærlokalisert til sjukehuset.

Slik blir det ikkje. Det er no klart at ny ambulansestasjon blir i Furene/Hovden fordi omsynet til utrykningstid for ambulansen veg tungt. Det har også kome fram at når ambulansestasjonen blir flytta frå Volda sjukehus vil Helse Møre og Romsdal bygge om akuttmottaket og det vil ikkje lenger vere plass til nattlegevakta ved sjukehuset. Når det gjeld legevaktssentral ser Volda sjukehus føre seg at dei framleis vil tilby kommunane å kjøpe denne tenesta frå sjukehuset.

For meir informasjon om korleis legevakta er organisert i dag og forklaring av begrep, sjå den vedlagte prosjektrapporten.

Vurdering og konklusjon:

Samhandlingsreforma har ført til at kommunane i fleire år har tatt imot stadig dårlegare pasientar som ei følge av redusert liggetid i sjukehus. Kommunane har bygt opp tilbodet i sjukeheimane og i heimetenestene slik at fleire kan få behandling i kommunen. Det har i same periode ikkje vore noko utvikling i legevakttenesta.

Ei framtidig legevaktorganisering bør støtte dei forskriftskrava som gjeld i dag, vere mogleg å utvikle vidare og vere ein best mogleg teneste for innbyggjarane. Vi fyller i dag ikkje kompetansekravet, krav om forsvarleg transportordning, kravet om opplæring og samtrening med andre naudetatar eller krav om leing og kvalitetsarbeid. Ei ny organisering og samarbeid med nabokommunen kan løyse desse utfordringane og vi kan med samarbeid få ei legevakt som kan utviklast vidare.

Akuttmedisinfor skrifter stiller absolutte krav om vaktkompetanse for legevaktlege. Det vil i begge kommunane til ei kvar tid vere legar som ikkje tilfredsstiller desse krava og som må ha ei kompetent bakvakt som er uttrykingsklar. Dette kravet gjer det også mindre aktuelt å få inn vikarar i legevakta. Ei samanslåing av legevaktdistrikta i Ørsta og Volda vil gjere oss mindre sårbare på dette området fordi vi samla sett har fleire vaktkompetente fastlegar.

Kravet om opplæring og kravet om kvalitetsarbeid let seg ikkje løyse utan meir administrative ressursar i legevakta. Om kvart av dagens legevaktdistrikt skal gjere det for seg, vil dette bli meir kostnadskrevjande enn om ein gjer det saman.

Kravet om ei forsvarleg transportordning og moglegheita for å kunne rykke ut gjer at alle legevaktdistrikt må ha ein legevaktsbil og hjelpepersonell. Det er derfor ei minimumsbemanning ein må ha for å støtte dei nye krava, både administrativt og pasientnært, uavhengig av størrelsen på legevaktdistriktet.

Om vi stettar desse krava, kan vi utvikle ei betre legevakt. Legevaktene prioriterer i dag i for lita grad dei sjukaste pasientane. For mykje av tida på legevakt går til å behandle dei pasientane som kunne ha venta til neste dag (grøn). Ein trur at dette til ei viss grad kjem av avlønningssystemet ein i dag har i legevakt og kapasitetsproblem i fastlegeordninga. Dette

fører blant anna til at legevakta er eit for dårleg tilbod til psykisk sjuke og pasientar med rusproblem. 20% av pasientkontaktane i legevakttenesta blir innlagt i sjukehus (gul og raud), dette utgjer 60-70 % av alle øyeblikkeleg hjelp innleggingar i spesialisthelsetenesta og utgjer der for ein stor del av den samla bruken av helseressursar i Norge. Det er derfor eit viktig samfunnsoppdrag å legge til rette for at legevakta kan gjere gode prioriteringar på kva som er rett hjelp til rett pasient til rett tid. Slik legevakta er organisert i dag med lege åleine på jobb og beredskapsgodtgjering, legg vi ikkje til rette for ei god prioritering.

Auka reiseavstand til legevakta kan gje redusert bruk, både for dei innbyggjarane som bør kome til lege og dei som kan vente til neste dag. Det er ynskjeleg at bruken av legevakta skal bli litt redusert for dei tilstandane der helsehjelp ikkje hastar, men for at bruken av legevakta ikkje skal bli for låg, bør ikkje reisetida overstige meir enn 45 minutt for 90 % av innbyggjarane. Dette kravet blir oppfylt både for innbyggjarane i Volda og Ørsta om legevakta blir lokalisert i Hovden/Furene området.

Det som er aller mest sårbart med legevakta slik den er organisert i dag er at legen er åleine på jobb. Det er behov for hjelpepersonell. I tillegg kan samlokalisering med andre tenester fjerne noko av denne sårbarheita. Det som fagleg peikar seg ut som den mest aktuelle samarbeidsparten er ambulansetenesta som er den andre tenesta som har ei svært sentral rolle i den akuttmedisinske kjeda.

Ambulansetenesta er ein del av spesialisthelsetenesta og har dei siste åra hatt ei kraftig oppgradering på kompetanse og utstyr, og er eit kjærkome hjelpeinstans når det verkeleg hastar. Ambulansepersonell er likevel ikkje så godt eigna til å vurdere tilstandar som ikkje hastar så mykje. Legen og ambulansepersonellet har utfyllande kompetanse som gjer at dei som fagpersonar kan utfylle kvarandre. Det er forventingar til at dette gir positive synergjar for å sikre at tenestene vert ytt på rett nivå/rett ressursnyutting til beste for pasienten og til meir effektiv ressursbruk. I tillegg vil ei samlokalisering også gje fordelar i form av at ein lettare kunne få til samtrening,

Alle kommunar skal vere knytt til ein *legevaktsentral* som kan ta i mot henvendingar heile døgnet. Legevaktsentralen skal kunne nåast på det nasjonale nummeret 116117. Legevaktsentralen skal vere bemanna av personell med kompetanse på minimum bachelornivå og kursing tilsvarande personell som arbeider i legevakta. Det er også krav til tilgang på naudnettsentralutstyr og elektronisk logg av samtalar. Ein legevaktsentral kan ha ansvar for fleire legevaktdistrikt.

Kommunane på Søre Sunnmøre kjøper i dag legevaktformidlingstenesta frå helseføretaket. Sjukepleiarane som utfører tenesta er i dag tilsette ved mottaket i sjukehuset og rullerer i sitt arbeid mellom legevaktformidling og mottaksarbeid i sjukehuset. Om natta har dei også støttefunksjon for nattlegevakta. Fagleg sett vil det vere ønskeleg at legevakta og legevaktsentralen er samla på same stad. Det må derfor i planlegginga av ny legevakt vurderast om kommunane skal drive denne tenesta sjølv. Det vil sannsynlegvis bli dyrare for alle kommunane om denne tenesta blir delt i to, om Volda og Ørsta vil ha med denne tenesta til den nye legevakta bør derfor dei andre kommunane få tilbod om å kjøpe tenesta.

Administrasjonen tilrår at Volda kommune bør ha felles legevakt med Ørsta kommune. Ei god og framtidsretta lokalisering er saman med ambulansestasjonen som skal byggast i Furene/Hovden. Helse Møre og Romsdal er positive til eit slikt samarbeid. Anbudsprosessen for ny ambulansestasjon er i gong. For at vi ikkje skal kome i ein situasjon der vi ikkje lenger kan samarbeide om nattlegevakta interkommunalt heller lenger, er det viktig at kommunen no set av ressursar til å planlegge oppstart av ei ny legevakt.

Utgreiinga må ta omsyn til legevaktstilbodet til innbyggjarane i Hornindal som vert ein del av nye Volda frå 1. januar 2020.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ei god legevakt med rett helsehjelp til rett tid er positivt for folkehelsa.
Det er ingen kjente miljøkonsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:

Det vil kome utgifter til planlegging på om lag 100 000 kr på kvar kommune. Det er per i dag ikkje klart kva økonomiske konsekvensar ei ny legevaktorganisering vil ha, men det er venta at driftsutgiftene vil auke. Samtidig er det forventingar til at samarbeid om lokale og tenester på tvers av kommune og tenestenivå vil gi synergjar i sjølve tenesteytinga og på driftsøkonomien. Det vil kome ei eiga sak om dette når planleggingsfasen er over.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Eit godt organisert legevakt vil auke den helsemessige beredskapen.

Rune Sjurgard
Rådmann


Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

Prosjektrapport

Framtidig legevakt på

Søre Sunnmøre



Sjustjerna helse og omsorg

Samarbeidsorgan for helse og omsorgstenester på Søre Sunnmøre

Oppsummering	4
Bakgrunn.....	7
Mandat	7
Prosjektarbeidet	8
Om legevakt og forklaring av begrep	10
Nasjonal status og utfordringsbilde	11
Status	11
Utfordringsbilde	15
Relevante lover, forskrifter, avtaler og utgreiingar	15
Lokal legevakt i dag.....	17
Gjennom døgnet	17
Overgrepsmottaket.....	18
Legevaktsentral.....	18
Lokal bruk av legevakt.....	18
Krav, forventningar og tilgang på ressursar	20
Ei teneste for alle	20
Kompetansekrav	21
Personell	21
Lokale og utstyr.....	24
Transport	24
Systemansvar og trening.....	25
Økonomi	26
Reiseavstand og tilgang til tenesten	27
Samarbeid med anna personell	29
Tre modellar for ny organisering av legevakta	32
Modell A.....	33
Modell B.....	35
Modell C.....	36
Lokalisering	38
Vurderingar og konklusjon.....	41
Modellval	41
Lokalisering	42
Oppstart	43

Oppsummering

Bakgrunn

Sjustjerna helse og omsorg tok våren 2016 initiativ til å sjå på organiseringa av legevakttjenesta fordi det har kome styrke krav til tenesta. Seks av kommunane har vore med i utgreiingsarbeidet som har blitt finansiert av prosjektmidler frå fylkesmannen. Vanylven trekte seg frå prosjektet på grunn av samferdselsomsyn. Prosjektarbeidet har pågått i eit år. Arbeidet med prosjektet har vore krevjande fordi legevakt betyr mykje for mange.

Status og utfordringsbilde

Legevakt er ein teneste kommunane har ansvaret for 24 timar i døgnet, 365 dagar i året. Det er ei teneste med stort volum. I gjennomsnitt nyttar om lag kvar tredje innbyggjar tenesta kvart år. Tenesta blir brukt av alle og ingen veit når dei neste gong har behov. Tenesta er kritisk, både fordi innbyggjarane brukar den i sårbare og vanskelege situasjonar og fordi den er den delen av primærhelsetenesta som får flest klager.

Ny akuttmedisinforskrift kom 1.mai 2015. Krava i forskrifta er umogleg å oppfylle for kommunane slik vi har organisert legevakta i dag. Vi fyller i dag ikkje kompetansekravet, krav om forsvarleg transportordning, kravet om opplæring og samtrening med andre naudetatar eller krav om leiging og kvalitetsarbeid.

I tillegg til dei forskriftsfesta krava til legevakt har det i den offentlege utgreiinga NOU 2015:17 blitt peika på fleire utfordringar med organiseringa av legevakta. Helsedirektoratet arbeider med ein ny nasjonal rettleiar som skal vere ferdig 1.september 2018. Den vil ytterlegare presisere kva som ligg i forskrifta. Det er gjeve tydelege signal om at det vil kome krav om uniformert køyretøy med støttepersonell, at legen aldri skal vere aleine på jobb og at legevaktene må ha meir administrative ressursar. For å stette dei ny krava må ein difor ha ei minimumsbemannning, både administrativt og pasientnært, uavhengig av størrelsen på legevaktdistriktet.

I prosjektarbeidet vart det difor tidleg klart at null-alternativet, å halde fram som i dag, ikkje er aktuelt. Det vil bli svært dyrt og vi vil ikkje klare å skaffe nok helsepersonell.

Tre modellar

I prosjektet har vi jobba med tre ulike modellar for framtidig organisering. Hovudprinsippet er at ein går frå fire legar i heime-beredskapsvakt til to eller tre legar i aktiv vakt.

Modell A

Hovudstasjon med to legar på jobb. Hovudstasjon lokalisert same stad som nattlegevakta. Alltid ein lege på basen og ein køyrelege som har ansvar for sjukebesøk i heile distriktet. I tillegg har denne modellen ein satellittstasjon der den tredje legen skal jobbe deler av døgnet. Satellittstasjonen og hovudstasjonen skal ligge på kvar si side av Eiksundtunnelen. Begge stasjonane er samla i éin organisasjon der alle legane frå deltakande kommunar går i turnus på alle tre typar av vakter (base, køyrelege, lege på satellittstasjon). Eit hjelpepersonell per lege. Turnus vert satt opp slik at éin av legane i aktiv vakt alltid fyller kompetansekrava.

Modell B

Ein legevaktstasjon med to legar på jobb. Alltid ein lege på legevaktstasjonen og ein køyrelege som har ansvar for sjukebesøk i heile distriktet. Ingen satellittstasjon. Legevaktstasjonen kan oppskalerast i kapasitet med meir personell i presstider i veka og/eller ved høgtider når legevakta blir mykje brukt. Heile legevakta er samla både i éin organisasjon og på éin lokalisasjon. Turnus vert satt opp slik at éin av legane i aktiv vakt alltid fyller kompetansekravet.

Modell C

To separate legevaktorganisasjonar der kommunane på ytre slår seg saman til eit distrikt og kommunane på indre slår seg saman til eit distrikt. Ein lege med hjelpepersonell og legevaktsbil på jobb i kvart distrikt. Med berre éin lege i aktiv vakt i kvart distrikt, vil ein ofte måtte ha ein ekstra lege i heimevakt for å sikre kompetansekravet. I denne modellen held nattlegevakta fram som i dag, og det vert då til saman 3 legevaktorganisasjonar i distriktet.

Lokalisering

Om vi samlar alle seks kommunane som er i utgreiinga til eit distrikt har vi likevel eit svært kompakt legevaktdistrikt med små reiseavstandar samanlikna med mange legevaktdistrikt i Norge. Det som skil oss frå andre liknande distrikt er at Søre Sunnmøre ikkje har eit klart definert sentrum med periferikommunar, men to områder delt av Eiksundsambandet med omlag like mange innbyggjarar på kvar side. I staden for ein stor tettstad, har vi fleire middels store.

Ei meir sentralisert legevakt vil gi lenger reiseveg for ein stor del av innbyggjarane i distriktet. Plasseringa av legevaktstasjonen vil vere avgjerande for om ein kan nå det nasjonale målbildet om reiseveg under 40 min for 90% av innbyggjarane. Reine samferdsels og kommunikasjonsomsyn tilseier at ei legevaktstasjon bør plasserast nærast mogleg Eiksundsambandet, anten i Furene eller i Eiksund. Samtidig kan ein gå glipp av viktige synergjar med andre samarbeidspartar ved ei slik geografisk lokalisering. Særleg er samarbeidet med spesialisthelsetenesta og reisetid frå legevaktstasjonen til sjukehus viktige moment i lokaliseringsvalet.

Konklusjon

I prosjektarbeidet har vi lagt opp til innhenting av lokal og nasjonal kunnskap og medverknad frå samarbeidande personell og brukarar. Tilrådinga frå prosjektgruppa baserar seg på faktaopplysningar og innspel frå andre. Vi vil særleg trekke fram pleie og omsorgssektoren der vi hadde eige seminar. Tilbakemeldinga frå desse var særleg tydeleg på at dei ønska ein reelt mobil lege tilgjengeleg på legevakt. Difor er ein eigen køyrelege eit sentralt element i vår tilråding, og utgjør ei viktig kvalitetsheving samanlikna med dagens ordning.

Dei faglege argumenta og innspela frå andre peikar alle mot at modell A er det klart beste alternativet for organisering av legevakta i dei seks kommunane framover. Modell B vil også vere fagleg forsvarleg og er eit andreval for prosjektgruppa. Modell C blir frårådd.

Hovudstasjonen bør ligge i nærleiken til Volda sjukehus fordi pasientstraumen her er størst. Prosjektgruppa meiner at den beste lokaliseringa er like ved Volda sjukehus og samlokalisert med ambulansstasjonen. Ein oppnår då flest synergjar. Helse Møre og Romsdal har gitt tydelege signal om at bygging av ny ambulansstasjon ved Volda sjukehus ikkje er aktuelt av økonomiske årsaker. I prosjektgruppa meiner vi då at andre alternativet må vere på strekninga Volda sjukehus-Furene,

samløkalisert med ambulansestasjon. For å utnytte ressursane og byggje ein solid organisasjon, ønskjer vi vi å samle også legevaktsformidlinga, som i dag vert dreven av Helse Møre og Romsdal, i hovudstasjonen.

Satellittstasjonen bør ligge sentralt geografisk plassert på ytre for å sikre at flest mogleg innbyggjarar kan nå ein legevaktbase innan 40 min. Gode alternativ er Myrvåg eller Ulsteinvik om ein vil bruke eksisterande lokale. Det er ingen faglege argument som skil desse to stadane, så det blir opp til det politiske miljøet å bli einige om kvar lokaliseringa skal vere.

Det vil ikkje vere mogleg å ha nye lokale tilgjengelege til 1.mai 2018. Vi i prosjektgruppa foreslår derfor at vi startar opp med ei overgangsordning 1.mai 2018 der vi brukar eksisterande lokale (eit legekontor på indre, eit legekontor på ytre og nattlegevakta og legevaktssentralen ved sjukehuset som i dag)

Dette har vore eit utgreiingsprosjekt og det er framleis mykje arbeid som må gjerast før oppstart er mogleg. Prosjektgruppa foreslår derfor at det snarast mogleg etter vedtak blir tilsett ein legevaktssjef og dagleg leiar i legevakta for vidare planlegging og oppstart. Det må blant anna bli gjennomført ROS-analyse av valt modell, etablerast rutinar og prosedyrar og tilsettast hjelpepersonell før ein kan starte opp med overgangsordninga. Det må også jobbast vidare med nye lokale.

I tillegg til val av modell og lokalisering må ein i det administrative og politiske behandlinga av saka ta stilling til om ein ynskjer vertskommuneorganisering eller eit eige interkommunalt selskap. Vi i prosjektgruppa har ikkje tatt stilling til om det eine er betre eigna enn det andre.

Bakgrunn

Mandat

Sjustjerna helse og omsorg tok våren 2016 initiativ til å sjå på organiseringa av legevakta. Bakgrunnen var at det kom sterkare nasjonale krav til tenesta etter innføringa av den nye akuttmedisinforskrifta. Alle kommunane har med dagens organisering utfordringar med å oppfylle krava i forskrifta. Det blei etter godkjenning av saka frå rådmannsgruppa til Sjustjerna skreve ei felles saksframlegg til bruk i kommunestyra med denne tilrådinga:

Tilråding frå Rådmannen:

..... kommune vedtek å delta og støtte opp eit prosjekt for å greie ut framtidig organisering av legevakta på Søre Sunnmøre.

Sjustjerna helse- og omsorg får funksjonen som styringsgruppe. Styringsgruppa søker finansiering av prosjektet, tilset prosjektleiar og oppnemner prosjektgruppe. Dersom det blir behov for kommunal medfinansiering utover arbeidsinnsats frå kommunalt tilsett personell, skal det bli lagt fram som eiga sak.

Tillitsvalte for legane i kommunane på Søre Sunnmøre fungerer som ei referansegruppe.

..... kommune peiker ut som medlem i ei referansegruppe for brukarar.

Saka var våren 2016 oppe i kommunestyra i Hareid, Herøy, Volda, Ulstein og Ørsta. Sande hadde ikkje saka opp til politisk handsaming, men har likevel delteke i prosjektarbeidet. Vanylven trekte seg frå prosjektet fordi ein såg at samferdsel gjorde eit legesamarbeid med Søre Sunnmøre vanskeleg. Vanylven kan likevel seinare knyte seg til ordninga om dei ønsker det.

Ulstein kommune søkte på vegne av alle kommunane om prosjektskjønnsmidlar frå fylkesmannen til prosjektet og fekk tildelt 500 000 kr til prosjektet.

Sjustjerna helse og omsorg gjorde som styringsgruppe for prosjektet i møte 16.06.16 eit slikt vedtak:

1. Tilsetje Inger Lise Kaldhol som prosjektleiar og Jørn Kippersund som rådgjevar. Begge får 15 % stilling i eit år frå 01.08.16. Prosjektmidlane er tildelt Ulstein kommune som hovudsøkar, og denne kommunen står derfor for tilsetjingane. Stillinga som rådgjevar har vore internt utlyst i allmennlegekorpset på Søre Sunnmøre, og det er berre Jørn Kippersund som har meldt si interesse.
2. Mandat: Utreie minst to alternativ til organisering og lokalisering av legevakt på søre Sunnmøre og til å vurdere og kome med ei tilråding om kva modell ein vil tilrå. Utreiing skal innehalde vurderingar av kvalitet i tenesta og økonomiske konsekvensar for kommunen samt moglege svakheiter. Rapporten skal vere ferdig innan eit år etter oppstart.
3. I prosjektgruppa skal desse vere med, alle er førespurt og har sagt ja:

Medlem	Stilling
Jan Magne Remøy	legevaktsleiar Herøy/Sande
Knut Åmås	seksjonsleiar for helse og velferd, Ørsta.
Stian Endresen	praksiskonsulent/tillitsvalt allmennlegeforeninga.
Erlend Bae	Ass. seksjonsleder Akuttmottak, Volda sjukehus

Hornindal var ikkje med i det opphavlege mandatet, men blei med som ein naturleg del av utgreiinga då det blei klart at Hornindal og Volda kommune ville slå seg saman. Hornindal har ikkje vore representert i prosjektgruppa, men involvert via referansegruppa for legar.

I tillegg har utgreiingsprosjektet fått brev frå Stranda kommune der kommunen ynskjer eit tilbod med tanke på å knyte seg på legevakt på Søre Sunnmøre. Stranda kommune har også sendt ein slik førespurnad til Ålesund kommune.

Prosjektarbeidet

Organisering og arbeidsform

Prosjektet har hatt organisering som blei bestemt i kommunestyresaka. Arbeidet har vore leia av Inger Lise Kaldhol, kommuneoverlege i Ulstein, som prosjektleiar og Jørn Kippersund, sjef for nattlegevakta, som rådgjevar. I prosjektarbeidet har ein nytta google-disk for ein transparent prosess. Dokumenta knytt til arbeidet kan lesast her:

<https://docs.google.com/document/d/1RC7dofX7st2rHUutdsDAE52OmPdlf2OQV5LRP2l1Ci0/edit>



Sjustjerna helse og omsorg har som styringsgruppa fått informasjon om framgangen og utviklinga i prosjektet fortløpande. Det har blitt gitt overordna føringar for arbeidet. Det har blitt halde to lenger presentasjon i gruppa, halvveis i prosjektet og ved slutføring.

Prosjektgruppa har hatt 8 møter. Rolla har vore å kome med innspel til arbeidet og gitt råd om prioriteringar av tida. Avgjerda om kva modellar som skal utgreiast har blitt tatt av prosjektgruppa.

I begge referansegruppene har det blitt haldt to møter. I første møte blei det brukt tid til å orientere om prosjektet. I andre møte med referansegruppe 2 blei det notert ned innspela frå gruppa. Rolla til referansegruppa for brukarane har vore å kome med innspel til kva av modellane som vil gje det beste tilbodet til innbyggjarane.

Dei tillitsvalte legane haldt andre møte utan at prosjektleiinga var tilstades og har gitt si tilbakemelding i form av eit brev. Dei har kome med innspel til kva som gjer ei legevakt attraktiv å jobbe i for legane.

Den formelle prosjektorganisasjonen har hatt desse møta:

Sjustjerna helse og omsorg	Prosjektgruppemøte	Referansegruppe 1	Referansegruppe 2
16.06.16 21.10.16 03.03.17 01.09.17	25.08.16 27.09.16 06.12.16 12.01.17 21.03.17 24.04.17 12.05.17 22.06.17	01.11.16 17.01.17 (utan prosjektleiinga tilstades)	06.12.16 13.06.17

Samarbeid med andre

I tillegg har det blitt gjennomført ein del andre aktivitetar for å hente inn informasjon og for å finne ut av moglege samarbeidsarenaer.

Andre møter	Uformelle drøftingar med Stranda/ ved ass.rådmann Møte med Volda sjukehus ved Knut Nautvik Møte med AMK Ålesund ved Per Christian Juvkam Møte med leiinga i Helse Møre og Romsdal Presentasjon for ordførar/rådmenn i Sjustjernekommunane Samarbeidsmøte med Sjustjernekommunane og Helse Møre og Romsdal
Besøk på andre legevakter	Nord-Hordaland legevakt Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt Ålesund legevakt Nordfjord legevakt Kristiansand legevakt

Innspel frå tilsette i kommunane	Sjukeheimslegenettverk Kommunale omsorgstenester Legevaktslegar og sjukepleiarar i LVS
Konferansar	Nasjonale legevaktskonferanse Lederkonferanse for legevakter

Om legevakt og forklaring av begrep

Legevakt er ein sentral del av primærhelsetenesta og står i nær samanheng med ei velfungerande fastlegeordning. Legevakt er allmennmedisinsk verksemd, men også ein viktig og naudsynt første del av den akuttmedisinske kjeda. Legevakt er ei teneste som blir nytta av innbyggjarar i alle aldersgrupper og livssituasjonar.

Legevakt har fleire funksjonar:

- Største volumet av legevakttenesta er å diagnostisere og ferdig behandle akutte allmennmedisinske tilstandar, det vil seie situasjonar der pasienten ikkje treng spesialisthelsetenester eller sjukehusbehandling. (grøn)
- Diagnostisere tilstandar som krev henvising eller innlegging i sjukehus utan særleg tidstap (gul respons, øh-hjelpinnleggingar)
- Diagnostisere, primærbehandle og stabilisere tilstandar som er akutt livstruande og som krev at pasienten må raskt til sjukehus (raud respons, øh-innleggingar)
- Vere ein del av den allmenne helseberedskapen i kommunane (ved større ulykker/hendingar, psykososialt krisearbeid, smittevern ol.)

Eit *legevaktdistrikt* er eit geografisk område som ei legevakt har ansvaret for og treng ikkje følge kommunegrensene. I eit legevaktdistrikt må det vere minimum ein lege som har vakt. Fleire kommunar kan samarbeide om legevaktordninga. Desse vil då utgjere eit legevaktdistrikt. Eit legevaktdistrikt kan ha ein eller fleire legevaktstasjonar.

Når legen har *beredskapsvakt* kan han opphalde seg kvar som helst i distriktet og har ingen restriksjonar på kva han eller ho kan gjere på. Ved *tilstedevakt* pliktar legen å møte opp på legevaktstasjonen ved vaktstart og skal opphalde seg der så lenge det ikkje er behov for sjukebesøk eller deltaking på utrykkingar.

Alle kommunar skal vere knytt til ein *legevaktsentral* som kan ta i mot henvendingar heile døgnet. Legevaktsentralen skal kunne nåast på det nasjonale nummeret 116117. Legevaktsentralen skal vere bemanna av personell med kompetanse på minimum bachelornivå og kursing tilsvarande personell som arbeider i legevakta. Det er også krav til tilgang på naudnettsentralutstyr og elektronisk logg av samtalar. Ein legevaktsentral kan ha ansvar for fleire legevaktdistrikt.

Nasjonal status og utfordringsbilde

I følge NKLM (Norsk kompetansesenter for legevaktsmedisin) bør legevakta bli meir innretta mot beredskap, akuttmedisin og det som hastar. For å få til dette må volumet av direkte pasientkontakt reduserast noko i forhold til i dag. Dette må sjåast i samanheng med tilgangen til fastlegetenesta. Utover den eigentlege akuttmedisinske beredskapen har innbyggjarane framleis behov for, og nytte av, legetenester utanom vanleg arbeidstid for fastlegeordninga. Dette gjeld tilstandar som gir innbyggjarane stort ubehag eller som kan bli meir alvorleg ved lang ventetid på vurdering og behandling. I tillegg er det mange som tilfeldig oppheld seg i kommunen, også på dagtid, som den ordinære fastlegeordninga ikkje har som oppgåve å ta seg av.

Samhandlingsreforma har ført til at kommunane i fleire år har tatt imot stadig dårlegare pasientar som ei følge av redusert liggetid i sjukehus. Kommunane har bygt opp tilbodet i sjukeheimane og i heimetenestene slik at fleire kan få behandling i kommunen. Det har i same periode ikkje vore noko utvikling i legevaktenesta.

Det er interkommunale legevakter i 348 av kommunane i Norge. Mange av desse har kome til som eit resultat av at ein hadde vanskar med å rekruttere nok legar til kommunane og såg behovet for å lette vaktbelastninga. Lang reisetid til legevakt har for mange innbyggjarar blitt ein konsekvens av dei interkommunale ordningane.

Utviklinga av interkommunale samarbeid gir i utgangspunktet moglegheiter for breiare fagmiljø, større og meir robuste organisasjonar og auka kvalitet. Realitet har mange stader ikkje blitt slik, då mange av ordningane har heilt marginalt med ressursar på grensa til det uforsvarlege. Det er i hovudsak berre ein lege på vakt i dei fleste legevaktene. I tillegg er det høg bruk av vikarar og uerfarne legar. Det blir utført få sjukebesøk frå legevakt og det er lav legedeltaking i uttrykkingar i akuttmedisinske situasjonar. Legevakta treng utvikling for å kunne møte det endra behovet i samfunnet.

Status

I løpet av eit år handtera legevaktene i Norge omlag 2 millionar kontaktar. Dette talet er dei som har vore i kontakt med lege, legevaktsentralane har enno fleire kontaktar. Omlag ein tredjedel av førespurnadane til legevaktsentralane blir hjelpt på anna vis, anten med råd per telefon eller om råd om å ta kontakt andre stadar.


Tabellen og figurane i dette kapittelet er henta frå [“Årsstatistikk fra legevakt”](#) frå Nasjonalt kompetansesenter for legevaktsmedisin.

	Takstkoder	2006	2008	2010	2012	2013	2014	2015	2016
Konsulta- sjoner	2ad, 2ak, 2fk	76,2 1 238 791	77,3 1 323 453	75,7 1 330 561	72,8 1 368 297	69,2 1 344 801	69,1 1 352 209	68,9 1 342 521	67,7 1 350 766
Sykebesøk	11ad, 11ak	5,7 92 543	4,6 78 999	4,1 72 296	3,6 68 000	3,4 66 986	3,3 65 202	3,2 63 192	3,2 64 147
Telefon- kontakter	1bd, 1bk, 1be, 1g	17,1 278 650	16,7 286 515	18,6 327 462	21,4 402 562	25,0 485 810	25,2 493 177	25,5 497 480	26,5 528 248
Enkle kontakter	1ad, 1ak, 1h, 1i	1,0 16 660	1,8 23 427	1,6 28 209	2,2 40 498	2,3 45 358	2,3 45 272	2,3 44 431	2,6 51 713
N		1 626 644	1 712 394	1 758 528	1 879 357	1 942 955	1 955 860	1 947 624	1 994 874


Tabellen viser ei oversikt over kontaktar og kva form kontaktane har. Frekvensen av sjukebesøk har gått kraftig ned sidan 1995 då legevaktene utførte omlag 685 000 sjukebesøk i året. Delar av denne utviklinga var ønska, men den siste tida har ein sett på dette som ein negativ trend. Store interkommunale legevakter har fått skylda. I dag er det eldre som får flest sjukebesøk og desse blir i hovudssak utført av legar i rurale distrikt. Forklaringa kan vere det at desse legane har mindre å gjere på vakt og derfor betre tid til å gjere sjukebesøk.

Kjønns og aldersvariasjon

Legevakt er ei teneste for alle innbyggjarar, men bruken av tenesta varierer. Om ein deler kontaktane på alder og kjønn ser bile slik ut:




Det er altså born som står for flest kontaktar med legevakt. Dette heng saman med demografien, og om ein ser på kontaktratar blir bilete noko anna. Det er dei eldste som brukar legevakta oftast.




Års og døgnvariasjonar

Kontaktfrekvensen varierer igjennom året, og nokre veker skil seg ut. Størst aktivitet er det i jule og påsketider når fastlegekontora er stengt



Kontaktraten varierer også med tid på døgnet. Kontaktane fordelar seg med knapt 20 % på laurdag, 20 % på søndag og 12% på kvar av dei andre vekedagane.



Fordeling på hastegrad

Kvart år handtera legevaktene i Norge omlag 50 000 pasientkontakter med høgaste hastegrad (raud). Dette utgjorde 3% av pasientkontaktane i 2014. Resten fordelte seg på 70% knytt til lågaste hastegrad (grøn) og 27 % mellomste hastegrad(gul). Desse ratane har vore stabile over tid. Omgjort til ratar per innbyggjar med utgangspunkt i 340 pasientkontakter per 1000 innbyggjarar per år blir det 10,1 raude, 91,5 gule og 236,3 grøne. (Eikeland, Raknes & Hunsbår, 2015).

Hastegraden oppgitt her er vurdert etter melding over telefon. Austevollstudien (Sverre Rørtveit) viste at legen endra hastegradvurderinga når dei kom fram til pasienten i over 50 % av tilfella. I 80% av tilfella var det snakk om ei nedjustering av hastegraden.

20% av pasientkontaktane i legevaktteneste blir innlagt i sjukehus. Dette utgjør 60-70 % av alle øyeblikkeleg hjelp innleggingane på sjukehus.

Reiseavstand

NKLM har gjort studiar som viser at lang reiseavstand til legevakt er assosiert med redusert aktivitet. Aktiviteten blir mest redusert i gruppa der det ikkje hastar så mykje, men denne er gruppa er også klart størst og det blir også ein reduksjon i henvendingar med høgare hastegrad. Det er ikkje vist auka dødelegheit på grunn av dette. Desse studiane er årsaken til at det nasjonale akuttutvalet (utvalet bak *NOU2015:17-Først og fremst-Et helhetlig system for håndtering av akutte sykdommer og skader utenfor sykehus*) har kome med ei tilråding om at det bør innførast eit nasjonalt krav i forskrift maksimal avstand til legevaktstasjonen. Dei har kome med to alternative måtar dette kan målast på; reisetid for innbyggjarane til legevaktstasjonen (95% innan 60 minutt) eller for ei legevaktsbil i uttrykning (90% innan 45 min).

Fastlegar i legevakt

Sandvik, Hunsbår & Diaz (2012) har vist at deltaking av fastlegar i legevakt varierer mellom sentrale og rurale strøk av landet. I dei mest rurale områda tek fastlegane så mykje som 77% av legevaktene, medan i dei mest sentrale områda er deltakinga så lav som 42%. Det har vore ein fallande deltaking i legevakt i perioden (2006-2014) Talet på kontakter som blir utført av dei mest kompetente legane, spesialistar i allmennmedisin og erfarne fastlegar er lav og fallande. (Sandvik & Hunsbår, 2015)

Utfordringsbilde

Informasjonen under denne overskrifta er henta frå [NOU2015:17](#) Først og fremst - Et helhetlig system for håndtering av akutte sykdommer og skader utenfor sykehus

- 1) Legevaktene i dag er lite integrert i resten av ø-hjelpstilbudet i kommunane (heimetenester, sjukeheim, mottak av tryggleiksalarmar, barnevernsvakt) og har lite samarbeid med andre naudetatar (brann, politi) og spesialisthelsetenesta (sjukehus, psykiatriske ambulante team, ambulansar) på systemnivå. Utvalet foreslår at ein ser på moglegheiter for samlokalisering.
- 2) Legevaktene prioriterer i dag i for lita grad dei sjukaste pasientane. For mykje av tida på legevakt går til å behandle dei pasientane som kunne ha venta til neste dag. Ein trur at dette til ei viss grad kjem av avlønningssystemet ein i dag har i legevakt og kapasitetsproblem i fastlegeordninga. Dette fører blant anna til at legevakta er eit for dårleg tilbod til psykisk sjuke og pasientar med rusproblem.
- 3) Rekruttering til legevakt blir ikkje lettare i framtida. Mangel på kvalifisert helsepersonell er den største trusselen mot god helsehjelp for innbyggjarane i rurale områder i dag. Legemangelen blir møtt med vikarbruk og det kan ha ein negativ spiraleffekt.
- 4) Lang reiseveg for mange innbyggjarar. Interkommunalt samarbeid om legevakt betyr at legevaktdistrikta blir færre og større. For mange innbyggjarar har dette ført til auka avstand og reisetid til legevakt. Det reduserer bruken av legevakt og raten av sjukebesøk spesielt.
- 5) Eit kvalitetsløft er naudsynt. Med berre ein lege på vakt, og når denne i hovudsak ikkje er ein erfaren fastlege eller spesialist i allmennmedisin, blir kompetansen lav. Språkproblem ved bruk av framandspråklege vikarar er ei kjent utfordring. I tillegg har Statens helsetilsyn lagt fram ein rapport som peikar på manglande planar for opplæring, øvingar og oppdateringar i legevakt. Mange legevakter manglar internkontrollsystem og har uklare retningslinjer for avvikshandtering.

«Tilsynsmyndigheten har anslått at det opprettes 3–4 ganger flere tilsynssaker knyttet til legevakt enn til allmennmedisinsk virksomhet for øvrig. Tilsynsmyndighetene har i økende grad mottatt saker der det kan påvises systemsvikt ved slike interkommunale løsninger. Flere personellgrupper er involvert, og Statens helsetilsyn ser sårbarhet knyttet til at kommunikasjon og samhandling for øvrig svikter.» Helsetilsynet

Relevante lover, forskrifter, avtaler og utgreiingar

Kommunane har eit lovpålagt ansvar for øyeblikkeleg hjelp, jamfør Lov om kommunale helse og omsorgstenester §3-2 og §3-5. Dei tenestane kommunane skal yte er legevakt, medisinsk nødmeldetjeneste (legevaktsentralar, forkorta til LVS) og øyeblikkeleg hjelp døgntilbod. Krava for drift av legevakt og LVS er vidare spesifisert i akuttmedisinforskrifta. Legevakttenesta skal ytast heile døgnet. Kommunane kan pålegge fastlegane å delta i både øyeblikkeleg hjelp teneste i kontortida og å delta i organisert legevaktordning resten av døgnet.

[Helse og omsorgstenestelova](#)

[Akuttmedisinforskrifta](#)

[Forskrift om fastlegeordninga](#)

[Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring helse og omsorgstjenesten](#)

Avtaler KS/DNLF [ASA4310](#) og [SFS 2305](#)

[NOU2015:17](#) Først og fremst-Et helhetlig system for håndtering av akutte sykdommer og skader utenfor sykehus

DNLF innspelsrapport mars-2015 ["En legevakt for alle-men ikke for alt"](#)

Lokal legevakt i dag

Legevakt er ein teneste kommunane har ansvaret for 24 timar i døgnet, 365 dagar i året.

Gjennom døgnet

Dagtid kvardagar

På dagtid har alle kommunane legevakt ved dei lokale legekontora. Ein lege er ansvarleg for å svare på naudnett og rykke ut om det er naudsynt. Korleis legekontora elles organiserer dette ansvaret er noko ulikt. Dette prosjektet har ikkje hatt rammer for å kome med forslag til endringar for legevakt dagtid kvardagar.

Kveld og dagtid helgar

I vårt område er det slik at legevakta på kveld (15/16-22) og dagtid/kveld (8-22) i helgane er organisert ved at legane har beredskapsvakt. Legane brukar stort sett egne kontor som legevaktstasjon. Unntaket er Herøy og Sande kommunar som har felles legevaktlokale i Myrvåg. Ulstein og Hareid utgjør ei felles legevaktstasjon, men lokalisering av legevaktstasjonen er avhengig av kva lege som har vakt. Volda og Ørsta har ikkje noko samarbeid om legevakta, og eiga kommune utgjør derfor legevaktstasjon og dei lokale legekontora blir brukt som lokale.

Legen er stort sett åleine på vakt om kvelden og på dagtid/kveld i helgane. Unntaket er at det er ein legesekretær saman med legen nokre få timar i helgane nokre av distrikta. Når legen har slik vakt, får legen ei beredskapsgodtgjering frå kommunen. Beredskapsgodtgjeringa er lav og hovudinntekta til legen er frå eigenandelar frå pasientane og refusjonar frå Helfo.

Alle kommunane har økonomiske avtaler med legane for legevakt på dagtid og kveld, men kommunane har løyst dette ulikt.

Tabellen nedanfor forsøker å gje ei oversikt over legevakta i dette tidsrommet i dag. Dette er tidsrommet som har vore hovudfokuset i prosjektet når vi har sett på mogleg framtidig organisering.

Sande	Dag	Kveld	Helg/høgtid	Natt	Merknad
Sande	X	S + He	S + He	F	He + S legevakt lokalisert i Myrvåg, egne lokale. Dagvakt på lokale kontor. To i Herøy, eit i Sande. Hjelpepersonell frå 10-14 laurdagar.
Herøy	X	S + He	S + He	F	
Ulstein	X	Ha + U	Ha + U	F	Legevakt i Hareid eller Ulstein alt etter kven som har vakt. Eigne lokale i Ulstein, ikkje på Hareid per i dag. Hjelpepersonell frå kl 10-13 laurdagar.
Hareid	X	Ha + U	Ha + U	F	
Volda	X	X	X	F	Ikkje hjelpepersonell, behov for utviding av lokale.
Ørsta	X	X	X	F	Ikkje hjelpepersonell. Eigen legevaktsbil utan uniformering. Lite egne lokale.

Natt

I 2009 blei den interkommunale nattlegevakta oppretta. Frå starten var kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med i ordninga. Seinare har også Sande og Herøy blitt med i denne ordninga. Nattlegevakta er organisert med tilstedevakt i tråd med sentral avtale. Legen er då stasjonert ved akuttmottaket ved Volda sjukehus og får fast timelønn. Eigenandelane og refusjonane frå Helfo går til kommunen. Her er også legevaktsentralen for alle kommunane lokalisert. Det gjer at den same sjukepleiaren som tek imot telefonane frå innringarane også kan hjelpe legen praktisk med konsultasjonane.

Om natta er det færre henvendingar til legevakta og generelt er dei som tek kontakt sjukare enn det dei er andre tider i døgnet. Det fører til at ein større del av pasientane har behov for vidare spesialisert behandling. Det gjer at det om natta er ein fordel at legevakta er lokalisert på eller i nærleiken av eit sjukehus.

Hornindal

Hornindal kommune har omlag 1200 innbyggjarar og har i dag interkommunal legevakttjeneste i Eid. Hornindal kommune høyrer i dag til Helse Sogn og Fjordane og Helse Vest. Einingsleiar for helsetenesta i Hornindal, Mary Anne Espe, har gitt klarsignal om at Hornindal ønskjer å vere med i prosessen om felles legevakttjeneste, men at det ikkje er aktuelt å knyte seg til før i 2020 når Volda og Hornindal blir ei kommune.

Overgrepsmottaket

I legevaktsansvaret skal kommunane også ha ei forsvarleg tilbod til menneske som har vore utsett for vold i nære relasjonar. Tidlegare hadde også kommunane ansvar for eit tilbod til dei som hadde blitt utsett for seksuelle overgrep, men dette ansvaret har no blitt overført til helseføretaket. Kommunane på Sunnmøre har løyst denne spesialiserte oppgåva ved å kjøpe tenesta i eit felles overgrepsmottaket. Overgrepsmottaket er eit samarbeid mellom Helse Møre og Romsdal og Ålesund kommune og er lokalisert ved legevakta i Ålesund. Overgrepsmottaket gjelder for både seksuelle overgrep og vold i nære relasjonar.

Legevaktsentral

Kommunane har plikt til å drive ein legevaktsentral som skal vere knytt til det nasjonale legevaktnummeret 116117. På Søre Sunnmøre har alle sju kommunane samarbeida om ein felles avtale med akuttmottaket i Volda om denne funksjonen.

Lokal bruk av legevakttjeneste

I samband med prosjektet har vi sett på lokal bruk av legevakttjeneste. Tal på kontaktar i tabellen nedanfor er henta frå innrapporterte takstar til Helfo i perioden 1.juli 2015 til 30.juni 2016. For å rekne ut forventet kontaktar er det brukt nasjonale tal (sjå tekst under tabellen). Samla sett er bruken av legevakttjeneste i distriktet litt over nasjonale tal. Avviket er ikkje stort, men når vi veit at denne tenesta har som nasjonalt mål at den skal bli brukt litt mindre, gjer det ikkje noko om legevakta i distriktet blir litt mindre brukt.

	Herøy og Sande	Hareid og Ulstein	Volda	Ørsta	Alle
Total tal på kontaktar	3880	4776	3013	3730	15397
Innbyggjarar	11531	13619	9037	10677	44864
Forventa kontaktar	3898	4603	3055	3609	15164
Prosentvis avvik	0%	4%	-1%	3%	2%

I NOU 2015:17 Først og fremst (kap. 10) går det fram at i 2014 er kontaktrata (telefon, konsultasjon og sjukebesøk) på legevakter i Norge gjennomsnittleg 338 per 1000 innbyggjar per år. Legevakt er ein teneste som blir gitt til også dei som berre oppheld seg midlertidig i kommunane, men dette gjeld også dei nasjonale tala slik at besøk per 1000 innbyggjar vil bli litt overstipulert.

I tillegg til tal på kontaktar har vi sett på fordelinga av dei ulike kontakttypene:

Område	Herøy og Sande	Hareid og Ulstein	Volda	Ørsta	Alle
Konsultasjonar	83 %	76 %	61 %	60 %	71 %
Sjukebesøk	4 %	4 %	8 %	9 %	6 %
Telefonar	13 %	17 %	27 %	29 %	19 %
Enkel pasientkontakt	0 %	3 %	4 %	2 %	2 %
Total tal på kontaktar	3880	4776	3013	3730	15397

Det kan sjå ut til at det er ein skilnad mellom ytre og indre i praksisen på kor mykje som blir avklart på telefon og kor stor del av innbyggjarane som får sjukebesøk. Det kan tyde på at ein i ytre ser ein tendens til at arbeidspresset, på grunn av større volum og større del konsultasjonar på kontoret, er så stort at det ikkje blir tid til sjukebesøk. Men det kan også handla om god tilgjengelegheit og nærleik til legevaktstasjonen og manglande forventningar i frå innbyggjarane om sjukebesøk.

Krav, forventningar og tilgang på ressursar

I dette avsnittet blir det gjort greie for kva nasjonale krav og forventningar det er til legevakttenesta sett opp i mot ressursar og moglegheiter i distriktet. Dei nasjonale føringane er lista opp med hyperkoblingar i eit tidlegare avsnitt.


Nokre krav er heilt eintydige ut i frå lov og forskrift, andre er litt meir uklare, men vil bli presiserte i rettleiar for tenesta som er under utarbeiding i helsedirektoratet. Kunnskap om kva som med stort sannsyn kjem er basert på sterke signal i innlegg som har vore heldt på nasjonale legevaktskonferansar.

Tema som blir tatt opp i dette avsnittet kjem igjen som moment i meir stikkordsform i neste avsnitt der tre ulike modellar for legevaktorganisering på Søre Sunnmøre blir vurdert.

Ei teneste for alle

Legevakta skal vere eit tilbod for omlag 45 000 innbyggjarar, fordelt på 25 000 på ytre og 20 000 på indre. Legevakta er ikkje berre ein teneste til registrerte innbyggjarar, men til alle som oppheld seg i kommunane. I tillegg til dei fastbuande har Volda mange studentar og kommunane i ytre mange verftsarbeidarar. Skildringane under kapittelet om nasjonal status viser at legevakt er ein teneste for alle aldersgrupper og ein teneste som omlag ein tredjedel av innbyggjarane kjem i kontakt med kvart år. Behovet for kontakt med legevakt er ulikt i ulike livsfasar, men felles for alle som har behov for legevakta er at dei er i ein sårbar situasjon.

Befolkningssamansetninga er i endring og det er venta at andelen eldre blir større framover. Det blir færre i arbeidsfør alder i forhold til pensjonistar. Forventa relativ del av befolkninga over 67 år i 2030 for vårt distrikt ser slik ut:



Uavhengig om dei eldre i framtida vil bu i sjukeheim, bukollektiv eller i eigen bustad har den eldre befolkninga eit større behov for legevakttenesta enn befolkninga elles. Mobilitet er gjerne ei utfordring. Ei framtidig organisering av legevakta bør derfor ta omsyn til dette.

Kompetansekrav

Akuttmedisinforskrifta som blei iverksett 01.01.15 stiller frå 01.05.18 absolutte krav om vaktkompetanse for legevaktlege. Det vil i dei fleste kommunar til ei kvar tid vere legar som ikkje tilfredsstiller desse krava og som må ha ei kompetent bakvakt som er uttrykingsklar. Det er variasjon mellom dei distrikta vi har i dag kor mykje dette har å seie for ordninga. For nokre av kommunane er dette ei utfordring som kan handterast slik situasjonen er per i dag, for andre ikkje. Dette vil uansett for alle kommunane vere svært sårbart fordi det raskt kan endre seg.

Kompetansekrav legevakt:

Spesialist i allmennmedisin og godkjente allmennlegar med akuttmedisinkurs og kurs i valdshandtering kan gå sjølvstendige vakter.

Legar med mindre enn 3 års erfaring/rettleia teneste eller som har gått mindre enn 40 legevakter må ha bakvakt.

Det er mogleg å søke dispensasjon for krava for legar som jobbar mindre enn 2 månadar samanhengande i legevakta.

På grunn av nye spesialistreglar i allmennmedisin vil godkjenninga som allmennlege ikkje lenger blir gitt til nye legar. Dei legane som startar i jobb no må derfor ha bakvakt i minimum fire år før dei kan gå sjølvstendige legevakter. Dette var ikkje hensikta med akuttmedisinforskrifta, denne problemstillinga er derfor tatt opp i eit brev frå Helsedirektoratet til HOD 16.juni 2017.

Det er også kompetansekrav til anna helsepersonell som skal jobbe i legevakta. Alle må ha kurs i akuttmedisin og kurs i volds- og overgrepshandtering. For å jobbe i ein legevaktsentral må ein ha minimum relevant bachelorutdanning.

Personell

Behov

Akuttutvalet vurderte om det burde innførast eit nasjonalt krav om at alle legevaktstasjonar skulle ha minimum to legar på vakt, men såg at kostnadane av eit slikt forslag ville bli store og at dette eventuelt må utgreiast nærmare. Konklusjonen frå akuttutvalet var at legen i vakt aldri skal arbeide åleine, verken på legevaktstasjonen eller under uttrykking/sjukebesøk. Det betyr at minimumsbemanninga på kvar legevaktstasjon er to-ein lege og eit anna helsepersonell.

Slik legevakta i distriktet er organisert i dag, er dette ikkje situasjonen, tvert i mot. Legane er for det aller meste åleine på vakt. Dette er ein arbeidssituasjon som er svært krevjande og til tider utrygg både for innbyggjarane og legen. For eksempel kan innbyggjarane oppleve å vente på legekontolet på legen utan noko form for observasjon. Ved tilstandar med rask forverring kan dette få uheldige konsekvensar. Ved store hendingar/ulykker blir legen opptatt med den hendinga heile dagen og har ikkje moglegheit for å sjå på andre pasientar.


Å vere to på jobb handlar ikkje berre om pasienttrykkleik, men også om tryggleiken for legen som arbeidstakar. På legevakt møter ein menneske i alle slags situasjonar og kriser, og det er ikkje uvanleg med rus og voldsproblematikk. Få andre, om nokon, yrkesgrupper har i dag ein arbeidssituasjon der dei er åleine når dei jobbar i slike risikosituasjonar.

Moglegheiter og avgrensingar

Tilgangen på helsepersonell er avgrensa, og ein forventar at det i framtida kan bli ein enno meir marginal ressurs. Legevaksarbeid er ei teneste som skal ytast heile døgnet og det er gjerne mest å gjere utanfor ordinær arbeidstid. Det å skaffe og behalde kompetent personell er derfor ei utfordring.

For fastlegar er deltaking i legevakt obligatorisk, men det er i avtaleverket gitt rett til fritak under viss forutsetningar. Undersøkingar viser at det er langt fleire enn dei som formelt har rett til fritak som ikkje deltek i legevakt og at deltakinga har falt i perioden 2006-2014 (*Sandvik & Hunsbår, 2015*).

Plikt til deltaking i legevakt og vaktbelastning har vore sett i samanheng med rekruttering av fastlegar. Kommunar med høg vaktbelastning har ofte meir vanskar med å rekruttere og behalde fastlegar. I ein del distrikt blir det brukt vikarar i legevakta. Det kan vere eit teikn på at fastlegane ikkje ynskjer å jobbe så mykje, men kan også vere eit teikn på at dei ikkje trivast med legevaktsjobbing.



Illustrasjon av del av legevakter tatt av fastlegar i vårt distrikt

For legar kjem legevaksarbeidet i tillegg til ordinært arbeid og var tidlegare sett på som ei rein beredskapsordning. I avtaleverket er framleis vakt i distrikta her ei beredskapsvakt, men krava om tilgjengelegheit og arbeidsmengde har auka.

Oversikt over fastlegeheimlar og legar som deltek i vakt i distriktet

Kommune	Organisering	Tal på fastlegeheimlar	Turnuslegar	Legar som går vakt (inkl. turnus)	Merknad
Hareid	privat	6	0	4	
Herøy	kommunalt	12	1	10	Fordelt på to kontor, tre ledige heimlar
Sande	kommunalt	3	0	3	
Ulstein	privat	10	1	9	
Volda	kommunalt	9	1	8	Behov for ein ny heimel og utviding av lokale
Ørsta	privat	13	1	8	Nytt kontor under bygging

Tal på fastlegeheimlar er henta frå helsenorge.no i juni 2017

Hjelpepersonell

Det er ikkje spesifikke utdanningskrav til hjelpepersonell i ei legevakt, då vil det generelle i lovgjevinga gjelde. Dei som skal jobbe der må ha opplæring og det må vere fagleg ansvarleg at dei blir sett til dei oppgåvene dei skal utføre. Det einaste absolutte kravet er kurs i akuttmedisin og kurs i valds og overgrepshandtering.

For personell i legevaktsentral er det krav om relevant helsefagleg utdanning på bachelornivå, naudsynt klinisk praksis og gjennomført tilleggsopplæring for arbeid som operatør. I praksis vil dette seie sjukepleiarar, gjerne med vidareutdanning.

Erfaringar frå andre legevakter viser at sjukepleiarar er ei svært godt eigna yrkesgruppe til å ha også som hjelpepersonell på legevakt på grunn av god kompetanse og praktisk erfaring. For små og mellomstore legevakter med legevaktsentralfunksjon kan ein då få ein jobbrotasjon slik at sjukepleiarane kan veksle mellom å svare på telefonen og treffe pasientane i praktisk arbeid. Det gir moglegheit for kvalitetsforbetring i arbeidet for sjukepleiarane.

Andre yrkesgrupper som kan vere relevante er ambulansepersonell og legesekretærer. Legesekretærer er gjerne brukt i små legevakter og er flinke til vanleg rutinearbeid som blodprøvetaking og administrasjon, men har mindre eigna erfaringsgrunnlag til å vere hjelpepersonell for alvorleg sjuke pasientar. Ambulansepersonell er særleg aktuelle som sjåførar og hjelparar ved sjukebesøk, sjå under avsnittet om transport.

Nokre av kommunane i utgreiinga har kommunale legekontor og har då kommunalt tilsette legesekretærer. Dei erfaringane vi har til no viser at denne yrkesgruppa ikkje er van med turnusarbeid (kveld, natt og helg) og har kanskje ikkje som gruppe stor motivasjon for å endre på dette. Kommunane har også mange sjukepleiarar i jobb i turnus i dag, men få sjukepleiarar som ønsker seg meir ukurant arbeidstid.

Fagleg sett er det eit ønske om å få dedikerte sjukepleiarar som har hovudjobben på legevakt til å jobbe som støttepersonell på legevakt. Det vil styrke legevaktsorganisasjonen og gi betre kompetanse, og då også ein betre teneste for innbyggjarane.

Det vil uansett kva organisasjonsmodell ein vel vere utfordrande å rekruttere kompetent personell til arbeidet som støttepersonell i legevakt.

Lokale og utstyr

I følgje forskrifta skal kommunen syte for at legevakta er utstyrt slik at helsepersonellet i vakt kan gjennomføre diagnostikk og iversette naudsyn medisinsk behandling og overvaking i akutte situasjonar. Det krev i tillegg til personell, ein del utstyr tilgjengeleg. Det er ikkje sett opp ein detaljert utstyrsliste i denne rapporten med omsyn til lengde, men det er tatt med i estimert investeringskostnader i budsjett ved eventuelt nybygg ved ny organisering.

I dag brukar dei fleste kommunane her i distriktet fastlegekontora til legevaktslokale, unnataket er Herøy og Sande som har eige legevaktslokale i Myrvåg. Dei kommunane som sjølve ikkje driv legekontor må då betale for leige av lokale og utstyr til fastlegane. Det er store skilnader mellom kommunane på kor eigna dei lokala ein i dag nyttar er til legevaktsdrift.

Denne løysinga gjer også at ikkje alle kommunane har eit journalsystem til legevakta, men at ein på legevakta brukar journalsystemet til fastlegane. Det gir uklare juridiske ansvarsforhold. Ein kommunal legevakt bør ha ei eige journalsystem som kommunen er ansvarleg for. Det er i prosjektet tatt kontakt med SSIKT med nærmare spesifikasjonar og krav til kva som er naudsynt og ønskjeleg med tanke på IKT til legevakt.

For å få til ei god omorganisering av legevakta vil det vere naudsynt med eige lokale til legevakt. Det kan løysast gjennom ombygging av eksisterande lokale eller ved bygging eller leige av nye lokale. Arealbehovet er nærmare skissert i vedlegg 1.

Transport

I tillegg til ansvaret for lokale og utstyr har kommunane eit sørge for ansvar for at legevakta er organisert og utstyrt slik at helsepersonell i vakt kan rykke ut med ein gong og med ei forsvarleg transportordning.

Ei legevakt med ein lege på vakt åleine legg ikkje til rette for dette. Med venterommet fullt og ein innkomande alarm betyr det at legen må ta valet om å reise i frå eit kontor med ventande pasientar, be om at alle som ventar reiser heim eller å la vere å rykke ut. Når legen ikkje har verken bil eller sjåfør tilgjengeleg, kan ein ikkje seie at kommunen syter for ei forsvarleg transportordning for legen. På dette punktet bryt kommunane i dag forskriftskravet.

Det er sterke sentrale signal om at alle legevakter bør ha ein uniformert legevaktsbil og det er forventa at dette blir spesifisert i rettleiaren som er under utarbeiding. Uavhengig av kva organisasjonsmodell og lokalisering som blir valt, må kommunane skaffe ei legevaktsbil.

Av legevaktdistrikta i dag er det berre Ørsta som har eigen legevaktsbil. Denne er ikkje uniformert. Mange legevakter som i dag har bil har denne gjennom leasingavtale. Ein legevaktsbil legg til rette for at ein også kan ha ein del utstyr tilgjengeleg i bilen som gjer at ein kan gjere meir diagnostikk og starte behandling der folk oppheld seg.

Eit alternativ til sjåfør i legevaktsbilen kan vere ambulansearbeidarar. Det er planlagt eit forsøk med dette i Røros, og i ["Handlingsplan for samarbeid om krise- og katastrofeberedskap og utvikling av den akuttmedisinske kjede i Møre og Romsdal"](#) er dette forslått som eit av tiltaka som kan prøvast ut også her i fylket. Prosjektgruppa har fått positive signal frå helseforetaket om at ein kan samarbeid med dei om dette.

Systemansvar og trening

I følgje akuttmedisinforskrifta og samarbeidsavtalen med helseføretaket skal kommunane ha omforente beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda. I dette samarbeidet skal kommunane og helseføretaket i samråd sikre at lokalisering og dimensjonering av legevakttenesta og ambulansestasjonar sikrar innbyggjarane eit heilskapleg og forsvarleg akuttilbod.

Slik vi på Søre Sunnmøre er organisert i dag med små kommunale stillingar som legevaktsansvarlege er det svært vanskeleg å finne rom til samarbeid med helseføretaket om slikt arbeid. I prosjektperioden har prosjektleiar også vore med i Akuttutvalet for Møre og Romsdal. Ei vidare utvikling av dette området er valt ut som eit av satsingsområda i Utviklingsplanarbeidet til Helse Møre og Romsdal. For at vi i distriktet skal kunne klare å vere med i slik utviklingsarbeid hadde det vore ein stor fordel å vere samla i ein organisasjon. Samarbeidsavtalen med helseføretaket er også årsaka til at det har vore viktig for kommunane i prosjektarbeidet å ha med representantar frå helseføretaket og å få innspel på rapporten frå helseføretaket. Vi ser og mange positive sider ved å ha éin organisasjon for å sikre tilhøyre, medverknad og trygghet i legevaktarbeidet for legane i ordninga.

Kommunane har eit ansvar for at helsepersonellet som skal arbeide i legevakta får naudsynt opplæring og trening i eigne arbeidsoppgåver og skal sikre at det blir gjennomført regelmessige øvingar i samarbeid og samhandling med resten av naudetatane. Eit døme på at dette ikkje er noko vi gjer i dag, er at politiet, ambulansetenesta og kommunalt brannvesen har årlege PLIVO (pågåande livstruande vald) øvingar, som ikkje legevakttenesta deltek i. Om ei reell hending skulle oppstå, ville det vere forventa at også legevakta bidrog som ein sentral aktør.

Det nasjonale akuttutvalet har ei klar tilråding om at leiing i legevakt må styrkast. Dette fordi legevakta har eit behov for ei sterk fagleg og administrativ leiing som ivareteke behovet for kompetanse, fagutvikling og kvalitetsarbeid. Legevaktsoverlegen må ha mynde og ansvar for å utarbeide ein overordna verksemdsplan, fordele ressursar og sørge for at det blir utarbeida internkontrollrutinar, informasjon til tilsette og avvikshandtering.

Ingen av legevaktene i distriktet i dag har ressursar til å gjennomføre dei krava som her er skildra. Dei administrative ressursane i legevakta i dag er så marginale at dei er brukt opp når vaktlistene er sett opp og lønninga kontert. Tilsyn med legevakter andre stader i landet viser at vi har ein godt stykke arbeid fram føre oss om vi skal klare å oppfylle desse krava. Om kvart enkelt distrikt skal gjere dette arbeidet slik vi er organisert i dag vil det vere svært krevjande. Kommunane har gode erfaringar med samarbeid, og det er god grunn til å tru at dette er område der vi har god effektivitetsgevinst i å slå oss saman til ein større organisasjon.

Økonomi

Tilgang på helsepersonell er ein avgrensa ressurs, det er også økonomi. Uavhengig av val av modell, vil den kommunale utgifta til legevakt auke. Dei ulike modellane har ulike kostnadsoverslag som ein må ta omsyn til i val av organisering. Nedanfor er ein tabell som viser kostander for kommunane ved dei tre modellane som er utgreia. Kostnadane kjem i tillegg til dei utgiftene kommunane i dag har til nattlegevakta og legevaktsentralen. Nærmare skildring av kostnadane er i vedlegg 2.

Kommune	Modell A	Modell B	Modell C
Hareid	2 701 223 kr	1 831 334 kr	1 970 805 kr
Herøy	4 666 317 kr	3 163 599 kr	3 404 533 kr
Sande	1 323 261 kr	897 124 kr	965 447 kr
Ulstein	4 405 833 kr	2 986 999 kr	3 214 484 kr
Volda	4 741 858 kr	3 214 812 kr	3 459 647 kr
Ørsta	5 597 288 kr	3 794 764 kr	4 083 767 kr
	23 435 780 kr	15 888 633 kr	17 098 683 kr

I forslaget til kostnadsfordelings til den enkelte kommune har vi her brukt same prinsipp som vi i dag har i nattlegevakta og legevaktsentralen, fordelt på innbyggjarar. Det er også mogleg å gjere dette på andre måtar, men det er ikkje ei medisinskfagleg vurdering og kan eventuelt avtalast mellom kommunane.

Kommunane brukar også i dag pengar på legevakt som kan trekkast i frå desse utgiftene. Dette varierer mellom kommunane, og er litt vanskeleg å få konkrete tal på fordi samarbeidsavtalene med dei lokale legekontora er ulikt utforma.

Med oppstart 1.mai 2018 vil første året ha reduserte driftskostnader. Det vil vere eit investeringsbehov på om lag 1 million kroner knytt til oppstart av modell A og B. Men investeringane vil ikkje kunne gjerast før dei faste lokala er klare. Dette kan hende skjer først i 2019.

Lønn til legane

Slik legevakta er organisert i dag med beredskapsgodtgjering, der hovudinntekta til legen i vakt er eigenandelar og refusjonar frå Helfo som hovudinntektskilde lønner deg seg for legane å prioritere arbeid på kontoret framføre å rykke ut. Ei slik kvantitativ avlønning oppfordrar heller ikkje legane til å utsetje arbeid som kan vente til neste dag, slik ein kan få ei uheldig prioritering av pasientar på legevakt. For kommunane har denne modellen vore fordelaktig fordi utgiftene til legevakt blir lave og svært pårekneleg.

På oppdrag frå akuttutvalet vurderte Godager & Iversen (2015) avlønning i legevakt og kartla synspunkt frå legevakter med erfaring med fastlønn. Kartlegginga viser at fastlønn legg til rette for betre prioritering av pasientar på legevakt og gir kommunane betre styring med drifta. Godager og Iversen konkluderte med at det var vanskeleg med utgangspunkt i økonomisk tankegang å gi eit eintydig svar på om ein overgang frå takstbasert avlønning til fastlønn er å føretrekke. Tilbakemelding frå legane i her i

distriktet viser at eit klart fleirtal ønskjer fastlønn på legevakt. Frå eit medisinskfagleg perspektiv er det klart å føretrekke, noko vi mellom anna ser tydeleg i erfaringane vi har hausta frå andre legevaktdistrikt.

Reiseavstand og tilgang til tenesta

Om vi samlar alle seks kommunane som er i utgreiinga til eit distrikt har vi likevel eit svært kompakt legevaktdistrikt med små reiseavstandar samanlikna med mange legevaktdistrikt i Norge. Det som skil oss frå mange samanliknbare distrikt er at distriktet ikkje har eit klart definert sentrum med periferikommunar, men to områder delt av Eiksundsambandet med omlag like mange innbyggjarar på kvar side. I staden for ein stor tettstad, har vi fleire middels store. Denne geografien gjer at to av modellane som vi har valt å utgreie har to legevaktstasjonar.

Det gjer oss heldige på den måten at om legevaktstasjonen blir plassert geografisk sentralt i distriktet, så vil 95% av innbyggjarane nå legevaktstasjonen innan 50 minutt. Omlag 1 % av innbyggjarane (øyane i Sande og Øye/Urke) vil få lang reiseveg til legevakt uansett val av lokalisering. Desse stadane må ein sjå på saman med heleføretaket og kommunane på kva ein kan få til av beredskap. Ein del ordningar er på plass allereie i dag då desse stadane også i dag har lang reiseveg til legevakt.

Ei meir sentralisert legevakt vil gi lenger reiseveg for ein stor del av innbyggjarane i distriktet. Plasseringa av legevaktstasjonen vil vere avgjerande for om ein kan nå det nasjonale målet om reiseveg under 40 min for 90% av innbyggjarane. Akuttutvalet har også kome med eit alternativ mål, at ein skal nå 90% av innbyggjarane med ein legevaktsbil innan 45 min. Dette samsvarar med responstida ein har for luftambulansenesten.

Desse krava om reiseavstand gjer at det ikkje er hensiktsmessig å leggje ein legevaktsstasjon i ytterkantane i distriktet. Reine samferdsels og kommunikasjonsomsyn tilseier at ein felles legevaktsstasjon bør plasserast nærast mogleg Eiksundsambandet, anten i Furene eller i Eiksund . Samtidig er strategien, alle må ro, ikkje alltid ein god løysing då ingen av innbyggjarane vil få kort veg. Samtidig kan ein gå glipp av viktige synergjar med andre samarbeidspartar. Særleg er samarbeidet med spesialisthelsetenesta og reisetid frå legevaktstasjonen til sjukehus også viktig i lokaliseringvalet. Vi har sett opp ei oversikt over reiseavstand i minutt mellom dei mest aktuelle legevaktslokalisasjonane og sjukehusa

Reiseavstand i minutt

Reiseavstand Myrvåg-Furene 23 min

Reiseavstand Ulsteinvik-Furene 28 min

Frå mogleg legevaktsbase	Til Volda sjukehus	Til Ålesund sjukehus
Volda sjukehus	0	76
Furene	5	71
Myrvåg	28	60
Ulsteinvik	33	55

Kjelde: gulesider.no

I samband med prosjektet blei det tatt kontakt med Statens vegvesen for å få informasjon om Eiksundtunnelen og eventuelt stenging då det har følgje for organisering av legevakta. Tunnelen er ein del av Fv. 653 som MRFK er formell eigar av, men blir administrert av Statens vegvesen Region Midt. Tunnelen har eigen beredskapsplan.

Kjell Haukeberg i Statens vegvesen har gitt tilbakemelding om at det er tre grove inndelingar på kvifor tunnelen kan bli stengt. Prosjektet har også fått tilsendt ein rapport som viser stenging dei siste to åra.

1. Planlagt drift-/vedlikehaldsarbeid
 - Normalt så er dette arbeid av ein slik art at det blir sendt ut info til alle naudetater og media i forkant, det blir sett inn ledebil/kolonnekjøring slik at all trafikk kan passere gjennom med noko forseinkingar, utrykkingskøyretøy har prioritet og kan passere utanom kolonne (etter nærare instruks/avtale). Denne typen stenging utgjer omlag 1000 timar i året.
2. Driftsstans/havari/mindre uhell (utan personskade)
 - Tunnelen kan bli stengt, naudetatane blir varsla, det skal undersøkast kva som er årsaka, straum/kommunikasjonsbrot o.l., bilbergingselskap blir varsla ved havari og saman med politiet blir det vurdert om ein stenger, som regel blir det stengt for å ha best mogleg kontroll med situasjonen. Det kan være mogeleg å kome gjennom, men forseinkingar førekjem. 105 timar i gjennomsnitt siste par åra.
3. Trafikkulykke/bilbrann
 - Tunnelen blir stengt så rask som mogeleg, det blir trippelvarsling. Politiet/skadestadsleiar styrer hendinga og avgjer om og når tunnelen kan bli opna for normal trafikk. Sjeldan, ikkje kvart år.

Eit større legevaktdistrikt vil gi meir transportutfordringar for innbyggjarane som skal til legevaktstasjonen. Kva dette har å seie i eit miljøperspektiv har ikkje prosjektgruppa tatt høgde for å greie ut, men også med dagens organisering må dei aller fleste bruke bil for å nå legevakta.

Tilgang til legevakta handlar ikkje berre om reiseavstand for innbyggjarane, men også om kapasitet og mobiliteten til legen. Ut i frå nasjonale undersøkingar og lokale tal kan vi forvente totalt omlag 60 kontaktar i døgnet med legevakslegen i distriktet på laurdagar og søndagar. På kveldane i vekedagane omlag 36 kontaktar.

I følgje det nasjonale målet skal legevakta vere ein beredskapsteneste med moglegheiter til å rykke ut på akutte hendingar og gjennomføre ein større del sjukebesøk enn no. Ein mobil lege kan løyse nokre av desse utfordringane, men effektiviteten til ein mobil lege vil sannsynlegvis vere lågare målt i handterte kontaktar enn ein stasjonær lege. Om ei samordning av legevakta fører til eit for lavt tal på legar i vakt vil det gje eit dårlegare tilbod til pasientane. Ein må derfor ta høgde for god nok kapasitet i ordninga for å sikre tilgjengelegheit for innbyggjarane.

Samarbeid med anna personell

Legevakta er heilt avhengig av samarbeid med anna personell. Noko av samarbeidet er avhengig av samlokalisering, men like viktig er kanskje ei administrativ styrking av legevakta. Ein større og samla legevaktorganisasjon med ei leiing gjer at andre har eit klart definert kontaktpunkt som ein kan drøfte utfordringar og samarbeidsrutinar med.

Det praktiske samarbeidet med pleie og omsorgspersonell i kommunen og spesialisthelsetenesta er der i dag, og er svært viktig for å gi innbyggjarane eit godt tilbod. Ved utarbeiding av modellar for framtidig legevakt har vi vurdert om samlokalisering med andre kan gi betre ressursutnytting og tilbod til innbyggjarane.

Ambulansetenesta

Ambulansetenesta er ein del av spesialisthelsetenesta og har ei svært sentral rolle i den akuttmedisinske kjeda. Ambulansetenesta har dei siste åra hatt ei kraftig oppgradering på kompetanse og utstyr, og er eit kjærkome hjelpeinstans når det verkeleg hastar. Ambulansepersoneil er likevel ikkje så godt eigna til å vurdere tilstandar som ikkje hastar så mykje, og dette blir gjerne ei utfordring at dei også blir brukt til slike type oppdrag fordi dei er igjen som dei einaste akuttmedisinske personellet i kommunane når legevaktdistrikta blir store. Helse Møre og Romsdal har varsla at det vil bli endringar i ambulansesstrukturen i fylket fordi vi slik det har vore til no har fått forholdsvis meir ressursar til dette enn regionen elles. Det har derfor kome fram ein ide om at kommunane kanskje kan vere med å nytte og delbetale denne tenesta ved at ambulansепersonell til dømes kan vere sjåfør på ein legevaktsbil. Legen og ambulansепersonellet har utfyllande kompetanse som gjer at dei som fagpersonar kan utfylle kvarandre. Ei slik løysing vil vere avhengig av samlokalisering av ambulansestasjon og legevakt. Ei samlokalisering vil også gje fordelar i form av at ein lettare kunne få til samtrening, noko som er lovpålagt å drive med. I tillegg vil det mogleggjere at legen kan bli med ambulansепersonellet ut i ambulanse på dei oppdraga der det verkeleg hastar.

ØHD-senger og sjukeheimane generelt

Kommunane på Søre Sunnmøre har valt ei desentralisert ordning på kommunale Øh-hjelp senger. Mange andre stader i landet har ein valt ei samlokalisering av desse plassane med legevakt for å sikre forsvarlege tenester utan å bygge opp ei ekstra vaktordning for legar til desse plassane. Kommunane her er godt fornøgde med den løysinga som er valt fordi det gir eit nærtilbod til innbyggjarane og ein har fått heva den generelle kompetansen på sjukeheimane. Dette gir ekstra behov for at den legevaktorganiseringa som vi skal ha i vårt område er mobil og legevakta må ha nok tilgjengelege legar på vakt til at det er realistisk og forsvarleg at legevakta kan besøke sjukeheimane når det er behov for det. Dette kjem også dei andre bebuarane på sjukeheimen og heimebuande eldre til gode.

Ei samlokalisering av legevakt og sjukeheim med tanke på sambruk av personell er vanskeleg å tenke seg kan gi betre ressursutnytting fordi helsepersonellet som arbeider på sjukeheimane allereie i dag har mange oppgåver og lite dødtid tilgjengeleg for ekstraarbeid og beredskap.

Sjukehus

Dei fleste som treng akutt innlegging i sjukehus i vårt distrikt skal til Volda sjukehus, og vi har god erfaring med nattlegevakt og legevaktsentral lokalisert ved Volda sjukehus. Nærlokalisering ved Volda sjukehus kan gje fleire fordelar med synergjar med sambruk av personell, men bygging på sjukehus tomte må vere i

regi av helseføretaket. Døme på ressursutnytting kan vere fellesbruk av sjukepleiarressursar i legevaktsentralen, mottak og legevakta. Eit anna døme er at legevakslegen kan ferdigbehandle pasientar med skader etter røntgenundersøking slik sjukehuslegane ikkje treng å sjå på dei pasientane som ikkje har brotskader.

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern i spesialisthelsetenesta har den siste tida hatt stort fokus på å bygge ut ambulante team og desse teama må ha ein base. Dei er i vårt distrikt i ein prosess på å finne ein eigna base. Vi ser liten direkte synergi av samlokalisering med denne tenesta, men godt samarbeid både på individnivå og systemnivå er naudsynt.

Andre kommunale tenester

Ein del kommunar har samarbeid med brannmannskap for køyring av legevaktsbil. Det finnes også eksempel på samlokalisering med brannstasjonar. I nokre av kommunane i distriktet har brannmannskapet gjennomført "First responders" opplæring gjennom Norsk luftambulans og har førstehjelpsutstyr som oksygen og hjertestartar i brannvaktbilen. Ei samlokalisering med brann vil først og fremst vere nyttig med tanke på samtrening for alvorlege ulykker, men kanskje ikkje så store gevinstar i dagleg drift.

Kommunane står også framføre ei velferdsteknologisk utvikling. Det er venta at kommunane i framtida må ha ei eller anna form for responscenter til velferdsteknologien. Eit alternativ for dette kan vere sambruk av legevaktsentralpersonellet då begge tenestane krev beredskap med personell med minimum sjukepleiekompetanse.

Sjølv om utredninga her ikkje har sett på daglegevakt, har vi undervegs i arbeidet også fått innspel på det. Ei utviding av ordninga til også å gjelde dag opnar for moglegheita til å ha observasjonssenger for inntil 12 timers observasjon. Dette dekkjer eit anna behov enn ØHD-sengeplassane, og kan i ein del tilfelle hindre innleggingar i sjukehus.

Fleire kommunar

Ei endra legevaktorganisering kan vere mogleg å utvide til fleire kommunar, men val av modell og lokalisering vil vere avgjerande for kva som er fagleg forsvarleg. Til dømes har Stranda kommune sendt ein førespurnad om å vere med i ordninga. Om det skal vere mogleg er ikkje alle modellane og lokaliseringalternativa nedanfor eigna. Vanylven trekte seg frå utgreiingsprosjektet på grunn av samferdselsutfordringar. Det kan likevel vere at Vanylven kommune ved eit seinare høve vil ønske eit samarbeid.

Legevaktsentralen og ny legevakt

Kommunane kjøper i dag legevaktformidlingstenesta frå helseføretaket. Sjukepleiarane som utfører tenesta er i dag tilsette ved mottaket i sjukehuset og rullerer i sitt arbeid mellom legevaktformidling og mottaksarbeid i sjukehuset. Om natta har dei også støttefunksjon for nattlegevakta.

I dei to modellane A og B som er omtala ovanfor, tenkjer ein seg at sjukepleiarane som utøver legevaktsentralarbeidet også skal inngå som støttepersonell ved legevakta på kveld og dagtid helg. Om tenesta fortsatt vil verte kjøpt frå helseføretaket vil difor vere avhengig av lokalisering av legevaktstasjonen. Dersom ny legevakt har lokalisering nær sjukehusmottaket, kan ein sjå for seg eit

fortsatt samarbeid mellom kommunane og helseføretaket der sjukepleiarane kan jobbe både stader. Dersom ny legevakt vert lokalisert vekke frå sjukehusmottaket, vil legevaktsformidlinga verte flytta til ny legevakt og samarbeidet om sjukepleiarressursane i sjukehusmottaket kan då ikkje bli vidareført.


Vanylven er ikkje ein del av dette utgreiingsprosjektet, men har felles legevaktsentralavtale med HMR ved Volda sjukehus saman med dei andre kommunane. Det er lite sannsynleg at Vanylven vil halde fram med denne ordninga viss dei andre kommunane trekk seg ut og driv legevaktsentralen sjølve.

Tre modeller for ny organisering av legevakta

Tidleg i prosjektperioden såg prosjektgruppa på mange ulike modellar for organisering av legevakta. Organisering som vi har det i dag vart tidleg forkasta som ueigna for å stette nye krav.

For å kome vidare i arbeidet vart tre modellar valt som dei vi såg mest potensiale i. Dette har gjort det lettare å få konkrete innspel. Modellane er likevel ikkje ferdig finpusa eller køyrt ROS-analyse på. Etter val av modell er det difor framleis eit godt stykke arbeid som må gjerast. Modellane er tenkt å vere i bruk i tidsrommet frå kl 15 - 22 på kvardagar og frå kl 08- 22 i helg og høgtider. Under modellane er det eit eige avsnitt om natta.

Hovudprinsippet er at ein på kveldstid og dagtid helg går frå fire legar i heime-beredskapsvakt til to eller tre legar i aktiv vakt.



I modell A og B er nattlegevakta ein integrert del av ny organisering. I modell C blir nattlegevakta ei eiga ordning slik som i dag. Prosjektgruppa har ikkje oppfatta mandatet til å sjå på organiseringa på dagtid kvardag, men alle modellane kan i prinsippet utvidast til å gjelde også dette. I prosjektgruppa har vi sett føre oss at legevakt på dagtid kvardag vil halde fram som i dag, men ser at også for dette tidsrommet vil det for kvar enkelt kommune sannsynlegvis kome krav som gjer at til dømes alle kommunane bør ha ein legevaktsbil tilgjengeleg. ØHD-sengetilbodet på Søre Sunnmøre er desentralisert. Det gjev eit auka behov for at legevakta har eigne observasjonssenger som også vil kunne vere i bruk på dagtid. Spesielt med tanke på overgangen frå natt til dag.

Generelt om organisasjonsomgrepet:

Vi har i desse modellane brukt omgrepet "organisasjon" om det som høyrer naturleg saman i eit arbeidsfellesskap. Det vil seie den gruppa av legar og hjelpepersonell som delar på arbeidsturnus, fysisk arbeidsplass og arbeidsoppgåver (journalssystem, timebøker) Vi tenker ikkje på ein eventuelt formell tilhøyre til ein vedteken organisasjonsstruktur som kunne ha gått på tvers av arbeidsstad og arbeidsfellesskap. I modell A er det to arbeidsstader, men vi ser føre oss at helsepersonellet skal kunne jobbe begge stader, og også dele journalssystem og timebøker.


Etter ein kort presentasjon av kvar modell kjem det ei momentliste som viser fordelar og ulemper som har kome fram i prosjektarbeidet så langt.

Modell A

2 distrikt, 3 aktive legar:

- stasjonær på hovudbasen
- køyrelege (og bakvakt)
- satelittstasjon

Nattlegevakt og LV-sentral på basen. Éin organisasjon.



Presentasjon av modell

Hovudstasjon med to legar på jobb. Hovudstasjon lokalisert same stad som nattlegevakta. Alltid ein lege på stasjonen og ein køyrelege som har ansvar for sjukebesøk i heile distriktet. I tillegg har denne modellen ein satelittstasjon der den tredje legen skal jobbe. Satelittstasjonen kan vere open i heile perioden, frå kl 15-22 på kvardagar og 08-22 i helgane, eller det kan vere aktuelt med delvis opningstid. Satelittstasjonen og hovudstasjonen skal ligge på kvar si side av Eiksundtunnelen. Ein organisasjon der alle legane i frå kommunane går i turnus på alle tre typene av vakter (base, køyrelege, lege på satelittstasjon). Eit hjelpepersonell per lege.

Fordelar

- Køyrelege gir godt tilbod til institusjonar og ikkje-mobile innbyggjarar. Tydeleg tilbakemelding frå pleie og omsorg i alle kommunar om at ein køyrelege er svært viktig for brukarane i pleie og omsorgstenestene. Det vil også kunne redusere ambulansebruk og tal på unødige sjukehusinnleggingar.

- Med tre legar i samtidig vakt vil det vere lett å sette opp ein turnus der alltid minst ein av legane fyller kompetansekrava for legevakt. Kompetansekrava blir løyst av legar i aktiv teneste.
- Fleire legar i same vaktdistrikt gjev bufferkapasitet til å handtere større hendingar parallelt med normal aktivitet
- Reiseavstanden for innbyggjarane til legevakt vil vere innanfor 40 minutt for over 90% av innbyggjarane.
- God kapasitet til sjukebesøk og akuttmedisinsk beredskap.
- Ein hovudbase er meir fleksibel og klar for utviding med ekstra personell ved arbeidstoppar, observasjonssenger og kan vere base for velferdsteknologi
- God arbeidssituasjon for legar, spesielt med tanke på nye legar og vikarar, som kan møte på jobb saman med ein erfaren lege
- Ein organisasjon lettar kommunikasjonen med helsetenesta elles og andre samarbeidspartar, både med tanke på dagleg drift og på systemarbeid
- Ein organisasjon gir betre moglegheit for systemarbeid inkludert fagutvikling og samtrening med anna helsepersonell
- Om hovudstasjonen blir nærlokalisert med ein ambulansestasjon eller akuttmottak gir det moglegheit for synergjar
- Ein hovudstasjon med fleire funksjoner ved utviding (velferdsteknologi, observasjonssenger, daglegevakt) gir større del dagtidsarbeid i turnus for støttepersonell
- Mogleg med utviding til å gjelde fleire kommunar

Ulemper


- Mange vakter som skal fyllast opp av legar og behov for hjelpepersonell på to ulike lokalisasjonar. Ressurskrevjande, både med tanke på legar og støttepersonell
- To lokale skal vere utstyrt til legevakt
- Innbyggjarane får ulike stadar dei skal ta kontakt til ulike tider av døgnet
- Sveikka organisasjonstilknytning for legekorpset ved at legane har to fysiske arbeidsplassar

Modell B

1 distrikt, 2 aktive legar:

- stasjonær på basen
- køyrelege (og bakvakt)

Nattlegevakt og LV-sentral på basen. Éin organisasjon.



Presentasjon av modell

Ein legevaktstasjon med to legar på jobb. Alltid ein lege på legevaktstasjonen og ein køyrelege som har ansvar for sjukebesøk i heile distriktet. Ingen satellittstasjon. Legevaktstasjonen kan oppskalerast i kapasitet med meir personell i presstider i veka og/eller ved høgtider når legevakta blir mykje brukt. Ein organisasjon og ein lokalisasjon.

Fordelar


- Køyrelege gir godt tilbod til institusjonar og ikkje-mobile innbyggjarar. Tydeleg tilbakemelding frå pleie og omsorg i alle kommunar om at ein køyrelege er svært viktig for brukarane i pleie og omsorgstenestene. Det vil også kunne redusere ambulansebruk og tal på unødige sjukehusinnleggingar.
- Legevaktdistriktet vil alltid ha minst to legar på jobb der ein ville kunne fylle kompetansekravet.
- Fleire legar i same vaktdistrikt gjev bufferkapasitet til å handtere større hendingar parallelt med normal aktivitet
- Legevaktstasjonen er fleksibel og klar for utviding med ekstra lege ved arbeidstoppar, observasjonssenger og velferdsteknologi
- God arbeidssituasjon for legar, spesielt med tanke på nye legar og vikarar, som kan møte på jobb saman med ein erfaren lege
- Ein organisasjon gir lettare kommunikasjon med resten av helsevesenet og andre samarbeidspartar, både med tanke på dagleg drift og på systemarbeid
- Ein organisasjon gir betre moglegheit for systemarbeid inkludert fagutvikling og samtrening med anna helsepersonell
- Om legevaktstasjonen blir nærlokalisert med ein ambulansestasjon eller akuttmottak gir det moglegheit for synergjar

- Ei legevaktstasjon som kan ha fleire funksjoner ved utviding (velferdsteknologi, observasjonssenger, daglegevakt) gir større del dagtidsarbeid i turnus for støttepersonell
- Mindre ressurskrevjande enn A-modellen både med tanke på personale og drift av berre ein legevaktstasjon. Det vil vere behov for mindre personell enn modell A på det jamne. Ein lokalisasjon vil forenkle opplæringa av helsepersonellet og redusere administrative driftskostnader
- Ein lokalisasjon vil sannsynlegvis betre organisasjonstilknyttinga
- Moglegheit for utviding til å gjelde fleire kommunar om hovudbasen blir i indre

Ulemper

- Vaktene kan bli så travle for legen på stasjonen at det kan føre til dårlegare kvalitet i tenesta.
- Ein del av innbyggjarane vil få lengre reiseveg enn i dag til legevaktstasjonen, men dei aller fleste (95%) vil kunne nå legevaktbasa innan 50 minutt.

Modell C



Presentasjon av modell

To separate legevaktorganisasjonar der kommunane på ytre slår seg saman til eit distrikt og kommunane på indre slår seg saman til eit distrikt. Ein lege med hjelpepersonell og legevaktsbil på jobb i kvart distrikt. Felles distrikt med nattlegevakt i Volda som i dag.

Fordelar

- Med to legevaktstasjonar vil reiseavstanden for innbyggjarane til legevakt vere innanfor 40 minutt for over 90% av innbyggjarane.
- Eit mindre distrikt kan gi fordelene at ein kjenner betre dei ei skal samarbeide med
- Sterkare organisasjonstilknyping til legane for kveldslegevakta

Ulemper

- Det vil vere behov for bakvakt i ordninga for å fylle kompetansekrava og ein må bruke kvilande heimebakvakt. Til tider vil denne ordninga krevje fire legar på vakt samtidig i regionen.
- Tre ulike organisasjonar gjer det uklart for samarbeidspartar kvar dei kan ta kontakt.
- Det vil vere vanskelegare å få til kvalitetsarbeid og fagutvikling i mindre einheiter.
- Arbeidsbelastninga til legen på basen vil i periodar vere så høg at det vil vere vanskeleg å få tid til å prioritere sjukebesøk og utrykkingar saman med ambulansen. Dårligare mobilitet gir eit svakare tilbod til ikkje-mobile innbyggjarar, inkludert sjukeheimspasientar.
- Ved større hendingar vil ein mangle bufferkapasitet til å handtere ordinær aktivitet parallelt
- Tre organisasjonar vil gi behov for meir administrative ressursar totalt sett.
- Færre tilsette i kvar legevakt gjer at organisasjonane blir meir sårbare for endringar i tilsettingar, både for legar og hjelpepersonell.
- Kvar lege må forholde seg til to ulike legevaktorganisasjonar (nattlegevakt og kveldslegevakt)
- LV-sentralen må halde fram ved nattlegevakta på sjukehuset og ein får ikkje nytta potensiale i arbeidskapasiteten og kompetansen til dei som jobbar i ordninga.

Legevakt om natta

Dei tre modellane som er skissert ovanfor gjeld legevakt kveld og dagtid/kveld i helg og høgtidsdagar. I modell A og B skal nattlegevakta lokalisert i hovudstasjonen og vere i same organisasjon.

Legevaktssentralen skal vere samlokalisert med legevakta uavhengig av kvar stasjonen skal vere. I modell C held nattlegevakta fram som eigen organisasjon og kan i prinsippet vere slik som i dag.

For natta tenker vi at den bemanninga vi har i dag er tilstrekkeleg om vi legg til rette for legevaktsbil med sjåfør for å få den eine legen som er på vakt til å vere meir rusta for utrykking og sjukebesøk. Berre 10% av alle henvendingar til legevakt som skjer på natt. Gjennomsnittleg er det omlag 4-5 kontaktar med lege per natt i heile distriktet og sannsynet for samtidskonfliktar er derfor lågt. Om ein vurderer at ein ønskjer ein enno sterkare beredskap kan det vere aktuelt å legge til ei sovande bakvakt på legevaktstasjonen om natta for å styrke beredskapen. Det blir særleg aktuelt om ein ynskjer å utvide distriktet utover dei seks kommunane som i dag er med i ordninga. Både auka reiseavstand til eventuelt nye kommunar og fleire innbyggjarar i nedslagsfeltet vil auke sannsynet for samtidskonfliktar.

Ein lege nummer to om natta er også aktuelt om den legen som er på jobb ikkje fyller kompetansekrava. Alternativet til dette er som i dag med bakvakt i beredskap heime. Ei eventuell styrking på natt må vurderast opp i mot vaktbelastninga på eksisterande legar i ordninga og økonomiske konsekvensar.

Lokalisering

Volumet av pasientar som får omvegar

Nasjonal statistikk viser at det klart største volumet av pasientar som treng øh-hjelp og blir innlagt i sjukehus er medisinske pasientar (omlag 80%). Nest størst volum har kirurgiske pasientar som i hovudsak er ulike skader. Dei aller fleste pasientane i vårt distrikt vil derfor kunne få den behandlinga dei treng akutt ved Volda sjukehus. Om vi brukar nasjonal statistikk til å sjå føre oss volumet på øh-innleggingar i distriktet vil det vere omlag 3100 innleggingar/år i tidsrommet der legevakta skal fungere. Det vil seie at det i i gjennomsnittet vil vere 8-9 personar som skal vidare til Volda sjukehus frå legevakta i døgnet.

Det finnes likevel ein del tilstandar der pasientane i distriktet skal til andre sjukehus når dei treng akutt hjelp. Døme på dette er traume, psykiatri, øyre-nase-hals, auge og born. Tilsaman vil desse tilstandane sannsynlegvis utgjere eit volum på rundt 300 per år i heile distriktet i tidsrommet legevakta er i funksjon. Det vil utgjere litt under ein person i døgnet som skal vidare til Ålesund sjukehus frå legevakta.

Ved modell A:

Hovudbase i	Fordel	Ulempe
Volda Nærlokalisering med akuttmottak	Synergi med sjukehusmottaket - LV-sentral - nattlegevakt, støttepersonell - røntgen og avlastning av kirurgisk poliklinikk - viss ambulansane blir ved sjukehuset: Enkelt for legen å vere med på utrykking Stor moglegheit for at eksisterande personellgruppe ved LV-sentral med høg kompetanse og erfaring i LV-formidling blir med vidare Moglegheit for utviding til fleire kommunar	Vanskelegare å etablere felles organisasjonstilknytning for legar og sjukepleiarar Lågare terskel for sjukehusinnleggingar (?) på natt Omveg for pasientar frå Ørsta som bør til Ålesund (born, psykiatri). Kan delvis kompensere av køyrelegeordning.
Furene Nærlokalisert med ambulansestasjon	Synergi med ambulansestasjon - samtrening (dagtid) - støttepersonell legevaktsbil - enkelt for legen å vere med på utrykking Moglegheit for utviding til fleire kommunar	Noko auka drop-in på sjukehuset på kveld og natt, vanskelegare å rute vidare til legevakt. Ikkje mogleg med avlastande samarbeid med kir.pol/røntgen Krev nybygg, dette vil neppe vere klart til 1.mai 2018, og vi må ha ei overgangsordning. Meir usikkert om LV får rekruttert personell frå eksisterande fagmiljø ved LV-sentralen.
Ytre (Ulsteinvik eller Myrvåg)	Nærleik til flest av innbyggjarane Nærleik til Ålesund sjukehus?	Noko auka av drop-in på sjukehuset (avhengig av opningstidene for ein satellitt på indre), mykje vanskelegare å rute vidare

Nærlokalisering med ambulansestasjon eller sjukeheim	Krev (kanskje) ikkje nybygg? Moglegheit for synergi med tildømes sjukeheim i Myrvåg (observasjonssenger) eller ambulansestasjon i Saunesmarka	til legevakt om natta. Stor omveg for dei sjukaste pasientane frå hele indre Søre som skal vidare til sjukehus etter legevakt. Lite volum på natt. Kan kompensere av køyrelegen der det etter telefonkonsultasjon er gode indikasjonar på at det sannsynlegvis blir innlegging i sjukehus. Ikkje moglegheit for fleire kommunar å knyte seg på ordninga på grunn av lang reiseveg om natta
--	---	---

Satelittstasjon skal vere på motsett side av Eiksundtunnelen. Ein satelittstasjon kan lokalisereast til eit eksisterande legekantor og krev ikkje nybygg.

Ved modell B:

Hovudbase i	Fordel	Ulempe
Volda Nærlokalisering akuttmottak	Synergi med sjukehusmottaket - LV-sentral - nattlegevakt, støttepersonell - røntgen og avlastning av kirurgisk poliklinikk - viss ambulansane blir ved sjukehuset: Enkelt for legen å vere med på utrykking Stor moglegheit for at eksisterande personellgruppe ved LV-sentral med høg kompetanse og erfaring i LV-formidling blir med vidare Moglegheit for utviding til fleire kommunar	Vanskelegare å etablere felles organisasjonstilknytning for legar og sjukepleiarar Lågare terskel for sjukehusinnleggingar (?) på natt Krev nybygg, dette vil neppe vere klart til 1.mai 2018, og vi må ha ei overgangsordning. Omveg for pasientar frå Ørsta og Ytre som bør til Ålesund (born, ønh, øye, psykiatri). Kan kompensere av køyrelegeordning.
Furene Nærlokalisert med ambulansestasjon	Synergi med ambulansestasjon - samtrening (dagtid) - støttepersonell legevaktsbil - enkelt for legen å vere med på utrykking Moglegheit for utviding til fleire kommunar	Noko auka drop-in på sjukehuset på kveld og natt, vanskelegare å rute vidare til legevakt. Liten omveg for de sjukaste pasientane frå Volda og Hornindal som blir henta i ambulanse og kor nytteverdien av vurdering hos allmennlege før sjukehusinnlegging er usikker Ikkje mogleg med avlastande samarbeid med kir.pol/røntgen Krev nybygg, dette vil neppe vere klart til 1.mai 2018, og vi må ha ei overgangsordning. Meir usikkert om LV får rekruttert personell frå eksisterande fagmiljø ved

		LV-sentralen. Omveg for pasientar frå Ørsta og Ytre som bør til Ålesund (born, ønh, øye, psykiatri). Kan kompensast av køyrelegeordning.
Ytre (Ulsteinvik eller Myrvåg) Nærlokalisering med ambulansestasjon eller sjukeheim	Nærleik til flest av innbyggjarane Nærleik til Ålesund sjukehus? Krev (kanskje) ikkje nybygg? Moglegheit for synergi med tildømes sjukeheim i Myrvåg (observasjonssenger) eller ambulansestasjon i Saunesmarka	Stor auke av drop-in på sjukehuset, mykje vanskelegare å rute vidare til legevakt på grunn av lang omveg. Stor omveg for dei sjukaste pasientane frå hele indre Søre som skal vidare til sjukehus etter legevakt. Eit langt større volum når det ikkje er satellitt delar av døgnet. Kan delvis kompensast av køyrelegen der det etter telefonkonsultasjon er gode indikasjonar på at det sannsynlegvis blir innlegging i sjukehus. Ikkje moglegheit for fleire kommunar å knyte seg på ordninga på grunn av lang reiseveg

Modell C

I modell C skal det vere ein legevaktstasjon på indre og ein på ytre. Denne modellen krev ikkje noko nybygg før oppstart og kan startast opp frå eit eksisterande legekantor/legevaktlokale. Modellen har hatt så lite oppslutning i prosessen då den har mange utfordringar og prosjektgruppa har derfor bestemt seg for ikkje å gå vidare i utredninga av lokalisering av denne modellen.

Om det likevel blir politisk oppslutning om denne modellen må lokaliseringsspørsmålet blir avgjort mellom dei kommunane som skal samarbeide: Hareid, Herøy, Sande og Ulstein i ytre og Ørsta og Volda i indre. Det vil vere få faglege argument som skil lokaliseringsspørsmålet i så kompakte distrikt.

Vurderingar og konklusjon

Modellval

Vurderingar

Ei framtidig legevaktorganisering bør støtte dei forskriftskrava som gjeld i dag, vere mogleg å utvikle vidare og vere ein best mogleg teneste for innbyggjarane i regionen.

Vi fyller i dag ikkje kompetansekravet, krav om forsvarleg transportordning, kravet om opplæring og samtrening med andre naudetatar eller krav om leiging og kvalitetsarbeid.

Akuttmedisinforskrifta stiller frå 01.05.18 absolutte krav om vaktkompetanse for legevaktlege. Det vil i dei fleste kommunar til ei kvar tid vere legar som ikkje tilfredsstiller desse krava og som må ha ei kompetent bakvakt som er uttrykingsklar. Dette kravet gjer det også mindre aktuelt å få inn vikarar i legevakta. For nokre av legevaktdistrikta er dette ei utfordring som kan handterast slik situasjonen er per i dag, for andre ikkje. Dette vil uansett for alle kommunane vere svært sårbart for legevaktfunksjonen fordi dette raskt kan endre seg.

Kravet om opplæring og kravet om kvalitetsarbeid let seg ikkje løyse utan meir administrative ressursar i legevakta. Om kvart av dagens legevaktdistrikt skal gjere det for seg, vil dette åleine bli kostnadskrevjande. Men den største utfordringa vil kanskje vere å få tak i nok helsepersonell til å gjere jobben. Til dømes har legevaktdistrikta i dag samla sett ein ressurs på 65 % legevaksansvarleg/legevaktssjef. Om vi skulle halde fram med dagens organisering ville behovet framover vere på 250% stilling. Slår vi oss saman får vi mange stordriftsfordelar og kan klare oss med ein 100% stillingsressurs til dette arbeidet.

Kravet om ei forsvarleg transportordning og moglegheita for å kunne rykke ut gjer at alle legevaktdistrikt må ha ein legevaktsbil og hjelpepersonell. Det er ein derfor ei minimumsbemannning ein må ha for å støtte dei nye krava, både administrativt og pasientnært, uavhengig av størrelsen på legevaktdistriktet. Det blei derfor tidleg klart at null-alternativet, å halde fram som i dag, ikkje er aktuelt. Det vil bli svært dyrt og vi vil ikkje klare å skaffe nok helsepersonell.

Av dei tre modellane som er utgreidd vil modell C vere den som klarast har utfordringar i forhold til å kunne løyse forskriftskravet. Dette er fordi modell C ikkje har meir enn ein lege i vaktområdet. Det vil kunne føre til at ved høg arbeidsbelastning vil den legen ha problem med å kunne rykke ut ved alvorlege hendingar. Ved alvorlege hendingar som tek tid, til dømes ulykker, har heller ikkje denne modellen moglegheit for jobbgliding på den måten modell A og B har. I ein modell med fleire legar i same distrikt kan den andre/dei to andre legane tre inn og ta over jobben til den legen som blir opptatt med ei alvorleg hending som er både tidkrevjande og mentalt krevjande.

Tilbakemeldingar frå andre

Både legane i kommunane, ressursgruppa for brukarar, helse og omsorgstenestene i kommunane og helseføretaket har meint at modell A er den legevaksorganiseringa som gir best tilbod til innbyggjarane. På ein klar andreplass kjem modell B. Tilbakemeldinga frå dei tillitsvalte legane var at dei meinte at modell B gir best arbeidstilhøve for legane.

Legane i kommunane

Dei blei gjennomført ei spørjeundersøking blant legane i kommunane. Undersøkinga blei sendt ut til 68 legar. 55 svarte på undersøkinga. Fleirtalet meinte at modell B gav best arbeidstilhøve for legane, men at modell A gir det beste tilbodet til innbyggjarane. Resultatet av undersøkinga er vedlagt (vedlegg 3)

Ressursgruppa med tillitsvalte legar

Fokuset til dei tillitsvalte legane var å sjå kva ordning som gav best arbeidsforhold for legane. Dei har i eit brev konkludert med at dei ynskjer modell B (vedlegg 4). Modell B gir færre legevakter for kvar enkelte lege og gir ei forsvarleg legevaktordning.

Ressursgruppa med brukarar

Ressursgruppa med brukarar er politisk valte representantar. I siste møte 13.06.17 møtte Else Gjerde, Trond Berg, Stein Conradsen, Toril Langlo og Leiv Magnar Aarflot. Gruppa var einstemminga på at modell A var det beste alternativet og at modell C måtte forkastast.

Kommunale helse og omsorgstenester

For å få innspel i arbeidet blei det også arrangert eit halvdagsseminar med deltakarar for ulike tenester: psykiatri, heimesjukepleie, sjukeheimar, tenester i bustad. Seminaret hadde 24 deltakarar fordelt på alle seks kommunane. Deltakarane blei oppfordra til å dele både gode og dårlege erfaringar med legevakt. Dei kom også med innspel til kva som er viktig med ei framtidig legevakt. Dei ønskte seg ei legevakt med lokale, velkjente legar, og ei legevakt som har rutinar og prosedyrar som nye legar blir opplærde i. Eit stort fleirtal ønskte modell A, med modell B som alternativ. Berre éin av dei frammøtte ønska modell C.

Helse Møre og Romsdal

Helse Møre og Romsdal har gitt ei tilbakemelding på val av modell i eit brev datert 08.06.17 (vedlegg 5). Også helseføretaket konkluderer med at modell A gir det beste tilbodet til innbyggjarane. Dei legg vekt på at det at legen kan vere mobil er heilt sentralt, og dei ser føre seg eit samarbeid om ein legevaktsbil. HMR meiner at val av modell må inkludere nattlegevakta. Dei tilrår at legevakta skal ha funksjonstid 24/7 365 dagar i året.

Konklusjon

Dei faglege argumenta og innspela frå andre peikar alle mot at modell A er det klart beste alternativet for organisering av legevakta i dei seks kommunane framover. Modell B vil også vere fagleg forsvarleg og er eit andreval for prosjektgruppa. Modell C blir frårådd.

Lokalisering

Hovudbasen bør ligge i nærleiken til Volda sjukehus fordi pasientstraumen her er størst. Prosjektgruppa meiner at den beste lokaliseringa er like ved Volda sjukehus og samlokalisert med ambulansestasjonen. Ein oppnår då flest synergjar. Helse Møre og Romsdal har gitt tydelege signal om at bygging av ny ambulansestasjon ved Volda sjukehus ikkje er aktuelt av økonomiske årsaker. I prosjektgruppa meiner vi då at andre alternativet må vere på strekninga Volda sjukehus-Furene, samlokalisert med ambulansestasjon.

Satellittstasjonen bør ligge sentralt geografisk plassert på Ytre for å sikre at flest mogleg innbyggjarar kan nå ein legevaktbase innan 40 min. Gode alternativ er Myrvåg eller Ulsteinvik om ei vil bruke eksisterande

lokale. Det er ingen faglege argument som skil desse to stadane, så det blir opp til det politiske miljøet å bli enige om kvar lokaliseringa skal vere.

Om ein vil bygge nytt eller leige nye lokale kan fleire stader vere aktuelle, men dei geografiske yttterpunkta Fosnavåg sentrum og Hareid er mindre aktuelle om ein vil halde seg innanfor 40 minuttsskravet.

Oppstart

Ei ny organisering av legevakta på Søre Sunnmøre krev eit nytt lokale i indre. I prosjektgruppa ynskjer vi framleis at dette lokale skal vere samlokalisert med Volda sjukehus, men signala frå HMR tyder på at det kan bli vanskeleg. Uansett kvar det blir vil ikkje eit nytt lokale kunne stå klart 1.mai 2018.

Vi i prosjektgruppa foreslår derfor at vi startar opp med ei overgangsordning 1.mai 2018 der vi brukar eksisterande lokale (eit legekontor på indre, eit legekontor på ytre og nattlegevakta og legevaktssentralen ved sjukehuset som i dag)

Dette har vore eit utgreiingsprosjekt og det er framleis mykje arbeid som må gjerast før oppstart er mogleg. Prosjektgruppa foreslår derfor at det snarast mogleg etter vedtak blir tilsett ein legevaktssjef og dagleg leiar i legevakta for vidare planlegging og oppstart. Det må blant anna bli gjennomført ROS-analyse av valt modell, etablerast rutinar og prosedyrar og tilsettast hjelpepersonell før ein kan starte opp med overgangsordninga. Det må også jobbast vidare med nye lokale.

I tillegg til val av modell og lokalisering må ein i det administrative og politiske behandlinga av saka ta stilling til om ein ynskjer vertskommuneorganisering eller IKS. Vi i prosjektgruppa har ikkje tatt stilling til om det eine er betre eigna enn det andre.

Vedlegg

1. Arealbehov
2. Kostnadsberekning
3. Spørjeundersøking legar
4. Brev frå tillitsvalte legar
5. Brev frå Helse Møre og Romsdal



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Mona Helen Kile

Arkivsak nr.: 2018/520

Arkivkode:

Utvalsaksnr Utval

Møtedato

OPPRETTING AV NY FASTLEGEHEIMEL, VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret opprettar ein ny fastlegeheimel i Volda kommune, hausten 2018.
2. Dei økonomiske konsekvensane av tiltaket vert å innarbeide i budsjettet for 2019.
3. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ein plan for legetenesten i NyeVolda i løpet av 2019.
4. Kommunestyret er innforstått med behovet for å gjennomføre utbygging av legesenteret, og at dette blir prioritert og iverksett/ferdigstilt 2019-2020 ref. sak 2015/1791, pkt 4. og 5.

SAMANDRAG

Formålet med fastlegeordninga er å sikre at alle får nødvendig allmennlegetenester av god kvalitet til rett tid, og at personer busett i Norge får ein fast allmennlege å forhalde seg til.

Vidare er det også i kap. 2 «Kommunenes ansvar» § 4 omtala at **kommunen skal sørge for eit tilstrekkeleg antall legar i fastlegeordninga.**

Samhandlingsreforma, Morgendagens omsorg, Primærhelsemeldinga er alle reformer og stortingsmeldingar som krev meir av fastlegefunksjonen. Kvardagsmeistring og det å bu lengst muleg i eigen heim er blant målsettingane i helse -og omsorg. Retten til å døy i eigen heim står også veldig sterkt. Alt dette krev tid og innsats av fastlegane, og det er høge forventingar til kva fastlegane skal bidra med, både blant andre samarbeidspartar, men også overfor brukarar og pårørande.

På nasjonalt nivå snakkar ein no om fastlegeopprøret.

Fastlegane i Volda har over lengre tid spelt inn eit stort behov knytt til etablering av ny fastlegeheimel, ein 0-heimel. Dette er knytt oppimot høg arbeidsbelastning, vaktbelastning, pasientrettar og kommunen sitt ansvar etter gjeldande lovverk og avtalar. Det er pr. i dag ikkje ledig listekapasitet og det er i tillegg ventelister på fleirtalet av legar. Kommuneoverlegen og einingsleiar for førebygging, rehabilitering og legeteneste har motteke fleire klager den siste tida knytt til manglande kapasitet og valfridom av lege. Det har og vore avisoppslag i Møre og Mørenytt kring denne tematikken.

Behovet for fastlegeheimel har vore diskutert i fleire fora; bl.a SU- samarbeidsutval legar-administrasjon i Volda, Dialogmøte Hornindal-Volda legar, tillitsvalde og administrasjon, Volda legesenter m.fl. Det har også kome innspel frå innbyggjarar i Volda om at tilbodet er for dårleg pr. i dag. THO har hatt saka opp som eit orienteringssak den 15.03.18.

Dei økonomiske konsekvensane av ein ny heimel kjem fram av gjeldande avtaleverk. I følge sentral avtale skal kommunen betale ein fast sum, basistilskot til fastlegane per innbyggjar på lista. Utover dette har Volda kommune ein avtale med Volda legesenter at kommunen skal betale for eit minimum av 1000 listepasientar til kvar fastlege, sjølv om fastlegen har færre innbyggjarar på lista. For å hjelpe kommunen til å gi innbyggjarane tilbod om allmennlegeteneste og redusere usikkerheita til kommunen i eit stort gap mellom faktisk listestørrelse og 1000, har fastlegane i Volda gått med på at kommunen får opprette heimelen inntil tre månadar før ny lege startar i jobben. I tillegg er det ubrukte prosjektmidlar som kan nyttast i denne samanhengen. Samla sett gjer dette at tiltaket vil gi kommunen om lag 70-100 000 kr i nye utgifter neste år.

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA

Det har sidan 2010 kome innspel frå legetenesta i Volda at det eit stort behov for ein ny fastlegeheimel. Det er pr. i dag 9 fastlegar i Volda og det er i følge www.helsenorge.no ingen ledige listeplassar. Alle fastlegane har også venteliste. Det betyr at alle som no kjem flyttande til Volda, ikkje får moglegheit til å få seg fastlege. Innbyggjarar som allereie har ein fastlege, har ikkje moglegheit til å bytte.

Fastlegane i Volda har i dag tak på kor mange dei kan ha på listene på mellom 1000-1200. Dette nivået er omtrent som på landsgjennomsnittet (1106 i 2017), men høgre enn nabokommunane Ørsta og Hornindal. På grunn av stor arbeidsmengde har fleire av fastlegane siste året fått sett ned listetaket. Det gjer at vi ikkje kan forvente at noko av listene vil opne seg med det første.

Ventetida for å kome til sin fastlege strekk seg over fleire veker. Volda fekk i 2015 pålegg om turnuslege og har hatt dette sidan hausten 2016. Dette har truleg ført til at den utfordrande situasjonen har blitt noko kamuflert. Samtidig er det viktig å ta i betraktning at ein turnuslege er ein lege under opplæring og det er eit eige avtaleverk gjeldande til denne type praksis. Ein turnuslege kan og skal ikkje sidestillast med ein fastlege. Turnuslegefunksjonen krev også frikjøp av fastlege til rettleiing som har ein konsekvens for denne si fastlegeliste.

Den rådande situasjonen er utfordrande for alle partar.

Kvifor er situasjonen utfordrande?

Det er særleg 3 forhold som må takast i betraktning:

1. Innbyggjarane sine rettigheter og behov,

2. fastlegane sin arbeidssituasjon og arbeidsbelastning og
3. kommunen sitt ansvar

1. Innbyggjarane i Volda:

- Få bruke retten til å kunne velje fastlege og evt bytte ved behov.
- Få raskare tilgang til påkrevd helsehjelp, redusere ventetid
- Opplevinga av å bli sett og høyrte av fastlegen
- Legen har tid til å sette seg inn i kompleksiteten i den enkelte sitt sjukdomsbilete
- Legen prioriterer tid til samarbeidsmøter, individuell plan mm

2. Fastlegane:

- Stor vaktbelastning- sårbart i forhold til sjukdom, sjukmeldingar, etc, der ein risikiere å stå utan vikar til legevakta. Det er ei 9 delt vakt ordning. Det er også vaktfritak knytt til alder (over 60 år) og ved sjukdom/belastningar som gjer at ein lege i ei tidsbegrensa periode ikkje kan gå i ordinær vaktturnus og søker fritak frå dette. Volda har pr. i dag 2 legar med vaktfritak med bakgrunn i alder og sjukdom/belastning.
- Høgt arbeidspress- fleire og fleire oppgåver blir tillagt, og pålagt, fastlegane. Forventningane til fastlegane er høge knytt til bl.a. deltaking i ulike samarbeidsfora og team. Pasientforløp, livsløp, palliasjon.
- Pålagt mykje dokumentasjons- og administrativt arbeid, går utover pasienttid
- Mindre tid til kvar enkelt pasient og pårørande
- Ventetid på ledig time er ofte fleire veker, dette fører ofte til «misbruk» av legevakta
- Frikjøp frå kommunen til kommunale oppgåver som fører til mindre tid på listepasientane på dei enkelte sine lister.
- Arbeidsveker ofte opp i 55 timar, lite tid til fritid og familie.

3. Kommunen:

- Har eit ansvar; i følge fastlegeforskrifta skal kommunen sørge for eit tilstrekkeleg antal legar i fastlegeordninga. Dette knytt opp imot bl. a det å ha eit reelt val av lege som innbyggjar.
- Pasient og brukarrettighetsloven omtalar også retten den enkelte pasient skal ha til å bytte fastlege inntil 2x i året.
- Har tilplikta oppgåver på fleire av fastlegane pr i dag. : 30 % frikjøp knytt til helsestasjonen, 30 % til dagleg leing av legesenteret, 20% til nattlegevaktsjef, 5% til demensteam, 5% til minoritetsteam, 8% til ass. Smittevernlege, 10 % til sjukeheimen og 5 % til rettleiing turnuslege.
Samla: **113% er frikjøp**, dvs over ei 100 % stilling blir slusa inn i kommunale oppgåver.
- Mål i Volda kommune: innbyggjarane skal bu heime lengst muleg, og også ha muligheita til å få døy heime- krev meir også av fastlegane
- I samband med utviklinga av legevakt for Søre Sunnmøre vil det sannsynlegvis bli behov for meir frikjøp om Volda kommune framleis vil vere vertskommune

Det har særleg dei siste tre åra blitt spelt inn i budsjetttrundene at det er høgst reelt behov for ein 0-heimel. En 0- heimel er ein heimel som ikkje har pasientar på lista si når legen startar i heimelen, men blir fylt opp etter kvart. Tiltaket har til no ikkje vorte prioritert i budsjettet. Tilbakemeldinga har vore at det eventuelt må løysast innan for gitte økonomiske rammer. Den demografiske utviklinga medfører auka behov for tenester i helse- og omsorgssektoren, og det har derfor ikkje funne rom for ein ny leigeheimel innanfor sektoren si budsjettramme.

Volda kommune og fastlegane har ein overordna legeavtale der det er nedfelt at alle legane skal ha minimum 1000 pasientar på si liste. Vi har 9 fastlegar, dvs at det er fastlegane teoretisk har 9000 ledige listeplassar. I Volda kommune bur det pr i dag 9102 innbyggjarar. I tillegg har bygda om lag 2 500 studentar knytt til campus. Pr i dag har vi 9710 listeplassar fordi nokon av legane har auka sin kapasitet i samarbeid med kommunen.

17. januar 2018 sende 6 legar inn varsel om reduksjon på 50 pasientar kvar, frå sine respektive lister. Til saman 300 pasientar som blir effektuert i høve til regelverk i juli via Helfo sine sider. Dette var eit klart varsko frå legane om at situasjonen er kritisk og svært uholdbar, og i denne samanheng fekk helse- og omsorgssjefen eit mandat frå rådmannen til å utgreie ei sak om dette for politisk handsaming. Ytterlegare 40 listeplassar blei nyleg varsla inn av ein fastlege. Då er den samla reduksjonen på 340 listeplassar.

Det er fleire viktige moment i denne saka knytt til bl.a legane sine arbeidsforhold og press på fastlegelistene, den kommunale legevakta, rettighetene til pasientar og brukarar av tenesta og det kommunale ansvaret. Alt dette er omhandla i aktuelle lover og forskrifter.

Fastlegeforskrifta omhandlar både fastlegens- og kommunen sine respektive plikter.

https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2012-08-29-842?q=Forskrift%20om%20fastlegeordning%20i%20kommunene*

Formålet med fastlegeordninga er å sikre at alle får nødvendig allmennlegetenester av god kvalitet til rett tid, og at personer busett i Norge får ein fast allmennlege å forhalde seg til. Vidare er det også i kap. 2 «Kommunenes ansvar» § 4 omtala at **kommunen skal sørge for eit tilstrekkeleg antall legar i fastlegeordninga.**

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63/KAPITTEL_8#§7-2 «Pasient og brukerrettighetsloven»- § 2-1 c. *Pasientrettigheter i fastlegeordningen*. Her er det omtala rettighetene til å kunne bytte fastlege 2x i året.

Fastlegane i Volda seier no at dei ikkje har meir å gå på. Dei balanserer på ei knivskarp egg og tilbakemeldingane er at det snart i ferd med å ramle saman. Dei formidlar sterkt at Volda treng ein fastlegeheimel til for å kunne i møtekomme dei lovpågitte krava.

Samhandlingsreforma, Morgendagens omsorg, Primærhelsemeldinga er alle reformer og stortingsmeldingar som krev meir av fastlegefunksjonen. Kvardagsmeistring og det å bu lengst muleg i eigen heim er blant målsettingane i helse -og omsorg. Retten til å døy i eigen heim står også veldig sterkt. Alt dette krev tid og innsats av fastlegane, og det er høge forventingar til kva fastlegane skal bidra med, både blant andre samarbeidspartar, men også overfor brukarar og pårørande.

Fastlegeordninga blir regulert bl. a av Forskrift om fastlegeordning i kommunene, SFS 2305 Sentral forbundsvis særavtale mellom KS og Den norske legeforening om vilkår for leger og turnusleger i kommunehelsetjenesten med arbeidsavtale, herunder leger i fastlegeordningen,

ASA 4310-Rammeavtale mellom KS og Den norske legeforening om allmennlegepraksis i fastlegeordninga i kommunene.

Inn under her kjem tilplikting av kommunale oppgåver opptil 20% pr. fastlegeheimel, som kommunen står fritt til. Men dette igjen går utover handteringa av fastlegelista. Fastlegeavtalen regulerer også antall pasientar på ei fastlegeliste. Minimum 500 pasientar og maksimum 2500 pasientar. I Volda har vi også ein overordna legeavtale som skal sikre den enkelte lege min 1000 pasientar på lista.

Saka om ny legeheimel har tidlegare vore presentert i THO, tenesteutvalet for helse- og omsorg, som ei orienteringssak.

Nasjonale prosessar

Stortinget har vedteke at fastlegeordninga skal evaluerast. Dette arbeidet er oppstarta og er i gang. Det har vore ein del fokus i media på arbeidspresset og nye oppgåver som vert lagt på fastlegane, og oppgåver som bind opp tid på bekostning av kurativ verksemd. Mange kommunar slit med å rekruttere fastlegar. Finansieringa av ordninga er regulert i sentrale særavtalar, men ein nyleg framlagt forskingsrapport tinga av KS viser at norske kommunar subsidierer fastlegene med om lag 400 mill. kroner utover dei sentralt fastsette finansieringsordningane.

<http://www.ks.no/fagomrader/helse-og-velferd/helse-og-omsorg/kommunale-helsetjenester/kommunene-subsidierer-fastlegeordningen/>

I Volda har vi så langt hatt ei oversiktleg og godt dreve legeteneste, og kommuna har lave utgifter knytt til denne tenesta. Dette er ikkje lenger sjølv sagt med det nasjonale fastlegeopprøret og kommunen er nødt til ta høgde for dette og ruste seg for å sikre ei god legeteneste også i framtida. Den nasjonale tendensen er bl. a rekrutteringsvanskar til fastlegeheimlar på grunnlag av ugunstige rammebetingelsar for legane.

Kommunesamanslåinga

I samband med kommunesamanslåingsprosessen for Volda-Hornindal, og dei eventuelle vekselverkandane denne samanslåinga kan ha, har det vore eit dialogmøte mellom legetenesta og administrasjonen i Hornindal og Volda, 19.03.18. Det blei på dette møtet omdiskutert både fastlegeressurs i Volda, legevaksordning og den føreståande kommunesamanslåinga. Det var på dette møtet semje om at Hornindal ikkje kan løyse fastlegekrisa til Volda, og at **nærheit til tenesta er viktig**. Det kom også innspel om **å tenke langsiktig og at ein 0- heimel løyser det som er på kort sikt**. For å vurdere og sjå på korleis dei samla legeressursane i NyeVolda bør utnyttast på ein best mogeleg måte vidare bør det utarbeidast ein plan for legetenesten i samband med kommunesamanslåinga. I utarbeiding av planen bør ein sjå til KS FOU rapport: Kommunal legetjeneste – kan den ledes

<http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/fou/fou-rapporter/kommunal-legetjeneste---kan-den-ledes/>

Helse og miljøkonsekvensar

At ein har ei god legedekning gjer at innbyggjarane kjenner seg sett og ivaretatt i forhold til dei helseutfordringane den enkelte måtte ha, noko som i seg sjølv er helsefremjande. Legane får anledning til å jobbe på ein meir målretta og konstruktiv måte, og i møtekomme dei krava dei står ovanfor.

At kommunen har ei god nok legedekning fremjar også omdømebygginga for kommunen som det å vere ei god kommune å bu og leve i, og kan i så måte ha ringverknadar på fleire område.

Økonomiske konsekvensar:

Hovudmodellen for drift i fastlegeordninga er basert på privat næringsdrift finansiert gjennom listepasienttilskot (basistilskot per person på lista, utbetalt frå kommunen), folketrygdrefusjon (statleg) og eigenandelar frå pasientar. Kommunen og legen kan også avtale fastlønn, dette har vore ei moglegheit i avtaleverket sidan 1984.

Om ein fastlege er tilsett i kommunen, skal det ikkje utbetalast basistilskot til legen. Inntekta som legen då får frå eigenbetalingar og refusjonar går til kommunen. Alle utgiftene til drift av kontoret er då kommunen ansvarleg for.

Rekruttering til fastlegeheimlar har vist seg å vere vanskeleg i utkant Norge i lenger tid. Dei to siste åra har også rekrutteringa vore vanskeleg i sentrale byar. Regjeringa har derfor sett i gang fleire tiltak, blant anna ei evaluering av ordninga og forsøkt med fastløna utdanningsstillingar.

Kommunen har gjennom «forskrift om kompetansekrav for leger i den kommunale helse og omsorgstjenesten» fått større ansvar for utdanning av spesialistar i allmennmedisin og samfunnsmedisin. Kommunen må blant anna søke godkjenning som utdanningsinstitusjon og lage individuelle utdanningsplanar for alle legar som blir tilsette utan spesialistgodkjenning etter 1.mars 2019. Læringsmåla utdanningsstillingane skal oppnå blir snart klare.

ALIS vest er eit prosjekt der ein tilbyr utdanningsstillingar med fastlønn i Hordaland. Prosjektet blir også følgd med følgeforskning frå Nasjonalt distriktmedisinsk senter. Resultata så langt viser at ein nyutdanna lege ikkje bør ha meir enn 700 pasientar på fastlegelista for å få ei god mestring i jobbkvardagen.

Volda kommune har så langt ikkje hatt utfordringar med rekruttering og vi vil derfor i første omgang forsøkte å få ein ny fastlege til dei same vilkåra som dei eksisterande fastlegane har. Om dette viser seg å vere vanskeleg, vil dette bli vurdert på nytt. Om ei omgjering av stillinga til fastløna utdanningsstilling får økonomiske konsekvensar utover det som blir skissert her, vil det kome ei eiga sak om dette.

Avtalen i Volda er basert på hovudmodellen med næringsdrift sjølv om det er kommunen som driftar legekantoret. Kostnaden for ein ny heimel kjem derfor fram av gjeldande avtaleverk. Kommunen må i samband med kommunesamanslåinga sjå på denne avtalen på nytt på grunn av skilnader mellom Volda og Hornindal.

I følgje sentral avtale skal altså kommunen betale ein fast sum, basistilskot til fastlegane per innbyggjar på lista.

Utover denne sentrale avtalen har Volda kommune ei overordna avtale med fastlegane i kommunen. I følgje den overordna legeavtalen mellom fastlegane og Volda kommune skal den enkelte lege ha minimum 1000 pasientar. Vidare står det i avtalen at om ein lege har mindre enn 1000 pasientar skal kommunen over ei to årsperiode betale for differansen mellom reell liste og 1000 pasientar. Etter to år skal kommunen betale 80% av differansen. Dette punktet kom inn i avtalen fordi kommunen ville sikre at legane ikkje hadde mindre enn 1000 personar på lista. Med den endra arbeidsmengda primærhelsetenesta har fått etter samhandlingsreforma bør dette punktet særleg sjåast på nytt i samband med reforhandlingar av avtalen.

Pr. capita tilskotet er pr. i dag 486,- pr. pasient pr. år.

Behovet no er ein 0 heimel. Det vil seie at det står 0 pasientar på denne lista og lista fyller seg opp etterkvart.

Utfordringa med ein 0 heimel er bl.a den økonomiske usikkerheita for fastlegen og kommunen. Og det kan også av den grunn vere utfordrande med rekruttering av fastlege.

For å hjelpe kommunen til å gi innbyggjarane tilbod om allmennlegeteneste og redusere usikkerheita til kommunen i eit stort gap mellom faktisk listestørrelse og 1000, har fastlegane i Volda gått med på at kommunen får opprette heimelen inntil tre månadar før ny lege startar i jobben.

Det er grunn til å tru at ein ny liste i ei slik pressa situasjon som no vil fylle seg relativt for opp til 400-500 listepasientar. Nokre av desse vil kome frå dei andre fastlegelistene, medan resten vil vere nyttilflytta som studentar. Om kommunen tilbyr fastlegeplassar til innbyggjarar som er registrert busette i andre kommunar i Norge, får kommunen refundert basistilskotet for desse listeinnbyggjarane. Sidan kommunen allereie tilbyr fastlegeplassar til fleire enn det som er registrert som innbyggjarar i kommunen, vil det som kjem som ein auke utanfrå ikkje gi auka utgifter for Volda kommune. Den faktiske auken i utgifter for Volda kommune vil vere å betale basistilskotet for intervallet mellom tal på listepasientar og grensa på 1000. Sannsynlegvis vil derfor dette tiltaket gi kommunen om lag 250 000 kr i nye utgifter neste år.

Dei vidare utgiftene til fastlegetenesta etter 2019 vil vere avhengige av kva avtale ein får med fastlegane etter reforhandling av avtalen i samband med kommunesamanslåinga.

Kommunen har ståande disponible pengar på prosjekt 411550: Rekruttering av fastlegar og kvalitetsheving. Etter samtale med økonomisjefen står det pr. i dag omlag 180 000 kr i restmidlar på dette prosjektet. Desse kan nyttast inn mot den nye 0-heimelen i 2019. På samarbeidsmøte med legane, 22.08.18, blei det også gitt klare signal frå fastlegane på at det kan frigjerast kommunale oppgåver som allereie er tilplikta i størrelsesorden 15-20%. Dette vil igjen lette den økonomiske byrda for kommune i 2019, då dette er pengar som allereie er budsjettert med. Ein ny lege vil også få ein nomadetilvere til ombygginga av legesenteret står ferdig i 2019-2020. Dette er legane på Volda legesenter imøtekomande på å løyse innanfor den gitte tidsramma.

Legetenesta Volda har også ei gjesteinnbyggjarliste som bringer inn pr i dag om lag 200 000 kr til kommunen. Dette er personar som har bustadadresse i ei anna kommune, men fastlege i Volda. Bustadkommuna må då betale refusjon for denne til personen til vertskommuna. Dette oppgjeret finn ein på Helfo sin sider.

Beredskapsmessige konsekvensar

Det blir fleire legar som kan vere med i den kommunale legevakta, og på den måte blir ikkje vaktbelastninga so stor. Det blir også fleire inn i det interkommunale nattlegevaktssamarbeidet.

VURDERING OG KONKLUSJON

Ut frå dagen situasjon er det eit stort behov for ein ny legeheimel i Volda kommune. Slik tenesta er no får innbyggjarane får ikkje det tilbodet dei lovmessig har krav på, det er høg arbeidsbelastning og slitasje på legane og kommunen ivaretek ikkje det pålagde ansvaret den har.

Så langt er det vurdert slik at dette ikkje kan løysast ved eventuelt samarbeid med Hornindal kommune. Det er viktig med nærleik til innbyggjarane. Den nye kommunen trår ikkje i kraft

før 2020, og det vil vere ein del virkemiddel ein ikkje rår over før ein er ein samla kommune som også kan sjå heilskapleg på legedrifta. Det er på gang ei ekstern konsulentutgreiing som skal kartleggje noverande situasjon og vurdere potensialet for synergjar med kommunesamanslåinga innanfor helse- og omsorgstenestene. Rådmannen meiner det er for tidleg å slå fast at det ikkje vil vere synergjar også i legetenesta før dette er endeleg utgreidd.

Rådmannen meiner det er viktig at kommunen tek ansvar for å syte for at innbyggjarane er sikra tilstrekkeleg legeteneste. Vidare bør ein i eit langsiktig perspektiv sjå på synergiane for samla utnytting av legekapasitet ved to legekontor i den nye kommunen.

Dei økonomiske konsekvensane i 2019:

- Opprettar 0-heimel før tildeling av heimel: forventet oppfylgging av pasientar før ei evt. tildeling, kring 400-500. Dette er truleg pasientar som er i systemet frå før og vil ikkje vere auke i utgift for kommunen knytt til legeheimelen. Rekna til å utgjere kring: 2-250 000 kr basert på pr.capita.
- Det er disponible pengar på ein prosjektkonto knytt til rekruttering av fastlegar og kvalitetsheving: 180 000 kr
- 15-20 % friggitt tilplikta oppgåver- allereie eksisterande oppgåver med påfølgande utgifter.

	2018	2019	2020
Basistilskot	Liste under opparbeiding. Listetak 1000 pas.	250 000,-	
Prosjektmidlar		180 000,-	
Reforhandling av overordna legeavtale	Oppseiing 31.12.18 1 års frist	Reforhandling	Iverksetting av ny avtale
Utviding legesenter	Planlegging	Planlegging-utføring	Ferdigstilt
Sum utgifter til ny heimel	0,-	70 000- 100 000,-	250 000-500 000,-*

*dette talet avheng bl.a av kor mange pasientar som allereie er i systemet som har bytta fastlege, kor mange frå andre kommuner som vel fastlege i Volda, og utløyser gjesteinnbyggartilskot. I tillegg er det reforhandling av legeavtalen der utfallet er svært uvisst då det er ulike avtalar i Hornindal og Volda.

Rune Sjurgard
Rådmann

Svein Berg-Rusten
Helse- og omsorgssjef



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Svein Berg-Rusten

Arkivsak nr.: 2018/1975

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
174/18	Formannskapet	20.11.2018
127/18	Kommunestyret	29.11.2018

FLYTTING AV INVESTERINGSMIDLAR

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot svara på spørsmål frå formannskapet.

Røysting (8 røysteføre):

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 20.11.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret går inn for at ubrukte investeringsmidlar kr 3.200.000,- kan flyttast frå prosjekt Øyra skule og prosjekt velferdsteknologi, for å finansiere innkjøp av ny buss til helse- og omsorgssektoren med kr 800.000,- eks mva og takmonterte personheiser i 2 etg. ved omsorgssenteret med kr 2.400.000 eks mva.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret går inn for at ubrukte investeringsmidlar kr 3.200.000,- kan flyttast frå prosjekt Øyra skule og prosjekt velferdsteknologi, for å finansiere innkjøp av ny buss til helse- og omsorgssektoren med kr 800.000,- eks mva og takmonterte personheiser i 2 etg. ved omsorgssenteret med kr 2.400.000 eks mva.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Kommunestyret har for fleire år sidan løyvd investeringsmidlar til innkjøp av ny buss til helse- og omsorgsavdelinga og installasjon av takmonterte heiser i 2 etg på omsorgssenteret, utan at dette har vorte kjøpt inn. Grunnane til det er fleire. Når midlane ikkje har vore nytta, har dei blitt overført til neste års investeringsbudsjett.

Utan at helse- og omsorgssektoren var merksam på dette, vart løyvingane ikkje vidareført under budsjetthandsaming til 2018, samstundes starta sektoren arbeidet med å skaffe både buss og takheiser.

Sektoren har tidlegare fått påpeiking av formannskapet mellom anna for ikkje å ha skaffe velbuss har det også vore tatt av gjennom vernetenesta at fråvær av buss gjer arbeidskvardagen ekstra krevjande for sjåfør. Det er og lite effektivt å ha dårleg transportkapasitet når fleire personar har behov for transport.

Saksopplysningar/fakta:

Då institusjonen vart planlagd og til slutt stod ferdig i 2004, tenkte ein at det var tilstrekkeleg å montere takheiser berre i 3 etg. Det var der ein såg føre seg at bebuarar med behov for løftehjelp kom til å få. Utviklinga har vist at behovet for slikt utstyr også oppstår i andre etg. Mange bebuarar der kan også ha store forflyttingsvanskar og belastninga på personellet vert unødig stort om ein ikkje har tilgjengeleg løfteutstyr.

Vi har løyst dette ved å nytte mobilt løfteutstyr, men dette er ikkje så godt som fastmontert utstyr, det tek tid og gå rundt i etasjen og leite etter utstyret og det er ikkje like trygt å bruke dette som det fastmonterte.

Dette er ei stor anskaffing som har vore ute på Doffin, og der sektoren har kjøpt anskaffingshjelp med ei konsulentfirma. Det var to tilbydarar på denne anskaffinga. Det var tidlegare løyvd 3 mill til denne anskaffinga, men etter at utlysing og tilbod har kome inn, ser ein at anskaffinga er om lag 1 mill rimelegare enn tidlegare stipulert, men noko konsulenthonorar kjem i tillegg, så ein treng ei løyving på om lag 2,4 mill. til dette

Når det gjeld bussen venta sektoren svært lenge med å avhende den gamle, raude bussen. Mot slutten gjorde denne knapt tenesta si, ofte var den ute av drift. Etter at det vart løyvd midlar til å kjøpe inn ein ny, var det ingen av innkjøpsmiljøa som vart kontakta som ville hjelpe til med denne enkeltanskaffinga. I mellomtida har sektoren delvis klart å løyse transportbehov med å bruke ein Caddy vi eig, men dette har vore ei naudløysing. I tillegg til at ein god del køyring ikkje vert effektiv fordi der er avgrensa med plass, vert matutkøyring ei stor ekstrabelastning for sjåfør og den vert meir tidkrevjande å utføre. Situasjonen har ikkje vore god. Når ein etter kvart kjem over på dagleg utkøyring når produksjonen endrar til varmmatlevering, kan ein basere transporten med det utstyret vi har i dag.

I ventetida har nokre retningslinjer for institusjonsbuss endra seg. No kan kommunen kjøpe buss, men få denne nedgradert til 9 seter, plass til to rullestolar, få stor baklift på den og få fritak for eingongsavgifta. Dette gjer at prisnivået har endra seg til fordel oss og at vi dermed også kjem utanfor utlysing på Doffin. Vi har fått innhenta prisar frå tre ulike merker og har ein klar ide på kva vi vil bestille så snart ein har midlar til innkjøpet.

Etter at tematikken om kva kan vi gjere for å skaffe finansiering, har ein sett på om nokon av eksisterande investeringsprosjekt har midlar som ikkje vert brukte. På spørsmål til

eigedomssjefen, vert det opplyst at prosjekt Øyra skule har unytte midlar som kan flyttast over for å finansiere dei takmonterte heisene i 2etg.

Prosjekt velferdsteknologi har ikkje gjort så store investeringar i år som ein hadde forventa. Det vil bli kjøpt inn ca 150 tryggleiksalarmar litt seinare i år, men deler av løyvinga kan flyttast over for delfinansiering av bussen

Vurdering og konklusjon:

Både tiltaka er viktige med tanke på å førebygge sjukefråvær. Både tiltaka vil også vere med å nytte personressursar meir effektivt, noko som er viktig når arbeidsmengd er aukande. Då må ein finne løysingar som gjer arbeidet lettare og meir effektivt. Flyttinga av midlane vil ikkje utvide kommunens låneramme, men utnytte den ramma som er sett av til lån.

Helse og miljøkonsekvensar:

Både tiltaka vil lette arbeidskvardagen for dei tilsette. Å legge til rette arbeidet for å redusere moglegheita for å påføre seg skade/ sjukefråvær, er ei god investering og eit viktig middel for trivsel på arbeidsplassen. Det vil og medføre betre utnytting av personalressursen.

Økonomiske konsekvensar:

Det skal ikkje vere naudsynt å utvida vedteken låneramme for kommunen, berre å omdisponere midlar frå andre prosjekt som har vore rimelegare enn løyving som er gitt.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert i denne saka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Svein Berg-Rusten
Helse- og omsorgssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2018/2054

Arkivkode: A20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	21.11.2018
128/18	Kommunestyret	29.11.2018

SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE - HØYRING

Handsaming:

Røysting:

Tilråding/ Vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedleggsliste:

Skulekrinsar i Volda kommune – høyring.
Høyringsnotat.

Samandrag av saka:

Det vert vist til vedlegga: Skulekrinsar i Volda kommune – høyring og høyringsnotat.
Kommunestyret vert bedne om å kome med høyringsfråsegn i saka.

Rune Sjurgard

Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Oppvekstsjefen



Høyringspartar

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/2054	15219/2018	A20	OPP/ PERKON	03.11.2018

SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE - HØYRING

Viser til vedlagt høyringsnotat.

Det er vedteke grensejustering som inneber at grunnkrinsane Bjørke og Viddal i Ørsta kommune skal høyre til nye Volda kommune. Det inneber at det må takast stilling til kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til i den nye kommunen

Saka kan få konsekvensar for tidlegare Austefjord skulekrins, og på den måten Stor-Øyra skulekrins som no omfattar Austefjorden. Aktuelle grendalag i Austefjorden vil difor bli bedne om å kome med sine synspunkt saman med grendalag i Bjørke, Viddal og Hornindal. SU og FAU ved Austefjord og Hornindal skular vil saman med SU og FAU ved Volda ungdomsskule også bli bedne om å kome med sine synspunkt. Kommunestyra vil også bli bedne om ein uttale i saka.

Ein finn at saka i liten grad vedkjem grendautval i Volda sentrum, og finn det difor ikkje formålstenleg å involvere dei i høyringa.

Saka skal følgje sakshandsamingsreglane slik dei kjem fram i rundskriv Udir-2-2012 *Behandling av saker om skolenedlegging og kretsgrenser*.

Etter at høyringsfristen er ute, vil administrasjonen fremje sak for fellesnemnda for nye Volda kommune med tilråding om kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til, og sak om forskrift om skulekrinsgrenser vil bli lagt fram for fellesnemnda.

Høyringsfristen vert sett til 07.01.2019. Uttalar skal merkast med saksnr 2018/2054.

Med helsing

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
kommunalsjef oppvekst

Vedlegg:

1 Høyringsnotat - skulekrinsar i nye Volda kommune
Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Høyringsnotat

SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE

1. Innleiing

Det er vedteke grensejustering som inneber at grunnkrinsane Bjørke og Viddal i Ørsta kommune skal høyre til nye Volda kommune. Det inneber at det må takast stilling til kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til i den nye kommunen

Skulekrinsar er eigd og vert forvalta av kommunen. Når kommunar slår seg saman, må skulekrinsane få nye namn viss det er naudsynt. Grunnkrinsar bør ligge til grunn, men det er ikkje eit krav. Det er vanleg at fleire grunnkrinsar utgjer ein skulekrins.

Ved kommunesamanslåing vil den største kommunen behalde sine grunnkrinsnummer –og namn. Den mindre kommunen vert tildelt delområdenummer som fyl etter numra i den største kommunen.

Oppretting av ein ny skulekrins som inkluderer Bjørke og Viddal får ingen konsekvensar for skulekrinsane Lid/Mork, Folkestad og Dalsfjord/Ulvestad.

Saka kan få konsekvensar for tidlegare Austefjord skulekrins, og på den måten Stor-Øyra skulekrins som no omfattar Austefjorden. Aktuelle grendalag i Austefjorden vil difor bli bedne om å kome med sine synspunkt saman med grendalag i Bjørke, Viddal og Hornindal. SU og FAU ved Austefjord og Hornindal skular vil saman med SU og FAU ved Volda ungdomsskule også bli bedne om å kome med sine synspunkt.

Ein finn at saka i liten grad vedkjem grendautval i Volda sentrum, og finn det difor ikkje formålstenleg å involvere dei i høyringa.

Saka skal følgje sakshandsamingsreglane slik dei kjem fram i rundskriv Udir-2-2012 *Behandling av saker om skolenedlegging og kretsgrenser*.

Etter at høyringsfristen er ute, vil administrasjonen fremje sak for fellesnemnda for nye Volda kommune med tilråding om kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til, og sak om forskrift om skulekrinsgrenser vil bli lagt fram for fellesnemnda.

2. Bakgrunn

I dag er det fire skulekrinsar i Volda kommune:



- Nr 1 Lid/Mork skulekrins (ungdomsskuleelevar i krinsen går på Volda ungdomsskule)
- Nr 2 Stor-Øyra skulekrins (Austefjord skulekrins innlemma i Stor-Øyra etter vedtak i kommunestyret 30.01.14)
- Nr 4 Folkestad skulekrins
- Nr 5 Dalsfjord/Ulvestad skulekrins

Hornindal kommune er sett saman av grunnkrinsane Haugen, Kirkhorn, Grodås, Kjøs, Otterdal, Lødemel og Rygg. Desse grunnkrinsane utgjer Hornindal skulekrins.

Basert på munnlege kjelder, opplyser rådmannen i Hornindal at siste regulering av skulekrinsgrenser i Hornindal vart gjennomført i 1963. Då vart alle krinsar samla til ein skulekrins, men av praktiske omsyn, vart elevane fordelte på to ulike skulebygg. Den ordninga heldt fram til nytt skulebygg stod klart i 1975.

Innanfor Stor-Øyra skulekrins er det ikkje faste opptaksgrenser mellom dei fire barneskulane i krinsen: Øyra, Bratteberg, Vikebygda og Austefjord skular.

I intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda kommunar heiter det mellom anna:

Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule

3. Lovheimel for å opprette skulekrins

I opplæringslova § 8-1 første ledd og andre punktum heiter det:

Grunnskuleelevar har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.

Skulekrinsgrenser gir oversikt over kva for område i kommunen som soknar til kva for skular. Lova gir kommunen rett til å velje om den vil nytte seg lovheimelen til å utarbeide forskrifter om skulekrinsgrenser. Denne lovheimelen er gitt for å kunne gjere det føreseieleg for innbyggjarane i kommunen, og er særleg viktig for foreldre og elevar. Vidare styrer det den kommunale sakshandsaminga ved tildeling av skuleplass og den sikrar likehandsaming.

Forskrift om skulekrinsgrenser skal vere ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den enkelte elev i kommunen. Det ligg ikkje innanfor det kommunale handlingsromet eller sjølvstyre å fastsetje forskrifter i strid med nærskuleprinsippet.

Forskrifter om skulekrinsgrenser er likevel ikkje til hinder for at det kan søkast om å gå på annan skule enn nærskulen. Så lenge dei føresette tek hand om evt skyss, og det ikkje påfører kommunen ekstra kostnader på andre måtar, har slike søknader til vanleg vorte imøtekomne i Volda kommune.

Nokre kommunar har valt ikkje å gje forskrifter om skulekrinsgrenser i det heile.



4. Mynde til å ta avgjerd i fastsetjing av forskrift til skulekrinsgrenser

Fellesnemnda skal samordne og ta seg av førebuinga med samanslåinga for nye Volda kommune. Utover dei lovbestemte oppgåvene for fellesnemnda (fastsett i inndelingslova § 26), kan kommunestyra fastsetje andre arbeidsoppgåver og fullmakter for fellesnemnda i reglement/vedtekter/forskrifter. Fastsetjing/ending av skulekrinsgrenser i ny kommune er ei av mange naudsynte førebuingar for ny kommune og kan slik sett naturleg høyre til under dei oppgåvene som fellesnemnda skal løyse.

Reglement/vedtekt for fellesnemnda til nye Volda kommune seier ikkje spesifikt om fastsetjing av nye skulekrinsgrenser. Spørsmålet blir då kor vide fullmakter kommunestyra har meint å gje fellesnemnda.

Fellesnemnda har fått fullmakt til å «*Gjere vedtak om andre spørsmål som er knytt til samanslåingsprosessen og tilhøve som gjeld ny kommune*». Vedtak om skulekrinsgrenser må kunne seiast å vere ei sak knytt til samanslåingsprosessen, og at fellesnemnda med det har fullmakt til å ta avgjerd.


Administrasjonen finn det likevel naturleg at kommunestyra er høyringsinstansar i saka.

Viss ein vurderer at avgjerdsla ligg utanfor fullmaktene til fellesnemnda, må kommunestyra fatte likelydande vedtak.

4. Administrasjonen sine framlegg

Når det skal takast stilling til kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til, ser administrasjonen følgjande alternativ som aktuelle:

1. Det vert oppretta ein ny skulekrins som inkluderer tidlegare Austefjord skulekrins, Hornindal, Bjørke og Viddal.



Austefjord, Bjørke, Viddal, Hornindal



Ein ville då ha ein skulekrins med to skular: Austefjord skule og Hornindal skule.

For barneskuleelevane ville det være nærskuleprinsippet som avgjer kva for ein skule dei har rett til å gå på, medan ungdomsskuleelevane i krinsen ville ha Hornindal skule som sin nærskule.


Ungdomssteget ved Austefjord skule er nedlagt, og elevane går no på Volda ungdomsskule. Viss ein opprettar ein skulekrins som skissert her, vil Hornindal skule vere nærskulen til ungdomsskuleelevane frå Austefjorden frå hausten 2020. Det ville vere naturleg at dei elevane som har starta på Volda ungdomsskule får gå ferdig ungdomsskulen der.

Dette forslaget er i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunane.

Så lenge det er drift ved Austefjord skule, vil det i liten eller ingen grad endre kva som er nærskulen til barneskuleelevane, og det vil slik ikkje endre elevgrunnlaget til Austefjord og Hornindal skular. Foreldra på Bjørke og Viddal har tidlegare teke det standpunktet at dei ynskjer Hornindal skule som nærskule.

Dette alternativet vil få konsekvensar for ungdomsskuleelevane i tidlegare Austefjord skulekrins. Det vil definere Hornindal skule som nærskulen for ungdomsskuleelevane. Elevgrunnlaget til ungdomssteget i Hornindal vil på denne måten bli styrka.

2. Bjørke og Viddal vert teke inn i Stor-Øyra krins. Hornindal vil då vere eigen skulekrins. For høvesvis barneskule og ungdomsskuleelevane frå Bjørke og Viddal vert Austefjord skule og Volda ungdomsskule nærskulen for elevane.






VOLDA KOMMUNE Oppvekst

I 2008 vart det inngått avtale mellom Volda og Ørsta kommunar om undervisning av elevar frå Bjørke ved Austefjord skule, ein avtale som var gjeldande fram til 2018. Ørsta kommune har, etter ynskje frå foreldra i Bjørke-området, inngått avtale med Hornindal kommune om grunnskuleopplæring for elevane. Ørsta kommune la vekt på at foreldra ynskjer eit heilskapleg løp frå barnehage og ut grunnskulen på lik linje med born frå Hornindal krins.

Avstanden frå Bjørke til Hornindal er om lag 20 km, medan det frå Bjørke til Austefjorden er 17,5 km. I lys av den totale lengda, vurderer administrasjonen at differansen ikkje kan vektleggast. Med andre ord er det ikkje denne faktoren som avgjer kva som vert å sjå på som nærskulen til barneskuleelevane frå Bjørke og Viddal. Avstanden til Volda ungdomsskule vil derimot bli lenger enn til Hornindal skule, og det kan difor med rette stillast spørsmål ved om dette forslaget om kringsgrense kan seiast å vere ein funksjon av nærskuleprinsippet.

I administrasjonen si tilråding vil foreldra sitt ynskje om eit heilskapleg løp frå barnehage og grunnskule i Hornindal verte vektlagt.

3. Kalvatn grunnkrins, Bjørke, Viddal og Hornindal som ein skulekrins. Hornindal skule vert då nærskulen for elevane.



Kalvatn/Hornindal/Bjørke/Viddal


Legg ein geografien til grunn, kan det vere nærliggande å vurdere dette alternativet som naturleg. Også med omsyn til skuleskyss kan dette vere eit alternativ som legg til rette for rasjonelle løysingar.



På same tid er avstanden til Austefjord skule kortare for elevar i Kalvatn krins enn til Hornindal skule, sjølv om det i transport- og ventetid truleg ikkje vil utgjere ein vesentleg skilnad.

Når elevane vert ungdomsskuleelevar vil avstand og reisetid bli vesentleg kortare til Hornindal skule enn Volda ungdomsskule.

4. Hornindal, Bjørke og Viddal som ein skulekrins. Hornindal skule vert nærskulen for elevane i krinsen.



Hornindal/Bjørke/Viddal

Etter ynskje frå foreldra, kjøper Ørsta kommune i dag skuleplass i Hornindal for elevane frå Bjørke og Viddal. Det er rimeleg å anta at foreldra ynskjer Hornindal skule som nærskule i den nye kommunen.



5. Høyrinsinstansar

Jfr rundskriv Udir-2-12, vert følgjande instansar bedne om å uttale seg i saka

- Grendautval i Hornindal
- Grendautval i Bjørke og Viddal
- Grendautval i Austefjorden
- Volda kommunestyre
- Hornindal kommunestyre
- FAU og SU ved Hornindal skule, Austefjord skule og Volda ungdomsskule
- Elevråda ved Hornindal skule, Austefjord skule og Volda ungdomsskule
- Utdanningsforbundet i Hornindal og Volda
- Fagforbundet i Hornindal og Volda
- Møre og Romsdal fylkeskommune – samferdsleavdelinga

Andre som ynskjer å uttale seg i saka vil også bli hørte.

6. Høyringsfrist

Høyringsfristen vert sett til **07.01.2019**

Høyringssvar skal merkast med saksnr 2018/2054, og sendast til
postmottak@volda.kommune.no eller

Volda kommune
Postmottak
Stormyra 2
6100 Volda

Volda, 3. november 2018

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
kommunalsjef oppvekst



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2018/582
		Arkivkode:	023

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
160/18	Formannskapet	30.10.2018
129/18	Kommunestyret	29.11.2018

SØRE SUNNMØRE TINGRETT - DOMSTOLGRENSER

Handsaming:

Arild Iversen kom med slikt framlegg:

- Kommunestyret i Volda aksepterer ikkje at Justisdepartementet framskundar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing med frist allereie i oktober 2019. Vi krev at kommisjonen skal fylgje det vedtekne mandatet og framdriftsplanen frå 2017 og legg fram ein samla innstilling i august 2020.*
- Volda kommune opplever at Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen på denne måten overstyrer prosessen slik at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.*
- Kommunestyret syner vidare til statsministeren sin uttale i samband med regjeringserklæringa om spreining av makt og mynde, og at potensialet for utvikling skal ivaretakast i alle delar av landet- i distriktet og i byar.*
- Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle i heile "Eiksundregionen" og i delar av Nordfjord ved:*
 - God tilgang på kvalifisert arbeidskraft.*
 - Utgangspunkt for eit juridisk kompetansemiljø i vekst- jfr uttale frå advokatar i regionen*
 - Positive ringverknader for offentleg og privat næring i regionen og dermed tilflytting og busetnad*
 - Tingretten yter gode tenester med nærleik til brukarar gjennom kort reiseveg og god lokalkunnskap. Dette er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitner, partar og politiet. Kort reiseveg reduserer reisekostnader. Sentralisering med auka reiseveg for alle vil vere ei miljømessig ulempe.*
- Evaluering frå 2010 i samband med tidlegare strukturendring av domstolane dokumenterer ikkje innsparing. Sentralisering vil skyve kostnader over på brukarane.*
- Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.*
- Ny domstolstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.*
- Eventuelle samanslåingar eller felles leiing av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.*

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Arild Iversen. Framlegget frå Arild Iversen vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 30.10.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret i Volda aksepterer ikkje at Justisdepartementet framskundar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing med frist allereie i oktober 2019. Vi krev at kommisjonen skal fylgje det vedtekne mandatet og framdriftsplanen frå 2017 og legg fram ein samla innstilling i august 2020.*
- 2. Volda kommune opplever at Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen på denne måten overstyrer prosessen slik at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.*
- 3. Kommunestyret syner vidare til statsministeren sin uttale i samband med regjeringserklæringa om spreining av makt og mynde, og at potensialet for utvikling skal ivaretakast i alle delar av landet- i distriktet og i byar.*
- 4. Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle i heile "Eiksundregionen" og i delar av Nordfjord ved:*
 - a. God tilgang på kvalifisert arbeidskraft.*
 - b. Utgangspunkt for eit juridisk kompetansemiljø i vekst- jfr uttale frå advokatar i regionen*
 - c. Positive ringverknader for offentleg og privat næring i regionen og dermed tilflytting og busetnad*
 - d. Tingretten yter gode tenester med nærleik til brukarar gjennom kort reiseveg og god lokalkunnskap. Dette er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitner, partar og politiet. Kort reiseveg reduserer reisekostnader. Sentralisering med auka reiseveg for alle vil vere ei miljømessig ulempe.*
- 5. Evaluering frå 2010 i samband med tidlegare strukturendring av domstolane dokumenterer ikkje innsparing. Sentralisering vil skyve kostnader over på brukarane.*
- 6. Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.*
- 7. Ny domstolstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.*
- 8. Eventuelle samanslåingar eller felles leiing av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.*

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til saksutgreiinga under og krev;

- 1. Nei til raskare avklaring av ny domstolsstruktur. Kommisjonen skal fylgje det vedteke mandatet og framdriftsplan og legge fram ein samla NOU i august 2020.**
- 2. Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.**

3. Ny domstolsstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.
4. Eventuelle samanslåingar eller felles leiing av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.

Vedleggsliste:

- Skriv frå Kvitseid kommune d.s. 09.08.2018 Opprop domstolorganisering og strukturendring m/vedlegg
- Skriv frå div. advokatar d.s. 01.03.2018 vedkomande endring av domstolgrenser.

Uprenta saksvedlegg:

- Evaluering av strukturendringene i førsteinstansdomstolene 06.10.2010.

Samandrag av saka:

Justis- og beredskapsdeptet. har sett ned eit utval som skal greie ut domstolane si organisering. Utvalet skal gje si innstilling til justis- og beredskapsdeptet. innan 11. august 2020. Tidlegare i år bestemte Justisdepartementet at spørsmålet om sjølv **domstolstrukturen** skal lyftast ut i **eigen utgreiing med frist allereie i oktober 2019**.

Rådmannen er svært kritisk til prosessen det no er lagt opp til med å framskande strukturutgreiinga. Dette vil kunne medføre at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.

I tillegg er rådmannen og kritisk til at prosessen om omorganisering ikkje legg opp til å involvere det lokal/regionalpolitiske nivået, då det ikkje berre er dei statlege arbeidsplassane ved Søre Sunnmøre tingrett som ved denne **utgreiinga er sett i spel**, men også i stor grad vilkåra for vekst og utvikling av eit heilskapeleg næringsliv i heile Eiksundregionen. Eg syner i den samanheng til grunngevingane lenger nede i saksutgreiinga.

Saksopplysningar/fakta:

Volda kommune er kjent med at regjeringa i 2017 sette ned eit utval som skal utgreie domstolane si organisering. Utvalet skal gje si innstilling til justis- og beredskapsdeptet. Innan 11. august 2020.

Mandatet var:

- Domstolsoppgåver og organisering
 - Domstolens og dommerens uavhengighet
 - Saksbehandling i ankeinnstans
 - Domstolstruktur

Det har ved fleire høve tidlegare gjort forsøk på strukturendring i domstolorganiseringa. Seinast i 2014 vart det gjort samlokalisering mellom fire tingrettar og jordskifterettar samt samanslåing av seks tingrettar til tre gjennomført.

Det vidare arbeidet med samanslåingar vart stoppa av **Justiskomiteen** sidan det ikkje var Stortingsfleirtal for vidare gjennomføring av prosessen.

Grepet som no vert gjort ved at Regjeringa framskandar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing og legg fram resultatet i 2019, eit år før NOU skal ut på høyring, er **ikkje**

politisk bestemt, og kan tolkast som om Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen ynskjer å overstyre prosessen for å unngå at Stortinget får ei felles sak til handsaming.

Ordføraren har tidlegare i haust saman med ei rekkje andre ordførarar støtta krav om;

- **Nei til raskare avklaring av ny domstolsstruktur. Kommisjonen skal fylgje det vedtekte mandatet og framdriftsplanen, og legge fram ein samla NOU i august 2020.**
- **Ny domstolsstruktur skal handsamast politisk i Stortinget.**

Statlege arbeidsplassar i «Eiksundregionen»

Det vert i ulike samanhengar rettvis påpeika at Volda kommune har ein stor andel offentlege arbeidsplassar. Ser ein derimot på arbeidsmarknad-/pendlingsregionen «Eiksundregionen», ligg denne delen av fylket, med unntak av «Kristiansundregionen» lågt med omsyn til statlege arbeidsplassar i høve til resten av fylket. Samvirket mellom den sterke og viktige maritime næringa på ytre delen av «Eiksundregionen» og industrien i Ørsta på den eine sida og dei offentlege/statlege arbeidsplassane i indre del av regionen (les; m.a sjukehus, Helfø, høgskule, lånekaske, tingrett og jordskifterett) har vore avgjerande for den positive utviklinga som har skjedd i «Eiksundregionen» spesielt etter at Eiksundsambandet kom på plass. Når Møre og Romsdal i tillegg ligg svært lågt med statlege arbeidsplassar i høve til resten av landet vil ein måtte hegne om dei statlege arbeidsplassane ein har og heller kunne ha krav om at fleire vert tilført fylket og regionen. Spesiell når dei arbeidsplassane ein har er svært velfungerande, lette å rekruttere til, kjem godt ut økonomisk og i tillegg er effektive.

	Folketal	Arbeidspl.	Statlege	Del statlege	Arb.ledige*
Eiksundregionen	48 188	22 080	1 357	6 %	3,5 %
Ålesundsregionen	96 889	48 128	4 481	9 %	2,1 %
Moldere regionen	65 303	31 400	3 280	10 %	2,4 %
Kristiansundsregionen	55 894	25 206	1 490	6 %	2,6 %
Sum Møre og Romsdal	266 274	126 814	10 608	8 %	2,5 %
Sum landet	5 258 317	2 591 904	297 875	11 %	2,5 %

Kjelde: SSB
Attraktive byar og
tettstader. M&Rfylke

*1 Sept. 2017 NAV

Søre Sunnmøre tingrett - historisk

Søre Sunnmøre tingrett i Volda har eksistert sidan 1798. Inntil 1967 var rettskrinsen til Søre Sunnmøre tingrett samansett av kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda. I 1967 vart Hareid og Ulstein flytta over til Sunnmøre tingrett sin rettskrins med rettsstad i Ålesund, slik at i dag er det Vanylven, Sande, Herøy, Ørsta og Volda som tilhøyrer vår rettskrins.

Søre Sunnmøre tingrett i dag

I dag er det sju stillingsheimlar i Søre Sunnmøre tingrett. Desse er fordelt på sorenskrivar, 2 dommarfullmektigar og fire sakshandsamarar. Dommarfullmektigstillingane er engasjementsstillingar med maksimalt tre års tilsetningstid (dette er lovregulert).

God tilgang på kvalifisert arbeidskraft – god rekruttering

Søre Sunnmøre tingrett har hatt og har, svært mange søkjarar til ledige stillingar ved embetet, heilt på linje med og også fleire søkjarar enn ved større domstolar i byane.

Då sorenskrivarstillinga vart utlyst i august 2011, var det 15 søkjarar til stillinga. Til samanlikning var det berre fire søkjarar til stillinga som sorenskrivar i landet sin største tingrett,

Oslo tingrett, og berre fem søknader til stillinga som sorenskrivar i Kristiansand tingrett, no i 2018.

Det var 59 s kjarar til ledig sakshandsamarstilling i 2015 og 46 s kjarar til sakshandsamarstillinga som vart lyst ut i 2017.

Vidare har ein i snitt hatt om lag 25 s kjarar p  dommarfullmektigstillingane n r dei vert lyst ut. Dette gjer at ein kan tilsette dommarfullmektigar med relativt lang r ynsle som til d mes advokatar, slik at oppl ringstida vert kort, og slik at dei kan d mme i alle saker dei etter lova har h ve til   d mme i.

Mange av dei som s kjer, er f dd og har vakse opp i regionen og som ynskjer   flytte heim, eller som er sambuar eller gift med nokon som er herifr  og som ynskjer   flytte heim eller har flytta hit.

Dersom ein i kommunane i regionen har eit ynskje om   lokke til seg innbyggjarar med h gre utdanning, vil det   behalde tingretten i Volda kunne medverke til   lykkast med dette. Tingretten p  S re Sunnm re har dei fem siste  ra har hatt tilsette busett i Stryn, Volda,  rsta, Her y, Ulstein og  lesund.

Det er ikkje empirisk grunnlag for   hevde at kvaliteten p  dei tenestane som vert ytt i sm  domstolar, er d rlegare enn i dei st rre og utifr  s kjarmassa til v re ledige stillingar, kan det sj  ut som om vi har vel s  gode kandidatar   velje mellom her i Volda som det dei har i Oslo.

Tingretten som utgangspunkt for lokalt n ringsliv

  vere dommarfullmektig hj  S re Sunnm re tingrett har synt seg   vere eit nyttig springbrett for   starte eigen advokatpraksis etter at dei var endt dommarfullmektig tid. Mange av dei advokatane som arbeider anten i eige firma eller i advokatfirma etablert i Eiksundregionen har vore dommarfullmektigar ved S re Sunnm re tingrett.

Tingretten gjev advokatar og eigedomsmeklarar i rettskrinsen oppdrag som bustyrarar i konkurs og ektefelleskiftesaker og som medhjelparar i tvangssal.

Tingretten er **s leis eit sv rt viktig utgangspunkt** for eit juridisk kompetansemil  og advokatane i rettskrinsen st ttar difor aktivt opp om tingretten. Sj  vedlagde skriv d.s. 01.03.2018.

Etter at Domstoladministrasjonen sitt fors k p    legge ned tingretten i 2015, vart stansa politisk, har det kome til fleire nyetableringar og utvidingar av advokatkontor i rettskrinsen (mellom anna har Judicia opna kontor i  rsta,  verby Gj rtz har utvida i  rsta og Holvik&Angelshaug har etablert seg i Volda).

Det er ofte tilreisande b de advokatar, partar, vitner, sakkyndige og andre akt rar i samband med avvikling av rettssaker. Desse bur p  hotella i rettskrinsen og nyttar seg av dei  vrige servicetilboda vi har som butikkar, cafe, restaurant med vidare.

Det er s leis ikkje berre dei statlege arbeidsplassane ved S re Sunnm re tingrett som ved denne **utgreiinga er sett i spel**, men ogs  i stor grad vilk ra for vekst og utvikling av eit n ringsliv i heile Eiksundregionen. Utviklinga i Eiksundregionen er i stor grad bygt p  eit velfungerande samkvem mellom den maritime n ringa p  ytre delen av «Eiksundregionen» og industrien i  rsta p  den eine sida og dei offentlege/statlege arbeidsplassane i indre del av regionen (les; m.a sjukehus, Helfo, h gskule, l nekaske og tingrett) p  den andre. Avstandane i regionen og

Eiksundsambandet har gjort det mogleg å pendle mellom dei ulike kommunane. Dette har såleis sikra kompetanse både innanfor offentleg og privat næring, og gjort sitt til at m.a. familiar med høg utdanning har kunna flytta attende til regionen og fått arbeid for båe partar.

Kommunen er difor svært kritisk til at prosessen om omorganisering ikkje legg opp til å involvere det lokal/regionalpolitiske nivået, men framskundar strukturutgreiinga og tilsynelatande ynskjer å overstyre prosessen for å unngå at Stortinget får ei felles sak til handsaming.

Nærleik til brukarane

Tingretten har fleire besøkjande kvar dag som kjem innom med spørsmål knytt til skiftespørsmål i samband med dødsfall, som ynskjer rådgiving i korleis ein skal gå fram i sivile saker, notarialtenester eller har andre spørsmål.

Tingretten tilbyr og notarialtenester også til innbyggjarar utanfor rettskrinsen. I ein periode i 2013-2014 førte Søre Sunnmøre tingrett statistikk over kva kommune dei ulike som kom innom for notarialtenestar (ikkje vigslar) budde i. I tillegg til kommunane i rettskrinsen, kom det brukarar frå kommunar i Sogn og Fjordane, somme frå Hareid, og om lag 40% av dei som kom for å få notarialtenester budde i Ulstein kommune.

Notarialtenestar er det einaste området tingretten tilbyr tenestar, der brukarane sjølve kan velje kva for tingrett dei vil oppsøke. Søre Sunnmøre tingrett har såleis godt merka effekten av både Eiksundtunnellen og Kvivsvegen.

Kort reiseveg er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitne og partar. For mange vil det kunne vere ei belastning å møte i retten. Dersom ein i tillegg til dømes må overnatte på hotell eller reise i fleire timar før oppmøtetida, risikerer ein trøtte og uopplagte partar og vitne, noko som vil kunne ha innverknad på forklaringane som vert gitt.

Lokalkunnskap er også nyttig i fleire saker, mellom anna i skjøn der retten vert sett med skjønsmedlemmar frå området, nettopp for å ivareta omsynet til lokalkunnskap.

Offentleg transport er per i dag heller ikkje så godt utvikla i vår del av landet at det vil vere uproblematisk å kome seg tidseffektivt heimafrå og til dømes Ålesund som vil vere alternativet til Volda, frå alle bygder og tettstader i rettskrinsen. Sentralisering av domstolane vil såleis også innebere ein miljømessig ulempe ihft dagens struktur.

Økonomiargumentet

På fleire og fleire område ser ein at staten skal spare på sentralisering og skyve kostnadane over på brukarane. Er det rett at det skal vere slik? Spørsmålet føreset i tillegg at det faktisk er noko å spare på sentraliseringa. Evalueringa frå 2010 som vart gjort av den førre strukturendringa i domstolane, viser vel nettopp at det ikkje er grunnlag for å hevde at strukturendring medfører økonomisk gevinst, tvert i mot. M.a. var kostnader relatert til auka reisetid for aktørar og vitner, miljøeffektar og andre samfunnsøkonomiske kostnader ikkje teke med i den evalueringa. Ei sentralisering vil i alle høve skyve kostnadene over på brukarane.

Fråsegn frå div. advokatar

Rådmannen syner til vedlagde skriv frå div .advokatar d.s. 01.03.2018. Dette skrivet var sendt kommunen før Justisdepartementet bad om at spørsmålet om sjølve domstolstrukturen skal lyftast ut i eigen utgreiing.

I skrivet vert det peika på at tingretten;

- Har ein viktig og sentral funksjon for befolkninga på Søre Sunnmøre og at den er svært viktig for å oppretthalde eit godt advokattilbod for Søre Sunnmøre inkludert Ulstein og Hareid som i dag tilhøyrrer Sunnmøre tingrett sin rettskrins med rettsstad i Ålesund
- Velfungerande tingrett.
- Ut frå geografiske tilhøve vil det vere naturleg å utvide domstolgrensen for Søre Sunnmøre tingrett til også å gjelde Ulstein og Hareid.
- Ynskjeleg med samlokalisering av Søre Sunnmøre tingrett og Søre Sunnmøre jordskifterett.

Kommuneplanen – samfunnsdelen.

Sikre og utvikle Søre Sunnmøre tingrett vil vere lekk i å nå dei viktige strategiske mål/tiltak påpeika i handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel, som m.a:

- Kunne tilby ein variert arbeidsmarknad.
- Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle kompetansearbeidsplassar innanfor privat og offentleg sektor.
- Styrke og vidareutvikle bu- og arbeidsregionen

Vurdering og konklusjon:

Statsminister Erna Solberg sa m.a dette under presentasjonen av regjeringserklæringa i Stortinget 30. januar 2018:

«Regjeringen vil spre makt og myndighet. Norge er langstrakt og mangfoldig land. Utfordringene er ulike, innbyggernes ønsker og mål er forskjellige og forutsetningene for bosetting og verdiskaping varierer. Potensialet for utvikling skal ivaretas i alle deler av landet, i distrikter og i byer. Økt innflytelse for enkeltmennesker, familier og lokalsamfunn vil bidra til løsninger som er bedre tilpasset den enkelte.»

Dei statlege arbeidsplassane som tingrett, jordskifte, høgskule og sjukehus er grunnleggjande infrastruktur for å oppretthalde distrikt som enda har berekraft i samfunnet. Søre Sunnmøre er ein samlande bu, service og arbeidsregion der desse institusjonane saman med flyplassen er det som gjer at vi kan ha eit konkurransekraftig næringsliv og kan rekruttere kompetanse til regionen. Dersom ein tek vekk desse statlege hjørnesteinane ved å flytte dei til Ålesund som ledd i ei byregionsatsing, så får ein ikkje anna effekt enn at byen veks på bekostning av randkommunane. Det kan stillast spørsmål om den statlege forvaltningsreforma er administrasjonsstyrt ved at direktørar i direktorat mv styrer etter bedriftsøkonomiske prinsipp utan å sjå samfunnsutviklinga i heilskap. Derfor er det svært viktig at spørsmål om strukturendringar vert lyfta opp til politisk nivå og får sine avgjerder i Stortinget. Da får ein iallfall ein test på kva utvikling regjering og Storting vil med utviklinga i ein region som t.d Søre Sunnmøre.

Med tilvising til utgreiinga ovanfor vil rådmannen tilrå at kommunestyret klart seier frå kva ein meiner om den prosessen som skjer med omsyn til organiseringa av domstolane.

I saksutgreiinga har rådmannen m.a. peika på nokre samfunnsmessige og regionale tilhøve som bør vektleggast i samband med arbeidet som pågår. Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle for heile «Eiksundregionen» og truleg etter kvart også mot Nordfjord. Rådmannen er redd denne rolla ikkje vert nok ivareteke slik prosessen no er lagt opp.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Domstolkommisjonen

Justisdepartementet

Søre Sunnmøre tingrett

Søre Sunnmøre jordskifterett

Ørsta kommune

Herøy kommune Sande kommune Vanylven kommune

Ulstein kommune

Hareid kommune

Justis- og beredskapsdepartementet
v. statsråd Sylvi Listhaug
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

SØRE SUNNMØRE TINGRETT - ENDRING AV DOMSTOLSGRENSER

Underskrivne advokatar som er brukarar av Søre Sunnmøre tingrett er kjent med at regjeringa i 2017 har sett ned eit utval som skal utgreie domstolane si organisering. Utvalet skal gje si innstilling til Justis- og beredskapsdepartementet innan 11. august 2020.

Vi meiner Søre Sunnmøre tingrett har ein svært viktig og sentral funksjon for befolkninga på Søre Sunnmøre.

Tingretten er også svært viktig for å oppretthalde eit godt advokattilbod for folket på Søre Sunnmøre. Vi viser til at dei aller fleste advokatkontor i Noreg er etablert i nærleiken av ein tingrett.

Søre Sunnmøre tingrett er etter vår erfaring velfungerande, men samanlikna med andre domstolar er den underbemanna. Mellom anna er det uheldig at den ikkje har tingrettsdommarstilling som den burde hatt i høve til saksmengde og det befolkningsgrunnlag den skal tene.

Utifrå dei geografiske tilhøva på Søre Sunnmøre er det naturleg å utvide domstolsgrensene slik at dei også omfattar kommunane Ulstein og Hareid. Domstolen vil då få eit befolkningsgrunnlag på ca. 50.000 noko som vil gje brukarane ei meir naturleg tilhøyrgheit med omsyn til reiseavstand.

Samfunnet har investert store midlar i betra infrastruktur på Søre Sunnmøre ved byggjinga av Eiksundsambandet. Dette har ført til at Ulstein og Hareid har fått fastlandssamband til Volda og kort reiseavstand til Søre Sunnmøre tingrett. Frå Ulstein og Hareid til Ålesund er ein derimot avhengig av ferje, og langt lengre reisetid.

Det er derfor naturleg at dette vert teke opp i samband med prosessen.

Det er vidare ynskjeleg at samlokalisering med Sunnmøre jordskifterett i Ørsta vert gjennomført og at dette vert teke med i vurderinga i samband med prosessen som no pågår i samband med nye lokale til tingretten.

Signert av desse advokatane, mars 2018, jf. vedlegg.

Espen Rekkedal
Sign.

Cathrin Lid Heilund
Sign.

Linda Brevik
Sign.

Cecilie Langva
Sign.

Thore Heggen
Sign.

Per Maurset
Sign.

Lars E. Sande
Sign.

Per Kjetil Stautland
Sign.

Nina Prestegarden Vatne
Sign.

Hege Stenkløv
Sign.

Reidar Blom
Sign.

Thomas Lundberg
Sign.

Roy Henning Haddal
Sign.

Atgeir Almestad
Sign.

Jørund Knardal
Sign.

Stad/dato..... Ørsta 1/3 - 18

.....
Sign.

ADVOKATFIRMA
ØVERBØ
GJØRTZ

Senioradvokat
Espen Rekkedal
Vikegata 25, 6150 Ørsta
Mob. 957 77 108 - ere@ovgj.no
Org.nr. 917 088 128 MVA

Stad/dato. *Oslo 5/3-2018*
Sign. *Catharina E. Luitero*

Stad/dato..... *Ustend 07.03.2018*

Yurda Doo
.....
Sign.

Stad/dato... *Oslo* 1/3-18

... *Pålvi Kjør*
Sign.

Hornindal, 01.03.2018

Thore Heggen

Thore Heggen
advokat

Stad/dato. Volda 9/3-2018

Ber Maurt
Sign.

Stad/dato..... *Volda 7-18*

[Signature]
.....

Sign.

Lars E. Sande
Advokat

Stad/dato.....060318

.....
Sign.




Stad/dato. Volda, 8/3-18


Nina P. Vatne
Sign.

Stad/dato Volda 08.03.18

Hege R. Stenkjaer
Sign.

Nordfjörður, 8. febrúar 2018

Advokat Reidar Blom

Stad/dato... VOLPA 8-03-2018



Sign.

TOVOLAT

Stad./dato. VOLDA 9/3-18

Sign. 

Stad/dato.....

Sign.

Stad/dato... *Volda, 9.3.2018*

.....
Sign. *Jørund Knardal*

Advokat
JØRUND KNARDAL



Kviteseid kommune

Ordføraren

VOLDA KOMMUNE
Stormyra 2
6100 VOLDA

Ordførar Jørgen Amdam

Dykkar ref: Vår ref:
2018/1762-1

Saksh: Tarjei Gjelstad,
35 06 81 06
tarjei.gjelstad@kviteseid.kommune.no

Arkivkode: Dato:
09.08.2018

Opprop domstolsorganisering og strukturendring

Domstolsadministrasjonen har i fleire år vurdert organisering og strukturendringar med mål om å arbeide meir effektivt, økonomisk innsparing og betre service. Det har skjedd endringar på fleire felt, og det har vore samanslåingar og samlokaliseringar av domstolar.

I 2014 vart det gjort eit forsøk på ein større strukturendring. Resultatet vart samlokalisering mellom fire tingrettar og jordskifterettar samt samanslåing av seks tingrettar til tre. Det vidare arbeidet med samanslåingar vart stoppa av Justiskomiteen sidan det ikkje var Stortingsfleirtal for å gjennomføre prosessen.

Etter den tid har Domstolsadministrasjonen jobba med felles leiing, dvs. at ein domstolsleiar skal leie fleire domstolar. Leiinga blir ofte lagt til ein større sentral domstol med den verknad at den mindre lokale domstolen ikkje har ein leiar på staden.

I 2017 sette Justisdepartementet ned ein kommisjon med dette som mandat:

- *Domstolsoppgåver og organisering*
 - *Domstolens og dommerens uavhengighet*
 - *Saksbehandling i ankeinstans*
 - *Domstolsstruktur*

Tidsramma for kommisjonen er at den skal legge fram sitt arbeid i ein NOU august 2020. NOU skal vidare ut på høyring og eit endeleg vedtak blir fatta i Stortinget etter høyringa.

Tidlegare i år bestemte Justisdepartementet at spørsmålet om sjølve domstolsstrukturen skal lyftast ut i ein eigen utgreiing med frist allereie oktober 2019. Bakgrunnen for dette er at kommisjonen ynskjer ein raskare avklaring på antal domstolar og struktur fordi mange av dei tilsette føler usikkerheit. Arbeidet med struktur skapar så stort engasjement at det kan gå utover dei andre oppgåvene til kommisjonen meiner kommisjonen sjølv.

Ref: <http://rett24.no/articles/fremskynder-utredningen-av-faerre-domstoler>

Postadresse: Kviteseidgt. 13
3850 KVITeseID
E-post: post@kviteseid.kommune.no

Telefon: 35 06 81 00
Telefaks: 35 06 81 01
Heimeside: www.kviteseid.kommune.no

Bankkonto: 2660 07 00145
Foretaksnr.: 964 963 827

Som ordfører i ein liten kommune som har hatt tingrett (Vest-Telemark tingrett) og jordskifterett (Øvre Telemark jordskifterett) i generasjonar, føler eg at denne gong skal dei små domstolane organiserast bort og lokalisert saman med større. Kommisjonen sin samansetning og mandatet legg ingen tvil i kva som er målet, nemleg færre domstolar og meir felles leiing. Resultatet blir at distrikta mistar sin domstol og ein får ein sentralisering der samlokaliseringa blir lagt til ein større by.

Mitt mål er at ein har ein domstolsstruktur som dekkjer heile landet og at ein legg til rette for at distrikta får utført sine tenester utan at ein må reise store avstandar.

Kompetansearbeidsplassar er viktig for distrikta. Ofte høyrer ein at det er vanskeleg å rekruttere fagfolk, men det finst ingen rapport som viser at det er vanskeleg å rekruttere til domstolane i distrikta. Husleiga er lågare i distrikta og ved større samanslåtte kontor må ein ha meir kontorplass som gje høgare husleige på stadar som allereie har eit høgt prisnivå.

Grepet som Domstolsadministrasjonen nå gjer med å framskande strukturutgreiinga og legge fram resultatet i 2019 eit år før NOU skal ut på høyring, er ikkje politisk bestemt. Eg føler at her prøver ein å overstyre prosessen for å unngå at Stortinget får ei felles sak til handsaming.

Eg håpar at de som mine kollegaer og som vertskommune for mindre domstolskontor, blir med på eit samla opprop. Oppropet vil bli sendt Justisdepartementet og Domstolsadministrasjonen. Oppropet vil òg bli sendt til leiar for Justiskomiteen samt Telemark sine politikarar på Stortingsbenken.

Ved å svar positivt på denne e-posten blir de med på oppropet. Ber om ein tilbakemelding innan 15.august 2018. Eg håpar òg at de som ordførarar tar kontakt med Stortingspolitikarar frå din region.

Vi krev:

- **Nei til raskare avklaring av ny domstolsstruktur. Kommisjonen skal fylgje det vedteke mandatet og framdriftsplanen, og legge fram ein samla NOU i august 2020.**
- **Ny domstolsstruktur skal handsamast politisk i Stortinget.**

Med helsing

Tarjei Gjelstad
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i>	<i>Arkiv:</i>	<i>Avd/Saksansv:</i>
2013/104	026	RÅD/NORAND

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
178/18	Formannskapet	27.11.2018
130/18	Kommunestyret	29.11.2018

Endring av vedtektene for Søre Sunnmøre IKT-samarbeid (SSIKT) - låneopptak

Tilråding:

Søre Sunnmøre IKT-samarbeid (SSIKT) sine vedtekter § 13 får punkt 3 og skal lyde (endringa er understreka):

«3. Selskapet kan ta opp lån for å finansiere investeringar knytt til drifta av selskapet. Låneopptak skal basere seg på vedteke budsjett i styret. Maksimalt låneopptak i selskapet er kr 60.000.000. Låneopptaket skal godkjennast i kommunestyret til alle deltakarkommunane..»

Vedlegg

- 1 Vedtektene for SSIKT av 20. oktober 2017
- 2 Styremøte i SSIKT av 7. september 2018

Uprenta saksvedlegg:

Vedtektene til Søre Sunnmøre IKT

Samandrag av saka:

Konsekvensen av endringa av vedtektene vert at eigarkommunane må yte eit tilskot per år inn til SSIKT for å dekke renter og avdrag. Desse kostnadane må belastast driftsbudsjettet, på same måte som finansieringar til felles investeringar via SSIKT ville bli belasta drifta.

Saksopplysningar:

Selskapet sine vedtekter tilseier at selskapet ikkje skal eige driftsmidlane som vert nytta for å yte IKT- tenester til eigarkommunane. Selskapet kjøper inn på vegne av kommunane, men kan ikkje krevje momskompensasjon då selskapet ikkje eig driftsmidla. Summen vert fordelt og fakturert ut brutto til kommunane, med utgangspunkt i vedteken fordelingsnøkkel, og kommunane må sjølve krevje momskompensasjon og gjere vurderingar i samsvar med rekneskapshandteringar. Dette gjev oss ein del utfordringar:

- Vidare fakturering må skje i påfølgande periode, slik at fristen for å samle og vidarefakturere er knapp
- fakturering frå SSIKT til kommunane må gjerast seks gonger i året
- ekstraarbeid både for SSIKT, kommunane og revisor, då momskompensasjon må krevjast av kvar kommune, med utgangspunkt i fordelingsnøkkelen
- SSIKT kan få problem med likviditeten og må nytte kassakreditt for å forskottere investeringane til kommunane. Dette er størst fare for på slutten av året
- P.g.a. regelverket er det berre investeringar over Kr. 100.000.- som kan aktiverast i kommunane. For å sikre at alle kommunane får føre det som investering, må totalsummen for eit prosjekt via SSIKT overstige Kr. 1.100.000,. (p.g.a. fordelingsnøkkelen). Om kommunen sin del vert under Kr. 100.000.- må det belastast driftsrekneskapen
- P.g.a. fordelingsnøkkelen vil det slå ut forskjellig kor stor fellesinvesteringa må vere før dei kan aktivere den i eigen kommune

Med utgangspunkt i desse utfordringane er det ønskeleg med ei endring i vedtektene slik at SSIKT kan ta opp lån og aktivere investeringane direkte i eige selskap. SSIKT får ta opp lån i KLP Banken til same vilkår som kommunane (svar frå KLP Banken):

«Bekrefter at Søre Sunnmøre IKT kan få lån i KLP Banken AS til samme vilkår som kommuner. Dette forutsetter kommunestyrevedtak om at lånerammene til SSIKT er vedtatt igjennom budsjettet til kommunene. I tillegg bør låneopptaket være forankret i selskapsavtalen, det bør være omtalt i avtalen at det er på denne måten selskapet skal finansiere seg på.»

Konsekvensen av omlegging/endringa av vedtekter vert at eigarkommunane må då yte eitt tilskot pr. år inn til SSIKT for å dekke renter og avdrag. Desse kostnadane må belastast driftsbudsjettet, på same måte som finansieringar til felles investeringar via SSIKT ville bli belasta drifta.

Det må påpeikast at denne omlegginga ikkje gjev noko auka lånekostnadar for kommunane, men låneopptaka vert samla i SSIKT og ikkje fordelt utover kommunane, slik det er med dagens løysing.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil tilrå at vedtektene blir endra, slik at kommunane yter tilskott til finansiering av låneopptak til SSIKT og ikkje sjølve tek opp lån.

Økonomiske konsekvensar:

Endring av vedtekter fører til at kommunane blir fakturert for «leige» av investeringar gjennomført i SSIKT, fordelt etter vedteken fordelingsnøkkel, tilsvarande dekking av renter og avdrag på investeringane. Kostnaden som vert utrekna og fakturert til kommunane vert litt høgare enn tilsvarande utrekning av renter og avdrag i kommunerekneskapen som følgje av kommunane sin måte å rekne ut minimumsavdrag på.

Rentekostnaden vert den same, men den årlege avdragsbelastninga i SSIKT vert høgare inntil eigendelen er nedskriven i forhold til i kommunerekneskapen. Der vert avdragsbelastninga forskyvd og varer lengre, som ein konsekvens av minimumsavdragsmodellen, men den totale avdragsbelastninga over tid vert den same.

Tabellen nedanfor viser dei økonomiske konsekvensane for eigarkommunane i 2018:

Kommune	Økonomisk konsekvens av omlegginga
Vanylven	Kr. 83.000
Sande	Kr. 135.637
Herøy	Kr. 515.339
Ulstein	Kr. 60.676
Hareid	Kr. 96.216
Volda	Kr. 153.595
Ørsta	Kr. 123.490

Årsaka til at Herøy og Volda skil seg vesentleg frå dei andre kommunane er at dei ikkje nyttar same metoden for berekning av minimumsavdrag, men når ny kommunelov blir sett i verk må dei nytte same metoden som dei andre kommunane.

Fiskå, 12.11.2018

Andreas Chr. Nørve
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.

VEDTEKTER FOR SØRE SUNNMØRE IKT

§ 1 HEIMEL, SKIPING MED MEIR

1. Desse vedtektene er fastsette med heimel i kommunelova § 27 nr. 2.
2. IKT-tenesta på Søre Sunnmøre (SSIKT) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta eller dei av kommunane som har signert vedtektene.
3. Samarbeidet er underlagt kommunelova, desse vedtektene og avtaleverket til samarbeidet.

§ 2 RETTSLEG STATUS

1. SSIKT er eit eige rettssubjekt.

§ 3 FØREMÅL

1. SSIKT skal gjennom målretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi fremje utvikling av tenesteproduksjon, innbyggjardeltaking og administrative tenester i deltakarkommunane.
2. SSIKT skal ta vare på oppgåvene til deltakarkommunane knytte til drift, service og utvikling av informasjons- og kommunikasjonsteknologi.
3. SSIKT kan også ta slike oppgåver for andre enn deltakarkommunane, innanfor dei rammene styret fastsett.
4. SSIKT skal driftast innanfor fastsette økonomiske ramme. Eit eventuelt meir- og mindreforbruk skal vidareførast til neste driftsår ved budsjettregulering.

§ 4 ORGANISERING

1. SSIKT skal ha eit eige styre, som skal ha det administrative og organisatoriske ansvaret for drifta av samarbeidet.
2. Det skal opprettast ei strategigruppe som skal vere koordinerande organ for deltakarkommunane.

3. SSIKT skal ha ein dagleg leiar med administrativt og fagleg ansvar for drifta av samarbeidet.

§ 5 STYRET

1. Styret skal bestå av eitt medlem frå kvar av deltakarkommunane. Styremedlem frå den enkelte kommunen skal vere rådmannen eller den rådmannen utpeikar.
2. Styret konstituerer seg sjølv. Styreleiar innkallar til møte så ofte han finn det naudsynt eller når minst to medlemmer krev det, likevel slik at det vert halde minst to møte i løpet av året. Det skal utarbeidast protokoll frå møta.
3. Styret er vedtaksført når minst 2/3 av styremedlemene er til stades. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal med mindre anna er fastsett i desse vedtektene. Ved stemmelikskap tel stemma til leiar dobbelt.
4. Ved vedtak i styret har kvar styremedlem éi stemme.

§ 6 OPPGÅVENE TIL STYRET

1. Styret leier ut frå kommunelova, desse vedtektene og avtaleverket som regulerer samarbeidet.
2. Styret har ansvar for overordna organisering av samarbeidet. Styret tilset dagleg leiar og fastset nærare retningslinjer for denne. Vedtak om avskjed eller oppseiing skal handsamast av styret før det vert gjennomført.
3. Styret fremjar innspel til økonomiplan og årsbudsjett for samarbeidet som grunnlag for budsjettarbeidet i deltakarkommunane. Når det enkelte kommunestyret har vedteke økonomiplanen til kommunen og årsbudsjettet, vedtek styret sjølv årsbudsjettet og årsplan for verksemda.
4. Styret skal sjå til at rekneskapen til SSIKT vert ført på tilfredsstillande måte. Styret utarbeider årsmelding. Vedteken økonomiplan, verksemdplan, rekneskap og årsmelding vert sende deltakarkommunane til orientering.
5. Styret tilset og kan delegere mynde til dagleg leiar.

6. Styret har ansvar for at SSIKT har tilstrekkelege ressursar til å utføre pålagde og planlagde oppgåver. Styret skal sjå til at deltakarkommunane oppfyller sine avtalemessige og andre forpliktingar overfor SSIKT.
7. Styret vedtek budsjett- og økonomiplan som skal behandlast i kommunane.
8. Styret har mynde til å ta opp kassakreditt på inntil kr 5.000.000 til forskotering av drift og investering.

§ 7 STRATEGIGRUPPA

1. Strategigruppa skal bestå av like mange representantar som det til ei kvar tid er deltakarkommunar. Representantane skal ha strategi- og bestillarkompetanse frå den enkelte deltakarkommune. Strategigruppa konstituerer seg sjølv.
2. Dagleg leiar har møte- og talerett i strategigruppa og ansvar for at sekretærfunksjonen vert teke i vare.
3. Strategigruppa møtast så ofte leiar av strategigruppa finn det naudsynt eller når to representantar krev det og i alle fall minst annankvar månad.
4. Det skal skrivast referat frå møta som vert lagt fram for styret som referatsaker.
5. Dagleg leiar orienterer styret dersom avgjerder frå strategigruppa ikkje vert tekne til følge av SSIKT.

§ 8 OPPGÅVENE TIL STRATEGIGRUPPA

1. Strategigruppa skal sikre koordinering mellom deltakarkommunane og vere bindeledd mellom deltakarkommunane og SSIKT.
2. Strategigruppa tek strategiske avgjerder innanfor gjeldande budsjettramme.
3. Strategigruppa tek strategiske val for innspel til økonomiplan og budsjett. Til budsjettforslaga skal det setjast mål for forventet effektiviseringseffekt, kvalitetseffekt, brukertilfredsheit og i høve medarbeidarane. Dagleg leiar tek innspela med i budsjettarbeidet.
4. Nærare oppgåver vert bestemt av SSIKT sitt styre i eigen instruks.

§ 9 DAGLEG LEIAR

1. Dagleg leiar har det faglege, økonomiske og administrative ansvaret for drifta av samarbeidet.
2. Dagleg leiar skal leggje fram innstilling til drifts- og investeringsbudsjett før 1. september kvart år.
3. Dagleg leiar er underlagd styret og har møte- og talerett i styremøta.
4. Dagleg leiar kan definere utskiftingstakt for klient- og nettverksutstyr i medlemskommunane for å ivareta naudsynt oppetid hjå brukarane.

§ 10 TILSETTE I SSIKT

1. Dagleg leiar er ansvarleg for tilsettingar i SSIKT, og tek elles i vare dei funksjonane som følgjer av arbeidsgjevaransvaret.
2. SSIKT har sjølv arbeidsgjevaransvaret for alle arbeidstakarane som er knytte til SSIKT.
3. Avklaring i høve personalet som ved oppstart er tilsett i dei kommunane som har signert avtalen vert gjort etter regelverket om verksemdsoverdraging, jf Arbeidsmiljøloven kapittel 16.
4. Leiar i SSIKT kan avtale andre organisatoriske bindangar knytte til prosjekt eller deltidsengasjement.

§ 11 MØTE OG TALERETT FOR ORDFØRAR

1. Ordførar i dei deltakande kommunane har møte- og talerett i styremøta, jfr. kommuneloven § 9 nr. 4.

§ 12 TILVISING OG REVISJON

1. Dagleg leiar tilviser utgiftene til SSIKT, med unntak av utgifter som omhandlar dagleg leiar. Slike utgifter vert tilvist av styreleiar.

2. Styret inngår avtale med Søre Sunnmøre kommunerevisjon om revisjon av rekneskapen til SSIKT.

§ 13 ØKONOMISK ANSVAR OG EIGARSKAP I FORMUESGODE

1. Deltakarane heftar for plikter til samarbeid etter følgjande prosentvise fordelingsnøkkel (per 1. januar 2016): (data frå Q4 2016)

Kommune:	Folketal	Fastdel:	Folketal:	Totalt:
Ørsta	10774	4 %	16 %	20 %
Volda	9102	4 %	13 %	17 %
Herøy	8957	4 %	13 %	17 %
Ulstein	8457	4 %	13 %	17%
Hareid	5185	4 %	8 %	11 %
Vanylven	3203	4 %	5 %	9 %
Sande	2540	4 %	4 %	8 %

Fordelingsnøkkel under «folketalsdel» vert justert når folketallet i ein eller fleire kommunar endrar seg med meir enn 5 %. Utgangspunktet for vurderinga er 1. januar kvart år. Ei slik endring, samt påfølgjande endring av dette punktet i vedtektene, kan gjerast av styret, jfr. § 15 punkt 1. Overgangen frå noverande fordelingsnøkkel (fastdel/folketal - 50%/50%) til fordelingsnøkkel (fastdel/folketal - 30%/70%) skjer gradvis over to år (frå 2018). Dette betyr for 2019 fastdel/folketal – 40%/60%.

2. Dei verdiane den enkelte kommunen tek inn i samarbeidet i samband med stiftinga, skal reknast som eigedomen til denne kommunen inntil dei er nedskrivne.

§ 14 SAMARBEIDET OG PLIKTANE

1. SSIKT utfører oppgåver og leverer teneste til deltakarkommunane etter retningslinjer fastsett av styret. Nærare innhald, kvalitet og pris for løpande tenester skal fastsetjast av styret i Tenesteleveringsavtale (TLA). Retningslinjer og TLA inngår, etter vedtaka i styret, som del av avtaleverket til samarbeidet etter § 1.
2. På grunnlag av godkjent budsjett, betalar deltakarkommunane årleg inn sin del av SSIKT sine investerings-, løns- og driftsutgifter. 75% av innbetalingane skjer 1. januar og 25% den 1. juli kvart år.

§ 15 VEDTEKTSMYNDE OG ENDRINGAR AV VEDTEKTENE

1. Vedtektsendringar skal godkjennast av kommunestyret i kvar av deltakarkommunane. Det vert kravd likelydande vedtak i alle kommunane. Forslag til endringar av vedtektene vert fremja av styret og vert vedteke etter same prosedyre.
2. Mindre endringar av vedtektene i driftsperioden kan gjerast av eit einstemmig styre.

§ 16 NYE DELTAKARKOMMUNAR

1. Eit einstemmig styre kan føreslå opptak av nye deltakarkommunar. Opptak av nye deltakarkommunar krev godkjenning av kommunestyret i kvar av deltakarkommunane.

§ 17 UTMELDING OG OPPLØYSING

1. Ein deltakarkommune kan tre ut av samarbeidet etter skriftleg varsel til styret. Utmelding kan tidlegast finne stad eitt år etter at skriftleg varsel er motteke av styret og vert sett i verk frå årsskiftet etter at oppseiingstida er ute.
2. Samarbeidet kan oppløysast dersom alle deltakarane er samde om det.
3. Vedtak om utmelding eller oppløysing vert gjort av kommunestyret i den aktuelle deltakarkommunen.
4. Den utmelde kommunen held fram å hefte for dei forpliktingane det interkommunale styret måtte ha på det tidspunktet utmelding finn stad. Jamfør §13 nr 1.
5. Utmelding og eventuelt oppløysing kan bringast inn for departementet jfr. kommunelova § 27 nr. 3 anna ledd.
6. Ved utmelding skal SSIKT levere ut data til deltakarkommunen som forlèt samarbeidet. Deltakaren må likevel dekke kostnader knytt til uthenting av data der tredjepart må involverast og kostnader knytt til å sette opp løysingar som gjer data tilgjengeleg. Ved utmelding skal SSIKT tilbakebetale maskinvare-investeringskostnader frå dei siste to åra i samsvar med kommunen sin fordelingsnøkkel, sjå §13. Kommunen som melder seg ut må betale ut restverdi av klientmaskinvare.
7. Deltakarkommunar som forlèt samarbeidet pliktar ikkje å ta over tilsette frå SSIKT.

§ 18 SÆRSKILTE VILKÅR VED KOMMUNESAMANSLÅING

1. For kommunar som slår seg saman i 2020, så opphøyrer dagens kommune til same tidspunkt, og medlemskapen i dette samarbeidet opphøyrer automatisk 31.12.19. Den nye kommunen kan etter vedtak i Fellesnemnd tiltre i samarbeidet for Søre Sunnmøre IKT på dei vilkåra som er regulert i desse vedtektene frå og med 2020.
2. Kommunestyra i samarbeidskommunane treng ikkje å godkjenne slik tiltreding. Dersom den nye kommunen ikkje vil slutte seg Søre Sunnmøre IKT, så skal dei andre kommunane ha varsel om dette innan 31.12.18, og utløyising skal gjennomførast i samsvar med § 17 ovanfor.

Godkjenning:

Denne avtalen er godkjend av kommunestyra til dei sju samarbeidskommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Stad: Hareid Dato: 20/10-17 Stad: Fosnavåg Dato: 20/10-17

Jules Rønne

ordfører
Hareid kommune

Camilla Stang

ordfører
Herøy kommune

Stad: Larvik Dato: 20/10-2017 Stad: Ulsteinvik Dato: 17/10-2017

Ray Døgg

ordfører
Sande kommune

KSS

ordfører
Ulstein kommune

Stad: Fiskeå Dato: 18.10.17

Geir F. Fardouli fardouli

ordfører
Vanylven kommune

Stad: Volda Dato: 17.10.17

J. A. A.

ordfører
Volda kommune

Stad: Ørsta Dato: 19/10-17

Shirley A.

ordfører
Ørsta kommune

Søre Sunnmøre IKT – Styremøte nr. 5-2018			
Dato :	07.09.2018	Stad:	Volda Rådhus
Tid:	13.00 – 16.00		
Inviterte:	Andreas Nørve, Vanylven kommune (styreleiar) Dag Vaagen, Sande kommune Olaus-Jon Kopperstad, Herøy kommune Verner Larsen, Ulstein kommune Einar Vik Arset, Ulstein kommune Ragnhild Velsvik Berge, Hareid kommune Rune Sjurgard, Volda kommune Wenche Solheim, Ørsta kommune Guttorm Rimstad, dagleg leiar SSIKT Bodill Skeide, Revisor (sak 19-2018)		
Til stades:	Andreas Nørve, Vanylven kommune (styreleiar) Olaus-Jon Kopperstad, Herøy kommune Verner Larsen, Ulstein kommune Einar Vik Arset, Ulstein kommune Ragnhild Velsvik Berge, Hareid kommune Rune Sjurgard, Volda kommune Wenche Solheim, Ørsta kommune Guttorm Rimstad, dagleg leiar SSIKT Bodill Skeide, Revisor (sak 19-2018)		
Ikkje til stades:	Dag Vaagen, Sande kommune		
Styret var beslutningsdyktig, if. vedtektene			

Saksliste:
1. Godkjenning av innkalling, val signering av styreprotokoll 2. Godkjenning av referat frå sist møte 3. Styresak 19-2018, Endring i vedtektene, opptak av lån i SSIKT 4. Styresak 11-2018, lokalar SSIKT 5. Styresak 20-2018, budsjett SSIKT 2019 6. Orienteringssaker, dagleg leiar orienterer

Godkjenning av innkalling, val signering av styreprotokoll
Innkallinga og sakliste til styremøte vert godkjent. Ragnhild Velsvik Berge og Andreas Nørve er valt til å signere styreprotokollen. Eventuelle merknadar:

Godkjenning av referat frå sist møte
Referat og protokoll frå sist styremøte vert godkjent. Eventuelle merknadar:

Styresak 19-2018, Endring i vedtektene, opptak av lån i SSIKT

Saksutgreiing:

Sjå vedlegg : Notat opptak av lån i SSIKT

Forslag til vedtak:

Selskapets vedtekter §13 , nytt punkt vert lagt til:

3. Selskapet kan ta opp lån for å finansiere investeringar knytt til drifta av selskapet. Låneopptak skal basere seg på vedteke budsjett i styret.

Låneopptaket skal godkjennast i kommunestyret til alle deltakarkommunane.

Vedtak:

Selskapets vedtekter §13 , nytt punkt vert lagt til:

3. Selskapet kan ta opp lån for å finansiere investeringar knytt til drifta av selskapet. Låneopptak skal basere seg på vedteke budsjett i styret. Maksimalt låneopptak i selskapet er Kr. 60.000.000.-

Låneopptaket skal godkjennast i kommunestyret til alle deltakarkommunane.

Stemmeresultat:

Samrøystes vedteke.**Styresak 11-2018, lokalar SSIKT**

Saksutgreiing:

Viser til tidlegare utsendt informasjon.

Vedlegg: Lokasjon SSIKT.xlsx

Vedtak frå siste styremøte:

Lagt fram av Andreas Nørve.

Saka vert utsatt til neste styremøte.

Forslag til vedtak:

Drøfting i saka:

Dagleg leiar gjekk gjennom tilboda:

	Herøy	Kvadrat	Ulstein	Kvadrat	Hareid	Kvadrat	Ørsta	Kvadrat
kontorplassar/møterom/kantine	326 600,00 kr	284	289 000,00 kr	446	185 250,00 kr	285	495 246,00 kr	499
verkstad/lager	24 800,00 kr	124	- kr	76	42 000,00 kr	120		
Eventuelle felleskostnader	72 000,00 kr							
Kantine stort møterom			- kr	73				
Total kostnad pr. år	423 400,00 kr		289 000,00 kr		227 250,00 kr		495 246,00 kr	
Dagens avtale med Hareid	185 000,00 kr		185 000,00 kr		185 000,00 kr		185 000,00 kr	
Sum totalt	608 400,00 kr	408	474 000,00 kr	595	412 250,00 kr	405	680 246,00 kr	499
Inflyttings klart	01.10.2018		01.08.2018		01.11.2018		Etter avtale med Ørsta	

Dagleg leiar vurderer Hareid som det beste tilbodet.

Wenche Solheim reduserte Ørsta sitt tilbod med 50%

Det var einigheit om å gå for ei 3 års leigekontrakt Dagleg leiar vart oppmoda om å prioritere lokala utan omsyn til pris, dei vart då rangert slik: 1. Hareid 2. Ørsta (forutsett tilgang på kommunal fiber) 3. Ulstein Følgande forslag til felles kontor lokalar vart lagt fram for avstemming: Frå Rune Sjurgard: Hareid Frå Einar Vik Arset: Ulstein Frå Wenche Solheim: Ørsta
Vedtak: Ulstein vert nytt felles kontorlokale for SSIKT. Leige perioda vert sett til 3 år.
Stemmeresultat: Hareid: Ragnhild Velsvik Berge, Rune Sjurgard Ørsta: Wenche Solheim Ulstein: Olaus-Jon Kopperstad, Einar Vik Arset, Andreas Nørve Protokoll tilførsel frå Olaus-Jon Kopperstad: Fleirtalet i styret held fast på at lokala til SSIKT skal være kommunale eller kommunalt disponert samt ligge i eit sentrum.

Styresak 20-2018, budsjett SSIKT 2019
Saksutgreiing: Vedlegg: budsjett drift 2019 Fordeling 2019 Investerings budsjett 2019 Kommentar til SSIKT budsjett 2019
Forslag til vedtak: Drift og investerings budsjett vert vedteke.
Drøfting i saka: Det vart lagt inn mindre endringar i investerings budsjettet. Det er forventa at interkommunale samarbeid reduserer sine kostnader på lik linje med eigarkommunane.
Vedtak: Drift og investerings budsjett vert vedteke, med dei endringar som vart gjort i møte. Dagleg leiar sender ut revidert budsjett.
Stemmeresultat:

Samrøystes vedteke.

Orienteringssaker, dagleg leiar orienterer

Orienterings saker:

- o Generelt om drifta, med utgangspunkt i månadsrapporten
- o Endring av personalansvar
- o Sak om sikkerhet (Rune)
- o Sak om prioritering av oppgåver (Rune)
- o Kva gjer vi når ikkje alle kommunene er einige? (Andreas)

Forslag til vedtak:

Ikkje vedtak sak

Vedtak:

Ikkje vedtak sak

Stemmeresultat:

Protokollen er godkjent:

Dato:

Stad:

signatur:

signatur:

Ragnhild Velsvik Berge

Andreas Nørve



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i>	<i>Arkiv:</i>	<i>Avd/Saksansv:</i>
2013/104	026	RÅD/NORAND

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
179/18	Formannskapet	27.11.2018
131/18	Kommunestyret	29.11.2018

Låneopptak i 2018 og for perioden 2012-2017 for SSIKT

Tilråding:

Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) tek opp lån i 2018 for å finansiere nyinvesteringar dette året, samt kjøpe ut dei investeringane frå SSIKT som er aktivert i kommunane i perioden 2012-2017.

Samla låneopptak i 2018 er maksimalt kr. 28.000.000.

Uprenta saksvedlegg:

Kommunestyresak om endring av vedtektene

Samandrag av saka:

Ansvar for lån til Søre Sunnmøre SSIKT blir flytta frå kommunane til SSIKT – dette gjeld også lån som kommunane har teke opp til SSIKT frå det tidspunktet det vart eige selskap i 2012.

Samla behov for låneopptak i 2018 er kr 28.000.000. Dette inkluderer investeringar for 2018 samt utkjøp av lån frå kommunane for perioden 2012-2017.

Saksopplysningar:

Endring av vedtekter fører til at kommunane blir fakturert for «leige» av investeringar gjennomført i SSIKT, fordelt etter vedteken fordelingsnøkkel – tilsvarende dekking av renter og avdrag på investeringane. Kostnaden som vert utrekna og fakturert til kommunane vert litt høgare enn tilsvarende utrekning av renter og avdrag i kommunerekneskapen som følgje av kommunane sin måte å rekne ut minimumsavdraget på.

Rentekostnaden vert den same, men den årlege avdragsbelastninga i SSIKT vert høgare inntil eigendelen er nedskriven i forhold til i kommunerekneskapen. Der vert avdragsbelastninga forskyvd og varer lenger som ein konsekvens av minimumsavdragsmodellen, men den totale avdragsbelastninga over tid vert den same.

Tabellen nedanfor viser dei økonomiske konsekvensane for eigarkommunane i 2018:

Kommune	Økonomisk konsekvens av omlegginga
Vanylven	Kr. 83.000.-
Sande	Kr. 135.637.-
Herøy	Kr. 515.339.-
Ulstein	Kr. 60.676.-
Hareid	Kr. 96.216.-
Volda	Kr. 153.595.-
Ørsta	Kr. 123.490.-

Årsaka til at Herøy og Volda skil seg vesentleg frå dei andre kommunane er at dei ikkje nyttar same metoden for berekning av minimumsavdrag, men når ny kommunelov blir sett i verk må dei nytte same metoden som dei andre kommunane.

Kommunane har sidan etablering av SSIKT gjennomført investeringar som er aktiverte i kommunerekneskapen, med tilhøyrande låneopptak. I forbindelse med omlegging bør det vurderast om desse eigendelane og låna framleis skal vere i kommunerekneskapen inntil dei er nedskrivne, sjølv om desse investeringane kanskje vert utskifta av SSIKT, eller om SSIKT skal overta eigendelane mot dekking av restlånet. Fordelen med sistnemnde er at det vert eit ryddig forhold mht kven som eig eigendelen, utan at alle kommunane eig ein del i den. Dette gjeld spesielt sidan eigendelen er plassert i si heilheit hos SSIKT driftssenter. Vidare unngår ein meirarbeidet i høve årsavslutning med oppfølging av eigarkommunane mht eigendelar som har blitt utskifta, selde osv.

Oversikt over restlån i kommunane som skal kjøpast ut for perioden 2012-2017

Kommune	Restlån av SSIKT investeringar pr kommune
Vanylven	Kr. 1.498.158.-
Sande	Kr. 1.368.964.-
Herøy	Kr. 2.339.737.-
Ulstein	Kr. 2.153.247.-
Hareid	Kr. 1.714.874.-
Volda	Kr. 2.133.700.-
Ørsta	Kr. 2.121.484.-

Det kan kome mindre korrigeringar på desse tala.

SSIKT tek opp lån på kr 13.330.164.-, til dekking av kommunane sine restlån pr 31.12.2017 jfr ovanfor. Kostnaden (renter og avdrag) på dette lånet, samt låneopptak for 2018 vert belasta kommunane etter gjeldande fordelingsnøkkel.

Fram til 31.12.2018 er denne fordelinga slik: 50% fordelt på tal deltakarkommunar og 50% fordelt på tal innbyggjarar i kommunen. Frå 01.01.2019 vert denne endra til 40% fordelt på tal deltakarkommunar og 60% fordelt på tal innbyggjarar i kommunen. Investeringar etter 01.01.2019 vert fordelt med den nye fordelingsnøkkelen. Frå 01.01.2020 vert denne endra til 30% fordelt på tal deltakarkommunar og 70% fordelt på antal innbyggjarar i kommunen. Investeringar etter 01.01.2020 vert fordelt med den nye fordelingsnøkkelen.

Investeringsramma i SSIKT for 2018 er på kr 14.371.838.-. Dette inkluderer investeringar som ikkje var avslutta i 2017 på kr 3.391.838.

Samla behov for låneopptak i 2018 er kr 28.000.000.-. Dette inkludera investeringar for 2018 samt utkjøp av lån frå kommunane for perioda 2012-2017.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil tilrå at SSIKT tek opp lån for perioden 2012-2018, og at kommunane då yter tilskot til renter og avdrag framfor å betale renter og avdrag sjølve.

Økonomiske konsekvensar:

Det er minimumsavdragsformelen som gir utslag i ein økonomisk konsekvens for kvar kommune, men totalbelastninga for den enkelte kommunen blir det same.

Fiskå, 12.11.2018

Andreas Chr. Nørve
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2018/1962

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
35/18	Tenesteutval for helse og omsorg	21.11.2018
44/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	21.11.2018
85/18	Forvaltningsutvalet	20.11.2018
16/18	Eldrerådet	19.11.2018
9/18	Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne	19.11.2018
162/18	Formannskapet	30.10.2018
132/18	Kommunestyret	29.11.2018

MØTEPLAN FOR POLITISKE MØTE 2019

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 30.10.2018 til kommunestyret:

- Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:*

	Formann -skap	Kommune - styre	Forvaltn- ingsutvale t	Tenesteut v. oppvekst og kultur	Tenesteut v. helse og omsorg	Eldrerå d	FUN K
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				18	18
Mars	19	28	5	13	14		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20					
Juli							
August	27						
Septembe r	11 (valstyre) , 17	26 (gamle)	3	11	12		
Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				

Novem ber	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)
Desember	10 (gamle)	12 (nye), 19 (gamle)					

1. Utvala har følgjande møtestart:

- *Formannskapet kl. 12.00*
- *Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)*
- *Tenesteutval for helse- og omsorg kl. 13.00*
- *Tenesteutval for oppvekst og kultur kl. 13.00*
- *Forvaltningsutvalet kl. 13.00*
- *Eldrerådet kl. 10.15*
- *Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00*

Handsaming:

Leiar Sølvi Dimmen fremma følgjande:

Flytte møtet 18.02.19 til 11.02.19.

Røysting:

Det vart røysta over Sølvi Dimmen sitt framlegg.

Sølvi Dimmen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det var røysta over administrasjonen si tilråding, med endringar frå Sølvi Dimmen.

Administrasjonen si tilråding med endring frå Sølvi Dimmen vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne - 19.11.2018 til kommunestyret:

- 2. Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:**

	Forman n-skap	Kommun e- styre	Forvaltn- ingsutval et	Tenesteut v. oppvekst og kultur	Tenesteut v. helse og omsorg	Eldrerå d	FUN K
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				11	11
Mars	19	28	5	13	14		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20					
Juli							
August	27						
Septemb er	11 (valstyre) , 17	26 (gamle)	3	11	12		
Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				
Novembe r	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)

Desember	10	12 (nye),					
r	(gamle)	19 (gamle)					

2. Utvala har følgjande møtestart:

- Formannskapet kl. 12.00
- Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)
- Tenesteutval for helse- og omsorg kl. 13.00
- Tenesteutval for oppvekst og kultur kl. 13.00
- Forvaltningsutvalet kl. 13.00
- Eldrerådet kl. 10.15
- Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00

Handsaming:

Einar Børtveit fremma følgjande:
 Flytte møtet 18.02.19 til 11.02.19.

Røysting:

Det vart røysta over Einar Børtveit sitt framlegg.
 Einar Børtveit sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det var røysta over administrasjonen si tilråding, med endringar frå Einar Børtveit.
 Administrasjonen si tilråding med endring frå Einar Børveit vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Eldrerådet - 19.11.2018 til kommunestyret:

3. *Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:*

	Formann- skap	Kommune- styre	Forvaltn- ingsutvalet	Tenesteutv. oppvekst og kultur	Tenesteutv. helse og omsorg	Eldreråd	FUNK
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				11	18
Mars	19	28	5	13	14		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20					
Juli							
August	27						
September	11 (valstyre), 17	26 (gamle)	3	11	12		
Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				
November	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)
Desember	10 (gamle)	12 (nye), 19 (gamle)					

3. Utvala har følgjande møtestart:

- *Formannskapet kl. 12.00*
- *Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)*
- *Tenesteutval for helse- og omsorg kl. 13.00*
- *Tenesteutval for oppvekst og kultur kl. 13.00*
- *Forvaltningsutvalet kl. 13.00*
- *Eldrerådet kl. 10.15*
- *Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00*

Møte slutt kl. 12:20.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
20.11.18

Sunniva Utnes
Konsulent

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Forvaltningsutvalet - 20.11.2018 til kommunestyret:

- 4. Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:**

	Formann- skap	Kommune- styre	Forvaltn- ingsutvalet	Tenesteutv. oppvekst og kultur	Tenesteutv. helse og omsorg	Eldreråd	FUNK
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				18	18
Mars	19	28	5	13	14		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20					
Juli							
August	27						
September	11 (valstyre), 17	26 (gamle)	3	11	12		
Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				
November	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)
Desember	10 (gamle)	12 (nye), 19 (gamle)					

4. Utvala har følgjande møtestart:

- *Formannskapet kl. 12.00*

- *Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)*
- *Tenesteutval for helse- og omsorg kl. 13.00*
- *Tenesteutval for oppvekst og kultur kl. 13.00*
- *Forvaltningsutvalet kl. 13.00*
- *Eldrerådet kl. 10.15*
- *Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00*

Handsaming:

Røysting:

Tilråding/ Vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018

Handsaming:

Hild Våge fremma følgjande:

Flytte møtet 14.03.18 til 07.03.18.

Røysting:

Det vart røysta over Hild Våge sitt framlegg.

Hild Våge sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det var røysta over administrasjonen si tilråding, med endringar frå Hild Våge.

Administrasjonen si tilråding med endring frå Hild Våge vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 21.11.2018 til kommunestyret:

- 5. Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:*

	Forman n-skap	Kommun e- styre	Forvaltn - ingsutval et	Tenesteut v. oppvekst og kultur	Tenesteut v. helse og omsorg	Eldrerå d	FUN K
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				18	18
Mars	19	28	5	13	14		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20					
Juli							
August	27						
Septemb er	11 (valstyre , 17	26 (gamle)	3	11	12		

Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				
Novemb er	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)
Desembe r	10 (gamle)	12 (nye), 19 (gamle)					

5. Utvala har følgjande møtestart:

- *Formannskapet kl. 12.00*
- *Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)*
- *Tenesteutval for helse- og omsorg kl. 13.00*
- *Tenesteutval for oppvekst og kultur kl. 13.00*
- *Forvaltningsutvalet kl. 13.00*
- *Eldrerådet kl. 10.15*
- *Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00*

Administrasjonen si tilråding:

6. Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:

	Formann- skap	Kommune- styre	Forvaltn- ingsutvalet	Tenesteutv. oppvekst og kultur	Tenesteutv. helse og omsorg	Eldreråd	FUNK
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				18	18
Mars	19	28	5	13	14		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20					
Juli							
August	27						
September	11 (valstyre), 17	26 (gamle)	3	11	12		
Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				
November	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)
Desember	10 (gamle)	12 (nye), 19 (gamle)					

6. Utvala har følgjande møtestart:

- **Formannskapet kl. 12.00**
- **Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)**
- **Tenesteutval for helse- og omsorg kl. 13.00**
- **Tenesteutval for oppvekst og kultur kl. 13.00**
- **Forvaltningsutvalet kl. 13.00**
- **Eldrerådet kl. 10.15**
- **Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00**

Vedleggsliste:

Møteplan 2019

Saksopplysningar/fakta:

Møta må sjåast i samanheng av omsyn til bl.a. møterom, kapasiteten i administrasjonen (t.d. når det gjeld sekretærressursar) og praktisk gjennomføring av møta. Legg ein to møte på same dag, kan det bli utfordrande å skaffe vara, då nokre av politikarane er medlemer og varamedlemer i fleire utval. Det er likevel vanskeleg å unngå heilt.

Det er i 2019 lagt opp til færre møter enn tidlegare, dette fordi kommunen er under avvikling og svært mykje av ressursane i administrasjonen må nyttast til arbeidet med avvikling av gamle Volda kommune og tilrettelegging for ny kommune 01.01.2020. Erfaringar frå andre kommunesamanslåingar er at det vert rådd til at kommunestyret i avviklingsåret må vere særskild medveten om ikkje å binde opp ressursane slik at ein får landa samanslåingsprosjektet på ein god måte. Det vert derfor m.a. lagt opp til færre kommunestyremøte i 2019.

Funksjonsperioden for kommunestyre og andre utval er regulert i kommuneloven § 17 og inndelingslova § 27.

Kommunelova § 17, nr. 3: *Kommunestyre og fylkesting, formannskap, fylkesutvalg og kontrollutvalg trer i funksjon fra det konstituerende møte. Ordfører, fylkesordfører, varaordfører og andre folkevalgte organer trer i funksjon fra det tidspunkt de er valgt.*

Inndelingslova § 27, 2 ledd: *Funksjonsperioden for kommunestyra og fylkestinga i dei kommunane og fylkeskommunane som skal slåast saman, varer inntil tidspunktet for iverksetjing av samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b. Deira ansvar og fullmakter er likevel avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande einingane.*

I perioden frå konstituering av nytt kommunestyre 24. oktober til ut desember, er det lagt opp til nokre «doble» møte, i dei «gamle» og «nye» kommunestyra og formannskapa. Der det «nye» kommunestyret arbeider med mellom anna budsjett for 2020, medan det «gamle» kommunestyret arbeider med avvikling av den gamle kommunen. Det er sett opp møte i det «gamle» formannskapet og kommunestyret i desember.

Det vert val av valnemnd 1. oktober og konstituering av nytt kommunestyre den 24. oktober. Økonomirapportering hausten 2019 vert sett opp saman med presentasjon av årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2024 for kommunestyret 7. november.

Ved oppsetjing av møteplanen har vi teke omsyn til:

- Det er ikkje sett opp møte i vinterferien (veke 9) og haustferien (veke 41)
- Kommune- og fylkestingsvalet 2019
- Det er ikkje sett opp møte etter langhelg, med eit unntak - formannskapsmøtet 11.juni som er dagen etter 2. pinsedag.
- Innføring av nytt sak- og arkivsystem 01.06.2019.
- Strategikonferanse KS 20. og 21. februar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Servicekontoret

Januar 2019		Februar 2019		Mars 2019		April 2019		Mai 2019		Juni 2019	
T 1 Nyttårsdag		F 1		F 1		M 1	14	O 1 Første mai		L 1	
O 2		L 2		L 2		T 2 FORV.		T 2		S 2	
T 3		S 3		S 3		O 3		F 3		M 3	23
F 4		M 4	6	M 4	10	T 4		L 4		T 4	
L 5		T 5 FSK		T 5 FORV.		F 5		S 5		O 5	
S 6		O 6		O 6		L 6		M 6	19	T 6	
M 7	2	T 7		T 7		S 7		T 7		F 7	
T 8		F 8		F 8		M 8	15	O 8 TOK		L 8	
O 9		L 9		L 9		T 9 FSK		T 9 THO		S 9 Første pinsedag	
T 10		S 10		S 10		O 10		F 10		M 10 Andre pinsedag	24
F 11		M 11	7	M 11	11	T 11		L 11		T 11 FSK	
L 12		T 12		T 12		F 12		S 12		O 12	
S 13		O 13		O 13 TOK		L 13		M 13 ELDRE/FUNK	20	T 13	
M 14	3	T 14 KST		T 14 THO		S 14 Palmesøndag		T 14 FSK		F 14	
T 15		F 15		F 15		M 15	16	O 15		L 15	
O 16		L 16		L 16		T 16		T 16		S 16	
T 17		S 17		S 17		O 17		F 17 Grunnlovsdagen		M 17	25
F 18		M 18 ELDRE/FUNK	8	M 18	12	T 18 Skjærtorsdag		L 18		T 18	
L 19		T 19		T 19 FSK		F 19 Langfredag		S 19		O 19	
S 20		O 20	} Strategikonf. KS	O 20		L 20		M 20	21	T 20 KST	
M 21	4	T 21		T 21		S 21 Første påskedag		T 21		F 21	
T 22 FSK		F 22		F 22		M 22 Andre påskedag	17	O 22		L 22	
O 23		L 23		L 23		T 23		T 23 KST		S 23	
T 24		S 24		S 24		O 24		F 24		M 24	26
F 25		M 25	9	M 25	13	T 25		L 25		T 25	
L 26		T 26	} Vinterferie	T 26		F 26		S 26		O 26	
S 27		O 27		O 27		L 27		M 27 FORV.	22	T 27	
M 28	5	T 28		T 28 KST		S 28		T 28		F 28	
T 29 FORV.				F 29		M 29	18	O 29		L 29	
O 30 TOK				L 30		T 30		T 30 Kristi himmelfartsdag		S 30	
T 31 THO				S 31				F 31			

Juli 2019		August 2019		September 2019		Oktober 2019		November 2019		Desember 2019	
M 1	27	T 1		S 1		T 1	KST (nye Volda)	F 1		S 1	
T 2		F 2		M 2	36	O 2		L 2		M 2	49
O 3		L 3		T 3	FORV.	T 3		S 3		T 3	
T 4		S 4		O 4		F 4		M 4	45	O 4	
F 5		M 5	32	T 5		L 5		T 5		T 5	
L 6		T 6		F 6		S 6		O 6		F 6	
S 7		O 7		L 7		M 7	41	T 7	KST (presentasjonen budsjett)	L 7	
M 8	28	T 8		S 8		T 8	Høstferie	F 8		S 8	
T 9		F 9		M 9	VAL 37	O 9		L 9		M 9	50
O 10		L 10		T 10		T 10		S 10		T 10	FSK (gamle)
T 11		S 11		O 11	VALSTYRE / TOK	F 11		M 11	46	O 11	
F 12		M 12	33	T 12	THO	L 12		T 12	FSK (nye)	T 12	KST (nye Volda)
L 13		T 13		F 13		S 13		O 13		F 13	
S 14		O 14		L 14		M 14	42	T 14		L 14	
M 15	29	T 15		S 15		T 15	FORV. (gamle)	F 15		S 15	
T 16		F 16		M 16	38	O 16		L 16		M 16	51
O 17		L 17		T 17	FSK	T 17		S 17		T 17	
T 18		S 18		O 18		F 18		M 18	Eldre / Funk (nye) 47	O 18	
F 19		M 19	34	T 19		L 19		T 19	FSK / FORV. (nye)	T 19	KST (gamle)
L 20		T 20		F 20		S 20		O 20	TOK (nye)	F 20	
S 21		O 21		L 21		M 21	43	T 21	THO (nye)	L 21	
M 22	30	T 22		S 22		T 22		F 22		S 22	
T 23		F 23		M 23	39	O 23		L 23		M 23	52
O 24		L 24		T 24		T 24	KST (konstituering)	S 24		T 24	
T 25		S 25		O 25		F 25		M 25	48	O 25	Første juledag
F 26		M 26	35	T 26	KST (gamle)	L 26		T 26	FSK (nye)	T 26	Andre juledag
L 27		T 27	FSK	F 27		S 27		O 27		F 27	
S 28		O 28		L 28		M 28	44	T 28	KST (nye)	L 28	
M 29	31	T 29		S 29		T 29		F 29		S 29	
T 30		F 30		M 30	40	O 30		L 30		M 30	1
O 31		L 31				T 31				T 31	

PS 133/18 Orienteringssaker



UTSKRIFT

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/18	217	11.09.2018	20.09.2018	IBM

OPPFØLGING FORVALTNINGSREVISJON – TIDLEG INNSATS

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga frå rådmannen v/oppvekstsjefen til vitende.
2. Kontrollutvalet ser at PPT har ein langsiktig strategi for å jobbe systemretta og førebyggjande, men kontrollutvalet registrerer at hovuddelen av førespurnadane til PPT framleis rettar seg mot enkeltindivid. Ein saknar konkret tilbakemelding for sakshandsamingstid og ventelister.
3. Kontrollutvalet ber leiaren i PPT om orientering av status våren 2019.

Vedlegg

1. Tilbakemelding frå Volda kommune
 - 1) Når fråvær uroar oss – ein intern rettleiar
 - 2) Saksgang knytt til spesialundervisning i Volda kommune
 - 3) Rutinar for overgang barnehage – skule
 - 4) Referat frå evalueringsmøte kring Ressursteamet
 - 5) Frå eldst til yngst – samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule
 - 6) Informasjon om støttetiltak i barnehagar

Saksopplysningar

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 10/17 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningsliner med omsyn til å identifisere barn med vanskar, gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp i barnehagar, og om ein kjem tidleg i gong med spesialundervisinga/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Tidleg innsats – Volda kommune, datert 20.10.2017. Denne var handsama i kontrollutvalssak 45/17, og vidare i kommunestyret 25.01.2018 i PS 3/18 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats, Volda Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 20.10.17).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - a) Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT straks kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.

- b) PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT skal støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.
 - c) Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
 - d) Kommunen skal sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» vert nytta og vidare styrka i barnehagane og i tillegg vida-reført til skulane i kommunen.
 - e) Kommunen skal vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.
 - f) Kommunen skal utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskule-arbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.06.2018.
4. Kommunestyret ber om at rapporten som rådmannen skal levere til Kontrollutvalet blir lagt fram som orienteringssak til kommunestyret.

Tilbakemelding frå rådmannen v/oppvekstsjef

Viser til tilbakemelding frå Volda kommune v/oppvekstsjef som ligg ved.

Tilbakemeldinga er også meldt opp som orienteringssak til kommunestyret slik det vart gjort vedtak om. Dette inneber at kommunestyret har behandla oppfølginga før kontrollutvalet har vurdert tilbakemeldinga.

Tilbakemelding på status på gjennomføring av tilrådingar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon v/ Alf Marius Grønnevik

Anbefaling 1 (a)

Det går fram av tilbakemeldinga at PPT i mykje større grad skal jobbe systemretta og førebyggjande. Barnehagane og skulane skal no i større grad gjere eit grundig førearbeid (gjerne med råd/bistand frå PPT) og prøve ut ulike tiltak innanfor den tilpassa opplæringa før ein evt. vel å tilmelde enkeltindivid med ønskje om utgreiing til PPT.

Det går fram av tilbakemeldinga at hovuddelen av førespurnadane til PPT framleis rettar seg mot enkeltindivid, og då gjerne med ynskje om utgreiing av barnet/eleven sine vanskar. Det går ikkje fram informasjon om venteliste eller sakshandsamingstid, utover at barnet får tilfredsstillande utbytte av det ordinære og tilpassa tilbodet i den perioden PPT arbeider med sakene. Slik sett skal det ikkje vere venteliste i barnehagane og skulane i Volda i følgje administrasjonen.

Anbefaling 2 (b)

Det går fram at kommunalleiarane for barnehage og skule i samarbeidskommunane for det interkommunale barnevernet har bede PPT prioritere kompetanseheving/organisasjonsutvikling og endringsleiing. Det går derimot ikkje fram om PPT har sett i verk slikt arbeid og eventuelle tiltak som har vore gjennomført ut mot einingane.

Anbefaling 3 (c)

Tolkar tilbakemeldinga frå administrasjonen slik at det ikkje vert gjort endringar i rutinen som eit forpliktande punkt sidan det ikkje alltid er klart kven som skal vere kontaktlærer eller det ikkje let seg gjere utan vesentleg ulempe.

Ein ser på overføringssamtalane der kontaktlærer er involvert som viktige. I dei tilfelle ein ikkje har fått på plass kontaktlærer, eller ikkje har anledning til å gjennomføre overføringssamtale på våren, bør ein vurdere om det skal etablerast ei rutine der kontaktlærer så raskt som råd etter skulestart gjennomfører overføringssamtaler med barnehagane.

Anbefaling 4 (d)

Kommunen ser det som formålstenleg at skuleleiarane får meir informasjon om «Voldaprojektet», og at ein har sett i verk og gjennomført tiltak for å sikre dette.

Anbefaling 5 (e)

Kommunen har i møter vurdert og gjort mindre endringar.

Anbefaling 6 (f)

Oppvekstsjefen vurderer gjeldande rammeverk/rutinar for barnehagane som gode nok å arbeide etter.

Rett utskrift

Åram, 21. september 2018

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Ida B. Marholm

Ida Birgitte Marholm
Konsulent

**Utskrift til: Rådmann
Leiar PPT
Kommunestyret**



Kontrollutvalet

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2018/25	6579/2018	A20	OPP/ PERKON	13.05.2018

STATUS FOR GJENNOMFØRING AV TILRÅDINGAR I FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - TIDLEG INNSATS

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 10/17 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar. Vidare at dei kjem tidleg i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt *Tidleg innsats* vart handsama i kommunestyret 25.01.2018. Kommunestyret vedtok at revisjonen sine tilrådingar skulle følgjast, og at rådmannen skal rapportere om status for gjennomføringane av tilrådingane, og evt vidare framdrift. Frist for dette vart sett til 01.06.2018. Kommunestyret ba samstundes om at rådmannen si tilbagemelding vert lagt fram for kommunestyret som orienteringssak.

Innleiingsvis finn rådmannen det rett å kommentere følgjande:

I arbeidet Søre Sunnmøre Kommunerevisjon har gjort, vert det nytta mange omgrep som er sentrale. Det er omgrep som *tidleg innsats, tilpassa opplæring, systemarbeid, individarbeid og organisasjonsutvikling*.

Kunnskap, forståing og utøving av praksis innanfor desse områda er ulike. Revisjonen har nytta mange informantar i sitt arbeid, og det kjem ikkje fram korleis informantane forstår desse omgrepa. I utviklingsarbeid ser ein at det er ulike forståing av omgrepa, og at det krev eit eige arbeid å sikre ei mest mogeleg lik forståing av omgrepa.

Sektor for opplæring og oppvekst i Volda kommune inkluderer mellom anna helsestasjonen, barnehagedrift og grunnskuledrift. Revisjonen har medvite halde helsestasjonen utanom arbeidet. Svangerskaps- og barselomsorga, helsestasjonen og skulehelsetenesta har ei viktig rolle når det gjeld tidleg innsats. I tillegg er kommunepsykologen knytt til helsestasjonen. Desse tenestene utgjør ein viktig del av kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats, og rapporten ville gitt eit betre bilete av kommunen sin samla og samhandlande innsats viss helsestasjonen hadde vore ein del av forvaltningsrevisjonsprosjektet.

PPT si rolle og funksjon har fått mykje merksemd i rapporten. I praksis er det PPT for Volda og Ørsta sitt arbeid som har vorte evaluert. Frå 01.08.2017 vart PPT organisert på ny måte, og Ulstein kommune er no vertskommune for PPT Hareid, Volda, Ulstein og Ørsta.

Stort skulefråvær er ei utfordring også i Voldaskulen. Forsking viser at tidleg og tverrfagleg intervensjon aukar mogelegheita for rask tilbakeføring. Ein nyttar høvet til å orientere kontrollutvalet om at ei tverrfagleg samansett gruppe har revidert tidlegare retningslinjer, og har no klart eit utkast til ein intern rettleiar til bruk i skulane. Det er framleis eit utkast, men rettleiaren vert lagt ved til orientering for kontrollutvalet.

Kommunestyret har vedteke at rådmannen rapporterer attende til kontrollutvalet på følgjande punkt:

1. Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT straks kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.

Visjonen for sektor for opplæring og oppvekst er:

Volda kommune har trygge born og unge som deltek, meistrar og lærer.

I utdjupeinga av visjonen heiter det mellom anna:

Dette betyr ikkje berre å høyre til i felleskapet, men også oppleve støtte til å etablere og utvikle venskapsrelasjonar i samhandling med andre, noko som er med å skape grunnleggande tryggleik.

Det er eit uttalt mål at fleire av våre barn og elevar skal få heile sitt tilbod i felleskap med andre i det ordinære og tilpassa tilbodet i barnehagar og skular. I Volda har ein relativt stor del av elevane spesialundervisning. I følge KOSTRA hadde 9,3 % av elevane spesialundervisning i 2017. Snittet for landet er 7,8 % og i Hornindal kommune er talet 5,4 %.

Desse tala tyder på at vi i Volda har utfordringar med å tilpasse den ordinære opplæringa slik at den kjem i møte elevar ut i frå evner og individuelle behov. Når vi har som mål å gje fleire elevar utbyte av det ordinære og tilpassa tilbodet, må PPT prioritere støtte og rettleiing til skulane med mål om å heve kvaliteten i det ordinære for å inkludere fleire.

I rapporten som *Ekspertgruppe for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging* la fram i april, vert det nettopp peika på at pedagogisk personale i barnehagar og skular har behov for meir rettleiing og støtte der dei er. Ekspertgruppa foreslår at tiltak må rettast meir mot læringsmiljøet og mindre mot individ.

Tidlegare var det gjerne slik at barnehagen/skulen sendte enkeltsaker utan først å drøfte sakene med PPT, og ein nytta då omgrepet «tilvising». Dette omgrepet er no erstatta med omgrepet «søke bistand» frå PPT.

Før det vert søkt om bistand frå PPT, skal barnehagen og skulen no gjere eit grundig førearbeid. Viss det er grunn til å tru at barnet/eleven ikkje får tilfredsstillande utbyte av det ordinære og tilpassa tilbodet, skal det setjast inn tiltak. Tiltaka skal ha som mål å innfri individuelle behov ut i frå evner og føresetnader og imøtekomme alle born/elevar i ein

inkluderande felleskap. I dette arbeidet har styrar/rektor tilbod om tiltaksmøte med PPT for å få støtte på leiarnivå på eit tidleg stadium.

Rutinane kring dette arbeidet kjem fram i vedlegg *Saksgang knytt til spesialundervisning i Volda kommune*.

Når det gjeld sakshandsamingstid vert det i revisjonsrapporten vist til at PPT Volda og Ørsta kunne ha venteliste på opp til 6-7 månader. Oftast har ein rekna tida frå det vart sendt tilvising til det låg føre ei sakkunnig tilråding.

Som vist til over, er det no forventa at barnehagen/skulen gjer eit grundig førearbeid når barnehage/skulen har grunn til å tru at eit barn/elev ikkje får tilfredsstillande utbyte av tilbodet/opplæringa. I dette førearbeidet er det forventa at tiltak vert sett inn, prøvd ut og evaluert. Styrar/rektor har tilbod om støtte og rettleiing frå PPT i dette arbeidet. Det er først når ein konkluderer med at tiltak og styrking av det ordinære og tilpassa tilbodet ikkje bidreg til tilfredsstillande utbyte for barnet/eleven at PPT gjer nærare undersøkingar, utgreiingar og evt skriv sakkunnig tilråding. Her vil ein med andre ord kunne oppleve at det går noko tid frå barnehagen/skulen uroar seg for utbytet til barnet/eleven, til det ligg føre ei sakkunnig tilråding. Likevel har barnehagen/skulen arbeidd med saka, ofte med støtte og rettleiing frå PPT.

Viss ein er grundige og tolmodige i denne fasen, kan resultatet bli at barnet/eleven får tilfredsstillande utbyte i det ordinære og tilpassa tilbodet i felleskap med andre i staden for spesialpedagogiske tiltak utanfor fellesskapen.

I Voldabarnnehagen har ein nådd målet om 50 % pedagogtettleik, og det er tilsett ein spesialpedagogisk koordinator. Ein har forventningar til at desse tiltaka skal styrke det ordinære tilbodet i barnehagane. Gode barnehagar gir god utvikling for alle born.

Det er utarbeidd eigen informasjon om støttetiltak i barnehagane som er lagt ved.

Ein ynskjer med andre ord å unngå det professor Peder Haug skildrar i ein artikkel i *Synsrand 1/18 (magasin om forskning og utvikling)*:

Dei som får spesialundervisning har gått gjennom ein prosess som påverkar både dei og omgjevnadene deira. Først vert det slått fast at vedkomande elev ikkje fungerer tilfredsstillande i skulen. Så må han eller ho gjennom ei sakkyndig utredning i PPT-regi. Til slutt skal skulen vedta og sette i verk eigna tiltak. Denne prosessen gjer at elevane vert definerte som annleis. Det igjen gjer at omgjevnadene, inkludert lærarar, får mindre forventningar til dei. Følgja av det er at elevane sjølve også får redusert eigne forventningar og ambisjonar til seg sjølve.

Det vil alltid vere born/elevane som har behov for og rett til spesialpedagogisk hjelp. For desse borna/elevane skal det utarbeidast sakkunnige tilrådingar. Medan PPT arbeider med desse sakene, vil barnehagen/skulen halde fram arbeidet med å gje barnet/eleven tilfredsstillande utbyte av det ordinære og tilpassa tilbodet. Slik sett skal det ikkje vere ventelister i barnehagane og skulane i Volda.

Den nye PP-tenesta, som Volda er ein del av, er i ein krevjande omstillingsprosess. Frå 01.08.2017 vart den meir enn dobla i storleik, noko som i seg sjølv set krav til intern

organisasjonsutvikling. Samstundes skal tenesta vere ein viktig faktor i den endringa som er naudsynt for at det ordinære og tilpassa tilbodet i barnehagar og skular inkluderer fleire av borna/elevane.

I rapporten til *Ekspertgruppe for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging* heiter det avslutningsvis:

I bunn og grunn handler måten vi møter barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging på om hvilket samfunn vi ønsker i fremtiden. Et inkluderende og demokratisk samfunn kan kun realiseres om barnehager og skoler fungerer som inkluderende og demokratiske institusjoner.

- 2. PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT bør støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlige behov.**

Det er framleis slik at hovuddelen av dei førspurnadene PPT får rettar seg mot enkeltindivid, og då gjerne med ynskje om utgreiing av barnet/eleven sine vanskar. Som det er gjort greie for lenger oppe, er målet no at PPT i større grad skal sjå på dei omliggande faktorane kring barnet/eleven: Læringsmiljø, leiing og kompetanse i det ordinære tilbodet.

Kommunalleiarane for barnehage og skule i Hareid, Volda, Ulstein og Ørsta har bede PPT prioritere kompetanseheving/organisasjonsutvikling og endringsleiing. Dette med bakgrunn i målet om å inkludere fleire born/elevlar i felleskap med andre i det ordinære tilbodet.

Dette er ei endring der fokus til ei viss grad vert flytta frå enkeltindivid og over til barnehage –og skulekulturen, læringsmiljøet og andre omliggande faktorar kring enkeltindivid.

I 2017 vart kvar femte krone brukt til spesialundervisning i voldaskulen. Det er ein målsetnad å vri ressursbruken frå det spesielle og over til styrking av det ordinære og tilpassa. Dette for å betre kvaliteten på det ordinære og tilpassa opplæringstilbodet slik at fleire av elevane som i dag har spesialundervisning får tilfredsstillande utbyte av det ordinære og saman med gruppa han/ho er ein del av.

- 3. Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærarar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule**

Volda kommune har ein eigen rutine som gjeld overgang mellom barnehage og skule. Som revisjonen også fekk tilbakemelding om, er dette ein rutine som vert nytta aktivt av barnehagane og skulane, og det sikrar ein god overgang. (vedlegg)

Revisjonen peikar på at kommunen bør vurdere om komande kontaktlærarar skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalane mellom einingane.

På skuleleiarmøte 9. mai 2018 ba oppvekstsjefen om ei tilbakemelding frå skulane om kva praksis som er gjeldande i dag med omsyn til komande kontaktlærar si rolle i overgangsarbeidet, og om rutinane våre bør reviderast for å ta det inn som eit punkt. Sidan det ikkje er ein del av rutinen, er praksis i dag ulik mellom skulane.

Ved Austefjord, Folkestad og Dalsfjord skular er det allereie innarbeidd tett kontakt mellom skulen og barnehagen, og komande 1. klassingar er til vanleg kjent med kontaktlærar som har delteke i overgangsaktivitetar. Skulane har berre ein barnehage å forhalde seg til, og dette gjer overgangsarbeidet mindre krevjande enn for sentrumsskulane, som får elevar frå mange barnehagar.

På det/dei tidspunkta ein har overgangsaktivitetar, er det ikkje alltid klart kven som skal vere kontaktlærar i 1. klassene. Andre gongar er det vanskeleg å frigjere komande kontaktlærarar frå oppgåvene sine for at dei skal kunne ta del i overgangsaktivitetar. Likevel er det fleire av skulane som kan melde at komande kontaktlærarar har delteke i overgangsaktivitetar. Så sant det ikkje er noko til hinder for det, er det eit ynskje frå alle skulane.

Nettopp sidan det ikkje alltid let seg gjere utan vesentleg ulempe eller fordi det ikkje er klart kven som skal vere kontaktlærar, rår oppvekstsjefen til at det ikkje vert gjort endringar i rutinen og innføre det som eit forpliktande punkt. Det er likevel forventa at komande kontaktlærar vert involvert i overgangsaktivitetar viss det ikkje er til hinder for drifta elles.

4. Kommunen skal sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» vert nytta og vidare styrka i barnehagane og i tillegg vidareført til skulane i kommunen.

Voldaprojektet har som overordna mål å gje tilsette i barnehagane auka kunnskap om psykisk helse hjå barn i barnehagealder. Dette er også eit forskingsprosjekt. Som revisjonen har fått tilbakemelding om, er dette eit prosjekt barnehagane har opplevd som eit konkret og godt tiltak knytt til tidleg innsats. Kunnskapen og ferdigheitene som er opparbeidd gjennom prosjektperioden vert nytta, og mykje av vidare kompetanseheving mellom dei tilsette vil bygge på dette.

Hausten 2018 er det planlagt opplæring/kursing i *COS I barnehagane*. Dette har som mål å inspirere barnehagepersonalet til å ta eit varmt grep om rolla som omsorgspersonar ved at dei blir medvitne ein omsorgsstil som er ivaretakande overfor borna sine sosial og emosjonelle behov. Det er også planlagt kursdag i *Psykologisk førstehjelp*, som har som formål å stimulere born sitt medvit kring tankar og kjensler.

Skulane har merksemd mot psykisk helse mellom elevane, og det er innført ulike program i skulen:

- 1.-4. klasse Zippys Venner
- 5.-7. klasse Smart oppvekst
- 8.-10. klasse Alle har en psykisk helse.

Det er lagt ned mykje arbeid i å sikre gode rutinar kring overgangen mellom barnehage og skule, og overføring av kunnskap om arbeidet kring psykisk helse er viktig. Gode fora for overføring av kunnskap er barnehage- og skuleleiarmøta.

På skuleleiarmøte i januar 2018 fekk skuleleiarane informasjon om Voldaprojektet frå fagkonsulent barnehage, som er prosjektleiar og sit i styringsgruppa for projektet.

I februar 2018 var alle leiarane i sektoren samla i Loen. Der vart det gjennom praksisforteljingar også overført kunnskap og røynsle frå Voldaprojektet.

Til liks med revisjonen, ser ein det som viktig å informere om viktige satsningsområde mellom barnehage og skule.

Det vert sett som formålstenleg at det blir lagt til rette for at skuleleiarane får meir informasjon om Voldaprojektet.

- 5. Kommunen skal vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.**

I møte 08.03.18 og 26.04.18 har ressursteamet si form og funksjon vorte evaluert. På møta deltok helsesøstre, kommunepsykolog, barneverntenesta, PPT og oppvekstsjef.

Etter møta vart det konkludert med at ein ynskjer framhald av ressursteamet, men med mindre endringar.

Referat frå møta ligg ved.

- 6. Kommunen skal utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.**

Revisjonen skriv i sin rapport:

Store forskjellar i sosial kompetanse mellom elevane som skal starte i 1. klasse kan vere ei utfordring for sentrumsskulane. Kommunen bør derfor utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse.

Rammeplanen, som skildrar barnehagen sitt innhald og oppgåver, har eit eige punkt som omhandlar danning. Rammeplanen konkretiserer vidare kva personalet skal gjere for at barnehagen skal fremje danning.

Volda kommune har i tillegg ei informasjonsbrosjyre, *Frå eldst til yngst*, som skildrar kva det vert arbeidd særskilt med for dei eldst borna i barnehagane. Både kommunale og private barnehagar deltok i utarbeidinga av denne brosjyren, og for den enkelte barnehage er det rett å sjå på det som er skildra i brosjyren som retningsgivande for arbeidet med sosial kompetanse mellom borna.

I barnehagen har ein/skal ein ha merksemd på følgjande:

- ✓ Ta kontakt med andre på ein positiv måte
- ✓ Vere del av eit felleskap
- ✓ Ta omsyn og vise omsorg
- ✓ Samhandle med andre
- ✓ Lære seg å handtere kjensler
- ✓ Vere sosialt aktiv utan å trykkje andre ned
- ✓ Vise akseptable kjensleuttrykk i forhold til sinne, usikkerheit og frustrasjon
- ✓ Hevde eigne synspunkt og akseptere andre sine
- ✓ Kunne tape og vinne i lek

Det vert også skildra ei rekke punkt kring det som gjeld konsentrasjon.

Oppvekstsjefen vil gjere alle barnehagane kjende med revisjonen sitt funn og tilråding. Oppvekstsjefen si vurdering er at det gjennom rammeplan og kommunen sine eigne skildringar av forventa sosial kompetanse mellom komande 1. klassingar er utarbeidd tilstrekkelege og gode nok rammeverk for barnehagane å arbeide etter.

Med helsing

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1. Når fråvær uroar oss – ein intern rettleiar
2. Saksgang knytt til spesialundervisning i Volda kommune
3. Rutinar for overgang barnehage – skule
4. Referat frå evalueringsmøte kring Ressursteamet
5. Frå eldst til yngst – samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule
6. Informasjon om støttetiltak i barnehagar



UTKAST PR 12.05.2018

Når fråvæ uroar oss



- Ein intern rettleiar for skulane i Volda kommune



Bakgrunn

Kapittel 9A. Elevane sitt skulemiljø

§ 9A-1. Generelle krav

Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Aktivitetsplikta til skulen er delt i fem handlingsplikter. Aktivitetsplikta omfattar alle vaksne som har sitt virke i skulen. Handlingspliktene er følgende:

- 1) Plikt til å følge med
- 2) Plikt til å gripe inn
- 3) Plikt til å varsle ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- 4) Plikt til å undersøke
- 5) Plikt til å setje inn eigna tiltak

Stort skulefråvær er ein problematikk som kan få alvorlege konsekvensar for elevar og familiene deira. Ikkje berre fører fråværet til at eleven går glipp av fagleg kunnskap, men det fører også til at eleven mister verdifull sosial trening og tilhøyra i jamnaldersgruppa. Fråvær frå skule og opplæring kan på lang sikt redusere elevar si moglegheit til å bli ein aktiv og produktiv deltakar i samfunnet.

Årsakene til skulefråværet er ofte samansette og svært kompliserte, der fleire ulike faktorar påverkar kvarandre gjensidig. Intervensjon og tiltak bør difor vere basert på ei grundig kartlegging av eleven sitt skulemiljø, eleven og eleven si familie og deira hjelpebehov.

Forsking viser at tidlig og tverrfaglig intervensjon aukar moglegheita for raskt tilbakeføring. Skulen er en sentral aktør i arbeidet rundt urovekkande skulefråvær, både i forhold til enkeltelevar og i det førebyggjande arbeidet. Fordi nettopp tverrfaglig intervensjon er så viktig i dette arbeidet, har vi arbeida tverrfagleg for å utarbeide denne interne rettleiaren. Gruppa har vore samansett av kontaktlærar, helsesøster, kommunepsykolog, miljøarbeidar, miljøterapeut og assisterande oppvekstsjef.



Definisjonar

Udokumentert fråvær:

1. Alt fråvær som føresette ikkje har meldt frå om.
2. Alt fråvær, unntatt meldt sjukefråvær, som skulen ikkje har gitt eleven permisjon for, altså ugyldig fråvær.

Urovekkande fråvær:

Dersom ein elev har udokumentert fråvær frå ein enkelttime eller ein dag, skal kontaktlærar ha samtale med eleven og ringe heim for å informere om det udokumenterte fråværet. Dette skal gjerast snarast råd, seinast innan tre dagar.

Trinn 1 i «trinnplan for oppfølging av urovekkande skulefråvær» skal gjennomførast dersom:

1. eleven kjem for seint 3 gongar på ein månad – uavhengig av om fråværet er dokumentert eller ikkje.
2. eleven har fråvær utan permisjon frå 3 enkeltdagar i løpet av ein månad – uavhengig av om fråværet er dokumentert eller ikkje.
3. eleven har fråvær utan permisjon over 10 dagar innanfor same semester uavhengig av om fråværet er dokumentert eller ikkje.



Retningslinjer ved fråvær

Rektor sitt ansvar - informasjon om retningslinjer og handtering av urovekkande elevfråvær

1. Sørge for at skulen sine retningslinjer om fråvær er nedfelt i skulen sitt ordensreglement og gjort kjent blant dei tilsette på skulen, elevane og føresette. Dette gjeld spesielt dei føresette si plikt til å melde frå om fråvær og ordensreglement og vurdering med karakter - jf. Forskrift til opplæringsloven § 3-5 og 4-3.
2. Sørge for at fråværsregistreringa vert fylgt opp, dersom kontaktlærar er fråverande ei veke eller meir.
3. Følgje opp arbeidet med urovekkande fråvær, gjennom t. d å delta i interne drøftingar.

Føring og oppfølging av fråvær

1. Alle lærarar skal registrere alt fråvær kvar dag, både dokumentert og udokumentert fråvær.
2. Kontaktlærar skal ha kontinuerlig oversikt over fråvær og ein gjennomgang saman med interne samarbeidspartar kvar 4. veke.
3. Kontaktlærar skal kontakte føresette snarast mogleg ved udokumentert fråvær (innan tre dagar etter fråværet).
4. Informere leiinga på skulen om urovekkande fråvær (snarast mogleg).

Føresette sitt ansvar – melding om fråvær og samarbeid om elevane sitt fråvær

- Planlagt fråvær skal meldast til skulen i forkant av fråværet. Dette gjeld også om eleven, til dømes, ikkje kan vere med i kroppsøving.
- Kontakte skulen – helst same dag, seinast innan tredje fråværsdag – ved alle typar fråvær, også timefråvær.
- Kontakte skulen dersom eleven vegrar seg mot å gå på skulen.
- Samarbeide aktivt med skulen om oppfølging av fråvær/urovekkande fråvær.



Trinnplan for oppfølging av urovekkende skulefråvær

Trinn 1 Eleven har urovekkende fråvær ANSVAR: Kontaktlærer Sjå definisjon på urovekkende fråvær pkt. 1., 2., og 3. INFORMASJON Kontaktlærer informerer leiinga om fråværet og det vidare arbeidet. SAMTALE OG KARTLEGGING Kontaktlærer skildrar eleven sin skulesituasjon og har samtalar med eleven og føresette snarleg. (Vedlegg 1 del A og B + skjema 1 i OAP) Skulen kan gjennomføre kartlegging av eleven sitt psykososiale miljø/læringsmiljø ved behov. Den ikkje – anonyme mobbeundersøkinga, Spekter, er eit godt verktøy. Samarbeidsavtale utarbeidast med klar frist for evaluering. (Vedlegg 2 + skjema 2 i OAP) TILTAK Tiltak skal settast i verk i samsvar med samarbeidsavtalen. TIDSPERSPEKTIV: <u>Tiltak prøvast ut i inntil 2 veker</u> <u>Tiltaka skal evaluerast og det skal kome fram i evalueringa om titaka fungerte eller om ein går vidare til trinn 2 i Trinnplanen.</u>	Trinn 2 Framleis uro for eleven ANSVAR: Rektor Dersom tiltaka ikkje har ønska effekt: MØTE • Skulen kallar inn føresette og ev. eleven til møte innan 1 veke. • Kontaktlærer, rektor og ev. helsesøster/miljøterapeut/miljøarbeidar deltek. • Ein gjennomgang av fråværet og tiltaka som er sette i verk. • Avklaring om saka skal vidare til Ressursteamet eller andre Hjelpeinstansar og kven som opprettar Kontakt med aktuelle instansar. (BUP, barnevernsteneste, PPT, foreldrerettleiar, kommunepsykolog) • Dersom saka skal vidare til Ressursteamet skal vedlegg 1, 2 og 3 leggjast ved saka. Dette må avklarast med dei føresette. <u>Tidsperspektiv: I løpet av 1 veke</u>	Trinn 3 Tverrfagleg samarbeidsmøte ANSVAR: Rektor MØTE Rektor kallar inn aktuelle hjelpeinstansar, føresette og ev. eleven til samarbeidsmøte i løpet av 2 veker etter kontakt er etablert med andre hjelpeinstansar. På første møte gjennomførast ei systematisk kartlegging av ressursar og hjelpebehov Det utarbeidast tiltak på bakgrunn av kartlegginga. <u>Ansvar for oppfølging av tiltaka fordelast på dei ulike deltakarane i gruppa.</u> <u>Ansvarsfordelinga skal kome tydeleg fram i møtereferatet.</u> VIDARE MØTE Avtalast frå gong til gong BEHOV FOR ANNAN BISTAND Eventuelt behov for bistand frå andre instansar/tenester vurderast fortløpande Eleven/ foreldre skal ha oppfølging gjennom heile prosessen ved å ha samtalar med kontaktlærer, helsesøster, miljøarbeidar/terapeut, foreldrerettleiar eller andre.
---	--	---



Vedlegg 1

STØTTE til arbeidet med SKJEMA 1 (i OAP): NÅR FRÅVÆR UROAR

DEL A: Lærer si skildring av eleven sin skulesituasjon

Tenk igjennom og fyll ut det som er aktuelt på dei 9 punkta for å konkretisere den aktuelle situasjonen best mogleg (jamfør målet med denne rettleiaren).

DEL B: Kartlegging gjennom samtale med eleven

Tips til oppstart av samtalen:

- Å snakke om fråvær kan vere vanskeleg for eleven. Bruk difor tid i oppstarten av samtalen til å etablere ein trygg og open dialog utan konfrontasjon.
- Informer om at føremålet med samtalen er di uro for eleven sitt skulefråvær og at målsettinga er å hjelpe eleven til å vere på skulen. Det kan også informerast om at framgangsmåten er i tråd med skulen sine retningslinjer (jfr. Trinnplanen).
- Informer eleven om at det er gjennomført en foreldresamtale og gi en kort oppsummering av innholdet i denne samtalen.

Innhaldet i samtalen:

- 1. Undersøk eleven si oppleving av skuledagen. For dei yngre elevane er det viktig å vere så konkret som mogleg. Bruk gjerne timeplanen som utgangspunkt for å skildre skuledagen. (skriv i felt for fritekst i skjemaet)**

Døme på tema/formuleringar:

- Kva for situasjonar og aktivitetar på skulen likar du?
- Er det situasjonar eller aktivitetar du opplever som vanskeleg?
- Kven av dei vaksne likar du å vere saman med?
- Er det nokre vaksne du syns det er vanskeleg å vere saman med?



2. Undersøk eleven sitt sosiale nettverk og relasjonar til barn på same alder både på skule og i fritid. (skriv i felt for fritekst i skjemaet)

Døme på tema/formuleringar:

- Korleis har du det på skulevegen? Og har du nokon å gå saman med til og frå skulen?
- Korleis trivast du i friminutta og i timane?
- Kven er du saman med på skulen?
- Opplever du at andre ønsker å vere saman med deg?
- Har du opplevd å bli plaga eller mobba?

3. Undersøk eleven sine aktivitetar i skuletida og når eleven ikkje er på skolen. (skriv i felt for fritekst i skjemaet)

Døme på tema/formuleringar:

- Kva gjer du når du er heime frå skulen?
- Var det nokon som forsøkte å hjelpe deg med å kome på skulen?
- Er det nokon heime saman med deg når du ikkje er på skulen?

4. Undersøk eleven sine eigne opplevingar av skulefråvær, og eigen vurdering av behov for støtte (skriv i felt for fritekst i skjemaet).

Døme på tema/formuleringar:

- Er det noko du skulle ønske var annleis og som ville gjere det lettare for deg å møte på skulen?
- Kva kan eg gjere for at det skal bli lettare for deg å vere på skulen?
- Kva kan mamma, pappa eller eventuelt andre gjere for at det skal bli lettare for deg å møte på skulen?
- Kva kan du gjere?
- Er det noko som har skjedd eller er det noko du er bekymra for utanfor skuletid?

5. Tiltak formulert saman med eleven på bakgrunn av opplysningane som kjem fram i samtalen (skriv i felt for fritekst i skjemaet)

Desse tiltaka tek ein med seg som forslag vidare til samarbeidsavtalen og gjerne i samtalen med føresette.

Døme på tiltak finn du i vedlegg 3

6. Oppsummering av samtalen: Gi ei kort munnleg oppsummering av innhaldet i samtalen.



Døme på formuleringar:

- Eg ville snakke med deg i dag fordi du har vore mykje vekke frå skulen ...
- Vi har snakka om ... og du har fortalt meg ...
- Vi har snakka om kva vi kan gjere annleis på skulen og som vil gjere det lettare for deg å vere her og saman har vi blitt einige om ...

DEL C: Kartlegging gjennom samtale med føresette

Tips til oppstart av samtalen:

- Start samtalen med å fortelle om skulen si uro for eleven sitt skulefråvær, og at føremålet med møte er å etablere eit samarbeid for å kome fram til tiltak som vil redusere eleven sitt skulefråvær. Gi ei konkret orientering om omfanget av eleven sitt fråvær.
- Gi også informasjon om at skulen har rutinar i høve skulefråvær og at desse inneberer konkrete tiltak jfr. Trinnplanen.
- Informer om at skulen har ansvaret for at elevar har ein god og trygg skulekvardag og at foreldre har ansvar for å sørge for at elevane kjem til skulen. Elevar har opplæringsplikt og foreldre har ansvaret for at skulen får gitt denne opplæringa.

Innhaldet i samtalen:

- 1. Undersøk føresette si oppleving av trivselen til sitt barn på skulen og i fritida (skriv i felt for fritekst i skjemaet).***
- 2. Undersøk føresette si oppleving av skulefråvær, og om dei opplever at det er spesielle årsaker til at deira barn ikkje er på skulen (skriv i felt for fritekst i skjemaet)***

Døme på formuleringar kan vere:

- Kan det vere forhold på skulen som gjer at ditt barn har fråvær?
- Vi har erfaring med at det kan vere forhold eller hendingar utanfor skulen som fører til at elevar har fråvær, kan det vere slik for ditt barn?
- Har det vore hendingar i familien eller i fritida som kan forklare ditt fråværet til barnet ditt?
- Er det helsemessige årsaker til at barnet ditt er vekke frå skulen?

- 3. Undersøk føresette sitt behov for støtte (skriv i felt for fritekst i skjemaet).***

Døme på formuleringar:

- Kva kan du gjere for at barnet ditt skal kome på skulen?



- Kva kan eg gjere for at barnet ditt skal kome på skulen?
- 4. Utarbeid en samarbeidsavtale med skildring av tiltak og ansvar (Skjema 2 i OAP). Sjå forslag til tiltak i tiltaksbanken i vedlegg 3**
- 5. I situasjonar der fråværet i liten grad kan relaterast til opplevingar eller situasjonar på skulen og føresette gir uttrykk for at dei ikkje vil mestre å få eleven på skulen framover, bør ny samtale jf. trinn II i Trinnplanen tilbydast i løpet av ei veke.**
- 6. Oppsummering av samtalen: Gi ei kort munnleg oppsummering av innhaldet i samtalen.**
Døme på formuleringar:
- Bakgrunnen for denne samtalen har vore skulen si uro for skulefråværet til barnet ditt.
 - Vi har vorte enige om følgjande tiltak...
- 7. Avtal nytt møtetidspunkt for evaluering av samarbeidsavtalen (noter tidspunkt i skjema 2).**



Vedlegg 2

STØTTE til arbeidet med SKJEMA 2 (i OAP): NÅR FRÅVÆR UROAR

Samarbeidsavtale

Tiltaksbank

Sosiale tiltak på skulen

- Arbeid kontinuerlig med det psykososiale miljøet i klassa.
 - Bruk dei universalførebyggjande programma (Zippy, Smart oppvekst osv.)
 - Årleg obligatorisk årleg: elevunderøskinga, SPEKTER (ikkje anonym mobbe undersøking)
- Sørg for at eleven opprettheld ei positiv kontakt med medelevar dersom eleven ikkje er på skulen. Dette kan gjerast gjennom:
 - Besøk frå klassekameratar og kontaktlærar
 - Brev frå klassa
 - Oppmode elevar i klassa til å sende hyggelege tekstmeldingar
 - Oppmode elevar til å oppsøke eleven på fritida
- Ver bevisst på kvar du plasserer eleven i klasserommet. La eleven velje kven som skal sitte i nærleiken av seg.
- Tilbyd fast aktivitet saman med eleven åleine, eller saman med eleven og utvalte elevar i skuletida.
- Gjer friminutta føreseielege ved å sette i gong faste aktivitetar (til dømes speleklubb, bokklubb, teikneskule) for å skape oversiktlege og trygge sosiale arenaer.
- Sørg for at eleven har nokon å gå saman med til/frå skulen.



SAKSGANG KNYTT TIL SPESIALUNDERVISNING I VOLDA KOMMUNE

Fase	Kva	Ansvar	
Fase 1: Ordinær opplæring- bekymringsfasen	a	Ved mistanke om at eleven ikkje får tilstrekkeleg utbytte av opplæringa skal undervisningspersonalet melde frå til rektor som då har plikt til å undersøke saka.	Undervisningspersonalet/ føresette
	b	Skulen vurderer eleven sine behov; kartlegg, justerer og prøver ut nye tiltak innafør dei ordinære rammene med sikte på å gje eleven eit best mogleg tilpassa opplæringstilbod. Skulen skal vurdere både individ- og systemfaktorar. Skulen vurderer eleven sitt læringsutbytte kontinuerleg. Etter intern refleksjon på skulen, er det muleg å ta opp generelle problemstillingar (som NN sak) på møta med PPT (støtte/drøfting).	Undervisningspersonalet/ rektor
	c	Dersom skulen treng meir støtte, kan PPT i denne fasen tilby eit tiltaksmøte . Refleksjonar kring rutinar, læringsmiljø, klasseleiing, arbeidsmåtar, relasjon, oppgåver, lekser, samarbeid med heim o.s.v. (skulen tek kontakt med PPT)	Rektor
	d	Skulen inviterar til time i ”Ressursteam” (etter gjelande reglar) eller anna møte som skulen meiner er relevante i denne samanheng.	Rektor
Fase 2: Søke ppt om bistand	Dersom ein vurderer på eit tiltaksmøte at det trengs mykje meir kartlegging og råd i høve konkrete barn/eleva eller at ein treng kompetanseheving på eit område, sender skulen bistandsskjema til PPT.	Føresette eller rektor m/ underskrift av føresette. Undervisningspersonalet, PPT	
	Om aktuelt: Orientering til føresette om det juridiske grunnlaget for spesialundervisning og sakshandsaminga .	Rektor	
Fase 3: Sakkunnig vurdering av eleven sine behov	PP-tenesta kartlegg den ordinære opplæringa, vurderer deretter kva som er tilfredsstillande utbytte av opplæringa før dei konkluderer med om eleven får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa eller ikkje. Følgjande sider ved den ordinære opplæringa må vurderast i høve til kartlegginga: - måla for opplæringa og korleis desse vert ivaretatt - innhaldet i opplæringa - rammefaktorar: gruppa sin storleik, bruk av mindre grupper, lærartettleik, hjelpemiddel, lærar sin kompetanse - eleven sine føresetnader og behov - arbeidsmåtar: kva organisatoriske og pedagogiske differensieringstiltak vert brukt og kor mykje oppfølging eleven får	PPT	
	PP-tenesta rådgir skulen om tiltak før ein konkluderer og skriv sakkunnig tilråding.		
	PP-tenesta skriv sakkunnig vurdering med utgreiing og tilråding. Føresette har rett til å få kjennskap til innhaldet i den sakkunnige vurderinga. Sakkunnig vurdering skal sendast til skulane med kopi til føresette og opplæring og oppvekst.		
Fase 3+: Skulen sitt arbeid mellom sakkunnig vurdering og vedtak	Skulen sine behov rundt spesialundervisning og særskild tilpassa opplæring for neste skuleår/periode vert drøfta med opplæring og oppvekst.	Rektor	
	Ressurstildeling til skulane for neste skuleår.	Opplæring og oppvekst	
Fase 4: Vedtak	Føresette har rett til å uttale seg før det vert fatta enkeltvedtak, og deira syn skal bli tillagt stor vekt. Retten til å uttale seg gjeld særleg ved avvik frå den sakkunnige tilrådinga. Samtykkeerklæring frå føresette før enkeltvedtak vert fatta.	Rektor	
	Enkeltvedtak vert fatta når sakkunnig vurdering føreligg (både ved rett og ikkje rett). Sendast føresette med kopi til opplæring og oppvekst. Desse bør vere fatta innan 7. mai. Dersom den tildelte ressursen vert endra i løpet av skuleåret skal det fattast nytt enkeltvedtak.	Rektor	
	Eventuell klage. Klagefrist for føresette: 3 veker etter enkeltvedtak er fatta.	Rektor	
Fase 5: Planlegging og gjennomføring	IOP vert utarbeidd dersom eleven har fått rett til spesialundervisning. IOP skal operasjonalisere enkeltvedtaket og vere eit arbeidsverktøy for skulen. Planen skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis ho skal drivast. Føresette vert involvert i arbeidet og synet deira skal tilleggast vekt. IOP skal sendast til føresette med kopi til PPT og opplæring og oppvekst. Utarbeida innan 1. oktober. IOP kan justerast i løpet av skuleåret. IOP skal justerast dersom nytt enkeltvedtak føreligg.	Kontaktlærar/SPU-lærar	
Fase 6: Evaluering og vegen vidare	Utarbeiding av årsrapport (vurdering av spesialundervisninga) PPT og opplæring og oppvekst med kopi til foreldre/føresette. Frist 15. juni.	Kontaktlærar/SPU-lærar	
Andre rutiner	April: Sende søknader om spesialundervisning for eleva heimehøyrande i andre kommuner. Behandle søknader frå andre kommuner og private skular. (fortløpande) Enkeltvedtak bør vere fatta innan 7. mai. (Klagefrist hjå Fylkesmannen er 1. juni for å vere ferdigbehandla før skulestart)	Opplæring og oppvekst	
Kontinuerleg	Melding til opplæring og oppvekst dersom eleva med rettar etter §5-1 og 4A-2 flyttar. Gi nødvendig informasjon til den nye skulen.	Rektor	
	IOP vert revidert ved behov.	Rektor	



RUTINAR: OVERGANG BARNEHAGE - SKULE

	Kven	Kva tid	Kva gjer vi	Frist
1	Styrar/heim	God tid i forkant av skulestart	Melding til opplæring og oppvekst om barn med store hjelpebehov, som krev omfattande tilrettelegging/ombygging (eige skjema).	Helst to år i forkant
2	Rektor og opplæring og oppvekst	August	Setje dato for førskuledagar/bli kjend dagar for våren. Opplæring og oppvekst gjer desse kjend for barnehagane.	Innan 15.08
3	Styrar	September	Barnehagen informerer føresette om samarbeidet med skulane på foreldremøte.	Innan 30.09
4	Opplæring og oppvekst	Februar	Styrarane får framlegg til fordeling av 1.klassingane mellom skulane i sentrum. Styrarane melder i frå om eventuelle manglar.	Innan 01.02
5	Opplæring og oppvekst	Februar	I samråd med rektorane gjer oppvekstsjefen vedtak om tildeling av skuleplass til 1.klassingane.	Innan 15.02
6	Rektor	Mars	Skulane sender invitasjon til barnehagane om å kome på besøk.	Innan 01.04. Gjennomføring april/mai
7	Rektor	April	Skulen informerer heimane om foreldremøte og førskuledagar/bli kjend dagar- arena der born og føresette får møte skulen/SFO.	Innan 15.04
8	Styrar	April	Barnehagen innhentar informert samtykke på foreldresamtalen(eige skjema). Dette gjeld alle born. Kopi av samtykke sendast til den skulen barnet skal ta til på.	Innan 30.04
9	Rektor/ styrar	Mai	Møte mellom rektor og styrar om borna som skai starte på den aktuelle skulen.	Innan 15.05
10	Rektor/ styrar	Heile året	Arbeide vidare med lokale felles aktivitetar ved den enkelte barnehage og skule.	Lokal tilpassing
11	Opplæring og oppvekst	Ved behov	Fagfora - Møte/kurs mellom barnehage og skule -Tema knytt opp mot aktuelle arbeidsområde. • pedagogisk leiarar og kontaktlærar i 1. klasse. • styrarane og rektorane (1 gong pr. semester)	Ved behov
12	Opplæring og oppvekst	April	Foreldreskulen – med ulike tema: "Velkomen til skulen"	I god tid



Referat etter evaluering av ressursteam 8.03.18

Tilstades: Per Ivar Kongsvik (oppvekstsjef), Ingrid Evebø, (leiar PPT), Daria Dahl (PPT) Aina Opsvik (leiar barnevern), Toril Høydal (fagansvarleg helsestasjon), Runar Hovde (kommunepsykolog), Lisbeth Hoggen Totland (helsesøster og koordinator ressursteam)

Ressursteam vart starta hausten 2014 som eit tverrfagleg tiltak for barnehage og skule i Volda kommune. Tanken var at barnehage/skule skulle melde inn saker i samråd med foreldre og få råd og rettleiing der målet er å snu ei uheldig utvikling. Dette i ledd av kommunen si satsing for å oppdage og førebygge psykososiale vanskar hos barn og unge. Ressursteam er ei tverrfagleg gruppe sett saman av helsesøster, barnevenskonulent, PP-rådgjevar og psykolog.

Bakgrunn for evaluering:

Det har vore gjennomført evalueringar tidlegare, både barnehagar og skular har fått kome med innspel og ønske om endringar. Dette er forsøkt å imøtekomme. Sist evaluering var juni 2016.

Siste året er ressursteamet lite brukt, ca 1 sak pr. mnd. (vi har kapasitet til å ta 3-4 saker). Deltakarane i teamet erfarer mellom anna at det er uklare forventningar til kva ressursteamet er og kva hensikta er. Vi opplever at nokre innmeldte saker er «overmodne» og difor vanskelig å snu. I andre saker er det tilsynelatande konflikt mellom foreldre og skule/barnehage og med mogeleg forventning om at ressursteamet vel side. Vi opplever også at tilsette i skule/barnehage ikkje alltid klarer å formidle nødvendig informasjon om deira uro, og ønskjer at ressursteamet skal avdekke dette.

Eit viktig spørsmål i samband med evalueringa er: Kva tilbod ønskjer kommunen vi skal ha til skular og barnehagar vidare og i kva omfang?

I møtet kjem det fleire gode innspel, tankar og erfaringar. Mellom anna på korleis ressurstemaet blir opplevd for foreldre? Korleis er det for ped.leiar/lærer å foreslå dette som tiltak? Fungerer ressursteamet som eit lågterskeltilbod etter hensikta? Det er eit stort behov for rettleiing til barnehagar/skular, korleis møte dette behovet? PPT erfarer at barnehagar ofte etterspør foreldrerettleiing. PPT ønskjer å jobbe på systemnivå, gi barnehagen/skulen råd om korleis dei skal hjelpe. Dei erfarer at fokuset ofte blir at barnet blir problemet. Er ressursteamet det beste for foreldre/barn?

Vi drøfta også problemstillingane som var nemnt innleiingsvis. Til slutt kom det fram erfaringar frå andre kommunar og tankar om evt endringar.

Avslutningsvis vert alle oppmoda om å tenke gjennom følgande problemstillingar til neste møte:

- Ressursteam for kven? (foreldre, barnehage/skule, system? Individ?)
- Kvar skal vi halde til (Fortsatt fast base? Eller møtast på ulike barnehagar/skular)
- Tidsramme (det er no satt av ein time pr sak. For lenge? For kort?)
- Kven skal sitte i ressursteam? (Faste deltakarar? Frå kva etat?)
- Tenke gjennom kva mandat deltakarane i ressursteamet skal ha. Eventuelt kunne tilby ei avgrensa oppfølging/tiltak?

Nytt møte 26.april kl 13.00. Møterom på helsestasjonen.

Ref

Lisbeth Hoggen Totland
-koordinator-



Referat etter evalueringsmøte for ressursteam 26.04. 2018.

Tilstades: Per Ivar Kongsvik (oppvekstsjef), Aina Opsvik (leiar barnevern), Toril Høydal (fagansvarlig helsestasjon), Anne Skrede (leiar helsestasjon), Nina Ullaland (tiltaksteam barnevern), Runar Hovde (kommunepsykolog) og Lisbeth Hoggen Totland (helsesøster og koordinator ressursteam).

Meldt fråfall: Ingrid Evebø og Daria Dahl (PPT).

Viser til referat etter evalueringsmøte 8.03.18.

Konklusjon etter evaluering av ressursteam 2018:

Alle er einige om at vi ønskjer å behalde ressursteamet i same form som vi allereie har, men med små endringar:

- I hovudsak er det barnehagar og skular som melder inn saker. Helsestasjon og føresette kan også ta direkte kontakt og då oppmodar vi om å invitere med representant frå barnehage/skule.
- Det er ønskeleg å ha fast base på rådhuset, som før. Vi ser det som svært ressurskrevjande å reise rundt på ulike skular, og det blir vanskeleg å gi eit likeverdig tilbod.
- Vi ønskjer å reduserer tal på saker frå fire til tre, men samtidig sette av meir tid mellom. **Aktuelle tidspunkt blir då: 12.30, 13.45 og 15.00.**
- **Ein melder inn saker som før:** Ring helsestasjon og gi beskjed om ønska tidspunkt, kva barnehage/skule det gjeld og kontaktperson/telefonnr.
- Vi ønskjer at saker blir meldt opp i god tid, seinast ei veke før dato for ressursteam. Dette for at fagpersonar i teamet kan bruke dagen til andre gjeremål om der ikkje kjem inn saker. Barnehagen og skulen har høve til å gi kort informasjon før møtet. Send på mail til lisbeth.hoggen.totland@volda.kommune.no
- Vi ønskjer å ha ein fast kontaktperson i leiinga for Opplæring og Oppvekst. Denne personen skal fungere som eit bindeledd mellom barnehage/skule og ressursteam. I hovudsak hjelp til å spreie informasjon, men også ein kontaktperson som kan gi innspel begge vegar. Oppvekstsjefen er positiv til dette og vil ta med forslaget tilbake til leiinga.
- Nina Ullaland blir fast representant frå barnevernet. Ho jobbar i tiltakstemaet på barnevernet og er PMTO terapeut. Det kjem forslag om å ha ein fast vikar.
- Daria Dahl blir med vidare frå PPT.
- Vi må minne barnehagar og skular om bruk av ressursteam og det er fortsatt ei utfordring at saker vert meldt opp for seint. Fastlåste saker er ofte vanskelege å snu. Den som melder inn sak må vere ærleg i si uro for barnet og ikkje basere seg på at ressursteam vil avdekke nye opplysningar
- Frå hausten 2018 sender vi ut plan for ressursteam kvart halvår med dato, telefonnummer og stad. Saker skal meldast opp minimum ei veke før.
- Vedlagt ligg **informasjonsskriv om ressursteam**. Den som melder inn ei sak skal dele dette ut til forelda. Foreldra må få god og rett informasjon om målet med å drøfte barnet sitt i ressursteam, kven som sit der, tidsramme og tidsinndeling.

Referat

Lisbeth Hoggen Totland
-koordinator-



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

FRÅ ELDST TIL YNGST

Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule

I Volda kommune ynskjer vi at barnet skal oppleve overgangen frå barnehage til skule som positiv og trygg. I brosjyren finn kva som vert gjort i barnehagen for å legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag for motivasjon for å starte på skulen, og ein kva område ein arbeider særskild med den første tida på skulen. Målet er å vise noko av samanhengen mellom barnehage og skule.

Lov om barnehage og forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver samt opplæringslova og Kunnskapsløftet, gir informasjon og seier noko om samarbeid og overgang barnehage - skule. Kunnskapsdepartementet har gitt ut ein rettleiar, "frå eldst til yngst", som seier kva det skal vere fokus på i denne tida.

Barnehagane, skulane og dei føresette må vere i god dialog når det gjeld overgangane. Det er mellom anna viktig at føresette godkjenner at informasjon vert overlevert, ved å nytte skjema for informert samtykke. Samarbeidet med føresette er avgjerande for barnehagen og skulen sitt arbeid. Det er dei føresette som kjenner barnet best, og barnehagen og skulen har mykje å lære. Når kunnskapen om barnet vert delt, kan ein best mogleg legge til rette for det einskilde barnet.

Dei tilsette i barnehagen og skulen har teieplikt.



Kvifor fokusere på overgangar?

Forslingsresultat meiner å kunne påvise at overgangen frå barnehage til skule er viktig fordi han kan leggje føringar for heile skulegangen, for sjølvbilete og seinare livskompetanse.

Overgangar er omfattande prosessar, dei omfattar ikkje berre det einskilde barnet og møtet med den nye læraren, klassekameratar og nye rammefaktorar. Heile familien og lokalmiljøet blir omfatta av overgangane.

Desse faktorane må vere på plass for at overgangen skal bli vellukka:

- barnehagen må førebu og trygge barn og føresette på overgangen
- barnet må oppleve deltaking og støtte frå føresette i overgangen
- skulen må vere klar til å ta i mot barnet og føresette

Område ein arbeider særskild med siste året i barnehagen

Barnet skal oppleve tryggleik i barnehage og i overgangen til skulen. Barnet skal oppleve at det er progresjon etter alder i barnehagen sitt opplegg, dei eldste får eit anna tilbod og andre forventningar enn dei yngste. Dette med bakgrunn i *Rammeplan for barnehagen*.

Dei eldste barna skal få glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner.

Dette er område ein arbeider med for at barna skal oppleve samanheng i overgangen:

Sosial kompetanse 	• ta kontakt med andre på ein positiv måte • vere del av eit fellesskap • ta omsyn og vise omsorg • samhandle med andre • lære seg å handtere kjensler • vere sosialt aktiv utan å trykkje andre ned • vise akseptable kjensleuttrykk i forhold til sinne, usikkerheit og frustrasjon. • hevde egne synspunkt og akseptere andre sine • kunne tape og vinne i lek
Konsentrasjon	• ta imot ein beskjed • sitje i ro ei viss tid • starte opp, gjennomføre og avslutte ei oppgåve • Styrke kompetansen på eigen omsorg: td kle seg sjølv, toalettbesøk, ta var på sine egne saker • vente på tur • regelleikar • godta uskrivne reglar i lek • lytte til og vise interesse for det andre fortel
Språk, tekst og kommunikasjon	• øve på å få eit godt munnleg språk • gjere seg forstått med ord • høyre på høgtlesing og kunne gjenfortelje det ein las • leike med ord: rim og regler, orddeling, rytme, sang • kunne omgrep som først, sist, oppe, nede, over, under, bak, framme, mellom, yngst, eldst,... • ha kjennskap til bokstavar og tal • forstå samanhengen mellom munnleg og skriftleg språk • skrive namnet sitt og halde blyanten rett • teikne og klippe • rett skrive- og leseretning
Tal, rom, form	• ha eit visst tidsomgrep: i dag, i går, før, etterpå, første, andre, tredje..., størst, minst • orientere seg i naturen/ retningar • spele spel med terning • fargar og former (sirkel, kvadrat, trekant..) • øve på talomgrep til 10

Område ein arbeider særskild med den første tida på skulen

Barnet skal oppleve tryggleik når det startar på skulen. Vi legg vekt på at skuledagen skal byggje vidare på den kunnskap og dei aktivitetane som barnehagen formidlar, sett i lys av Kunnskapsløftet.

Fyrsteklassingen skal oppleve glede ved å starte på skulen. Dei skal bli møtt og sett av dei vaksne kvar dag og ha moglegheita til å uttrykke si nysgjerrigheit og sine behov. Ein brukar god tid på å bli kjend med kvarandre i gruppa, med skuleområdet, rutinar og rammer. Eleven får også ein fadder. Leik er ein viktig del av dette.

Dette er område ein arbeider særskild med første tida på skulen:

Sosial kompetanse: 	• ta kontakt med andre på ein positiv måte • vere del av ein fellesskap • vise omsyn og vise omsorg • samhandle med andre • lære seg å handtere kjensler • hevde eigne synspunkt og akseptere andre sine • kunne vinne og tape i leik • opptre for publikum og sjølv vere publikum
Konsentrasjon;	• ta imot beskjed • få rettleiing i arbeidet. <i>Vurdering for læring</i> • sitje i ro ei viss tid (td i samlingsstund) • starte opp, gjennomføre og avslutte ein oppgåve • styrke kompetansen på eigen omsorg: td kle seg sjølv, toalettbesøk, ta vare på sine eigne saker • vente på tur • regelleikar • godta uskrivne reglar i leik • lytte til og vise interesse for det andre fortel
Språk, tekst og kommunikasjon:	• uttrykke seg munnleg • arbeide med rim, regler og rytme • bruke tid på å lytte ut lydar, først, sist og midt i ord • arbeide med stavingar i orda • lære lydane i alfabetet • bli visuelt stimulert av skrift i omgjevnadene • gradvis ta skriftspråket i bruk og lære å lese
Tal, rom og form:	• arbeide med dagar, månader og årstider • kunne sitt fulle namn • vite når bursdagen er • kunne adressa si • arbeide vidare med former (rektangel, kule, kjegle...) • arbeide med tal og mengder og etter kvart kunne addere og subtrahere



Kvaliteten på samarbeidet mellom heim og skule betyr mykje for korleis barnet finn seg til rette ved overgangen til skulen.

Når føresette kjenner seg trygge i den nye situasjonen, blir dei betre i stand til å støtte barna sine i overgangen.

Barnehage og skule er delar av det same utdanningssystemet. Begge er institusjonar for omsorg, oppseding, leik og læring, men dei har ulik eigenart. Barna vil møte både likskapstrekk og ulikskapar når dei startar på skulen. Barnehage og skule har eit felles ansvar for at barn kan møte ulikskapane mellom institusjonane med nysgjerrigheit og tillit til egne føresetnader.



Nyttige lenkjer:

http://www.udir.no/Upload/Brosjyrer/5/fra_eldst_til_yngst_veileder_fra_kd.pdf

http://www.vfb.no/no/om_barn_og_psykisk_helse/barnehage_og_skole/skolestart/

<http://laringsmiljosenteret.uis.no/barnehage/overgang-mellom-barnehage-og-skole/>

<https://www.ntnu.no/rkbu/voldaprojektet>

http://www.vfb.no/no/zippys_venner/





VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

1. Informasjon om støttetiltak i barnehage

Alle born har i følge Lov om barnehagar rett på eit tilrettelagt tilbod i barnehagen. Nokre born treng ekstra tilrettelegging. Det å inkludere og legge til rette for eit godt barnehagetilbod krev at **heile personalgruppa ser alle borna** som sitt ansvarsområde. Det er **barnehagen sitt ansvar** å sjå til at **alle** born får leike og utfolde skaparglede, undring og utforskartrøng. Barnehagen **skal** tilpasse det vanlege pedagogiske tilbodet etter borna sine behov og føresetnader, også når nokre born treng ekstra støtte i ei kortare eller lengre periode.

Volda kommune kan bidra med tiltak og ressursar som kan hjelpe dei tilsette til å oppfylle samfunnsmandatet til barnehagen.

Styrar skal:

- *Informere foreldre og personalet om ulike støttetiltak, rutinar og fristar*

1.1 SPESIALPEDAGOGISK HJELP

Føremålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidleg hjelp og støtte i utvikling og læring av til dømes språklege, motoriske og sosiale ferdigheiter, jf. barnehagelova § 19 a andre ledd.

Kva er spesialpedagogisk hjelp?

Born i barnehagealder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp har rett til hjelp etter barnehagelova § 19 a. Spesialpedagogisk hjelp kan bli gitt til barnet individuelt og/eller i gruppe. Hjelpa kan omfatte språklege, motoriske eller sosiale hjelpetiltak, rettleiing av personalet og den skal omfatte tilbod om foreidrerettleiing.

Kven har rett til spesialpedagogisk hjelp

Spesialpedagogisk hjelp vert tilrådd gjennom sakkunnig tilråding frå PPT. Dersom eit barn har spesielle utfordringar eller særlege behov, kan barnet ha rett på spesialpedagogisk hjelp. Omgrepet «særlege behov» tyder at barnet har eit behov som skil seg frå, eller er meir omfattande enn det barn på same alder vanlegvis har.

Det er kommunen som gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp basert på sakkunnig vurdering som vert utarbeidd av PPT.

Organisering av spesialpedagogisk hjelp

Spesialpedagogisk hjelp vert som oftast gitt i barnehagen. Den kan bli gitt av spesialpedagog, barnehagelærer, anna pedagog, fagarbeidar eller assistent. Dei som gir hjelpa er tilsett i Volda kommune og har for tida arbeidsplass i privat eller kommunal

Mai 2018



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

barnehage. Hjelpa vert gitt i nært samarbeid og under rettleiing av koordinator og/eller PPT. Styrar er ansvarleg for at barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp, får den hjelpa det skal ha i samsvar med vedtak. Styrar har eit **særskilt ansvar** for å sjå til at heile personalgruppa ser alle born som sitt ansvarsområde.

Dersom gratis skyss er naudsynt for at barnet skal kunne ta i mot spesialpedagogisk hjelp, har barnet rett til slik skyss.

§ 13 Prioritet ved opptak

Barn med nedsett funksjonsevne har etter lov om barnehage § 13 rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal gjerast ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.

For meir informasjon:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialpedagogisk-hjelp/Spesialpedagogisk-hjelp/>


SAKSGANG – TILTAKSHJUL

Når barnehagen og/eller føresette er uroa for barnet si utvikling, skal barnehagen observere systemet kring barnet. Det første tiltaket er at ein ved hjelp av systemanalysemetoden ser på kva og korleis barnehagen arbeider på systemnivå. Resultat av observasjon og kartlegging vert vurdert og det vert utarbeidd tiltak. Det skal utarbeidast skriftleg tiltak som det vert arbeidd med. Tiltaka vert så evaluert i avdeling/basen saman med koordinator/PPT og eventuelt nye tiltak vert prøvd ut. Dersom uroa for barnet fortsatt er der, skal ein drøfte utfordringa med ressursteam før det vert søkt om bistand frå PPT.



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst



Tiltakshjul – steg for steg

1. Barnehagen si uro
2. Samtale med føresette – forklare uroa og at ein først vil sjå kva ein gjer i barnehagen på systemnivå.
3. Kartlegging og observasjon ved hjelp av systemanalyse – koordinator kan bistå barnehagen
4. Tiltak
5. Evaluering av tiltak saman med koordinator etter 3-4 veker
6. Nye tiltak – prøve ut nye/nytt tiltak i 3-4 veker
7. Evaluering med dokumentasjon på gjennomførte tiltak nært samarbeid med koordinator evt. bistand frå PPT - tiltaksmøte
8. Ressursteam
9. Fortsette arbeid i barnehagen – nye tiltak i nært samarbeid med koordinator og PPT
10. Bistand frå PPT
11. Observasjon og kartlegging (PPT)
12. Tilbakemelding til barnehagen og føresette
13. Utarbeiding av sakkyndig vurdering
14. Utarbeiding av IUP
15. Oppfølging i barnehagen med koordinator og/eller PPT

Mai 2018



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Koordinator

Koordinator skal gi rettleiing til barnehagane. Arbeidsområde for koordinator: bistå barnehagane med arbeid på systemnivå og ved hjelp av systemanalysemodellen, rettleie støttepedagogane, lågterskeltilbod dvs. observere born, miljø og rettleie barnehagepersonalet.

Tverrfagleg ressursteam

Ressursteamet er eit lågterskeltilbod til barnehagar og skular i kommunen, der målet er å oppdage og førebygge vanskar så tidleg som mogleg. Barnehagane og skulane i samarbeid med føresette melder opp saker til ressursteamet. Det blir satt av 45 min. til kvar sak, der ein drøftar barnet si utvikling og får rettleiing om kva tiltak som kan vere aktuelt å prøve ut, samt vurdere om bistand til aktuelle hjelpeinstansar er aktuelt. I ressursteamet er helsesøster, barnevernspedagog, PPT-rådgjevar og kommunepsykolog.

Bistand frå PPT

Det er føresette i samarbeid med styrar som søker om bistand frå PPT, for å få ei sakkunnig vurdering. Dersom barnet ikkje går i barnehage, må føresette søkje direkte til PPT. Skjema ligg på heimesida til Volda kommune.

Vedtak om spesialpedagogisk hjelp

Dersom PPT i sakkunnig vurdering konkluderer med at det er behov, blir det fatta eit vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Vedtak vert fatta av Opplæring og oppvekst. Vedtak vert sendt til føresette med kopi til barnehagen og PPT.

Klage

Tildeling av ressursar til tilrettelegging i barnehagen jf. barnehagelova § 19 a, er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det er høve til å klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker frå mottatt svar. Klagen sender ein til Opplæring og oppvekst. Dersom Opplæring og oppvekst opprettheld vedtaket, så vert klagen sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjersle.

Iverksetting av vedtak – Individuell utviklingsplan (IUP)

Spesialpedagogisk hjelp vert gitt i barnehagen. Alle born med vedtak om spesialpedagogisk hjelp skal ha ein individuell utviklingsplan (IUP). Planen vert utarbeidd av spesialpedagog i nært samarbeid med styrar, pedagogisk leiar, støttepedagog, dei andre tilsette og føresette. Planen gjeld for eit barnehageår og skal evaluerast to gongar i året.



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

1.2 BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

I følge barnehagelova § 2 skal barnehagen ta omsyn til barnet sitt funksjonsnivå. Barnehagen har ei plikt til å støtte, ta omsyn til det einskilde barn og legge til rette for at **alle** born kan nytte seg av tilbodet som vert gitt.

Kva er nedsett funksjonsevne?

Kommunen skal jf. barnehagelova § 19 g sikre at born med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Born med nedsett funksjonsevne er ei samansett gruppe. Det er born som har skade eller avvik i sosiale, kognitive, psykologiske, fysiologiske eller biologiske funksjonar. Borna kan ha tapt eller fått skade på ein kroppsdel eller i ein av kroppens funksjonar t.d. nedsett rørsle-, syns- eller hørselsfunksjon, nedsett kognitiv funksjon eller ulike funksjonsnedsettingar pga. allergi, hjarte- og lungesjukdommar.

For meir informasjon:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelov>
https://www.bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/Hva_er_nedsatt_funksjonsevne/Hva_er_nedsatt_funksjonsevne/

Kven har rett til tilrettelegging?

Føresette som har born med nedsett funksjonsevne, kan søkje kommunen om tilrettelegging av tiltak som er naudsynt for at barnet skal kunne nytte seg av barnhagetilbodet. Volda kommune har plikt til å legge til rette for born busett i kommunen. Ein må kunne dokumentere at barnet har nedsett funksjonsevne. Det er ikkje krav i barnehagelova om at ein må søkje om tilrettelegging.

Organisering av tilrettelegging

Volda kommune si plikt til tilrettelegging er avgrensa til tilrettelegging som ikkje inneber ei urimeleg byrde.

Døme på tilrettelegging kan vere innkjøp av utstyr, støtte til ekstra personale, bygningsmessige tiltak. I nokre høve kan barnet eventuelt få tilbod om barnehageplass i ein anna barnehage som er **betre** tilpassa behovet til barnet, enn den barnehagen barnet går i.

Saksgang – nedsett funksjonsevne

Det er føresette som søker om tilrettelegging for born med nedsett funksjonsevne. Nedsett funksjonsevne må dokumenterast. Styrar skal samarbeide med føresette om utforming av søknaden/meldinga. Det er ikkje eit krav i barnehagelova at ein må søkje om tilrettelegging.

Opplæring og oppvekst gjer vedtak. Vedtak vert sendt foreldra med kopi til barnehagen. Søknad vert handsama fortløpande.

Klage

Mai 2018



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Tildeling av ressursar til tilrettelegging i barnehagen jf. barnehagelova § 19 g, er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det er høve til å klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker frå mottatt svar. Klagen sender ein til Opplæring og oppvekst. Dersom Opplæring og oppvekst opprettheld vedtaket, så vert klagen sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjersle.

Teiknspråk

Born som har særlege behov for teiknspråkopplæing, har rett til slik opplæring etter barnehagelova § 19 h. Før kommunen gjer vedtak, skal det føreligge ei sakkunnig vurdering.

1.3 STYRKING AV GRUNNBEMANNING - STØTTERESSURS TIL BARNEHAGEN

Kva er støtteressurs til barnehagen

Barnehagen kan søkje om styrking av grunnbemanning/støtteressurs på grunn av særleg krevjande oppgåver knytt til born eller gruppe. Styrking kan bli gitt for ei **kortare periode** eller for inntil eitt halvt år.

Barnehagen har **plikt** til å gjennomføre tiltak/tilrettelegging innanfor ordinært tilbod før det vert søkt om støtteressurs til barnehagen. Barnehagen må dokumentere kva ein har gjennomført på systemnivå før det vert søkt om styrking. Koordinator kan bistå barnehagen i dette arbeidet.

Dei som får tildelt midlar må arbeide etter systemanalysemetoden i nært samarbeid og rettleiing frå koordinator. Systemanalysemodellen er inspirert av læringsmiljø- og pedagogisk analysemodell (LP-modell) av Thomas Nordahl.

Tildeling av timar

Det einiskilde barn eller gruppa sitt behov for hjelp og støtte, må heile tida vurderast. Barnehagen vert tildelt ressurs i form av assistentstilling der det handlar om praktisk hjelp som løfte, bære, mate etc. og støttepedagogstilling der det handlar om utvikling, språk, samspel, pedagogisk tilrettelegging og vurdering. Hjelpa kan bli utført av barnehagelærer, anna pedagog, fagarbeidar eller assistent. Dei er tilsette i Volda kommune med for tida arbeidsplass i ein privat eller kommunal barnehage.

Styrar er ansvarleg for å sjå til at ressursen vert nytta til det beste for barnet/borna det er søkt i forhold til, og som har vedtak etter barnehagelova.

NB! Støttestilling skal som **hovudregel ikkje** nyttast som vikar og skal ikkje erstatte grunnbemanning i barnehagen.



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Vilkår for å søkje om styrking av grunnbemanning/støtteressurs til barnehagen
Barnehagen må ha ei grunnbemanning på 6 barn 3-5 år per vaksen i heiltidstilling eller 3 barn 1-2 år per vaksen i heiltidstilling, før ein kan søke om styrking av grunnbemanning/støtteressurs til barnehagen.

Saksgang – styrking av grunnbemanning/støtteressurs

Det er styrar som søker om styrking av støtteressurs. Det vert søkt for å ivareta eit barn eller gruppe for **ei kortare periode**. Ein skal legge til rette for å arbeide med born i grupper, og barnehagen skal sjå ressursen for fleire born som ein samla ressurs. Dei ulike behova og tiltaka vert vurdert samla for kvar barnehage.

Føresette skal vere orientert om søknaden og samtykke til at barnet/gruppa sine utfordringar kan bli drøfta med koordinator og PPT.

NB! Barnehagen skal ikkje søkje om støtteressurs for born som har fått vedtak etter barnehagelova § 19 g – denne ressursen blir fastsatt av kommunen i samband med vedtaket som blir gjort til føresette som søker. Barnehagen får kopi av dette vedtaket.

Det er ikkje klagerett på tildeling av styrking av grunnbemanning/støtteressurs.

1.4 MINORITETSSPRÅKLEGE BARN

Frå 2017 gjekk tilskotsordninga " tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskulealder" ut, og vart erstatta med "tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage". Målet med tilskotet er å gjere barnehagen i stand til å utforme og sette i gang tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklige born i barnehagen.

Minoritetsspråklege vert definert som ein person med ein annan språk- og kulturbakgrunn enn norsk, med unntak av born som har svensk, dansk, samisk eller engelsk som morsmål.

Begge føresette til barnet må ha eit anna morsmål for å kunne få tilskot. Tilskotet skal primært nyttast til tiltak direkte mot borna. Tilskotet gis på bakgrunn av tal minoritetsspråklige born som barnehagen har meldt i Basil per 15.12.

Tilskotsordninga skal bidra til at kommunane kan utforme tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege born i barnehage. Tilskotet kan nyttast til tiltak retta mot minoritetsspråklege born i barnehage. Tilskot kan og bli gitt til døve eller sterkt hørselshemma born når barnehagen har ansatt ein tospråkleg assistent som meistrar teiknspråk.

Ein kommune må fylle to kriteria på same tid for å få rett til tilskot:

1. Andel minoritetsspråklege born i barnehage må **vere minst 10%**
2. Antal minoritetsspråklege born i barnehage må vere 50 eller meir

Mai 2018



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Minoritetsspråklege born i både kommunale- og private barnehagar inngår i andel- og antallsberekningane.

Organisering av språkarbeid for minoritetsspråklige barn

Tiltak kan vere å nytte pedagog som stimulerer den norskspråklege utviklinga. Ein kan også nytte tospråkleg assistent som kan støtte barnet i utvikling av grunnleggande norskkunnskapar og samtidig støtte barnet i morsmålsutviklinga, eller kjøpe inn språkmateriell og bøker som kan nyttast i språkopplæringa og ikkje minst sikre godt foreldresamarbeid.

Sjå temahefte: <http://www.udir.no/Barnehage/Stotteressurser/Sprak/Spraklig-og-kulturelt-mangfold/>

Tildeling av tilskot til tiltak for minoritetsspråklige barn

Det er Utdanningsdirektoratet som bereknar og utbetaler tilskotet til den einskilde kommune og utbetaling er forventa i mars månad.

Tildeling er basert på søknad og tal minoritetsspråklege born som er meldt i barnehagen si årsmelding per 15.12.

For meir informasjon: <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/minoritetsspraklige-i-barnehage/>

2. PRAKTISK INFORMASJON

Søknadsskjema

Søknadsskjema er sendt til barnehagane og ligg på heimesida til Volda kommune.

Utarbeiding av IUP

Frist for å utarbeide IUP er **seks veker** etter at barnet har fått tildelt og at ein har starta opp med spesialpedagogisk hjelp.

Frist for rapportere

Støtteressurs til barnehagen § 19 g og styrking av grunnbemanning/barnegruppa.

Barnehagane skal evaluere støttetiltaket og ein skal sende inn ein rapport til Opplæring og oppvekst to gongar i året.

1. 1. desember
3. 1. juni

Mai 2018



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

IUP

1. 1. desember
2. 1. juni

Frist for å søkje om støttetiltak frå august månad 2018 er **7. juni**.

Søknader vert handsama etter kvart som dei kjem inn. Det kan vere at kommunen ikkje har ledig støttepedagog eller spesialpedagog til oppgåva. Ein vil då nytte støttepedagog, fagarbeidar eller assistent under rettleiing av koordinator/spesialpedagog.

Endring av behov

Dersom behovet endrar seg undervegs og ein opplever at det ikkje er trong for ekstra tilrettelegging, er styrar og føresette pliktig til å melde frå til Opplæring og oppvekst. Dersom tilbodet ikkje er tilstrekkeleg, må føresette evt. styrar søkje på nytt jf. rutinane til Volda kommune.

Overgang barnehage - skule

Sjå egne rutinar.

Vedlegg:

1. Søknadsskjema
2. IUP
3. Rapport - evaluering

18.05.18 hh

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 144, Volda rådhus
Dato: 20.09.2018
Tid: 13.00 – 14.30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Jørgen Holte	Medlem	
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	
Inge Alexander Bruheim	Medlem	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Ragnhild Folkestad	Medlem
Torill Rødven Eide	Medlem

Vara som møtte:

Namn
Anne Helen Sundalsfoll
Elin Mari Løvøy Wilhelmsen

Frå Vest Kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Ove Bjerkvik	Skatteoppkrevjar. I sak 29

SAKLISTE

- SAK 24/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 25/18 GODKJENNING AV MØTE PROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 26/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 27/18 MELDINGAR
- SAK 28/18 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 29/18 ORIENTERING ARBEIDSGJEVARKONTROLL
- SAK 30/18 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TIDLEG
INNSATS
- SAK 31/18 REVISJONSPLANLEGGING 2018 – FINANSIELL REVISJON

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/18	033	11.09.2018	20.09.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Inge Alexander Bruheim.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/18	049	11.09.2018	20.09.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 15.05.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 15.05.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/18	033&58	11.09.2018	20.09.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på www.vor.no.

Møteprotokollar til gjennomgang

Kommunestyret	31.05	21.06	30.08		
Formannskapet	22.05	05.06	19.06	26.06	21.08
		04.09			
Eldrerådet	07.05	10.09			
Forvaltningsutvalet	15.05	12.06	11.09		
Ungdomsrådet	09.05	06.06			
Valnemnda	26.04	31.05	30.08		
Råd for likestilling av menneske med nedsett funksj.	07.05	10.09			

Valstyret	
VØR styret	12.06
VØR representantskapet	23.04
Fellesnemnd for nye Volda kommune	21.06 06.09
Tenesteutval for oppvekst og kultur	16.05 13.06 12.09
Tenesteutval for helse og omsorg	16.05 14.06 23.08 13.09

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/18	033&17	11.09.2018	20.09.2018	IBM

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane og orienteringa til vitende.

Vedlegg

1. Melding om politisk vedtak: Årsmelding 2017 – Volda kommune
2. Melding om politisk vedtak: Rekneskap 2017 – Volda kommune
3. Landbrukskontoret Ørsta Volda: Årsmelding 2017
4. Kommunal rapport: Kommunebarometeret Volda kommune
5. Revisor Halldis Moltu: Vurdering av uavhengigheit

I møtet

Orienteringar om Vest kontroll frå 01.01.2020 frå leiar og dagleg leiar Vest kontroll.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/18	151	22.08.2018	20.09.2018	JS

BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve kr. 50.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2019. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferanser.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for» I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2019 pålydande kr. 50.000,-. Dette er auke i høve til 2018. Årsaka er kursopplæring lokalt, regionalt og nasjonalt for dei nye kontrollutvala/kontrollutvalsmedlemane som vert valde hausten 2019.

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søker kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/18	030&18	11.09.2018	20.09.2018	IBM

ORIENTERING ARBEIDSGJEVARKONTROLL

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå skatteoppkrevjaren vedkomande arbeidsgjevarkontroll til vitende.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Skatteoppkrevjar Ove Bjerkvik orienterer om arbeidsgjevarkontroll i møtet.

I møtet

Skatteoppkrevjar Ove Bjerkvik gjorde ei grundig orientering om arbeidsgivarkontrollen og den felles arbeidsgivarkontrollordninga på Sunnmøre under kemneren i Ålesund.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/18	217	11.09.2018	20.09.2018	IBM

OPPFØLGING FORVALTNINGSREVISJON – TIDLEG INNSATS

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga frå rådmannen v/oppvekstsjefen til vitende.
2. Kontrollutvalet ser at PPT har ein langsiktig strategi for å jobbe systemretta og førebyggjande, men kontrollutvalet registrerer at hovuddelen av førespurnadane til PPT framleis rettar seg mot enkeltindivid. Ein saknar konkret tilbakemelding for sakshandsamingstid og ventelister.
3. Kontrollutvalet ber leiaren i PPT om orientering av status våren 2019.

Vedlegg

1. Tilbakemelding frå Volda kommune
 - 1) Når fråvær uroar oss – ein intern rettleiar
 - 2) Saksgang knytt til spesialundervisning i Volda kommune
 - 3) Rutinar for overgang barnehage – skule
 - 4) Referat frå evalueringsmøte kring Ressursteamet
 - 5) Frå eldst til yngst – samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule
 - 6) Informasjon om støttetiltak i barnehagar

Saksopplysningar

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 10/17 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar, gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp i barnehagar, og om ein kjem tidleg i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Tidleg innsats – Volda kommune, datert 20.10.2017. Denne var handsama i kontrollutvalssak 45/17, og vidare i kommunestyret 25.01.2018 i PS 3/18 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats, Volda Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 20.10.17).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - a) Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT straks kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
 - b) PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT skal støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.
 - c) Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
 - d) Kommunen skal sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» vert nytta og vidare styrka i barnehagane og i tillegg vidareført til skulane i kommunen.

- e) Kommunen skal vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.
 - f) Kommunen skal utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.
- 3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.06.2018.
 - 4. Kommunestyret ber om at rapporten som rådmannen skal levere til Kontrollutvalet blir lagt fram som orienteringssak til kommunestyret.

Tilbakemelding frå rådmannen v/oppvekstsjef

Viser til tilbakemelding frå Volda kommune v/oppvekstsjef som ligg ved.

Tilbakemeldinga er også meldt opp som orienteringssak til kommunestyret slik det vart gjort vedtak om. Dette inneber at kommunestyret har behandla oppfølginga før kontrollutvalet har vurdert tilbakemeldinga.

Tilbakemelding på status på gjennomføring av tilrådingar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon v/ Alf Marius Grønnevik

Anbefaling 1 (a)

Det går fram av tilbakemeldinga at PPT i mykje større grad skal jobbe systemretta og førebyggjande. Barnehagane og skulane skal no i større grad gjere eit grundig førearbeid (gjerne med råd/bistand frå PPT) og prøve ut ulike tiltak innanfor den tilpassa opplæringa før ein evt. vel å tilmelde enkeltindivid med ønskje om utgreiing til PPT.

Det går fram av tilbakemeldinga at hovuddelen av førespurnadane til PPT framleis rettar seg mot enkeltindivid, og då gjerne med ynskje om utgreiing av barnet/eleven sine vanskar. Det går ikkje fram informasjon om venteliste eller sakshandsamingstid, utover at barnet får tilfredsstillande utbytte av det ordinære og tilpassa tilbodet i den perioden PPT arbeider med sakene. Slik sett skal det ikkje vere venteliste i barnehagane og skulane i Volda i følge administrasjonen.

Anbefaling 2 (b)

Det går fram at kommunalleiarane for barnehage og skule i samarbeidskommunane for det interkommunale barnevernet har bede PPT prioritere kompetanseheving/organisasjonsutvikling og endringsleiing. Det går derimot ikkje fram om PPT har sett i verk slikt arbeid og eventuelle tiltak som har vore gjennomført ut mot einingane.

Anbefaling 3 (c)

Tolkar tilbakemeldinga frå administrasjonen slik at det ikkje vert gjort endringar i rutinen som eit forpliktande punkt sidan det ikkje alltid er klart kven som skal vere kontaktlærer eller det ikkje let seg gjere utan vesentleg ulempe.

Ein ser på overføringssamtalane der kontaktlærer er involvert som viktige. I dei tilfelle ein ikkje har fått på plass kontaktlærer, eller ikkje har anledning til å gjennomføre overføringssamtale på våren, bør ein vurdere om det skal etablerast ei rutine der kontaktlærer så raskt som råd etter skulestart gjennomfører overføringssamtaler med barnehagane.

Anbefaling 4 (d)

Kommunen ser det som formålstenleg at skuleleiarane får meir informasjon om «Voldaprojektet», og at ein har sett i verk og gjennomført tiltak for å sikre dette.

Anbefaling 5 (e)

Kommunen har i møter vurdert og gjort mindre endringer.

Anbefaling 6 (f)

Oppvekstsjefen vurderer gjeldende rammeverk/rutinar for barnehagane som gode nok å arbeide etter.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/18	216	11.09.2018	20.09.2018	IBM

REVISJONSPLANLEGGING 2018 – FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende revisjonsplanlegging 2018 – finansiell revisjon, for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Vedlegg

B-dokument. Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. **(Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.)** Vert sendt pr. post.

Saksopplysning

For å utføre ein forsvarleg revisjon har Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved oppdragsansvarleg revisor Haldis Moltu, i samsvar med regelverket, utarbeida revisjonsplanlegging for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2018. I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå igjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Møtet må i så fall lukkast.

I møtet

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommuneleova § 31, nr. 2, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2.

Revisor Haldis Moltu orienterte og svara på spørsmål.

Etter gjennomgangen/spørsmålet vedkomande planleggingsdokumentet vart møtet vedteke opna igjen.

Møtet slutt.

Ronald Hagen
Leiar

Inge Alexander Bruheim
Medlem

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**

Møte med ordførarar og rådmenn
02.11.2018
Revisjon av aksjonæravtalen



TUSSA

Bakgrunn

A. Generell revisjon av aksjonæravtalen

B. Eigarmøte 1. desember 2017

Temaet vart teke opp i samband med konsernet sine finansieringsbehov. Redusert utbytenivå kan vere ein aktuell måte for å auke sjølvfinansieringsgraden.

C. Eigarmøte 27.04.2018

Aktuelle punkt for realitetsendring

Punkt 2 Utbyte

Punkt 5 Styreval

Punkt 2 Utbyte

2. Setning i eksisterande avtale :

Under føresetnad av at Tussa har ein tilfredstillande soliditet og under omsyn til reglane i aksjelova, skal det betalast ut eit ordinært utbyte på 60 % av resultatet etter skatt.

Ønskje om endring fordi:

- Framleis vesentleg større investeringsbehov enn avskrivningar.
- Tussa har vore klassifisert i lågaste og nest lågaste investmentgrade klasse. Ytterlegare nedrykk gir dårlegare rentevilkår.
- Utbytenivået i bransjen er redusert generelt sidan 2013.
- Tafjord, som er samarbeidsparten vår i Mørenett, har eit nivå på 30 %.
- Aksjonærane i Tussa finansierar seg til lågare marginar enn Tussa.

Ønskja resultat:

- Same nivå som Tafjord.
- Kan vere nedtrapping. (2018 Utbyte 50 %, 2019 Utbyte 40 %, 2020 Utbyte 30% og deretter flatt.)

Punkt 5 Styreval

Generelt har styret fungert godt, men nokre endringar bør likevel vurderast.

- Styret er stort og talet på medlemmer bør reduserast. (kan vere vedtektssak med 2/3 fleirtal)
- Til no har det vore slik at adressa til nominert og valt styremedlem har vore i kommunen som har nominert vedkomande.
- Det har dei seinaste åra ikkje vore saker som har kløyvd styret etter geografiske skiljelinjer.
- Kanskje det skulle vere valnemnda som fremjar kandidatar utan at dei var nominerte av eigarane først. Det ville då vere lettare å få til ei samansetjing som tilfredsstilte samla behov for kompetanse, kapasitet og mangfald.
- Aksjonærane bør velje den rekrutteringsmetode som har potensiale til å gi Tussa det beste styret.

Eventuell revisjonsprosess

Er ønskja frå Tussa så realistiske at det er føremålstenleg å starte ein revisjonsprosess?

Viss Ja

- Bør det setjast saman ei gruppe for å utarbeide eit revidert framlegg
- Administrasjonen i Tussa kan vere sekretariat?
- Handsaming av revidert framlegg hos eigarane i løpet av vinteren?

Grunngjeve spørsmål - interpellasjon

FO 10/18 Grunngjeve spørsmål om butilhøva i Smalebakken

PS 134/18 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 160/18 Løyve til tiltak, carport Gbr 30/366

DS 161/18 Ferdigattest, opprusting av rås Brundalen Gbr 89/1

DS 162/18 Ferdigattest, takoverbygg Gbr 95/31

DS 163/18 Ferdigattest, ombygging Gbr 19/23

DS 164/18 Igangsettingsløyve Gbr 30/337

DS 165/18 Løyve til tiltak - Trappeheis - Gbr 19/805

DS 166/18 Ferdigattest, turveg Elvadalen Gbr 29/46

DS 167/18 Løyve til tiltak, riving Gbr 19/503/11

DS 168/18 Igangsettingsløyve, infrastruktur Gbr 30/341

DS 169/18 Ferdigattest, garasjet Gbr 6/35

DS 170/18 Igangsettingsløyve, garasje Gbr 30/4

DS 171/18 Ferdigattest, bustad Gbr 54/7

DS 172/18 Ferdigattest, tilbygg Gbr 5/5

DS 173/18 Igangsettingsløyve Gbr 18/7

DS 174/18 Ferdigattest, terrasse Gbr 20/94

DS 175/18 Løyve til tiltak, riving av bustad Gbr 56/5

DS 176/18 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/245

DS 177/18 Ferdigattest, garasje, gbr 89/9

DS 178/18 Løyve til tiltak, stålpipeline Gbr 6/6

DS 179/18 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/535

DS 180/18 Løyve til endring Gbr 27/57

DS 181/18 Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 19/839

DS 182/18 Ramme - og igangsettingsløyve, infrastruktur Myravegen Gbr 30/423

DS 183/18 Ferdigattest, carport Gbr 30/366

DS 184/18 Løyve til tiltak, riving Gbr 19/503/17

DS 185/18 Ferdigattest Gbr 11/23

DS 186/18 Ferdigattest, bygning Gbr 11/93

DS 187/18 Ferdigattest, påbygg Gbr 30/146

DS 188/18 Rammeløyve, tilbygg og fasadeendring Gbr 20/406

DS 189/18 Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 15/40

DS 190/18 Løyve til tiltak, ombygging Gbr 18/205

DS 191/18 Ferdigattest, rehab.pipe Gbr 5/30

DS 192/18 Rammeløyve, infrastruktur Gbr 30/341

DS 193/18 Ferdigattest, bruksendring Gbr 19/753

DS 194/18 Ferdigattest Gbr 12/43

DS 195/18 Ferdigattest, riving Gbr 18/7

DS 196/18 Ferdigattest, reiskapsbygning Gbr 92/1